

Landbruksdepartementet

**Kap 1100-1161, 2411, 2472, 4100-4150,
5311, 5545, 5571, 5614, 5651 og 5652**

St prp nr 1 (1998-99)

FOR BUDSJETTERMINEN 1999

Landbruksdepartementet

*Tilråding frå Landbruksdepartementet av 18. september 1998,
godkjend i statsråd same dag.*

INNHALD

	Side
1	Oversikt over budsjettframlegget for programområde
	15 Landbruk og mat 5
1.1	Sentrale rammevilkår 5
1.2	Hovudpunkt i budsjettframlegget 9
1.3	Overordna mål for landbruks- og matpolitikken 10
1.4	Beredskapstiltak 12
1.5	Oversikt over bruk av stikkordet « <i>kan overføres</i> » 12
1.6	Oversikt over utgiftene i budsjettframlegget 13
1.7	Oversikt over inntektene i budsjettframlegget 15
2	Nærare om budsjettframlegget for dei enkelte kategoriane og kapitla
Kap	
	<i>Programkategori 15.00 Landbruksadministrasjon mm</i> 16
1100/4100	Landbruksdepartementet 21
1102/4102	Fylkesmannens landbruksavdeling..... 24
1104	Tilskott til organisasjonar mm 32
	<i>Programkategori 15.10 Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse ...</i> 33
1107/4107	Statens dyrehelsetilsyn 39
1110/4110	Statens landbrukstilsyn 42
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling mm 47
1114/4114	Statens næringsmiddeltilsyn 51
	<i>Programkategori 15.20 Forsking og utvikling</i> 56
1137	Forsking og utvikling 63
	<i>Programkategori 15.30 Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning</i> 74
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket 86
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket 90
1145/4145	Jordskifteverket 98
1146/4146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging 101
1147/4147	Reindriftsforvaltninga 104
1148	Naturskade - erstatningar og sikring 106
1150/4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen mm 108
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen mm..... 124
1161	Statskog SF - forvaltningsoppgåver 129
2411/5311	Statens Landbruksbank 132
2472	Statens Kornforretning 137
5545	Miljøavgifter i landbruket 140
5571	Totalisatoravgift 141
	<i>Programkategori 15.40 Forretningsdrift</i> 142
4160	Sal av skoggrunn 142
4161	Statskog SF 143
1162/4162	Drevsjø Trelast AS 143
4170	Statkorn Holding AS 143
5609	Renter av lån i selskap under Landbruksdepartementet 144
5614	Renter av lån i Statens Landbruksbank 144
5651	Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet 144
5652	Innskottskapital i Statskog SF 146
3	Tilråding og utkast til vedtak 147
	Vedlegg 153

1 Oversikt over budsjettframlegget for programområde 15 Landbruk og mat

Landbruksdepartementet har ansvar for matpolitikk og landbrukspolitikken.

Innanfor det matpolitiske området har departementet i samarbeid med Fiskeri- departementet og Sosial- og helsedepartementet ansvaret for politikktutforming og forvaltning av matvaresystemet frå primærproduksjon fram til forbrukarane. Matpolitikken skal sikre forbrukarane trygg mat og leggje til rette for eit ernæringsmessig fullgodt kosthald.

Landbrukspolitikken omfattar arealforvaltning, jord- og skogbruk, reindrift, husdyrhald og utvikling av nye næringar med utgangspunkt i landbruket. Landbrukspolitikken skal sikre ressurs- og kunnskapsgrunnlaget i landbruket og medverke til verdiskaping og sysselsetjing i heile landet med utgangspunkt i landbruket og landbruksbaserte produkt.

1.1 Sentrale rammevilkår

Sentrale rammevilkår for landbruks- og matpolitikken er regjeringa si tiltredings- erklæring, den generelle økonomiske politikken, marknaden, handelspolitikken som følgje av WTO-avtalen og EØS-avtalen, og Stortinget si behandling av dokumenta St prp nr 8 (1992-93), St meld nr 40 (1996-97), St prp nr 1 (1997-98) og St prp nr 67 (1997-98).

1.1.1 Den generelle økonomiske politikken

Hovudmålsetjinga for den økonomiske politikken til regjeringa er å leggje til rette for ein langsiktig forsvarleg ressursforvaltning, og å sikre alle retten til arbeid. Regjeringa legg vekt på å utvikle heile landet og vil bruke verkemiddel i den økonomiske politikken til å mot- verke den sentraliseringa som har funne stad dei siste åra.

Velferdssamfunnet skal utviklast vidare. Ein sunn økonomi er ein nødvendig føresetnad for velferdssamfunnet. Den økonomiske politikken må derfor medverke til ein stabil økonomisk utvikling og byggje på gode og stabile rammevilkår for næringslivet. Dette vil gi eit langsiktig grunnlag for framleis høg sysselsetjing.

Næringspolitikken skal medverke til auka verdiskaping for å nå overordna mål om velferd og sysselsetjing. Distrikts- og regionalpolitikken skal medverke til å sikre hovudtrekka i busetjingsmønsteret i alle delar av landet. Landbruket er viktig både i næringspolitisk og i distriktpolitisk samanheng, men landbruket er òg viktig for, og påverka av, ei rekke andre samfunns mål, ma knytte til miljø-, handels- og forbrukarpolitikken. Regjeringa vil føre ein landbruks- og matpolitikk som ivaretek alle desse viktige samfunnsomsyna.

For regjeringa si utforming av den økonomiske politikken viser ein elles til Gul Bok for 1999 og St meld nr 1 (1997-98) *Nasjonalbudsjettet 1999*.

1.1.2 Handelspolitiske tilhøve

Mål og verkemiddel i landbruks- og matpolitikken må utformast innanfor rammene av internasjonale avtaler og forpliktingar. WTO-avtalen resulterte i visse forpliktingar knytt til nivået for nasjonal jordbruksstøtte (internstøtte) og til bruk av eksportstøtte. Noreg tok òg på seg forpliktingar knytt til marknadsadgang ved at vi skulle innføre eit tollbasert importvern og etablere visse tollkvotar. Det er imidlertid viktig å understreke at avtalen òg ga Noreg visse rettar. Vi har ma rett til å ha tollsatsar i samsvar med bindingane og å gi nasjonal støtte til jordbruket

I samsvar med artikkel 20 i WTO-landbruksavtalen skal det startast nye forhandlingar om landbruk i WTO i 1999. På den eine sida viser artikkelen til den langsiktige målsetjinga om å oppnå betydelege reduksjonar i støtte- og vernetiltak. På den andre sida skal det i forhandlingane òg takast omsyn til ma dei erfaringane som er gjort med gjennomføringa av den eksisterande avtalen og såkalla ikkje-økonomiske omsyn. I forordet til avtalen er matvaretryggleik og behovet for å verne om miljøet nemnd som konkrete eksempel på slike ikkje-økonomiske omsyn. På ministermøtet i OECD i 1998 blei det vedteke eit kommunike som ma viste til at landbruket utover rolla som matprodusent, òg kan medverke positivt til miljøet og til levande bygder. Dei ikkje-økonomiske tilhøva, som er ein viktig del av landbruket si multifunksjonelle rolle, vil vere viktig for Noreg i desse forhandlingane.

Innføringa av eit tollbasert importvern og ulike handelsavtaler, spesielt forhandlingane med EU om RÅK-ordninga, har lagt til rette for auka handel. Spesielt har det vore ein auke i handelen med foredla landbruksprodukt med EU. Tal for eksport og import mellom Noreg og EU i 1994 og 1997 viser at det har vore ein auke i importen frå EU, men ikkje ein tilsvarende auke i den norske eksporten. Forhandlingane med EU i samsvar med artikkel 19 i EØS-avtalen er ennå ikkje avslutta. Frå norsk side har ein under forhandlingane lagt vekt på å oppnå betre marknadstilgang på område der norske produsentar har spesielle eksport- interesser. Målsetjinga med forhandlingane er å nå fram til ei gjensidig balansert løysing.

I samband med jordbruksoppgjeret 1998, jf St prp nr 67 (1997-98), orienterte regjeringa om tollvernet framover. Regjeringa viser der til ulike forhold som har medført auka handel og konkurranse. Denne utviklinga har medført at det har skjedd ei utvikling i Noreg slik at det er fleire spesialprodukt å finne i butikkane. Regjeringa viser til at forhandlingane med EU om utvida handel med jordbruksvarer (artikkel 19-forhandlingane) ikkje er slutførte og at det skal startast nye forhandlingar i WTO i 1999. Tollvernet er eit viktig rammevilkår for norsk landbruk. Ut i frå ei samla vurdering, der ein særleg legg vekt på norske interesser i forhandlingane med EU og WTO, ser ikkje regjeringa det som aktuelt å setje i verk generelle tollreduksjonar utan at det inngår som ledd i ei forhandlingsløyising. Stortinget hadde ved behandlinga av jordbruksoppgjeret 1998 ikkje merknader til dette.

1.1.3 Matvaretryggleik, -kvalitet og forbrukaromsyn

Stortinget si behandling av St meld nr 40 (1996-97) *Matkvalitet og forbrukartryggleik* blir aktivt følgd opp i dei ansvarlege departementa og verksemdene. Sentrale strategiar i arbeidet for å nå dei overordna måla om helsemessig trygge matvarer av god kvalitet og tilfredse forbrukarar, er internasjonalt forpliktande samarbeid, vektlegging av kvalitet langs heile matvarekjeda og åpenheit overfor og deltaking frå forbrukarane basert på den best tilgjengelege kunnskapen.

Forbrukaromsyn i landbruket er primært å sørge for matsikring. Dette inneber ma at folk skal føle seg trygge på at maten ikkje inneheld skadelege stoff eller mikro-organismar, at det er variert tilgang på mat slik at ein kan velje eit kosthald som fremmer god helse, og at matproduksjonen tek omsyn til miljø og etiske verdiar.

Forbrukaromsyn inneber òg at folk får innsyn i forvaltninga sin kontroll med matproduksjonen i heile matvarekjeda. Importerte dyr og varer er òg omfatta av denne kontrollen. Landbruksdepartementet vil satse vidare på å utvikle og byggje opp gode system for representativ forbrukardeltaking på matvareområdet. Gjennom kommunikasjonsprogrammet *Trygg mat* ønskjer regjeringa å setje fokus på forbrukarane sine behov for informasjon knytt til matområdet. Kommunikasjonsprogrammet skal fremme ei open matforvaltning, prega av samhandling, forbrukardeltaking og dialog.

God tillit til maten krev eit tett samarbeid mellom ulike fag- og forvaltningsmiljø. Gjennom det administrative ansvaret for tilsynet frå jord til bord, og ved gjennomføringa av konkrete handlingsprogram og tiltak, ma for å ivareta forbrukaromsyn, satsar Landbruksdepartementet på å leggje til rette for god samhandling mellom forbrukarorganisasjonar og -interesser, folkehelse- og dyrehelsestyresmaktene og næringa. Denne strategien er følgd opp i arbeidet med skrapesjuke og paratuberkulose og i oppfølginga av St meld nr 40 (1996-97).

I Noreg er det lite smittestoff i mat, og god kvalitet på råvarene. Dette gir eit godt grunnlag for å auke vidareforedlinga av kvalitetsprodukt som er viktig for forbrukarane, produsentane og i samband med eksport av mat. Utviklinga av ny kunnskap og teknologi på matområdet er ei kontinuerleg utfordring, ma for forvaltninga, td i høve til bruk av genmodifiserte organismar.

Oppfølging av Næringslovutvalet sitt forslag om ei felles lov på matområdet (NOU1996: 10) skjer gjennom eit samarbeid mellom Fiskeridepartementet, Landbruksdepartementet, Sosial- og helsedepartementet og Nærings- og handelsdepartementet.

Det er forhandla fram ein avtale med EU om revisjon av EØS-avtalen på veterinær sektor, som no er vedtatt av EØS-komiteen. Regjeringa vil leggje fram ein proposisjon om samtykke til godkjenning av EØS-komiteen sitt vedtak hausten 1998. Under føresetnad om samtykke frå Stortinget kan avtalen tre i kraft 1.1.99. Avtalen inneber at Noreg slutter seg til kontrolldirektiva og innfører kontrollordningar og meldingsrutinar som ma kjem til nytte i samband med import. Noreg får høve til å føre vidare salmonellaprogrammet, og både norsk og importert kjøtt skal vere testa etter dette programmet. Nasjonale kontrollprogram for å kartlegge og overvake smittsame sjukdomar hos dyr, inkl fisk, og smittestoff og framandstoff i matvarer vil bli utvikla vidare. Saman med dei nye EØS-reglane legg regjeringa til grunn at kontrollprogramma skal sikre forbrukarane trygge produkt og gi grunnlag for vidareføring av den gode norske folke- og dyrehelsa.

Regjeringa vil prioritere å heve standarden på norsk plantehelse. God dokumentasjon av plantehelsesituasjonen i landet og ei heving av standarden på innanlandsk plantehelse er viktige element for framleis å kunne setje strenge krav til import av plantemateriale og gjennom det hindre innførsel av alvorlege planteskadegjerarar, jf omtale under programkategori 15.10 Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse.

Handlingsplan for redusert bruk av plantevernmiddel som blei sett i verk i 1990, er vurdert av ei arbeidsgruppe nedsett av Landbruksdepartementet i samråd med Miljøverndepartementet. Resultata er lagt til grunn for utarbeiding av ein ny handlingsplan (1998-2002). Planen er nærare omtalt under Programkategori 15.10 og i St prp nr 67 (1997-98).

Bruk av antibiotika kan føre til antibiotikaresistens. Det er vist at dersom antibiotika blir

brukt i ein del av økosystemet kan det få konsekvensar for førekomsten av antibiotika-resistens i ein annan del av økosystemet. Ut frå desse erfaringane vil regjeringa arbeide for at bruken av antibiotika er riktig og minst mogleg. Stortinget har bedt regjeringa vurdere konsekvensane ved innføring av eit eventuelt forbod mot bruk av fôrantibiotika i Noreg. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med saka.

1.1.4 Utfordringar i den landbruksbaserte politikken

Regjeringa viser til St prp nr 67 (1997-98) *Jordbruksoppgjøret 1998 – endringer i statsbudsjettet for 1998 m.m.* der det er lagt til grunn at norsk landbruk skal medverke til å oppfylle viktige samfunns mål som trygg matproduksjon, sikker matforsyning, stabil busetjing i distrikta, ei berekraftig ressursforvaltning, eit levande kulturlandskap og ei verdiskaping som kan medverke til å oppretthalde sysselsetjinga på bygdene. Landbruket har òg eit medansvar for å sikre det biologiske mangfaldet. Dei ikkje-økonomiske faktorane ut over den primære rolla som matprodusent, er sentrale element i landbruket si multifunksjonelle rolle. Stortingsfleirtalet slutta seg til at desse målsetjingane for landbrukspolitikken skal følgjast opp med utgangspunkt i dei hovudprinsippa som er lagt til grunn for utforming av verkemiddel i landbrukspolitikken.

Det er brei politisk semje om at landbrukspolitikken må gi grunnlag for eit aktivt jordbruk i heile landet og såleis medverke til å oppfylle overordna målsetjingar knytt til busetjing, miljø og beredskap. Saman med topografiske og klimatiske forhold gjer dette det nødvendig med eit høgt støttenivå for landbruket.

For å sikre at retningslinene og målsetjingane for landbrukspolitikken blir følgde opp, er det framleis nødvendig med omstilling i landbruket.

Inntektsutviklinga og sosiale forhold vil avgjere om ein kan få rekruttering til næringa som kan sikre eit livskraftig landbruk. Det er i St prp nr 8 (1992-93) og ved seinare oppfølging understreka at landbruket skal sikrast moglegheiter for utvikling av inntekt og levekår på linje med andre. Eit kostnadseffektivt investeringsnivå, ein effektiv bruk av arbeidskrafta, reduserte kostnader, ei tilpassing av produksjonen til marknaden og ein konkurransedyktig norsk næringsmiddelindustri ligg som føresetnader for å få til ei rimeleg inntektsutvikling i landbruket. Det er ein føresetnad at bøndene sjølv tar ansvar for å utnytte ressursane og for å utvikle bruket slik at inntektsmoglegheitene kan realiserast. Regjeringa legg vekt på at bøndene si rolle som sjølvstendig næringsdrivande blir styrkt, med auka vekt på utforminga av dei generelle og langsiktige rammevilkåra for utvikling i næringa.

Regjeringa har tatt initiativ til eit forskings- og utgreiingsprosjekt for å få etablert ein breiare kunnskapsplattform om dei samfunnsøkonomiske og distriktspolitiske effektane av strukturendringar i næringsmiddelindustrien. Føremålet med prosjektet er å få meir kunnskap om omfang, årsakar og konsekvensar av strukturendringar og matvarekjedane si makt.

For ei heilskapleg rapportering til Stortinget om utviklinga i primærproduksjonen, foredlinga og distribusjonsledda viser ein til kap 5 og 6 i St prp nr 67 (1997-98).

Jordbruksproduksjonen må ivareta omsyna til miljø, dyrevern og helsekrav, og sikre produksjon av fellesgode for heile samfunnet. Dette skjer ma ved ein omfattande miljøinnsats, utbygging av kvalitetssystem og auka satsing på produksjon, foredling og omsetning av økologiske matvarer. Det blei understreka i St prp nr 8 (1992-93) at omsynet til miljøet er ein grunnleggjande premiss for utvikling av eit berekraftig landbruk, der krava til økonomi og effektivitet blir vege opp mot ressursgrunnlaget, miljøverdiane og helseomsyn. Driftsmåtane må utformast slik at dei økologiske prosessane i luft, vatn, jord og vegetasjon ikkje blir øydelagde.

Samtidig som ein skal sikre levedyktige bestandar av dei store rovviltedyra i Noreg skal forvaltninga av bestandane skje på ein slik måte at det kan drivast forsvarleg jordbruksdrift og reindriftsnæring innanfor akseptable økonomiske rammevilkår.

Regjeringa vil fremme ei melding om landbrukspolitikken i 1999 med bakgrunn i dei utviklingstrekk og dei nasjonale og internasjonale utfordringane som ligg føre. Landbruket si rolle for matvaretryggleik, langsiktig ressursforvaltning og busetjing og sysselsetjing på bygdene vil stå sentralt i meldinga. Langsiktige rammevilkår, inntekt og sosiale forhold er avgjerande for rekrutteringa til næringa, og er grunnlaget for at landbruket skal kunne utføre dei mangesidige samfunnsoppgåvene. Ein vil òg vurdere, og leggje strategiar for, den vidare utviklinga av verkemiddelsystemet.

Skogbruk gir gode moglegheiter for variert næringsliv i fastlands-Noreg. Det er knytt store verdiar til skogen, både i form av miljøverdiar og økonomiske verdiar. Skogen kan såleis medverke økonomisk til å løyse grunnleggjande velferdsoppgåver, og styrkje busetjinga, sysselsetjinga og inntektsutviklinga i distrikta. For å føre dette vidare må dei areala

og ressursane som gir grunnlag for eit økonomisk skogbruk gjerast tilgjengelege og takast i bruk.

Skogen er viktig i miljøsamanheng; han har stor betydning for klimaet fordi han bind karbon, han er viktig som energiressurs, og trevirkebaserte produkt medverker til eit meir berekraftig produksjons- og forbruksmønster fordi dei kjem frå fornybare ressursar og kan resirkulerast. Det er òg ei prioritert oppgåve for næringa å ta aktive omsyn til miljøkvalitetane i skogen.

Skogsektoren arbeider i ein internasjonal marknad med raske endringar. Utviklinga i marknaden, både internasjonalt og nasjonalt, har dei siste åra endra rammevilkåra for skog-næringsverksemda, og bidraget frå skogbruket og skogindustrien til verdiskapinga er gradvis redusert. Skogsektoren spelar likevel ei viktig rolle, og utfordringane framover er særleg knytte til kostnadseffektiv og miljøtilpassa framstilling av produkt med høg kvalitet.

Regjeringa vil fremme ei stortingsmelding om skogpolitikken i 1998 der desse spørsmåla vil bli drøfta nærare. I dette arbeidet vil ein særleg leggje vekt på auka verdiskaping frå skogsektoren og -naturen og på skogsektoren sine miljøoppgåver.

Reindrifta skal vere berekraftig økologisk, økonomisk og kulturelt, jf St meld nr 28 (1991-92). Regjeringa legg til grunn at reindrifta skal vere ein sentral berar av samisk kultur. Reindriftspolitikken skal òg medverke til utvikling av tilleggs- og kombinasjonsnæringar i reindrifta med utgangspunkt i samisk tradisjon og kultur. Arbeidet med å samordne verkemidla i reindriftslova og reindriftsavtalen, ma for å tilpasse beitetrykket, vil stå sentralt framover.

For at landbruket skal kunne medverke til å oppfylle viktige samfunns mål knytt til busetjing og verdiskaping, er det ein sentral strategi å leggje til rette for heilskapleg næringsutvikling på bygdene. Det er derfor eit mål å fremme lønnsam næringsutvikling i bygdene i og i tilknytning til landbruket. Den samla næringspolitikken for bygdene må styrke og utvide næringsgrunnlaget for å utvikle eit allsidig næringsliv og eit breiare grunnlag for busetjingsmønsteret. Bygdeutviklingsmidlane er ein integrert del av distriktspolitikken og Regjeringa sin politikk i høve til primærnæringane. Ein legg særleg vekt på å fremme samarbeidstiltak og tiltak som gir fleire arbeidsplassar for kvinner og ungdom, jf programkategori 15.30.

1.1.5 Samfunnsplanlegging og arealforvaltning

Landbruket har eit ansvar for å sikre areal for mat-, fôr- og skogproduksjon på lang sikt. Av det samla landarealet er berre 3-4 pst dyrka eller dyrkbart og klimaet gjer at berre tredjeparten av dette arealet kan nyttast til å dyrke matkorn. Samtidig er det ofte den jorda som er best eigna for matproduksjon som er mest utsett for nedbyggingspress. Regjeringa legg ut frå nasjonale beredskapsomsyn og globale fordelingspolitiske omsyn stor vekt på at landet har ei god sjølvforsyning av mat. Moglegheiter for større svingingar i verdas matvaresituasjon framover set òg krav til utforminga av arealpolitikken.

Landbruksdepartementet vil leggje auka vekt på at landbruksforvaltninga på kommune- og fylkesplan aktivt går inn i og påverkar dei planprosessane som styrer arealbruken og vilkåra for næringsdrift i landbruket. Departementet vil særleg prioritere å styrkje landbruket si deltaking i samfunnsplanlegginga. Ulike sektorar i samfunnet blir sette opp mot kvarandre med omsyn til spørsmål om bruk eller vern, og det er viktig at landbruket syner kva for interesser og verdiar som er knytte til ulike areal, både innmark, skog og beiteområde. For å sikre god kvalitet på avgjerder om arealbruken er det òg viktig at forvaltninga har oppdatert kunnskap i ein tilgjengeleg form.

God eigedomsutforming og klåre eigar- og rettstilhøve er viktig for auka verdiskaping. For å få til dette kan det vere nødvendig å omforme eigedomar eller gjere andre endringar i eigartilhøva og med det sikre god ressursutnytting og omsyn til miljø. Dette viser behov for at grunneigarar set i gang fellestiltak. For eigaren eller leigetakaren er det viktig at ikkje eigedomstilhøva stenger for god arealutnytting og eit godt inntektsgrunnlag. For samfunnet er det viktig at kostnadene knytt til endringar i eigar- og eigedomstilhøva ikkje blir for store. Dette tener til sysselsetjinga i næringa og busetjing i distrikta. Som oppfølging av Ot prp nr 57 (1997-98) som er til behandling i Stortinget, og for å styrkje arbeidet med å få til god arealforvaltning, gjer departementet framlegg om ein auke i løyvingane til Jordskifteverket.

Lower og reglar for landbruket er ein viktig del av den samla landbrukspolitikken. I saker der ein nyttar reglane for å gjere inngrep i den private eigedomsretten er det særleg viktig at omsynet til rettstryggleiken blir ivareteke på ein god måte.

1.2 Hovudpunkt i budsjettframlegget

Regjeringa gjer framlegg om eit budsjett for Landbruksdepartementet og underliggjande verksemdar for 1999 med vekt på å sikre forbrukarane trygge matvarer, og tiltak som kan sikre eit levedyktig landbruk i heile landet. Budsjettframlegget inneber ei oppfølging av regjeringserklæringa og dei retningslinjene som er trekte opp for landbruks- og matpolitikken.

Budsjettframlegget har ei samla ramme på 14 685 mill kr, som er ein auke i høve til budsjettet for 1998 på 4,9 pst. Auken er i hovudsak knytt til gjennomføringa av jordbruksoppgjæret 1998. Innanfor budsjettamma vil Landbruksdepartementet prioritere:

- matvaretryggleik, dyre- og plantehelse,
- landbruket som basisnæring i distrikta,
- likestilling og rekruttering i landbruket,
- miljø og arealforvaltning,
- skogbruk og
- forskning og utvikling.

Landbruksdepartementet gjer framlegg om å løyve 555 mill kr til tiltak for å sikre god matvaretryggleik, matvarekvalitet og dyre- og plantehelse. Dette er ein auke på om lag 38 mill kr eller 7,3 pst i høve til 1998. Innanfor denne ramma vil ein auke innsatsen på særskilde område av høg prioritet frå 85 mill kr til 116 mill kr, jf omtale under programkategori 15.10.

Landbruksdepartementet vil såleis prioritere god dokumentasjon av dyre- og plantehelsa. Informasjon skal baserast på tilgjengelege og truverdige data for den standarden som til ei kvar tid rår i landet, slik at forbrukarane kan ha tillit til dei matvarene som blir bydde fram. I tillegg vil slike data sette oss i stand til å følgje opp internasjonale forpliktande avtaler på ein sikker måte. Overvaking- og kontrollprogramma knytt til sjukdommar på planter, husdyr og akvakulturdyr vil òg ha verdi for næringane sidan kunnskapen som programma gir kan nyttast til å betre helsa og såleis betre kvaliteten på og auke tilliten til maten som blir budd fram i marknaden.

Landbruksdepartementet vil føre vidare dei kontrolltiltaka som blei etablerte som følgje av Stortinget si behandling av St prp nr 70 (1996-97) innanfor ei ramme på 46 mill kr. Ein legg opp til å styrkje kontrollen i planteproduksjonen. På sikt vil dette betre produktkvaliteten, auke tilliten i marknaden og redusere risikoen ved bruk av plantevernmidde i produksjonen.

Landbruksdepartementet gjer etter samråd med næringa framlegg om å endre finansieringa av kjøttkontrollen. Målsetjinga med dette er å leggje tilhøva betre til rette for ein sikker og kostnadseffektiv kjøttkontroll. I samband med omlegginga vil departementet etablere ein refusjonsordning som tek omsyn til strukturen i slakterinæringa. Omlegginga er nærare omtalt under programkategori 15.10 og kap 1114.

Eit framtidsretta landbruk som basisnæring for busetjinga i distrikta, krev at kvinner og ungdom finn det attraktivt å gå inn og arbeide i næringa. Regjeringa ser det som ei viktig målsetjing å sikre hovudtrekka i busetjingsmønsteret og meiner at forbetringar i rammevilkåra for landbruket og gode sosiale ordningar er viktige verkemiddel for å medverke til langsiktig rekruttering og likestilling og utnytting av lokale ressursar. Dette er følgd opp gjennom jordbruksoppgjæret 1998 og framlegget om å auka låneramma til Landbruksbanken med 150 mill kr til 400 mill kr.

Landbruksdepartementet prioriterer miljøarbeidet i landbruket høgt. Resultatkontrollsystemet blir styrkt og omfattar ma forureining og kulturlandskap. Arbeidet blir gjennomført i eit organisert samarbeid mellom Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet. Ordningane på området vil i aukande grad bli utvikla som del av heilskaplege planar for å sikre samordning av den statlege verkemiddelbruken. Departementet prioriterer arbeidet med handlingsplanen for redusert bruk av plantevernmidde og legg opp til ei auke i miljøavgiftene på 23 mill kr i høve til 1998. Ein legg opp til at det blir kompensert for heile avgiften innanfor ramma av jordbruksavtalen fom 1999.

Det er auka etterspørsel i marknaden etter økologiske matvarer. Det er òg ein jamn auke i talet på bruk som legg om til økologisk drift. Landbruksdepartementet gjer framlegg om å auke løyvingane til økologisk landbruk innanfor eksisterande ordningar. I den varsla stortingsmeldinga om landbrukspolitikken vil departementet trekkje opp meir langsiktige retningslinjer for økologisk landbruk.

Landbruksdepartementet legg opp til ei styrking av arbeidet med samfunnsplanlegging og arealforvaltning. Budsjettframlegget inneber ei oppfølging av Ot prp nr 57 (1997-98), som er til behandling i Stortinget, med ei auke i løyvinga til Jordskifteverket på 19 mill kr eller 17 pst. Dei viktigaste lovendingane vil føre til at arealbytte står fram som eit reelt alternativ til tradisjonell gjennomføring av planar for utbygging og vern, der tilhøva ligg til rette for det.

Landbruksdepartementet vil stimulere til langsiktige investeringar i skogbruket og næringsutvikling i små og mellomstore bedrifter. Slike tiltak vil gi særleg effekt i nærings-svake område fordi det er her ein har det største potensialet for auka aktivitet i skogbruket. Ein ser det som særleg viktig med auka innsats på produkt- og kompetanseutvikling innanfor den trebrukande sektoren og legg opp til å auke løyvinga frå 5 til 11 mill kr på dette området.

Landbruksdepartementet vil prioritere forskning og utvikling. Dette inneber ei samla innsats til forskning og utvikling på 495 mill kr i 1999 som er ei auke på om lag 26 mill kr eller 5,4 pst i høve til 1998. Forskingsinnsatsen vil bli retta mot hovudområda i den rullerte langtidsplanen for landbruksforskning. Departementet legg vekt på verdiskapning i landbruket og utvikling av aktivitetar knytt til landbruket, og vil styrkje bruk og utvikling av metodar og verkemiddel som fører til kunnskapsbasert verksemd.

Landbruksdepartementet legg vekt på å ha ein effektiv og omstillingsdyktig landbruks-administrasjon, og vil utvikle styringssystema i høve til verksemdene vidare med sikte på betre resultatmål og -dokumentasjon. Departementet gjennomgår forvaltninga av ordningane under jordbruksavtalen med sikte på ein meir einsarta og samordna forvaltning. Utgreiingsarbeidet vil bli avslutta i oktober og departementet vil leggje fram eit tillegg til St prp nr 1 med framlegg knytt til organisering og lokalisering av framtidig forvaltnings-verksemd.

1.3 Overordna mål for landbruks- og matpolitikken

Landbruksdepartementet har eit breitt, allmennretta forvaltningsansvar som er delt inn i følgjande 5 verksemdområde:

- matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse,
- forskning og utvikling,
- arealforvaltning,
- næringsutvikling og miljø og
- landbruksadministrasjon.

Innanfor verksemdområda arbeider Landbruksdepartementet etter målsetjingane som er refererte i tabellen nedanfor. Regjeringa vil i stortingsmeldingar om skog- og jordbruks-politikken gjennomgå hovudprinsippa og dei overordna måla for landbrukspolitikken.

Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse (programkategori 15.10)

Hovudmål:

- sikre forbrukarane trygge matvarer som blir produsert på ein etisk og helse- og ressursmessig akseptabel måte.

Delmål:

Produksjon:

- planter og dyr med gode genetiske eigenskapar, tilpassa norske vilkår og
- riktig bruk av helse- og miljømessig sikre innsatsvarer.

Plantehelse/plantevern:

- effektiv førebygging og bekjemping av alvorlege skadegjerarar,
- redusert førekomst av tapsbringande skadegjerarar og
- redusert helse- og miljørisiko ved bruk av plantevernmiddel.

Dyrevelferd:

- betre miljø for dyr og
- nedgang i talet på dyremishandlingstilfelle.

Dyrehelse:

- effektiv førebygging og bekjemping av alvorlege smittsame sjukdommar,
- redusert førekomst av tapsbringande infeksjonssjukdommar og
- redusert førekomst av viktige produksjonssjukdommar.

Matvarer:

- helsemessig trygg mat,
- auka tillit til matvarer,
- ærleg frambod av matvarer,
- riktig kvalitet på matvarer,
- sikre tilbod om økologisk produserte produkt og
- auka opphavsmerking av matvarer.

Forskning og utvikling (programkategori 15.20)**Hovudmål:**

- Landbruksforskninga skal, innanfor ei etisk forsvarleg ramme og i brei næringspolitisk samanheng, vere leverandør av kunnskap med vekt på forbrukarkrav, verdiskaping, nyskaping, omstilling, miljø og helse- og livskvalitet.

Delmål:

- fremme langsiktig og berekraftig utvikling i landbruket og i landbruksbasert verksemd til bevaring av naturgrunnlag og miljø, og til fremme av helse og livskvalitet hos menneske og dyr,
- utvikle markedsorienterte produkt basert på norske råvarer og foredlingssystem,
- høyne nivået på kompetansen og graden av produktforedling med sikte på verdiskaping og sysselsetjing i landbruket og verksemd basert på landbruk,
- utvikle nye produkt, næringar og kombinasjonar av næringar innanfor eit heilskapleg nærings- og distriktperspektiv og
- gi grunnlag for utforming av politikk, bruk av offentlege verkemiddel og forvaltning.

Arealforvaltning (programkategori 15.30)**Hovudmål:**

- sikre areal som grunnlag for varig landbruksproduksjon, og forvalte arealressursane for å fremme verdiskaping, busetjing og sysselsetjing.

Delmål:

- gjennom samfunnsplanlegginga ivareta landbruket sine interesser og verdiar og fremme gode vilkår for næringsdrift,
- ha eit sterkt jordvern, som blir praktisert strengast for dei mest produktive areala,
- medverke til rasjonell og kostnadseffektiv bruks- og eigarstruktur,
- forvalte arealressursane slik at busetjinga i distrikta blir oppretthalde og
- underbygge forvaltaransvaret i eit langsiktig perspektiv.

Næringsutvikling og miljø (programkategori 15.30)**Hovudmål:**

- eit berekraftig landbruk som gir grunnlag for verdiskaping og sysselsetjing i alle delar av landet, både i primærproduksjonen og foredlingsindustrien.

Delmål:*Jordbruk:*

- sikre næringsutøvarane moglegheit for inntekt og levekår på linje med befolkninga elles,
- sikre miljøvenleg produksjon der òg omsynet til kulturlandskapet, kulturminne og biologisk mangfald står sentralt,
- medverke til lågare kostnadsnivå, konkurransedyktige råvareprisar, rimelege matvareprisar og ein produksjon som er tilpassa etterspurnaden og
- styrkje rekrutteringa til og likestillinga i næringa.

Skogbruk:

- leggje forholda til rette for lønnsam bruk av skogressursane på kort og lang sikt,
- ta vare på og vidareutvikle miljøverdiane i skogen og
- fremme konkurranseevna i heile verdikjeda og stimulere til vidareforedling for å auke verdiskapinga i distrikta.

Reindrift:

- ei reindriftnæring i balanse med beiteressursane og som medverkar til å halde oppe samisk eigenart og
- medverke til kvalitetsproduksjon av reinsdyrkjøtt som sikrar inntektsgrunnlaget for reindriftsfolk.

Nye næringer:

- medverke til nye lønsame arbeidsplassar og ny verdiskaping i og knytt til landbruket og
- fremme berekraftig produksjon og bruk av natur og utmark.

Landbruksadministrasjon mm (programkategori 15.00)**Hovudmål:**

- gjennomføre landbruks- og matpolitikken på ein effektiv måte.

Delmål:

- ei klårare rolledeling mellom ulike nivå i forvaltninga,
- betre samarbeid og samhandling mellom sektorar og etatsnivå,
- utvikle omstillingsdyktige og formålseffektive verksemdar og tenlege styringssystem,
- fleire kvinner i leiarstillingar og sentrale vedtaksfora,
- ei opnare og brukarorientert landbruksforvaltning og målretta informasjonsverksemd,
- vidareutvikling og betre bruk av informasjonsteknologien og
- medverke til vidareutvikling av kommunane som landbruksmyndigheit.

1.4 Beredskapstiltak

Beredskapstiltaka under Landbruksdepartementet utgjer viktige delar av den samla ernærings- og matforsyningsberedskapen i krise- og krigstid. Tiltaka, saman med den generelle landbrukspolitikken, sikrar ein tilfredsstillande matvaresikkerhet i landet. Tiltaka omfattar lagring av korn som pr 1.7. svarar til 6 mndr normalforbruk av matkorn og 3 mndr normalforbruk av fôrkorn. Sâkorn og engfrø blir gjennom statleg finansiering overlagra i marknaden. VESO AS held beredskapslager av epizootivaksine mot dyresjukdommar.

Den administrative beredskapen er knytt til utarbeiding av statlege beredskaps- og omleggingsplanar, ma i høve til Krigsloven, Forsyningsloven og Sivil Hovedomleggingsplan. Fagleg beredskapsdirektiv for Landbruksdirektøren hos Fylkesmannen blei fastsett 1.8.98. Fylkesmannen vil ha frist ut 1999 til å utarbeide dei underliggjande omleggingsplanane i totalforsvaret.

I den neste perioden legg departementet vekt på å følgje opp St meld nr 25 (1997-98) som gjeld den sivile beredskapen for perioden 1999-2002. Meldinga legg opp til å forenkle dei langsiktige lagringstiltaka i lys av den nye lange militære varslingsstida. Departementet vil derfor gå gjennom beredskapsopplegget for matmjøl i Nord-Noreg med sikte på å tilpasse opplegget til beredskapsføresetnadene og til distribusjonssystemet i varehandelen.

1.5 Oversikt over bruk av stikkordet *kan overførast*

Under budsjettet til Landbruksdepartementet gjer ein framlegg om at stikkordet *kan overførast* blir knytt til følgjande postar i tillegg til postane 30-49:

				(i 1000 kr)	
Kap	Post	Nemning	Overført frå 1997	Framlegg 1999	
1140	77	Miljøretta prosjektarbeid	22 435	27 524	
1142	71	Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket	14 532	123 880	
1142	76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket	3 539	22 633	
1147	71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark	2 600	12 000	
1148	70	Tilskott til sikringstiltak mm	7 128	4 700	
1148	71	Naturskade, erstatningar	48 142	38 000	
1150	70	Marknadsregulering	37 820	225 100	
1150	74	Direkte tilskott	231 393	6 852 679	
1150	77	Utviklingstiltak	66 193	393 000	
1150	78	Velferdsordningar	45 763	1 859 410	
1151	74	Tilskott til marknadsfremmande tiltak	861	0	
1151	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott	5 222	37 300	
Sum:			485 628	9 596 226	

Nærare omtale av postane:

Postane 73 og 77 under kap 1140, post 76 under kap 1142 og post 71 under kap 1147 er støtte til prosjekt som kan strekke seg over fleire år. Post 71 under kap 1142 og post 70 under kap 1148 gjeld tilskott til investeringar med treårig arbeidsfrist. Post 71 under kap 1148 gjeld erstatningar som kan falle i to budsjettår. Når det gjeld postane under kap 1150 og 1151, er dette avtalte beløp mellom staten og næringsorganisasjonane der utbetalingane av ymse grunnar fell i to kalenderår. Avtalane gjeld frå 1.7. eit år til 30.6. året etter.

1.6 Oversikt over utgiftene i budsjettframlegget*Utgifter fordelt på kategoriar:*

(i 1 000 kr)

Kat	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999	Pst endr 98/99
15.00	Landbruksadministrasjon	416 381	382 490	401 443	5,0
15.10	Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehele	583 338	517 776	555 652	7,3
15.20	Forskning og utvikling	235 488	247 346	249 551	0,9
15.30	Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning	12 953 799	12 848 780	13 479 082	4,9
15.40	Forretningsdrift	4 000			-0,0
	Sum område	14 193 006	13 996 392	14 685 728	4,9

Utgifter fordelt på postgrupper:

(i 1 000 kr)

Post- gruppe	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999	Pst. endr. 98/99
01	Driftsutgifter	842 952	895 363	969 114	8,2
21-24	Særskilde driftsutgifter og underskott i forretningsdrifta	64 489	46 073	51 452	11,7
30-49	Investeringar	28 046	15 238	14 365	-5,7
50-59	Overføringar til andre statsrekneskap	1 145 159	1 079 666	1 162 872	7,7
70-89	Overføringar til private	11 762 964	11 652 052	12 207 925	4,8
90-99	Lånetransaksjonar	349 396	308 000	280 000	-9,1
	Sum under departementet	14 193 006	13 996 392	14 685 728	4,9

Utgifter fordelt på kapittel:

					(i 1 000 kr)
Kap	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999	Pst endr 98/99
1100	Landbruksdepartementet	108 532	109 640	113 785	3,7
1102	Fylkesmannens landbruksavdeling	292 929	272 850	287 658	5,4
1104	Tilskott til organisasjonar mm	14 920			-0,0
	Sum kategori 15.00	416 381	382 490	401 443	4,9
					(i 1 000 kr)
Kap	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999	Pst endr 98/99
1107	Statens dyrehelsetilsyn	209 446	168 714	173 506	2,8
1110	Statens landbruksstilsyn	70 023	68 729	79 698	15,9
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling mm	132 484	132 587	139 228	5,0
1114	Statens næringsmiddelstilsyn	171 385	147 746	163 220	10,4
	Sum kategori 15.10	583 338	517 776	555 652	7,3
					(i 1 000 kr)
Kap	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999	Pst endr 98/99
1137	Forsking og utvikling	235 488	247 346	249 551	0,8
	Sum kategori 15.20	235 488	247 346	249 551	0,8
					(i 1 000 kr)
Kap	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999	Pst endr 98/99
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket	107 902	55 751	45 673	-18,0
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket	126 667	155 380	162 038	4,2
1145	Jordskifteverket	114 580	109 618	128 549	17,2
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	59 110	56 766	58 840	3,6
1147	Reindriftsforvaltninga	39 634	36 611	36 738	0,3
1148	Naturskade - erstatningar og sikring	61 077	47 000	42 700	-9,1
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen mm	11 928 614	11 904 299	12 545 492	5,3
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen mm	81 320	75 000	75 000	
1161	Statskog SF - forvaltningsdrift	23 039	23 248	23 241	-0,0
2411	Statens Landbruksbank	394 707	363 017	338 942	-6,6
2472	Statens Kornforretning	17 149	22 090	21 869	-1,0
	Sum kategori 15.30	12 953 799	12 848 780	13 479 082	4,9
					(i 1 000 kr)
Kap	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999	Pst endr 98/99
1162	Drevsjø Trelast AS	4 000			-0,0
	Sum kategori 15.40	4 000			-0,0

1.7 Oversikt over inntektene i budsjettframlegget

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999	Pst endr 98/99
4100	Landbruksdepartementet	2 199	268	333	24,3
4102	Fylkesmannens landbruksavdeling	39 524	23 983	29 583	23,3
4107	Statens dyrehelsetilsyn	8 763	15 527	8 799	-43,3
4110	Statens landbrukstilsyn	56 664	53 428	58 748	10,0
4114	Statens næringsmiddeltilsyn	129 132	109 988	137 738	25,2
4145	Jordskifteverket	9 035	8 221	14 421	75,4
4146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	17 340	15 000	15 380	2,5
4147	Reindriftsforvaltninga	2 083	54	1 500	2 677,8
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen mm	109 780	112 000	109 800	-2,0
5311	Statens Landbruksbank	443 022	340 619	303 369	-10,9
5545	Miljøavgifter i landbruket	191 525	187 175	210 175	12,3
5571	Totalisatoravgift	62 459	62 000	67 000	8,1
4160	Sal av skoggrunn	681			-0,0
4161	Statskog SF	24 167			-0,0
4162	Drevsjø Trelast AS	2 000			-0,0
4170	Statkorn Holding AS	64 000			-0,0
5609	Renter av lån i selskap under Landbruksdepartementet	10 346	207 800		-100,0
5614	Renter av lån i Statens Landbruksbank	223 224	180 500	288 000	59,6
5651	Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet	285 354	49 200	43 200	-12,2
5652	Innskottskapital i Statskog SF	6 500	8 500	8 500	0,0
	Sum inntekter	1 687 798	1 374 263	1 296 546	-5,7

Programkategori 15.00 Landbruksadministrasjon mm

Landbruksadministrasjonen har som hovudmål å gjennomføre landbruks- og mat-politikken på ein effektiv måte. Ein viser til dei øvrige programkategoriane og kapitla og til andre departement for nærare omtale av institusjonar og verkemiddel på mat- og landbruksområdet.

Landbruksadministrasjonen er desentralisert med etateiningar og institusjonar over heile landet. I tillegg til forvaltning av tradisjonelt jord- og skogbruk, blir det sett inn store ressursar innanfor kontroll og andre tiltak i forhold til matkvalitet, dyre- og plantehelse, forskning og spreiding av kunnskap, utvikling av nye næringar og sikring av berekraftig og miljøvenleg bruk av landarealet, samt jordvern.

Oversikt over utgifter til administrasjon fordelt på verksemdene (i 1000 kr)

Kap	Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999	Pst endr
1100	01	Landbruksdepartementet	92 604	97 102	102 160	5,2
1102	01/21	Fylkesmannens landbruksavdeling	286 324	272 850	287 658	5,4
1107	01	Statens dyrehelsetilsyn	158 794	165 529	170 291	2,9
1110	01	Statens landbrukstilsyn	58 360	65 956	77 958	18,2
1114	01	Statens næringsmiddeltilsyn	54 201	89 047	102 761	15,4
1145	01	Jordskifteverket	114 580	109 618	128 549	17,3
1146	01	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	59 110	56 766	58 840	3,6
1147	01	Reindriftsforvaltninga	17 480	15 061	21 138	40,3
2411	01	Statens Landbruksbank	48 794	47 417	49 342	4,1
2472	24	Statens Kornforretning	17 149	22 090	21 869	-1,0
Sum			907 396	941 436	1 020 566	8,4

Tabellen viser at samla administrasjonsutgifter etter framlegget vil auke med nominelt 8,4 pst i forhold til 1998. Tek ein omsyn til at oppgåver er flytta frå jordbruksavtalen (kap 1150) til Landbrukstilsynet og Statens næringsmiddeltilsyn er auken på vel 6,6 pst. Denne auken er i hovudsak knytt til gjennomføring av den planlagte revisjonen av EØS-avtalen på veterinær sektor, styrking av Landbrukstilsynet i arbeidet for å betre plantehelsa og styrking av Jordskifteverket i samband med gjennomføring av ny jordskiftelov. I tillegg er det løyvd midlar til arbeidet med norsk-svensk reinbeitekommisjon på kap 1147. Ein viser til nærare omtale under dei enkelte kategoriane og kapitla.

I tabellen under er det gitt ein oversikt over bemanninga målt i talet på årsverk i statlege verksemdar på Landbruksdepartementet sitt område. (Kjelder: Statens sentrale tjenestemannsregister, lønnsstatistikk pr 01.10.96 og 01.03.98 og Statens kornforretning).

Kap	Verksemd	Årsverk	
		1996	1998
1100	Landbruksdepartementet	178	197
1102	Fylkesmannen si landbruksavdeling	710	697
1107	Statens dyrehelsetilsyn	210	301
1110	Statens landbrukstilsyn	131	145
1114	Statens næringsmiddeltilsyn	75	82
1145	Jordskifteverket	270	294
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	128	135
1147	Reindriftsforvaltninga	44	50
2411	Statens Landbruksbank	116	112
2472	Statens Kornforretning	111	111
	Veterinærinstituttet	204	200
	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning	63	73
	Norsk institutt for planteforskning	304	350
	Norsk institutt for skogforskning	141	173
Sum		2 685	2 920

STATUS FOR OMRÅDET, MÅL OG TILTAK

Ein vil arbeide mot å nå følgjande delmål for landbruksadministrasjonen:

1 Ei klårare rolledeling mellom ulike nivå i forvaltninga

Departementet har lagt fleire områder av den daglege forvaltninga av tilskottsordningane til dei underliggjande verksemdene, som no har mesteparten av tilskottsforvaltninga.

Rolledelinga er avklart mellom Landbruksdepartementet og Statens dyrehelsetilsyn når det gjeld den internasjonale verksemda på fagområdet. Landbruksdepartementet har overført dei fleste fullmaktene frå veterinærdirektøren til Statens dyrehelsetilsyn.

Etter kvart som ein får utbygd forvaltningsorgan med tilstrekkeleg kompetanse og eit godt utbygd regelverk i samsvar med nytt økonomireglement i staten, vil ein halde fram arbeidet med å leggje forvaltninga av tilskottsordningane til verksemdene. Ein vil sjå dette arbeidet i samband med oppgåvegjennomgangen av fylkesmannsembeta sin oppgåveportefølje, jf kap 1102, og samordninga av den sentrale verkemiddelforvaltninga jf pkt 3 under.

2 Betre samarbeid og samhandling mellom sektorar og etatsnivå

Det blei gjennomført eit omfattande samarbeid mellom sektorar ved utarbeiding av St meld nr 40 (1996-97) *Matkvalitet og forbrukertrygghet*. Denne samarbeidsformen er òg nytta i arbeidet med stortingsmeldinga om skogpolitikken som regjeringa tek sikte på å legge fram i 1998. Ein tek òg sikte på eit slikt samarbeid mellom sektorar ved utarbeidinga av ei stortingsmelding om landbrukspolitikken som vil bli lagt fram i 1999. Likeins er det eit nært samarbeid med Kirke-, utdannings- og forskingsdepartementet når det gjeld utarbeidinga av ei stortingsmelding om forskingspolitikken.

Det er i 1998 gjennomført ein konferanse om samhandling mellom landbruk- og miljøvernsektorene i fylkesmannsembetet i samarbeid med Miljøverndepartementet.

Det er gjennomført ei beredskapsøving LANDTEX '98 med deltaking frå fleire faglege områder og forvaltningsnivå.

Landbruksdepartementet heldt eit instituttpolitisk forummøte for forskingsinstitusjonar innan landbrukssektoren i 1998. Forumet har som mål å drøfte sentrale forskningstrategiske spørsmål saman med sentrale aktørar inna landbruksforskninga og næringar/bransjar og forvaltning. Noregs forskingsråd har fått i oppdrag å vidareføre opplegget saman med Landbruksdepartementet.

3 Utvikle omstillingsdyktige og formålseffektive verksemder og tenlege styringssystem

Regjeringa har vedteke at Landbruksdepartementet skal utgreie ei samordning av den sentrale forvaltning av dei landbrukspolitiske tiltaka. Ein viser ma til omtale i St prp nr 70 (1996-97) *Jordbruksoppgjøret 1997*. Denne forvaltninga er i dag delt mellom Statens Landbruksbank, Statens Kornforretning, Omsetningsrådet, Fraktkontoret for slakt og Markedskontoret for poteter. Utgreiinga omfattar fire alternative organisasjonsmodellar, arbeidsrettslege og administrative forhold og krav til ein eventuell utlokaliseringssstad dersom heile eller deler av verksemda blir lagt ut frå Oslo. Leiinga og tenestemannorganisasjonane i verksemdene tek aktivt del i prosessen og dei tilsette blir løpande orientert om arbeidet. Regjeringa vil leggje saka fram for Stortinget i ein tilleggsproposisjon til denne proposisjonen.

For å fremme ei effektiv saksavvikling og tilpasse Jordskifteverket til nye oppgåver vil departementet starte ein organisasjonsutviklingsprosess, jfr kap 1145.

Landbruksdepartementet samarbeider med Arbeids- og administrasjonsdepartementet og Miljøverndepartementet når det gjeld styringsdialogen med fylkesmannsembeta og med Kirke-, utdannings- og forskingsdepartementet og andre fagdepartement når det gjeld styringa av Noregs forskingsråd. Vidare er det etablert faste kontaktformer med Miljøverndepartementet, Kirke-, utdannings- og forskingsdepartementet, Noregs veterinærhøgskole, Noregs landbrukshøgskole og Statens nærings- og distriktsutbyggingsfond. Landbruksdepartementet samarbeider med Noregs forskingsråd om styringsdialogen med forskingsinstitutta, jf kap 1137.

Departementet arrangerer halvårlege fellesseminar om tema knytt til personal-, leiar og organisasjonsutvikling for underliggjande verksemder.

Eit viktig satsingsområde for staten som arbeidsgiver er å skaffe fleire lærlingplassar i samband med Reform -94, jf St meld nr 22 (1996-97) *Om lærlingsituasjonen*. Landbruksforvaltninga har inngått intensjonsavtalar om å ta imot lærlingar. På grunn av stor etterspørsel etter lærlingar i statsforvaltninga har lærlingane førebels valt andre områder enn landbruksforvaltninga.

Nytt økonomireglement i staten

Nytt økonomireglement for staten tok til å gjelde frå 10.1.97. Ein viser til omtale i tidlegare proposisjonar, særleg til St prp nr 67 (1997-98) *Jordbruksoppgjøret 1998* kap 4 jf òg St prp nr 70 (1996-97) *Jordbruksoppgjøret 1997* og St prp nr 1 (1997-98) for Landbruksdepartementet kap 1.4

Som gjort greie for i St prp nr 67 (1997-98) pkt 4.2 ser departementet det som nødvendig å gjere ein del viktige avvik i forhold til normalkrava for oppfølging av tilskottsløyvingar, jf òg pkt 4.1 i same proposisjon der departementet gjer greie for kvifor ein ikkje kan nytte ein reindyrka modell for mål- og resultatstyring på tilskottsordningane under jordbruksavtalen. I denne proposisjonen vil departementet under merknadene til framlegg til løyvingar for 1999, gjere greie for om delar av framlegget òg tek sikte på å dekkje administrative kostnader knytt til tilskottsforvaltninga, jf pkt 4.4 i St prp nr 67 (1997-98).

Siktemålet har vore at dei nødvendige tilpassingane av økonomisystem og rutiner skulle vore gjennomførde innan 1.7.98. Delar av tilpassinga vil likevel finne stad etter dette tidspunktet. Dette skuldast mellom anna at skattefogdetaten treng lengre tid til ta over som statleg rekneskapsentral for alle verksemdar som ønskjer det, jf òg Finansdepartementets orientering i St prp nr 65 (1997-98) pkt 1.4. Vidare ligg departementet og underliggjande verksemdar, trass i at ein har gitt arbeidet høg prioritet, noko etter innføringsplanen når det gjeld å fastsette instruksar og omtale rutiner. Status for arbeidet kan oppsummerast som følgjer:

- Departementet har fastsett, eller er i ferd med å fastsette hovudinstruksar for økonomiforvaltninga ved dei underliggjande verksemdene. I desse instruksane blir regelverket presisert i forhold til dei enkelte verksemdene med omsyn til organisering av økonomifunksjonen, økonomisystem og dokumentasjon av ansvar og rutiner.
- Ein viktig føresetnad for god økonomiforvaltning er at verksemdene disponerer moderne økonomisystem som både er sikre og kan gi leiinga og departementet god styringsinformasjon. Departementet og nokre av verksemdene har teke i bruk økonomisystem som fyller dei nye krava. Dei fleste verksemdene treng likevel lengre tid, vesentleg fordi det har teke tid å ruste opp skattefogdetaten til oppgåva som rekneskapsentral, jf ovanfor. I tillegg treng Statens Kornforretning og Statens Landbruksbank meir tid til å oppgradere saksbehandlings- og utbetalingssystemet Tilskott og systemet for låneutbetaling. Ein reknar med at alle verksemdene i hovudsak vil fylle dei nye krava til økonomisystem innan 1.7.99.
- Ein annan viktig del av oppfølgingsarbeidet er at verksemdene fastsett instruksar og dokumenterer rutineane for eiga økonomiforvaltning. Ved dei fleste verksemdene er dette arbeidet ikkje ferdig, mellom anna fordi ein må sjå det i samanheng med innføringa av nytt økonomisystem og rutineane omkring dette.
- Når det gjeld krava som det nye økonomiregelverket sett til tilskottsforvaltninga, er desse omfattande og departementet har i lengre tid gitt arbeidet høg prioritet, jf tidlegare orienteringar, sist i St prp nr 67 (1997-98) kap 4. På dei fleste områda er regelverk og rutiner vurdert og forbetra. Det er vidare fastsett mål for tilskottsløyvingane som er omtalt i denne proposisjonen. Arbeidet med å styrke og betre tilskottsforvaltninga vil halde fram i 1999. Det står mellom anna att nokre område som ikkje er ferdig vurdert, slik som tilskottsordningane som blir forvalta av Reindriftsforvaltninga, jf kap 1147 og 1151. Vidare vil departementet halde fram med å utvikle gode oppfølgingskriterier og styrkje kontrollordningane der dette er nødvendig. Siktemålet er å gi Stortinget og departementet betre informasjon med omsyn til verknadene av dei fleste løyvingane til gjennomføring av jordbruksavtalen, jf kap 1150. Den viktigaste resultatrapporteringa vil framleis finne stad i samband med behandlinga av det årlege jordbruksoppgjøret, jf St prp nr 67 (1997-98) kap 4.1. Arbeidet med å betre forvaltninga av tilskottsordningane må elles sjåast som ein kontinuerleg forbedringsprosess, der mellom anna dei administrative kostnadene med oppfølging og kontroll, herunder òg arbeidet med rapportering som blir lagt på tilskottsmottakarane, må vegast opp mot behovet for slik rapportering og kontroll.

4 Fleire kvinner i leiarstillingar og sentrale vedtaksfora

Det er oppnemnt 40 pst kvinner i styra til dei statlege forskingsinstitutt med særskilde fullmakter. I landbruksadministrasjonen er det no 14,3 pst kvinnelege leiarar (fylkesmannens landbruksavdeling medrekna). Det er gjennomført eit mentorprogram for kvinner i leiande stillingar og kvinnelege leiarkandidatar. Landbruksdepartementet er hovudsamarbeidspartner for stiftinga Kvinner viser vei.

Det er eit mål å ha 30 pst kvinnelege leiarar i staten innan utgangen av år 2001. Departementet har innleidd eit samarbeid med Landbrukssamvirket om utvikling av eit nytt felles mentorprogram for å få fram fleire kvinnelege leiarar i landbruket.

5 Ei opnare og brukarorientert landbruksforvaltning og målretta informasjonsverksemd

I 1997 opna Landbruksdepartementet sin eigen Internett-tenar. Denne tilbyr over 700 sider med informasjon om departementet sine ansvarsområder og aktivitet, samt faktainformasjon om norsk landbruk og landbrukspolitik.

Det er gjennomført interne undersøkingar av informasjons- og kommunikasjonsflyten mellom Landbruksdepartementet og Fylkesmannens landbruksavdeling, og som eit resultat av dette er det i samarbeid med Statens informasjonsteneste igangsett arbeid med å utvikle eit utdannings- og evalueringsopplegg for informasjons- og kommunikasjonsinnsatsen til leiarane i departementet. Det blei òg halde seminar i kommunikasjon og informasjon for tilsette i tre fylke, og for tilsette i Reindriftsforvaltninga og fylkesmannens landbruksavdeling i reindriftsområda. Det er òg halde seminar om informasjon og kommunikasjon med utgangspunkt i ei opnare landbruksforvaltning for Statens landbrukstilsyn og Statens dyrehelsetilsyn.

Landbruksdepartementet har ansvaret for Kommunikasjonsprogrammet Trygg mat. Programmet har som formål å kartleggje og analysere forbrukarane sine behov for informasjon knytt til næringsmiddelområdet, sette dei som arbeider innan offentleg forvaltning i stand til å kommunisere godt og iverksette konkrete tiltak for å dekkje forbrukarane sine informasjons- og kommunikasjonsbehov. Det blei gjennomført både kvalitative og kvantitative undersøkingar av norske forbrukarar sine haldningar til matspørsmål og informasjonsbehov. Resultata frå undersøkingane var eit viktig grunnlag for, og element i organisert utdanning i kommunikasjon. I utdanninga deltok representantar frå 16 offentlege etatar og institusjonar innan den offentlege matforvaltninga.

Av forbrukaromsyn er det arbeidd med å utvikle modellar for samhandling mellom offentleg matforvaltning, ekspertmiljø, forbrukarorganisasjonar, næringsmiddelindustri, handel og primærorganisasjonar.

Landbruksdepartementet vektlegg aktivt kommunikasjonsarbeid og målretta informasjonsverksemd i samsvar med den statlege informasjonspolitikken og krava om openheit og innsyn i den offentlege forvaltninga. Gjennom prioritering av kommunikasjons- og informasjonsarbeidet, og målretta ressursbruk på dette området ønskjer Landbruksdepartementet å oppnå dialog og samhandling med målgruppene sine. Viktige målgrupper er daglegvarehandelen, forbrukarane og forbrukerorganisasjonar, ulike organisasjonar, media, næringsmiddelprodusentar og primærprodusentar, forskingsmiljø og heile det offentlege forvaltningsapparatet. Ein vil satse særskilt på å få forbrukarane og forbrukarorganisasjonane inn i ein dialog som gir desse reell medverknad i mat- og landbrukspolitikken. Kommunikasjonsprogrammet Trygg mat vil her stå sentralt.

Det er starta opp eit arbeid med å utvikle eit regionalt kommunikasjonsprogram retta mot informasjons- og kommunikasjonsinnsatsen som skjer i fylkesmannsembeta, både internt og eksternt. Kommunikasjonsprogrammet er i første rekke eit samarbeid mellom Miljøverndepartementet, Direktoratet for naturforvaltning, Landbruksdepartementet og Statens dyrehelsetilsyn. Arbeids- og administrasjonsdepartementet vil aktivt bli tatt med vidare i prosessen saman med andre viktige samarbeidspartnarar som Kommunal- og regionaldepartementet. Eit kvalitativt forprosjekt i to fylke; Nordland og Sogn og Fjordane er avslutta og resultatet derifrå vil danne grunnlaget for å setje i gang kommunikasjonsprogrammet i 1999. Formålet er å betre informasjons- og kommunikasjonsinnsatsen frå dei tilsette i embeta gjennom opplæring i informasjon, kommunikasjon og mediakontakt samt gjennom stimulering til samhandling.

Leiarar i Landbruksdepartementet skal gjennomgå eit opplæringsprogram i informasjon og kommunikasjon, og leiarane skal bli evaluerte i forhold til innsatsen sin på desse områda. Opplæringsprogrammet vil fokusere både på intern informasjon og kommunikasjon som er grunnleggjande for at dei tilsette i departementet skal gjere ein best mogleg jobb i forhold til sentrale målgrupper som forbrukarane, ulike typar politiske og ideelle organisasjonar, media, næringslivet, næringslivsorganisasjonar og produsentar. Landbruksdepartementet ønskjer etter ein prøveperiode i departementet å innføre slik evaluering i forhold til underliggjande etatar og institusjonar.

Ein vil arbeide vidare med å få ein meir brukarorientert forvaltning på alle nivå ma gjennom utvikling av serviceerklæringar. Desse skal gjere kjent for brukaren kva ein skal vente av forvaltninga og kven som har ansvaret for dei einskilde statlege tenestene.

6 Vidareutvikling og betre bruk av informasjonsteknologien (IT)

Landbruksforvaltninga har ein godt utbygd informasjonsteknologi (IT). I samband med tilskottsforvaltninga er det bygd opp omfattande fagsystem. Fleire av desse systema har

gjennomgått ein større revisjon. Landbruksdepartementet har òg sett i gang eit arbeid med revisjon av IT-strategien for statleg landbrukssektor. Arbeidet med kartlegging mv av situasjonen i samband med overgangen til år 2000 er igangsett. Denne kartlegginga er ei oppfølging av det arbeid som Arbeids- og administrasjonsdepartementet har sett i gang om IT og år 2000.

Utviklinga av geografiske informasjonssystem (GIS) og digitale markslagskart skjer gjennom Norsk Institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS), som er landbrukets kompetansesenter innanfor kart og geodata. NIJOS deltar òg saman med fylkesmannsembeta i Geovekst samarbeidet, eit samarbeid mellom store brukarar og produsentar av geodata i Noreg. Samarbeidet omfattar etablering, drift, vedlikehald og samfinansiering av kartdatabaser i stor målestokk.

7. Medverke til vidareutvikling av kommunane som landbruksmyndigheit

Kommunane er førstelinestyresmakt for jord- og skogbruksforvaltninga. Det er viktig at den kommunale landbruksforvaltninga har ein dimensjonering og kompetanse som gjer at den kan møte næringsutøvaranes behov for førstelineteneste. Rettleiing og tilsyn overfor kommunane er ei av hovudoppgåvene for fylkesmannen. Landbruksdepartementet legg vekt på at fylkesmannen har ein systematisk, formålsretta og likeverdig dialog med kommunane.

KAP 1100 LANDBRUKSDEPARTEMENTET

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
01	Driftsutgifter	92 604	97 102	102 160
45	Store utstyrskjøp og vedlikehald , <i>kan overførast</i>	14 568	12 288	11 375
70	Tilskott til drifta av Staur gard	250	250	250
71	Særlege tiltak for kvinner i landbruket , <i>kan overførast</i>	1 110		
	Sum kap 1100	108 532	109 640	113 785

MÅL OG STRATEGIAR

Landbruksdepartementet utformar, iverkset og følgjer opp landbrukspolitiske tiltak som Storting og regjering fastset, og har ansvaret for å samordne og administrere den offentlege innsatsen i forhold til landbruket. Dette gjeld tiltak for å ivareta ressursgrunnlaget i landbruket og gi grunnlag for berekraftig verdiskaping, sysselsetjing og trygge matvarer. Arbeidsområdet til departementet er matpolitikk, jordbruk, skogbruk, rein drift, husdyrhald, helseforholda i oppdrettsnæringa, ressursvern og utvikling av nye landbruksbaserte næringar. Departementet er òg ein viktig premissleverandør når det gjeld spørsmål om miljø, arealplanlegging, kulturvern, distriktsutbygging, utanrikshandel og forbrukarspørsmål.

Landbruksdepartementet sine sentrale strategiar vil vere å;

- utvikle og sikre eit fagleg grunnlag for politiske beslutningar i mat- og landbrukspolitikken
- kommunisere mat- og landbrukspolitikken aktivt for å få samfunnsmessig tilslutning og politisk gjennomslag
- måltilpasse og kommunisere økonomiske og juridiske verkemiddel og påverke internasjonalt for å ivareta nasjonale interesser best mogleg
- utvikle og forbetre system for kontroll og kvalitetssikring i verdikjedene
- skape samanheng og samspel mellom forskning, planlegging, verkemiddel (økonomiske og juridiske), forvaltning og å utvikle kvar av desse områda.
- avklare roller og funksjonar i departementet sitt samspel med andre offentlege og private aktørar.

For å vere eit tenleg verktøy for regjeringa er det ein føresetnad at Landbruksdepartementet har ein fleksibel organisasjon. Departementet vil derfor nytte dei verkemidla som er nedfelte i St meld nr 35 (1991-92) *Om statens forvaltnings- og personalpolitikk*.

RESULTATRAPPORRT 1997

Landbruksdepartementet viser til statusomtala under dei andre programkategoriane. Mange av dei resultata som er omtala der, har Landbruksdepartementet teke initiativ til og teke del i arbeidet med. Dette gjeld til dømes arbeidet med ny EØS-avtale på det veterinære området, oppfølging av St meld nr 40 (1996-97) *Om matkvalitet og forbrukertryggleik*, førebuing av nye WTO-forhandlingar, arbeidet med ny jordskiftelov, ny stortingsmelding om skogpolitikk, deltaking i utforming av eit internasjonalt samarbeid innan skogforvaltning og stortingsmelding om landbrukspolitikken, gjennomføring og oppfølging av jordbruksavtala, gjennomføring av Langtidsplanen for landbruksforskninga (1996-2005), evalueringar av Noregs forskingsråd si verksemd, og bidrag til evalueringa av Noregs deltaking i EUs 4. rammeprogram for forskning.

Ein har utarbeidd ein hovudinstruks for Landbruksdepartementet sin økonomiforvaltning, herunder verksemdstyring i tråd med krava i det nye økonomireglementet for staten. Landbruksdepartementet har i medhald av denne instruksen lagt vekt på utvikling av verksemdplanlegging og teke i bruk eit nytt økonomisystem som gir betre styringsdata. Tilpassingar til økonomireglementet er nærare omtala under kat 1500.

Landbruksdepartementet har halde seminar i forvaltningspolitikk og forvaltningsrett med deltaking frå underliggjande verksemdar. Det er vidare gjennomført eit mentorprogram for kvinnelege leiarar og leiarkandidatar. Departementet har arrangert fellesseminar om kompetanseutvikling for underliggjande verksemdar. Departementet har òg laga ei rettleiing for kommunikasjon, samhandling og leining for å gjere departementet til ei meir

omstillingsdyktig verksemd. Disse er ein del av dei nye personalpolitiske retningslinene i Landbruksdepartementet.

Landbruksdepartementet har gjennomført ei rekkje kompetansetiltak for dei tilsette i departementet i 1997 td for nyttilsette, kontortilsette og leiarar. Ein har gjennomført eit leiarutviklingsprosjekt som har gått over 2 år i departementet og ein har nedfelt sentrale leiarprinsipp for departementet.

I 1997 blei det arbeidd aktivt med å setje god ekstern og intern kommunikasjon og openheit i forvaltninga på dagsordenen i departementet og underliggjande etatar. Auka prioritet til informasjon og kommunikasjon saman med midlar til å skaffe kunnskap om ulike målgrupper og deira kommunikasjons- og informasjonsbehov, har danna grunnlaget for dette arbeidet. Eit eige prosjekt saman med Institutt for journalistikk blei òg igangsett for å finne fram til gode kommunikasjonskanalar med media.

Landbruksdepartementet har sett i gang arbeidet med revisjon av IT-strategien for statleg landbrukssektor. Det er utvikla eigne Internettsider om norsk landbruk og landbrukspolitikk, og arbeidet med utvikling av ein eigen Intranettløyising er starta opp.

BUDSJETTFRAMLEGG 1999

Merknader til dei enkelte postane

Post 01 Driftsutgifter

Landbruksdepartementet gjer framlegg om auke i driftsbudsjettet som følgje av arbeidet med førebuingane av nye WTO-drøftingar og dei Paneuropeiske ministerkonferansane for vern av Europas skogar. Mellom anna er det oppretta ein spesialrådstilling i Geneve til oppfølging av landbruksfaglege spørsmål knytt til dei nye WTO-drøftingane. Auken er òg knyt til tekniske endringar som kompensasjon for verknadene av lønsoppgjeret 1998 og overføring av avsetningen til standardiseringen i landbruket som tidlegare var budsjettert under kap 1150, post 77, jf St prp nr 67 (1997-98).

EUs 5. rammeprogram for forskning omfattar fleire viktige område for landbrukspolitikken. Landbruksdepartementet har teke del i det førebuande arbeidet, og det blir sær viktig å delta i gjennomføringa av rammeprogrammet, som mellom anna skal medverke til auka internasjonal aktivitet på området, jf kap 1137.

På denne posten gjer ein òg framlegg om løyvingar til ymse utval, råd og styre og medlemskontingentar i internasjonale organisasjonar. Framlegget gjeld også løyving i samband med kvinneretta tiltak, som til dømes samarbeidet med stiftelsen Kvinner viser vei kor Landbruksdepartementet er hovudsamarbeidspartner.

Post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald

Framlegget gjeld løyvingar til delfinansiering av store nyinnkjøp, ma på IT-området, og ekstraordinært vedlikehald ved verksemdar under departementet.

Verksemdar under departementet forvaltar areal og disponerer ein stor bygningsmasse. I einskilte tilfelle kan det vere aktuelt å selje festetomter, areal til utbyggingsformål, veggrunn med meir. Departementet gjer framlegg om at inntekt frå sal kan nyttast til ombygging og ekstraordinært vedlikehald av bygningsmassen som verksemdene disponerer. Vidare gjer ein framlegg om at unytta meirinntekt frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av beløp som kan overførast på posten, jf forslag til vedtak.

Post 70 Staur gard

Statkorn Holding AS eig Staur gard, medan Statkorn AS driv han. Overtakinga av den tidlegare statlege representasjons- og forsøks garden er regulert gjennom ein overtaking- og bruksavtale med staten ved Landbruksdepartementet. Hovudbygninga på Staur skal nyttast til statleg representasjon, og i tråd med statens forplikting i avtalen med Statkorn Holding AS, gjer ein framlegg om ei løyving på 250 000 kr knytt til selskapet si plikt til vedlikehald og drift av hovudbygninga. Delprivatiseringa av Statkorn Holding AS rører ikkje ved den tosidede kontrakta mellom staten og selskapet.

KAP 4100 LANDBRUKSDEPARTEMENTET

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt	Framlegg 1999
			budsjett 1998	
01	Refusjon og gebyr	241	268	333
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	124		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	1 834		
Sum kap 4100		2 199	268	333

Inntekter under post 01 er i hovudsak gebyr ved behandling av jord- og konsesjonssaker der fylkesmannen er førsteinstans.

KAP 1102 FYLKESMANNENS LANDBRUKSAVDELING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
01	Driftsutgifter	258 108	248 867	258 075
21	Spesielle driftsutgifter	28 216	23 983	29 583
22	Flaumskader	45		
50	Støtte til fagsentra	6 560		
	Sum kap 1102	292 929	272 850	287 658

MÅL OG STRATEGIAR**Innleiing**

Den offentlege landbruksforvaltninga er organisert i ein statleg del på fylkesnivå, mens kommunane har det lokale ansvaret. Kap 1102 omfattar den statlege landbruksforvaltninga organisert som fagavdelingar for landbruk i fylkesmannsembeta, jf kap 1510 Arbeids- og administrasjonsdepartementet.

Fylkesmannen skal ivareta dei nasjonale måla i landbrukspolitikken og leggje til rette for effektive og regionale tilpassingar. Fylkesmannen samarbeider nært med andre regionale aktørar for å nå måla i landbrukspolitikken. Fylkesmannen som landbruksstyresmakt står i eit direkte styringstilforhold til to folkevalde organ på regionalt nivå – det fylkeskommunale BU-styret for saker som gjeld næringsutvikling knytt til landbruket og det statlege fylkeslandbruksstyret i saker etter jord-, skog- og konsesjonslovene og plan- og bygningsloven.

Kommunane er førstelinestyresmakt for jord- og skogbruk. Kommunane er fylkesmannen sin viktigaste kunde og brukar, samtidig som fylkesmannen har viktige støttefunksjoner overfor kommunane. Arbeidet i kommunane er avgjerande for å nå måla i landbrukspolitikken. Det er viktig at kommunane har ressurser og fagkompetanse som gjer at dei kan møte næringsutøvaranes behov for førstelineteneste.

Fylkesmannen si landbruksavdeling og kommunane er samla sett viktig som serviceytarar for utøvarar i landbruksnæringa. Utviklinga framover i landbruket krev at forvaltninga følgjer opp med tilstrekkelege ressurser og god nok kompetanse.

Departementet utgreier ei samordning av den sentrale forvaltninga av dei landbrukspolitiske tiltaka, sjå kategori 15.00. Departementet vil her sjå på ressurs- og arbeidsfordeling mellom den sentrale forvaltninga og fylkesmannen.

Fylkesmannen si framtidige rolle for å gjennomføre landbrukspolitikken

Landbruksdepartementet sette i 1997 ned eit utval som skulle gå gjennom arbeidsoppgåvene til landbruksavdelingane på bakgrunn av budsjettkuttet på 7,5 pst i 1997. I St prp nr 1 (1997-98) blei det gjort greie for første fase av arbeidet. Samtidig viste departementet til at arbeidet ville halde fram i ein fase II, for å analysere nærare meir vidtrekkande og langsiktige tilpassingar i landbruksavdelingane.

Landbruksdepartementet tar utgangspunkt i Fase II utvalet sine forslag til overordna retningslinjer for landbruksavdelingane si verksemd. Desse er lista opp under:

Forvaltning

Forvaltningsoppgåva si karakter vil avgjere kva nivå som skal ha ansvaret. Det er ønskeleg å desentralisere ansvaret for forvaltninga gradvis. Omsynet til det kommunale sjølvstyret må bli tillagt vekt ved vurdering av oppgåvedeling mellom forvaltningsnivåa. Dette inneber at oppgåvene skal plasserast på lågast mulig nivå. Det organet som skal behandle saka må ha eller må tilegne seg kompetanse til å behandle saka forsvarleg. Saker som krev særskild kompetanse, som inneber prioriteringar innad i fylket (td mellom kommunar), og kor det er lagt opp til samarbeid med andre regionale aktørar, eller antall saker pr år er få eller midler til fordeling er avgrensa, skal behandlast av fylkesmannen. Rettleiing knytt til økonomiske og juridiske verkemiddel er ein viktig del av forvaltningsoppgåvene til fylkesmannen, det same er funksjonen som sekretær for fylkeslandbruksstyret og styret for bygdeutviklingsmidla.

Fylkesmannen har òg i forhold til økonomireglementet ansvar for tilsynet med kommunane slik at dei landbrukspolitiske retningslinjene blir fulgt opp.

Utvikling

Fylkesmannen si landbruksavdeling har og må arbeide med store utviklings- og rettleiingsoppgåver samanlikna med andre delar av den regionale statlege forvaltninga. Dette er òg tilfelle for kommunane. Dette er nødvendig for å sikre ei langsiktig utvikling av landbruksnæringa og ressursane næringa nyttar. Også i andre land har landbruksforvaltninga ei liknande rolle.

Utvikling av eit framtidsretta landbruk og nye landbrukstilknytte verksemdar er sentralt for at norsk landbruk skal medverke til å oppfylle viktige samfunns mål, som trygg matproduksjon og matforsyning, stabil busetjing i distrikta, ei berekraftig ressursforvaltning, eit levande kulturlandskap og ei verdiskaping som kan medverke til å oppretthalde sysselsetjinga på bygdene. Det er nødvendig at denne oppgåva blir fulgt opp aktivt både overfor dei tradisjonelle landbruksnæringane og i relasjon til nye oppgåver. Fylkesmannen må utvikle vidare spisskompetanse innanfor landbruksbasert nærings- og bygdeutvikling, samt miljø- og arealforvaltning. Hovudoppgåver innanfor utviklingsarbeidet er pådrivar- og stimuleringsrolla, samarbeid og fellestiltak, etablering og arbeid innanfor nettverk, samt å kunne vise brukarane vidare til rette kompetansesenter. I utviklingsarbeidet må fylkesmannen nytte både eigne ressursar, ma dei regionale stillingane, og utvikle samarbeid med andre organ og organisasjonar. Overfor prioriterte grupper som kvinner og ungdom, vil organisasjonane vere særleg viktige samarbeidspartar.

Samfunnsplanlegging

Landbruksinteressene må gjerast synleg i samfunnsplanlegging og arealforvaltning, ma i regional og kommunal planlegging. Det er ei hovudoppgåve å leggje til rette for ei sterkare prioritering av langsiktig jordvern og ressursvern. Kommunevise landbruksplanar er eit nyttig verkemiddel for å vise kva for interesser og verdiar som er knytt til ulike areal. Fylkesmannen har ei viktig rolle som kompetanseinstitusjon og pådrivar overfor kommunane i dette arbeidet, og som deltakar i fylkesplanarbeidet.

Samordning og samhandling

Fylkesmannen har eit samfunnsansvar for samordning og samhandling internt i embeta, overfor kommunane, fylkeskommunane og andre statlege aktørar. Fylkesmannen har og viktige samordnings- og samhandlingsoppgåver i samband med si rolle innanfor utviklingsarbeid.

Rettleiing og oppfølging av kommunane

Rettleiing og tilsyn overfor kommunane er ei hovudoppgåve for fylkesmannen. Departementet vil særleg understreke verdien av at fylkesmannen har høg kompetanse innanfor tiltak- og verkemiddelforvaltning, og at ein internt i embeta kan samarbeide og dra nytte av kompetansen avdelingane imellom. Oppfølginga av kommunane skal baserast på dei mål og retningslinjer Stortinget har trekt opp for landbrukspolitikken. Departementet legg vekt på ein systematisk, formålsretta og likeverdig dialog med kommunane. Fylkesmannen har som særleg ansvar å følgje opp at kommunane oppfyller sin rolle som førstelinestyresmakt for jord- og skogbruk.

Rettstryggleik

Fylkesmannen har ansvaret for ei rekkje avgjerder der borgarane sin rettstryggleik står sentralt, ma der det blir gjort inngrep i privat eigedomsrett. Ei gransking frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet syner at av alle saksfelt i fylkesmannsembetet der det blir fatta avgjerd, har landbruksavdelinga og fylkeslandbruksstyra samla ansvaret for 34 % av førstehandsvedtaka og 32 % av klagesakene. Mange av saksfelte gjeld saker der lovgiver har gitt forvaltninga vide rammer for å utøve skjønn, og avgjerdene betyr mykje for den dei rettar seg mot. I ein slik situasjon har fylkesmannen og fylkeslandbruksstyra som sentral oppgåve å arbeide for ma påreknelege avgjerder med vekt på moment som likebehandling og forsvarleg saksbehandlingstid.

Evaluering og rapportering til overordna organ

Fylkesmannen skal på tenleg måte rapportere til overordna organ i forhold til dei mål som er sett. Det må takast omsyn til det nye økonomireglementet.

Overordna mål

Fylkesmannen og kommunane skal medverke til å gjennomføre den nasjonale landbrukspolitikken, med dei regionale tilpassingar som den vedtekne landbrukspolitikken gir høve

til, jf St prp nr 67 (1997-98) *Jordbruksoppkjøret 1998*, St prp nr 49 (1997-98) *Om reindriftsavtalen 1998-99*, St prp nr 8 (1992-93) *Landbruk i utvikling*, St meld nr 40 (1996-97) *Matkvalitet og forbrukertrygghet* og dei andre programkategoriane; særskild kategori 15.30 Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning og kap 1140, 1142 og 1150. Departementet viser og til St meld nr 29 (1996-97) *Regional planlegging og arealpolitikk*, St meld nr 31 (1996-97) *Om distrikts og regionalpolitikken*, St meld nr 38 (1997-98) *IT-kompetanse i et regionalt perspektiv*, St meld nr 35 (1996-97) *Om rovviltforvaltning*, St meld nr 41 (1997-98) *Næringspolitikk inn i det 21. århundret* og St meld nr 58 (1996-97) *Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling*, som alle er sentrale for det arbeidet fylkesmannen gjer på landbruksområdet. Fylkesmannen arbeider etter mål og strategiar innanfor dei enkelte områda som er omtalt under programkategori 15.30.

1. Landbruksbasert nærings- og bygdeutvikling, jf kategori 15.30

Det er eit mål å halde oppe eit aktivt landbruk i alle delar av landet. Ei styrking av næringsgrunnlaget og verdiskapinga på bygdene er ein føresetnad for utviklinga av levedyktige distrikt og bygdesamfunn. Utvikling av det tradisjonelle landbruket og vidareutvikling av arbeidsplassar i og i tilknytning til landbruket er sentralt i dette arbeidet. Fylkesmannen og kommunane skal medverke til utnytting og utvikling av lokale ressursar og føresetnader basert på prinsippa om berekraftig produksjon. Kommunane er dei fremste aktørane for å nå måla, i samarbeid med organisasjonane i jord- og skogbruksnæringane. Det blir lagt stor vekt på arbeidet med mobilisering, rekruttering og likestilling.

2. Miljø- og arealforvaltning, jf kategori 15.30 og kap 1140, 1142 og 1150

Fylkesmannen skal medverke til å kombinere næringsverksemd i landbruket med omsyn til natur, kultur og miljø på lang sikt.

3. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Fylkesmannen skal drive effektiv forvaltning og kontrollere bruken av verkemidla under jordbruksavtalen i tråd med måla i landbrukspolitikken og staten sitt økonomireglement.

4. Rettleiing og internadministrasjon

Fylkesmannen skal vere omstillingsdyktig og formålseffektiv, og ha eit kostnadseffektivt rettleiings- og støtteapparat overfor kommunane og landbruksnæringa. Fylkesmannen må etablere rutiner i samsvar med prinsippa som er trekte opp foran, under beskrivinga av fylkesmannen si framtidige rolle.

Innlemming av det øyremerkte tilskottet i inntektssystemet for kommunane

I St prp nr 55 (1995-96) *Om kommuneøkonomien 1997 mv* gjekk Regjeringa inn for å innlemme tilskottet til den kommunale landbruksforvaltninga i inntektssystemet frå 1997. Det blei føresett at Landbruksdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet skulle finne fram til ein fordelingsnøkkel for det tidlegare tilskottet til den kommunale landbruksforvaltninga. I 1997 og 1998 har midlane ikkje vore omfatta av utgiftsutjamninga.

Kommunal- og regionaldepartementet vil leggje fram endringar i kostnadsnøkkel for kommunal administrasjon i kommuneøkonomiproposisjonen for 2001 som blir lagt fram våren 2000, og i denne samanheng på ny saman med Landbruksdepartementet vurdere ein fordelingsnøkkel for tilskottet til kommunane, jf St prp 60 (1997-98).

Budsjettendringa som er gjennomført endrar ikkje kommunane sitt ansvar og oppgåver i gjennomføringa og administrasjon av ulike landbrukspolitiske tiltak. Desse oppgåvene er trekte opp gjennom Stortinget si behandling av St meld nr 40 (1991-92) *Frå sektoretatar til samfunnsetatar*, og er heimla i ulike lover. Dei oppgåvene som er trekte opp for administrasjon på fylkesnivået gjeld òg i stor grad for kommunane. Når det gjeld kommunane sitt ansvar og oppgåver viser ein òg til St meld nr 31 (1996-97) og til St meld nr 29 (1996-97).

Organisering av fylkesmannens landbruksavdeling

Det er i gang ulike prosessar i fylka med omsyn til spørsmålet om val av framtidige organisasjonsmodellar innanfor ramma av hovudmodellar med ein felles leiar og to seksjonar for jordbruk og skogbruk. I St prp nr 1 (1996-97) trekte departementet opp retningslinjer for det vidare arbeidet. Det er store variasjonar i omfang og virketid av organisasjonsendringar i dei ulike fylkesmannsembeta. Det er derfor for tidleg å trekke generelle konklusjonar om dette spørsmålet no, men det er fleire embete som har starta å jobbe med slike alternative modellar, ma Oppland, Østfold, Rogaland og Sør-Trøndelag.

Teknisk planlegging

I 1993 blei dei tekniske planleggingstenestene skilt ut som eigne einingar med resultatansvar. Asplan Viak AS har evaluert "fristillinga" og fokusert på om planeininga har blitt meir marknadsorientert, samt drøfta eventuelle habilitetsproblem.

Evalueringa har vist at ein ikkje har eit fullgodt privat alternativ i alle delar av landet og at det av den grunn er nødvendig at det offentlege gir eit visst tilbod. Eit slik tilbod er også viktig med omsyn til byggeskikken i landet. Brukarane er nøgde med tenestene i planeininga.

Departementet meiner at det framleis bør bli utført tekniske planleggingstenester ved embeta, med utgangspunkt i den nåverande organisering og konklusjonane fra Asplan Viak AS. Departementet vil åpne for å prøve ut andre modellar for organisering. Kravet til inntening vil bli auka over tid, slik at inntektene reelt dekkjer kostnaden med tenesteyting overfor brukarane. Forvaltningsoppgåver som eininga utfører blir dekt over det ordinære budsjettet. Det må og bli utarbeidd ein strategi for korleis teknisk kompetanse kan bli utvikla vidare i embeta, og for betre tilrettelegging for spesialisering og samarbeid mellom embeta.

Departementet har gjennomført tiltak for å betre rekneskapsføringa knytt til dei tekniske planleggingstenestene.

RESULTATRAPPORT 1997**1. Landbruksbasert nærings- og bygdeutvikling, jf kategori 15.30**

For å styrkje dei tradisjonelle jordbruksproduksjonane blir det i oppfølginga av Konkurransestrategiar for norsk mat arbeidd systematisk med produktutvikling, kvalitetsbetring og ulike marknadstiltak. Utviklingsprogrammet Norsk Gårdsmat skal leggje til rette for sal av norsk kvalitetsmat direkte frå garden til forbrukaren. Fylkesmannen har gjennomført regionvise møter med interesserte gardbrukarar. Det har vore stor oppslutnad. I utvalde embeter arbeider ein no vidare med å organisere lokale grupper. Hausten 1998 overtar medlemsorganisasjonane sekretariatsansvaret for programmet.

Fylkesmannen spelar ei viktig rolle i arbeidet med næringsutvikling, som har vore prioritert høgt i 1997. BU-midlane er det sentrale verkemiddelet for å fremme lønnsom næringsutvikling i og i tilknytning til landbruket. Mange embete har ein god strategi for oppfølging av etablerarane og godt samarbeid med kommunane. I 1997 blei det gjennomført ei landsomfattande evaluering av den bedriftsretta støtta over BU-ordninga, som syner gode resultat, men og område for forbetringar. Evalueringa viser at prosjekt innan området «Grøn omsorg» er mellom dei BU-prosjekta som gir best lønsemd. Behovet i omsorgs- og utdanningssektoren har vore utgangspunkt for desse prosjekta. Eksempel på tiltak er arbeidstrening for ungdom og verna sysselsetjing, sjå nærare omtale i St prp nr 67 (1997-98).

Gode regionale nettverk med nær kontakt til brukarar, anna forvaltning, kompetanseinstitusjonar og næringslivet er etablert i fleire embete. Særleg har ein eit godt samarbeid når det gjeld utarbeiding av fylkesplanar og strategiske næringsplanar, saksbehandling og utviklingsprosjekt. Embeta har eit nært samarbeid innanfor landbruksbasert næringsutvikling med fylkeskommunen og Statens Nærings- og Distriktsutviklingsfond (SND) sine distriktskontor.

Fylkesmannen spelar ei viktig rolle når det gjeld rettleiing, informasjon, haldningsskapande arbeid, mobilisering og nettverksbygging for kvinner innan tradisjonelt landbruk og i nye næringar.

Fylkesmannen har ein viktig rolle innan skogbruket, og resultata av hovudtiltaka her blir rapporterte under kap 1142.

2. Miljø- og arealforvaltning, jf kategori 15.30 og kap 1140, 1142 og 1150

Endringsprosessar i samfunnet gir eit sterkt press på landbruksareal i mange delar av landet og det er ei stor utfordring for landbruksforvaltninga å sikre landbruket sine arealressursar i tråd med dei retningslinjer som er trekt opp i St meld nr 29 (1996-97). Fylkesmannsembeta gjer ein stor innsats her og har fått gjennomslag i mange viktige saker i 1997. Jordvern er blitt eit meir aktuelt spørsmål i mange kommunar. Landbruksdepartementet handterte i 1997 fleire viktige saker der fylkeslandbruksstyret hadde reist motsegn, og har fått gjennomslag i alle dei saker ein har tilrådd at motsegn skulle takast til følge. Dette viser at jordvernet blir tillagt auka vekt i planprosessar.

Mange fylkesmannsembeter har auka si deltaking i samfunnsplanprosessane, men deltakinga kjem ofte ikkje tidleg nok i planprosessane. Det er viktig å påverke planane aktivt i innspills- og høyringsfasen for å unngå at ein må reise motsegn seinare.

For å stimulere til frivillig bruksrasjonalisering gjennomførte ein i 1997/98 eit prosjekt i Møre og Romsdal der ein gjennom ei av dei regionale stillingane skulle utvikle metodar for

frivillig jordformidling. Ein vil kome tilbake med nærare resultat frå prosjektet i neste budsjettproposisjon.

Dei fleste landbruksavdelingane har no kome i gang med prosjekt knytte til bruk av geografiske informasjonssystem (GIS), mange i samarbeid med dei andre avdelingane hos fylkesmannen.

Arbeidet med kulturlandskap er prega av god fagkunnskap, og det er etablert eit nettverk mellom til dømes forvaltnings- og forskingsmiljø og næringsorganisasjonane. Forvaltninga av kulturlandskapet er i fleire embete ein viktig pilar for næringsutvikling.

I samband med Kulturminneåret -97 har fylkesmannen i samarbeid med mellom anna regional kulturminneforvaltning gjennomført seminar i alle fylka.

Innanfor området naturforvaltning har landbruksforvaltninga støtta opp om organisasjonane sitt arbeid med utvikling av miljø- og ressursplanar for å integrere miljøomsyn i produksjonen på det enkelte bruket. Planane er ein del av Kvalitetssystema i Landbruket (KSL), og legg til rette for internkontrollen på gardsbruka og letter kontrollarbeidet i forvaltninga. Øvrig miljøarbeid innanfor landbruk som økologisk landbruk, reduksjon av forureining mm er og omtala i St prp nr 67 (1997-98).

3. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak i jordbruket

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for forvaltning og kontroll av dei direkte tilskotta i jordbruket. Statens Kornforretning har ansvaret for å følgje opp fylkesmannen på dette området. Ordningane går inn som ein del av det totale verkemiddelapparatet. Ein viser derfor til omtale under kategori 15.30, kap 1150 og til St prp nr 67 (1997-98).

4. Rettleiing og internadministrasjon

Fylkesmannen har i mange fylke lukkast i å gjere kommunane meir medvetne si rolle som landbruksstyresmakt. Fylkesmannen må framleis ha merksemd retta mot kommunane si rolle som landbruksstyresmakt.

Andelen kvinner som er tilsette i landbruksavdelingane hos fylkesmannen er aukande, men framleis for lågt, særleg er antal kvinnelege leiarar for lågt. I 1997 var 3 av 54 fast tilsette leiarar kvinner. Det var i tillegg 2 kvinner som vikarierte i leiarstillingar.

Alle fylkesmannsembeta har i 1997 utarbeidd kompetanseutviklingsplanar for tilsette både i kommunane og hos fylkesmannen.

Det er utvikla ein felles informasjonspolitikk for fylkesmannsembeta og ein del embete har tilsett eigen informasjonsmedarbeidar.

BUDSJETTFRAMLEGG 1999

1. Landbruksbasert nærings- og bygdeutvikling, jf kategori 15.30

Fylkesmannen skal prioritere eit heilskapleg næringsutviklingsarbeid. Tradisjonelle næringar og utvikling innanfor desse må sjåast i samanhang med utvikling av nye og alternative næringar. Fylkesmannen skal føre vidare arbeidet med å styrkje og utvikle det tradisjonelle jordbruket. Innanfor tradisjonelt jord- og hagebruk er det område der det ligg til rette for utvikling og utviding av produksjonen slik som økologisk produksjon, visse eksportprodukt og nisjeprodukt elles. Det er også viktig å stimulere utviklingsprogrammet Norsk Gårdsmat. Landbruksbanken har hatt sekretariatsansvaret for utviklingsprogrammet, men hausten 1998 overtas det av medlemsorganisasjonen Norsk Gårdsmat.

Ved jordbruksoppgjeret 1998 blei det semje om ei rad tiltak for å fremme likestilling og rekruttering i landbruket. Tiltaka er nærare omtala i St prp 67 (1997-98). Embeta må leggje vekt på gjennomføring og rapportering av tiltak som kan gjere det attraktivt for ungdom å velge seg ei framtid i landbruket, ma er tiltak retta mot odelsjenter viktig.. Det er særleg viktig å utvikle arbeidet med 4H og andre organisasjonar slik at rekruttering og interessen for landbruket blir fremja. Det må leggast stor vekt på arbeidet med likestilling i landbruket, og departementet understreker vidare at tilrettelegging med tiltak overfor kvinner som vil overta bruk vil være viktig framover.

Det er eit stort potensial for auka lokal verdiskaping med basis i skogen og skogsbaserte verksemdar. Det er viktig at embeta legg vekt på dette i samband med strategiarbeid og forvaltning av BU-midla. Dette vil kreve betydelig innsats i mange embete. Samtidig er det nødvendig at fylkesmannsembeta arbeider målretta for auka aktivitet på dei langsiktige investeringane.

Tilskottsmidlane til investeringstiltaka i skogbruket vil bli gitt som ei rammeløyving til fylkesmannsembeta, jf kap 1142.

Embeta må leggje vekt på arbeidet med strategisk planlegging for ein mest mogeleg effektiv og målretta bruk av bygdeutviklingsmidlane. Fylkesmannen må følgje opp

kommunane sitt arbeid med tilrettelegging for næringsutvikling. Frå 1999 skal det ikkje lenger fordeles BU-middel direkte til kommunane. Midla skal fordelast til fylkesmannsembeta. og nyttast til generelle nærings tiltak i kommunane. Satsing på menneskelege og naturgitte ressursar bør i sterkare grad styre tenkinga rundt bruken av bygdeutviklingsmidlane. Samstundes bør næringsvise prioriteringar tonast ned med mindre det er særskilde grunnar til noko anna.

Fylkesmannen må også leggje vekt på koordinering og samhandling med det distriktspolitiske verkemiddelapparatet på fylkesnivå; fylkeskommunen og Statens nærings- og distriktsutviklingsfond sine distriktskontor. Dette gjeld både i det overordna planarbeidet og i verkemiddelforvaltninga ma gjennom satsing på regionale utviklingsprogram. Samarbeid er særleg viktig innan område med store utfordringar, som utkantsproblematikk og mobiliseringstiltak retta mot ungdom. Fylkesmannen må delta aktivt i fylkeskommunane si utvikling av fylkesplanar og dei særskilde areal- og næringsplanverka. I den samanhengen er det særleg viktig å få fram potensialet for verdiskaping og sysselsetjing innan jord- og skogbruk. I tillegg bør fylkesmannen søke tilknytning og samspill i internasjonale næringsutviklingsprosjekt, td INTERREG, LEONARDO og TITAN.

Det vil vere viktig å nytte dei mogleghetene som samarbeidsavtalen mellom Norges forskningsråd og Statens nærings- og distriktsutviklingsfond og Forskningsrådet og Statens Landbruksbank gir for å utvikle distrikta og bygdene, jf kategori 15.20 Forsking og utvikling og kap 2411. Ein må og nytte seg av kompetanseressursar ved regionale forskingsinstitusjonar og høgskular.

2. Miljø- og arealforvaltning, jf kategori 15.30 og kap 1140, 1142 og 1150

Fylkesmannen skal følgje opp dei prosessane som styrer arealdisponeringar ved å prioritere:

- oppfølging av St meld nr 29 (1996-97) om eit sterkare jord- og ressursvern. Gjennom dialog og forhandlingar må fylkesmannen motverke at verdifullt landbruksareal blir bygd ned, og sjå til at kommunane nyttar dei høve som plan- og bygningsloven gir for å leggje til rette for utvikling av landbruket. Utarbeiding av kommunale landbruksplanar er eit viktig verkemiddel her.
- styrking av fylkesplanane som ein arena for regional samordning og løysing av saker med regionale verknader.
- arbeid med verneplanar. Fylkesmannen utarbeider forslag om vern etter naturvernloven på oppdrag fra Miljøverndepartementet. Dei verknader vernet får for landbruket må bli dokumentert og tatt omsyn til og ein må leggje større vekt på å kombinere aktiv bruk og vern. Det er viktig å leggje til rette for lokal deltaking i planprosessen og lokal forvaltning av verna område.

Fylkesmannen og fylkeslandbruksstyra har eit særleg ansvar for å følgje opp dei måla for landbrukspolitikken som følgjer av formålet i jordloven og konsesjonsloven, sjå kategori 15.30.

Departementet har starta opp utarbeidinga av ein strategisk handlingsplan for GIS-bruk med sikte på å skape struktur- og samarbeidsgevinstar på tvers av fagmiljø innan fylkesmannsembeta. Det vil bli avsett midlar til å halde fram med Geovekst-samarbeidet, og for å kunne starte nokre fleire prosjekt der ein tek i bruk GIS i landbruksforvaltninga.

Betre miljøtilpassing og forvaltning av kulturlandskapet krev framleis stor innsats. Verkemiddel på miljøområdet vil i aukande grad bli sett inn mot områdetiltak, der ein samlar tiltak som rettar seg mot å redusere forureining, og halde i hevd kulturlandskapet mm, i ei plan, jf kategori 15.30. Satsinga på KSL i regi av næringa, herunder miljø- og ressursplanar, er sentral i denne samanhengen.

Det er eit mål å utvikle det økologiske landbruket i alle delar av landet. Fylkesmannen vil ha ei sentral rolle i arbeidet med å stimulere til utvikling av produsentfagmiljø, samt å tene marknaden betre.

Næringsmessig bruk og forvaltning av utmarksressursar som vilt og fisk er eit viktig område.

I samband med forvaltning av rovviltbestandane og førebyggjande tiltak mot rovviltskader er det i dei tunge rovdryfyla eit tett samarbeid mellom miljø- og landbruksforvaltninga for å finne fram til effektive tiltak. Det skal leggjast til rette for både eit aktivt landbruk og vern av rovdyr. I fylke med vesentleg rovvilt-bufekonflikt er det, i tråd med St meld nr 35 (1996-97) *Om rovviltforvaltning*, etablert rådgivande utval sett saman av nærings- og verneorganisasjonane leia av fylkesmannen. Utvala har fom 1998 myndigheit til å prioritere og fordele embetet si tildelte ramme mellom tiltak. Fylkesmannen i dei tyngst belasta rovviltområda og innanfor kjerneområda for jerv og bjørn, arbeider med å skaffe oversikt over beiteressursar og beitebelegg, og med å finne forsvarlege driftsmåtar

eller permanente alternative produksjonar. Innanfor ramma av kap 1102 vil det bli sett av ekstra ressursar til desse oppgåvene i dei fylka som har dei største rovviltproblema. Midlar til erstatningar og førebyggjande rovdyrtiltak blir løyvd over Miljøverndepartementet sitt budsjett.

3. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak i jordbruket

Statens Kornforretning arbeider med et prosjekt som mellom anna har som siktemål å betre kommunikasjonen mellom fylkesmannsembeta og den sentrale forvaltninga av dei landbrukspolitiske tiltaka. Arbeidet tek og sikte på å få til ein meir målretta informasjon om mål og ordningar også retta mot brukarane.

4. Rettleiing og internadministrasjon

Fylkesmannen har eit særskilt ansvar for å kommunisere innhaldet i og målsetjinga med den gjeldande landbrukspolitikken til kommunane, landbruksnæringa og samfunnet elles. Fylkesmannsembeta må framleis auke innsatsen i tilsyn og oppfølging av kommunane. Departementet vil peike på at fylkesmennene må i samband med behandling av kommunane sine budsjett og økonomiplanar, må sjå til at kommunane set av dei ressursane som trengst for gjennomføring av landbrukspolitikken. Fylkesmannen må stille auka faglege krav til den kommunale saksbehandlinga.

Fylkesmannen bør halde fram med å utvikle strategiar for korleis ein kan få rekruttert fleire kvinner og kvinnelege leiarar til avdelingane.

Ein vil òg i 1999 halde fram med satsinga på Statens Regionale informasjonsnett.

Fylkesmannen har eit særleg ansvar for å bidra med kunnskap om å anvende lover og generell saksbehandling i saker der myndigheit i første instans er lagt til kommunane og der fylkesmannen eller fylkeslandbruksstyret avgjer klagesaker. Fylkesmannen må i slike høve gi kommunane generell rettleiing slik at kvaliteten på avgjerdene i kommunane kan sikrast.

Departementet gjekk i 1996 inn for å forlenge ei prøveordning med to nye år der om lag halvparten av budsjettmidlane til dei 4 fagsentra under Planteforsk blei kanalisert som oppdrag frå fylkesmannen i vertsfylka. Ordninga vil bli vurdert vinteren 1998/99. Løyvinga er ført opp under kap 1112 post 52, men vil framleis bli kanalisert gjennom fylkesmannsembeta.

Fylkesmannen må òg drive aktiv informasjonsverksemd om sine ansvarsområde overfor eit større publikum, og formidle informasjon om utviklinga i landbruket og dei sentrale fellesverdiane landbruket ivaretek. Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet skal i 1999 samarbeide om eit regionalt kommunikasjonsprogram, sjå kategoriomtala foran.

Merknader til dei einskilde postane

Post 01 Driftsutgifter

I samband med organisatoriske endringar ved fylkesmannsembetet i Nord-Trøndelag er det i budsjettframlegget overført kr 0,385 mill frå denne posten til kap 1510 Fylkesmannsembeta.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Det er under posten løyvd midlar til arbeidet med teknisk planlegging i fylkesmannsembeta, jf omtale under mål og strategiar ovanfor. Landbruksavdelingane til fylkesmannen er ofte koordinator eller prosjektleiar for utviklingsprosjekt i forhold til landbruket og distrikta i fylket. Det er i samband med desse prosjekta budsjettert med ein viss auke i utgifter, jf kap 4102 post 04. Prosjekta er samfinansiert av dei deltakande aktørane td landbruksnæringa, avlsorganisasjonane og samvirkeorganisasjonane. Ein viser òg til omtalen under kap 4102 nedanfor.

KAP 4102 FYLKESMANNENS LANDBRUKSAVDELING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
04	Oppdragsinntekter og refusjonar	33 832	23 983	29 583
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	1 379		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	3 959		
40	Salg av eiendom	354		
	Sum kap 4102	39 524	23 983	29 583

Post 04 Oppdragsinntekter og refusjonar

Løyvinga gjeld inntekter knytta til teknisk planlegging, refusjonar mm. Det er budsjettert med tilsvarande utgifter på kap 1102 post 21. Ein gjer framlegg om at eventuelle meirinntekter kan gi høve til å auke utgiftene under kap 1102 post 21 tilsvarande, jf forslag til vedtak III.

KAP 1104 TILSKOTT TIL ORGANISASJONAR

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt	
			budsjett 1998	Framlegg 1999
70	Tilskott til organisasjonar mm	14 920		
	Sum kap 1104	14 920		

I budsjettforslaget for 1999 er tilskott til organisasjoner mm som tidlegare blei løyvd på kap 1104, fordelt på kategoriar og kapittel i forhold til formål og verksemdområde. Utgifter til kontigentar i internasjonale organisasjoner der Landbruksdepartementet er medlem er budsjettet på kap 1100.

I kap 1137 ligg framlegg til Nordiske jordbruksforskernes forening. Kap 1140 har framlegg om løyving til Det Kongelige Selskap for Norges Vel, Norske 4H, Det norske hageselskap, Nordnorsk hestesenter og Norsk fjordhestenter AS, Norsk kolonihageforbund, Norsk Gartnerforbunds planteskoleseksjon, Norsk økologisk landbrukslag, Norsk økologisk urtelag, Biologisk dynamisk forening, tilskott til fagtidsskrift og Norges dyrebeskyttelsesforbund. Under kap 1142 ligg framlegg om løyving til det norske Skogselskap, Det norske arboretet på Milde og organisasjonen Jenter i Skogbruket.

*Programkategori 15.10 Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse***Utgifter**

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999	Pst endr 98/99
1107	Statens dyrehelsetilsyn	209 446	168 714	173 506	2,8
1110	Statens landbrukstilsyn	70 023	68 729	79 698	15,9
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling mm	132 484	132 587	139 228	5,0
1114	Statens næringsmiddeltilsyn	171 385	147 746	163 220	10,4
	Sum kategori 15.10	583 338	517 776	555 652	7,3

Inntekter

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999	Pst endr 98/99
4107	Statens dyrehelsetilsyn	8 763	15 527	8 799	-43,3
4110	Statens landbrukstilsyn	56 664	53 428	58 748	9,9
4114	Statens næringsmiddeltilsyn	129 132	109 988	137 738	25,2
	Sum kategori	194 559	178 943	205 285	14,7

Kategorien omfattar løyvingar til Statens dyrehelsetilsyn (SDT), Statens landbrukstilsyn, Statens næringsmiddeltilsyn (SNT), Veterinærinstituttet (VI) og Norsk institutt for plante-forskning (Planteforsk) og omfattar bruk av innsatsvarer i produksjonen av matvarer, plantehelse, dyrevelferd, dyrehelse og sjølve matvarene.

STATUS FOR OMRÅDET

Arbeidet innanfor området er lagt opp etter ein strategi der ein sikrar kvaliteten på sluttproduktet gjennom ein innsats i kvar del av matvarekjeda frå jord til bord.

Produksjon

Landbruksdepartementet legg vekt på riktig bruk av miljøsikre innsatsvarer i landbruket. Såleis er gjødsel som blir marknadsført i Noreg, jamt over av sværs god kvalitet. Noreg har strenge krav til ma kadmium i gjødsel som i sin tur kan finnast att i matvarene. Tilførselen av kadmium til jorda via gjødsel er monaleg redusert dei siste åra. Som ledd i arbeidet med å sikre at dei tilførte næringsstoffa blir utnytta best mogleg, er det frå og med vekstsesongen 1998 obligatorisk for alle gardbrukarar å ha ein gjødslingsplan får å få utbetalt fullt produksjonstillegg.

Organisk avfall er ein ressurs som bør utnyttast på best mogleg måte. Som følge av at avfallet skal bort frå fyllplassane er det aktuelt å nytte avfallet som råstoff til jordforbetningsmiddel eller fôr. Men det er ein føresetnad at avfallsbaserte produkt har ein slik kvalitet at dei er med på å leggje til rette for kvalitetsproduksjon av mat, sjølv om dette fører til noko redusert bruksområde. Det er i gang arbeid både når det gjeld slam, kompost og anna organisk avfall for å sjå på korleis slike avfallsstoff best mogleg kan resirkulerast. Landbruksdepartementet har i samråd med Miljøverndepartementet og Sosial- og helse-departementet sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå nærare på ei samordning av regelverket på organisk avfall nytta som gjødsel/jordforbetningsmiddel.

Arbeidet med å ytterlegare redusere bruken av antibiotika innan husdyrproduksjonen, gjennom førebyggjande tiltak, held fram. Bruken av antibiotika i fôr er no nesten ikkje eksisterande med eit totalt forbruk på 27 kg i 1997. Stortinget har bedt regjeringa vurdere konsekvensane ved innføring av eit eventuelt forbod mot bruk av antibiotika i fôr i Noreg. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med saka. Uavhengig av eit forbod om bruk av antibiotika i fôr, er det nødvendig å vere restriktiv i bruken av antibiotika ved behandling av sjukdom. Det blei i 1997 brukt om lag 7 250 kg antibiotika i husdyrnæringa, og om lag 750

kg i havbruksnæringa, som er ei nedgang på 23 pst frå 1996 og 76 pst samanlikna med 1995. I samanheng med dette har det vore retta auka fokus på førebyggjande tiltak, som td vaksinerings, overvaking av antibiotikaforbruk og –resistens og rett bruk av antibiotika.

Innanfor heile programområdet er det eit auka behov for laboratorietenester, som støttefunksjon til forvaltning, forskning og næring. Det er nødvendig å gå gjennom det samla tilbodet av tenester frå statlege laboratorier innanfor området ma med omsyn til våre internasjonale forpliktelsar.

Plantehelse

Som følge av ein geografisk spreidd produksjon, klima og dei overvakings- og kontrollprogramma som er etablert, er Noreg fri for fleire alvorlege skadegjerarar på planter. Nyare granskingar og leiting etter særskilde skadegjerarar viser likevel at status for plantehelse i Noreg ikkje er like bra som vi tidlegare har rekna med. Utanom statskontrollen med oppformeiringsmateriale for særskilde vekstar har tilsynet med den nasjonale produksjonen ikkje vore prioritert, og vi har sett fleire eksempel på at skadegjerarar har spreidd seg til nye brukseiningar før dei har blitt oppdaga. Dette kan òg verke negativt inn på kvaliteten på produkta. Det er særleg planter til vidare dyrking som representerer ein risiko i spreidingssamanheng.

Regelverket for plantehelse blei ikkje teke inn i EØS-avtalen ma fordi EU var i gang med ein større revisjon av regelverket sitt da EØS-forhandlingane gjekk føre seg. Partane blei samde om å føre vidare samtalar på eit seinare tidspunkt, noko som blei gjort i juni 1997. EU ser no på saka.

Plantevernmiddel

Ei arbeidsgruppe nedsett av Landbruksdepartementet i samråd med Miljøvern-departementet, har evaluert dei ulike tiltaka for å redusere bruken av plantevernmiddel. I perioden 1985 til 1996 er omsett mengde verksamt stoff i plantevernmiddel redusert med 54 pst. Det er grunn til å tru at reduksjonen for ein stor del skuldast overgang til lågdosemiddel. Bruken i Noreg, Sverige og Finland ligg kring 1 kg verksamt stoff pr ha, medan tilsvarende tal for enkelte andre europeiske land som den andre ytterkanten, ligg kring 14 kg pr ha (1996).

Omsetningsstatistikken gir ikkje noko godt uttrykk for den risikoen desse stoffa representerer for helse og miljø. Ut frå arbeidsgruppa sine vurderingar er det likevel truleg at det har skjedd ein reduksjon i helse- og miljørisikoen ved riktig bruk av plantevernmiddel på 1990-talet. Utrekningar, godkjenningssordninga, spørjeundersøking blant bønder og omsetningsstatistikken, peikar samla sett i den retninga.

Samanlikningar med andre land inneber stor grad av uvisse. Likevel tyder gjennomgangen på at Noreg har vore heilt på høgde med og på enkelte område i framkant når det gjeld etablering av verkemiddel og tiltak på området. Særleg gjeld dette godkjenningssystemet for plantevernmiddel, autorisasjonsordninga som blei innført i 1997, og opplegget for prognosar og varslings.

Resultat frå overvaking av plantevernmiddelrestar i mat viser eit nivå som ikkje fører med seg helsefare. Overvaking i miljøet viser overskriding av sannsynleg skadegrense i nokre tilfelle. Dette viser at det er behov for ein ytterlegare reduksjon og tilpassing av plantevernmiddelbruken. Materiale frå Planteforsk viser òg at det er eit potensial for ein slik reduksjon og tilpassing, utan at det får uakseptable konsekvensar for norsk landbruk.

Dyrevelferd

Dyrevernsmennene er med på å styrkje det lokale dyrevernarbeidet og medverkar til høg kvalitet på dyrehald og ein etisk forsvarleg produksjon av matvarer. Omlegginga av nemndene har òg gjort lokalplanet medveten på eit vis som i større grad enn tidlegare vil avdekkje eventuelle dyremishandlingar.

Det er aukande interesse for dyrevern både nasjonalt og internasjonalt. Dette gjeld alt dyrehald, ikkje minst hald av produksjonsdyr. Kravet om eit dyrevernmessig forsvarleg dyrehald som grunnlag for produksjon av matvarer blir stadig sterkare. For forbrukaren er det ikkje lenger berre prisen på matvarene som er viktig, men òg kvaliteten. I kvalitetsomgrepet ligg òg kravet til livskvalitet hos produksjonsdyra. Forbrukarane vil kjenne seg trygge på at dyra hadde eit akseptabelt liv på garden og under transporten fram til avliving. Landbruksdepartementet har derfor lagt mykje arbeid i å utvikle nytt nasjonalt regelverk og medverke til internasjonalt regelverk der omsynet til dyrevelferd stadig blir styrkt.

Det er eit aukande krav om å få ned talet på dyr som nyttast i forsøk. Det er òg viktig at forsøksdyra får så optimale forhold som mogleg. I den samanhengen er det gitt heimel for å krevje opplæring av alt dyrehelsepersonell som skal arbeide med forsøksdyr. Omfanget av

opplæringa skal fastsetjast av departementet. Med dette vil Noreg fullt ut oppfylle dei krava som er sette i Europakonvensjonen om vern av forsøksdyr.

Dyrehelse

Overvaking- og kontrollarbeidet knytt til husdyrhald og akvakulturdyr vil bli ført vidare. Dette gjeld og dei programma som er sette i gang som nasjonale tiltak i samanheng med revisjon av EØS-avtalen innanfor veterinær sektor. Dokumentasjon på god helsetilstand gir oss føremoner knytt til kontroll av og vilkår for import, og ved eksport av levande dyr og dyreprodukt.

På grunn av effektive førebyggjande tiltak er dei alvorlege sjukdommane hos fisk under god kontroll. Desse tiltaka vil halde fram. Overvaking- og kontrollprogram for fleire alvorlege fiskesjukdommar vil òg utviklast. Oppdrettet av marine artar aukar og ein lyt vere førebudd på nye sjukdomsproblem. Det er òg viktig å ha ein god beredskap og effektive bekjempingstiltak å ty til dersom alvorlege sjukdomsproblem skulle oppstå. Ei ny fiske-sjukdomslov er vedteken og gjeld frå 1.1.98. Lova er tilpassa dei internasjonale avtalene på området og fokuserer på førebyggjande helsearbeid.

Overvaking av sjukdommar som kan overførast frå dyr til menneske (zoonoser) er viktig for å sjå til at all mat er trygg og i tråd med prinsippet om kontroll med heile kjeda frå jord og fjord til bord. Overvaking- og kontrollprogrammet for salmonella i levande dyr og animalske næringsmiddel har vist at tryggleiken for forbrukarane er god.

Matvarer

Gjennom oppfølging av Stortinget si behandling av St meld nr 40 (1996-97) har arbeidet på området blitt styrkt. Forvaltningsapparatet, særleg SNT, har fått ein stor auke i budsjettet for å setje i verk ei rekkje av dei tiltaka som er omtalt i stortingsmeldinga.

Handelen med matvarer er omfatta av WTO-avtalen. Skal Noreg etter denne avtalen kunne stille strenge krav til matvarer som skal importerast, må ein kunne dokumentere at norske varer er like trygge. Dette har gjort at ein har sett i gong ei omfattande kartlegging av smittestoff og framandstoff i matvarer i Noreg. Slik kartlegging er viktig som nasjonalt tiltak i samband med revisjonen av EØS-avtalen på veterinær sektor. Som eit resultat av ei slik kartlegging vil ein kunne sette i verk førebyggjande tiltak samtidig som ein vil få vesentleg informasjon om status og eventuelle verknader av den utvida EØS-avtalen. Oppfølging av arbeidet med internkontrollsystem i importbedrifter vil halde fram.

Risikovurdering vil spela ei større og større rolle for val av tiltak for å sikre trygg mat, særskilt knytt til internasjonal handel. Det er derfor viktig å halde fram arbeidet med å byggje opp kompetanse i risikoanalyse.

Departementet har starta eit samarbeid med Forbrukarrådet for å kome fram til auka deltaking frå forbrukarsida i fora der matpolitikk blir drøfta. Dette er i samsvar med tilrådinga i Matmeldinga om å styrkje samarbeidet med forbrukarretta organisasjonar.

MÅL OG TILTAK

Mål

Innanfor verksemdområdet Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse arbeider departementet ut frå hovudmålet og delmåla i tabellen under pkt 1.3 Overordna mål for landbruks- og matpolitikken.

Produksjon av trygg mat med god kvalitet gjennom alle ledd i produksjonen fram til forbrukaren er ei sentral målsetjing i matpolitikken. Ei sikker behandling av organisk avfall frå denne produksjonen og av matavfallet er òg ein viktig del av dette arbeidet.

Omsynet til forbrukarane står i sentrum. Regjeringa legg òg vekt på at ein skal arbeide for å leggje til rette for eit ernæringsmessig fullgodt kosthald. Regjeringa ønskjer å sikre høg kvalitet på norske produkt, både med omsyn til forbrukarane, til konkurranseevna til norske produsentar i distrikta og til miljøet. Riktig bruk av plantevernmiddel vil medverke til tryggare matvarer og redusert skade på miljøet.

Tiltak

Landbruksdepartementet gjer framlegg om ei samla løyving under programkategori 15.10 Matkvalitet, dyrehelse og plantehelse på vel 555 mill kr. Budsjettframlegget inneber ei auka satsing på viktige område frå 85,2 mill kr til 116 mill kr. Av dette legg ein opp til å nytte om lag 100 mill kr under programkategori 15.10 og om lag 16 mill kr vil bli nytta innanfor kapittel under andre programkategoriar, jf tabellen nedanfor.

Opplegget, som det er gjort greie for nedanfor, er utarbeidd i tett samarbeid med faginstansane på plante-, dyre-, og humanhelsesida og vil medverke til betre samordning av arbeidet for å sikre forbrukarane trygge matvarer. I budsjettframlegget er det såleis sett av midlar til:

- oppfølging av Matmeldinga,
- styrkt tilsyn med innsatvarer og produkt,
- nasjonale tiltak knytt til endringer i EØS-avtalen på veterinær sektor og
- nasjonale tiltak knytt til EØS-plantehele.

(mill kr)

Satsingsområder	Kap	Beløp 1998	Beløp 1999
<i>Oppfølging av Matmeldinga:</i>			
Administrasjon med mer	1100	1,5	1,5
Tiltak innanfor SNT sin oppfølging	1114	11,7	11,7
Forbrukardeltaking	1114		1,0
Innkjøp av tenester frå Folkehelsa	1114	2,5	2,5
Styrkje offentleg overvaking knytt til handel med dyreprodukt	1114	5,5	5,5
Forvaltingsstøtte/laboratorietenester	1114	3,4	3,4
Kunnskapsutvikling	1114	6,9	6,9
Sum oppfølging av Matmeldinga		31,5	32,5
<i>Styrkt tilsyn med produkt:</i>			
Kvalitetskontroll med matpoteter	1114		8,6
Sum styrkt tilsyn med produkt			8,6
<i>Styrkt tilsyn med innsatsvarer:</i>			
Kontroll med plantevernmiddel	1110	2,5	2,5
Kontroll med fôr til familiedyr	1107	7,0	7,0
Forsking og utvikling knytt til fôr til familiedyr	1137	1,0	1,5
Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel	1150		9,0
Sum styrkt tilsyn med innsatsvarer		10,5	20,0
<i>Nasjonale tiltak knytt til plantehele:</i>			
Overvaking og kartlegging, utarbeiding av risikoanalysar, metodeutvikling i analysearbeidet, kompetanseutvikling og førebuing av produksjonskontroll	1110		4,9
Tiltak mot potetringrate	1110	1,5	4,0
Sum tiltak knytt til plantehele		1,5	8,9
<i>Nasjonale tiltak knytt til EØS - veterinær sektor:</i>			
Administrasjon	1100	4,0	4,0
Tilsyn og kontroll, dyrehelse	1107	20,7	23,2
Kjøp av analysetenester mm	1112	12,5	13,7
Tilsyn og kontroll, næringsmiddel	1114	4,5	5,1
Sum nasjonale tiltak knytt til EØS - veterinær sektor		41,7	46,0
Sum		85,2	116,0

Regjeringa legg i budsjettframlegget opp til å vidareføre aktiviteten og strategiane knytt til oppfølging av Matmeldinga innanfor ei ramme på 32,5 mill kr.

Informasjon til forbrukarane gjennom merking vil bli følgd opp. Dette gjeld særleg krava til godkjenning og merking av genmodifiserte produkt og ordninga med opprinnelsesmerking av storfekjøtt. Oppfølginga av produksjon med økologiske produkter inngår i merkingskrava samtidig som det vil vere ein del av kvalitetsovervakinga.

I oppfølging av Næringslovutvalet sitt forslag om ei felles lov på matområdet (NOU 1996:10) arbeider departementet med å avklare formålet for ny lov. I tillegg går departementet gjennom tilsynsoppgåvene langs matvarekjeda for å få ei avgrensing i forhold til anna lovverk og for å avklare rollene til tilsynsorgana. Utforming av ei ny matlov og avklaring i forhold til kva departement som skal ha ansvaret for lova, vil være viktig for heile verksemdområdet.

Landbruksdepartementet vil ta auka omsyn til forbrukarane i matpolitikken og forvaltninga. Ein vil derfor leggje vekt på å finne fram til ein høveleg representasjon frå forbrukarsida i relevante aktivitetar. Det er sett av 1 mill kr til dette arbeidet i budsjettframlegget.

Det er nødvendig å halde fram satsinga på utvikling av kunnskap om samanhengen mellom produksjon av mat og folk si helse som blei starta opp som eit ledd i oppfølginga av St meld nr 40 (1996-97).

Når det gjeld kvalitetsovervaking på grøntsektoren er det viktig å sikre at kvaliteten på matpoteter held mål. Tilsynet på området vil bli styrkt, og systemet blir lagt om slik at kontrollen skjer på butikkleddet, jf omtale under kap 1114.

Ei arbeidsgruppe har evaluert handlingsplanen for redusert bruk av plantevernmiddel (1990-94) og utarbeidd framlegg til handlingsplan for å redusere helse- og miljørisikoen ved bruk av plantevernmiddel. Planen, som gjeld for perioden 1998-2002, inneber ein kraftig auke i tilsynet med innsatsvarer. Fleire institusjonar vil få oppgåver med å følge opp handlingsplanen. Det er sett av 9 mill kr til dette arbeidet.

Følgjande mål er lagde til grunn for den nye handlingsplanen:

- Risiko for helse- og miljøskadar ved bruk av plantevernmiddel skal reduserast med 25% målt ut frå beste tilgjengelege målemetode som m.a. tek omsyn til dei ibuande eigenskapane til plantevernmidla og korleis/kor mykje dei blir brukte.
- Førekost av plantevernmiddel i næringsmiddel og drikkevatt skal reduserast så langt som mogleg og ikkje overskride vedtekne grenseverdier.
- Plantevernmiddel i grunnvatt bør ikkje førekome og skal ikkje overskride grenseverdiane for drikkevatt.
- Førekost av plantevernmiddel i bekkar og overflatevatt skal reduserast så langt som mogleg og ikkje overskride verdier som kan gje skade på miljøet.

Arbeidsgruppa har gjort framlegg om å føre vidare fleire av dei tiltaka som blei sette i verk med den første handlingsplanen og tilrådd ei rekkje nye tiltak. Planen byggjer på fem hovudelement:

- Godkjende plantevernmiddel med mest mogleg gunstig helse- og miljøprofil og med etikett som gir tilstrekkelege opplysningar.
- Brukaren sin kunnskap om biologi, plantevernmiddel og sprøyteteknikk.
- Optimale rammevilkår for å redusere risikoen ved bruk av plantevernmiddel, alternative bekjempingsmetodar, godkjent sprøyteutstyr mm
- Overvaking av plantevernmiddelrestar i næringsmidla og i miljøet.
- Langsiktig kunnskapsoppbygging.

Under jordbruksforhandlingane 1998 blei avtalepartane samde om å disponere 9,0 mill kr av overført beløp på jordbruksavtalen i 1999 til dei tiltaka som blir vedtekne i handlingsplanen, jf St prp nr 67 (1997-98). Partane blei vidare samde om at det vil vere mest formålstenleg for ei god tiltaksgjennomføring at handlingsplanen blir forankra i eit organisert samarbeid med jordbruksorganisasjonane.

I samsvar med tilrådinga frå arbeidsgruppa tek departementet sikte på ei omlegging av avgiftssystemet for plantevernmiddel frå 1.1.99 og ein vurdering av avgiftsnivået, jf kap 5545.

Landbruksdepartementet legg opp til auka satsing for å heve standarden på norsk plantehelse innanfor ei ramme på 8,9 mill kr. Samla kostnad for å heve standarden på norsk plantehelse er rekna ut til vel 20 mill kr og ein tek sikte på å gjennomføre opptrappinga over ein periode på om lag 3 år. Departementet går inn for å byggje ut den innanlandske produksjonskontrollen på grunnlag av forslag frå Landbrukstilsynet og høyring hos brukargruppene. Produksjonskontrollen vil bli utforma etter dei same hovudprinsippa som gjeld i EU og ut frå dei krava WTO-avtalen stiller. Ein vil dermed oppretthalde grensekontrollen mot EU i noverande omfang i påvente av nye initiativ frå EU, og samtidig vinne erfaring med det nye kontrollregimet. Departementet legg i budsjettframlegget opp til at satsinga på nasjonale tiltak knytt til plantehelse blir delvis finansiert ved auka inntekt på 4 mill kr, jf kap 4110.

Det er tinga fram ein avtale med EU om endringar i EØS-avtalen, vedlegg I om veterinære vilkår knytt til handel med levande dyr og animalske produkt, inklusive fisk. Regjeringa legg fram ein proposisjon i haust om samtykke til godkjenning av vedtaket i EØS-komiteen av 17.7.98 om endring av EØS-avtalen på veterinær sektor. Endringane av EØS-avtalen kan tre i kraft 1.1.99, under føresetnad om samtykkje frå Stortinget. Framlegg om løyving knytt til gjennomføring av den reviderte avtalen blir lagt fram i ein tilleggsproposisjon til St prp nr 1 (1998-99). Regjeringa legg særleg vekt trygge matvarer og å sikre dyrehelsa.

Regjeringa vil vidareføre dei nasjonale tiltaka knytt til revisjon av EØS-avtalen på veterinær sektor innanfor ei ramme på 46 mill kr i 1999. Løyvinga er knytt til overvaking- og kontrollprogram for sjukdomar hos husdyr og akvakulturdyr, og kartlegging av framandstoff og smittestoff i matvarer. Det er i gang 17 program på matsektoren og nærare 30 på dyrehelsesida. Nærare omtale av dette arbeidet er gitt under dei einskilte kapitla.

SPS-avtalen (Avtalen om sanitære og fytosanitære spørsmål) trådte i kraft 1.1.95. SPS-avtalen har til formål å regulere handelsreglar som er utforma ut frå omsynet til folke-, dyre- og plantehelsa.

Det er ei målsetjing å harmonisere SPS-standardar med utgangspunkt i internasjonale

standardar og tilrådingar der slike finst. Ytterlegare tiltak kan bli fastsett dersom det ligg føre ei vitskapeleg grunn for dette, eller dersom det er nødvendig for å ivareta det valde sikkerhetsnivået. Medlemslanda forpliktar seg til aktiv deltaking i dei relevante organisasjonane, ma Codex Alimentarius (matkvalitet), Verdas dyrehelseorganisasjon (OIE) og Den internasjonale plantekonvensjonen (IPPC). Desse organisasjonane fastset standardar, retningslinjer og tilrådingar med omsyn til tilsetjingsstoff i mat, reststoff frå veterinærpreparat og plantevernmiddel, vernetiltak mot dyre- og plantesjukdommar mm. SPS-avtalen skal gjennomgåast i 1998.

Departementet vil styrke den vitskaplege innsatsen på matområdet med sikte på å kunne underbygge eit regelverk basert på eit høgt kvalitetsnivå. Dette arbeidet er føresett gjennomført i samarbeid med dei andre nordiske landa og gjennom eit aktivt arbeid i dei relevante internasjonale organisasjonane. Departementet vil òg vurdere korleis "føre-var-prinsippet" er følgd opp i tilfelle der det er stor usemje i organisasjonane som set standardane. Dette er i samsvar med kva Stortinget har sagt om "føre-var-prinsippet" i samband med behandlinga av St meld nr 40 (1996-97). Når det gjeld spørsmål knytt til merking, forbrukarvern ol høyrer dette primært inn under ei anna WTO-avtale, den såkalla TBT-avtalen (avtale om tekniske handelshindringar).

Kostnadene til kjøttkontrollen har auka monaleg sidan 1996. Det har av den grunn vore ønskeleg å få til ein ordning som sikrar ein forsvarleg effektivitetsutvikling i kontrollen, jf Budsjett-innst S nr 8 (1996-97). Departementet har derfor i samråd med kjøtt- og fjørfeforbransjen og det kommunale næringsmiddeltilsynet arbeidd med ei ny finansieringsordning for kjøttkontrollen som skal stimulere til kostnadseffektive og sikre rutinar. Den nye ordninga medfører at slakteria ikkje lenger skal betale ein fast avgift pr kg godkjent slakt, men i staden betale eit gebyr som svarer til dei faktiske kostnadene med kontrollen. Omlegginga er nærare omtalt under kapittel 1114.

KAP 1107 STATENS DYREHELSETILSYN

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
01	Driftsutgifter	158 794	165 529	170 291
73	Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar , <i>overslagsløyving</i>	50 652	3 185	3 215
	Sum kap 1107	209 446	168 714	173 506

MÅL OG STRATEGIAR

Den primære oppgåva til Statens dyrehelsetilsyn er å tryggje helsa hos tamme og ville landdyr og akvatiske dyr. Dyrevern er ein del av dette arbeidsfeltet. Statens dyrehelsetilsyn har følgjande overordna mål:

- medverke til at Noreg er fritt for alvorlege smittsame dyresjukdommar
- føre kontroll med smittsame dyresjukdommar som finst i landet
- arbeide for at omfanget av produksjonssjukdommar blir redusert
- arbeide for at dyr blir haldne slik at dei ikkje lid i utrensmål
- arbeide for best mogleg kvalitet på animalske produkt

I det strategiske arbeidet vil Statens dyrehelsetilsyn leggje særleg vekt på:

- fagleg kompetanse og god forvaltningsskikk
- samarbeid med brukarane
- støttefunksjonen i samarbeid med næringsutvikling
- utvikling av eigen organisasjon
- ha ein aktiv kommunikasjon med samfunnet om verksemda.

RESULTATRAPPORRT 1997

Overvakingsprogramma for ei lang rekkje smittsame sjukdommar er gjennomført i samsvar med planane. Overvakingsprogramma er strategisk viktige i samband med internasjonal handel med levande dyr og anna avlsmateriale.

Husdyrhelsa i Noreg er framleis god når det gjeld alvorlege smittsame sjukdommar (A-sjukdommar). Det er ikkje påvist krepsepest dei siste åra. Dyrehelsetilsynet har i samarbeid med Sysselmannen på Svalbard vidareført tiltaka for å halde kontroll med rabies hos dei ville dyra og verne husdyr og menneske på øygruppa mot rabiessmitte.

Det er ikkje påvist at alvorlege sjukdommar er kome inn i landet via dyr som blei innført i 1997 sjølv om det i nokre karantenar er påvist teikn på smittsam sjukdom. I Rogaland blei 5000 fjørfe avliva fordi dei var innført utan godkjende helsesertifikat. Det er avdekt at eit større tal fuglar og eksotiske dyr blei ulovleg innført. Det blei påvist paratuberkulose i fem storfebuskarar ved testing av alt storfe som blei innført i åra 1991-95. Omkring 100 kontaktbuskarar er pålagde restriksjonar.

Arbeidet med beredskapsplanar mot A-sjukdommane er ført vidare. Fleire mistankar om A-sjukdom har gitt god trening i beredskapsarbeid. Dyrehelsetilsynet har gitt omfattande informasjon til husdyrprodusentar og eigne medarbeidarar om dei nye reglane for internasjonal handel med dyr og dyreprodukt som vil følgje av WTO-avtalen og revidert EØS-avtale på veterinær sektor.

Helsestatusen er framleis god i oppdrettsnæringa. Det har vore seks utbrot av fiskesjukdommen infeksjøs lakseanemi (ILA) i 1997. I visse område er det ei uheldig utvikling når det gjeld denne sjukdommen. Etter påvisingar av *Gyrodactylus salaris* i nye vassdrag har bekjempinga fått auka merksemd. I samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning har Dyrehelsetilsynet gjennomført ei omfattande utgreiing om bekjemping av sjukdommen.

Skrapesjuka blei påvist i fire flokkar i 1997 mot heile 32 året før. Til tross for auka kunnskap om sjukdommen og at det er gjort fleire undersøkingar enn tidlegare blei sjukdommen ikkje påvist i nye område av landet i 1997. Dyrehelsetilsynet har gjennomført eit landsomfattande informasjonsprogram om sjukdommen for sauebønder og praktiserande veterinærar. Eit overvakings- og kontrollprogram blei sett i verk hausten 1997.

Arbeidet med å få bort den tapsbringande sjukdommen bovin virusdiare/mucosal disease (BVD/MD) hos storfe har vore vellukka. Det er omlag 45 pst færre buskarar som er smitta i 1997 enn året før. Overvakingsprogrammet med omsyn til salmonella hos fjørfe, storfe og gris er vidareført. Det blei berre funne salmonellabakteriar i to storfebuskarar og resultatata er såleis sværs oppløftande.

Arbeidet med å støtte opp om næringa sine tiltak mot tap pga produksjonssjukdommar blir i sterkare grad knytt opp til arbeidet med Kvalitetssystem i landbruket.

Arbeidet i dyrevernsnemndene skjer i høve til føresetnadene. Distriktsveterinærane har ei viktig rolle i dette arbeidet. Tap av sau på utmarksbeite pga rovdyr har vore aukande og utgjør eit stort dyrevernproblem. I utsette beitelag har tapa vore meir enn 40 pst. Rovviltmeldinga har gitt større merksemd rundt denne konflikten, og Dyrehelsetilsynet har vore involvert på ulike nivå. Dyrehelsetilsynet deltek no i rovviltutvala, noko som vil bidra til at dei på ein betre måte kan ta omsyn til dyrevern i samband med spørsmål om førebyggjande tiltak. Arbeidet med dyrevernsprosjekt innad i reindriften har fått auka merksemd, ma som følgje av det store talet på rein som døydd på grunn av nedisa beite i Finnmark. Dyrehelsetilsynet skal saman med Reindriftsforvaltninga og næringa utarbeide forslag til standardar for dyrevern og tapseförebyggjande tiltak. Forslag om endring av dyrevernlova er under utarbeiding.

Dei nye føresegnene om hald av storfe og svin set krav om betre miljø for dyra, og arbeidet med å følgje opp forskriftene har hatt prioritet. Det har vore ein nedgang i bruken av legemiddel både til dyr og fisk. Dyrehelsetilsynet har gitt informasjon til veterinærer og husdyreigarar om riktig bruk. Dyrehelsetilsynet har 296 medarbeidarar. I samband med den nye organiseringa av veterinærtenesta på distrikts- og fylkesnivå (1992) blei det skipa omlag 20 stillingar for distriktsveterinærer på heiltid i strøk med mange husdyr, mange oppdrettsanlegg eller høgt folketal. Det er no slike stillingar i 38 veterinærdistrikt.

Arbeidet med å etablere eit økonomisystem og internrutinar som er i tråd med krava i det nye økonomireglementet for staten er ført vidare i 1997. Ein ventar at dette arbeidet blir ferdigstilt hausten 1998.

BUDSJETTFRAMLEGG 1999

Tenesta i distrikta skal prioriterast. Det gjeld i første rekkje arbeid med sjukdomskontroll, sjukdomsovervaking, tilsyn med dyr og dyreprodukt i samsvar med internasjonale avtalar og dyrevernarbeid. Overvakings- og kontrollprogramma, som omfattar meir enn 20 sjukdommar, vil halde fram. Overvakinga vil etterkvart òg inkludere smittestoff som E. coli O 157 ("Hamburgar-bakterien").

Sjukdomskontrollen i samband med nasjonal satsing på oppdrett av marine artar vil bli prioritert, jf Havbruksmeldinga. Bekjemping av Gyrodactylus salaris står sentralt.

Dyrehelsetilsynet må òg finne rom for arbeidet med vilthelse. Dyrevernarbeidet krev stor innsats. Det gjeld òg i forhold til oppdrettsfisk.

Arbeidet med å tryggje dyrehelsa og velferda til dyra blir i aukande grad sett i samband med matvaretryggleiken. Kontrollen med bruk av legemiddel hos dyr skal gis auka merksemd.

Sentralleiringa må arbeide meir med å utvikle informasjonsverksemd, tenlege føresegner og gode administrative opplegg for alle delar av Dyrehelsetilsynet. Dyrehelsetilsynet må, som ei følgje av EØS-avtalen og WTO-avtalen, ta aktivt del i fleire internasjonale fora for å sjå til at nasjonale omsyn blir ivaretekne på best mogleg måte og at utviklinga går i ei retning som Noreg er tent med.

På grunn av ei auke i tilsynsoppgåvene må distriktsveterinærane si kliniske verksemd reduserast. I dei fleste distrikt er det god tilgang på veterinærer som tek hand om kliniske tenester. Endringane i tilsynsoppgåvene gjer det nødvendig å sjå på ressursfordelinga regionar og distrikt imellom. Der tilgangen på kliniske tenester frå private veterinærer ikkje dekkjer etterspurnaden, vil dei offentlege veterinærane ta del i klinisk verksemd. Samlokalisering av einskilde distriktsveterinærkontor kan vere aktuelt i visse delar av landet. Det blir nødvendig å sørgje for at distrikt med mange offentlege oppgåver får ressursar til teknisk assistanse både på kontorsida og til praktiske gjeremål i felten.

Satsingsområde 1999

Statens dyrehelsetilsyn vil i 1999 satse spesielt på desse oppgåvene:

- beredskap mot alvorlege smittsame sjukdommar
- bekjemping og overvaking som er omfatta av dei nasjonale tiltaka i samband med revisjon av EØS-avtalen, veterinær sektor
- effektivt og målretta dyrevernarbeid
- aktivt tilsyn med bruken av legemiddel
- kontroll med smittestoff som kan overførast frå dyr til menneske
- förebyggjande helsearbeid i samarbeid med næringane
- tilrettelegging for næringsutvikling i distrikta, ma ved aktiv deltaking i programmet Kvalitetssystem i landbruket, helseplanarbeid, informasjon og brei samfunnskontakt.

Merknader til dei enkelte postane**Post 73 Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar**

Målsetjinga med løyvinga er å halde landet fritt for alvorlege smittsame sjukdommar hos husdyr, under det familiedyr, akvatiske organismar og bier, og førebyggje at dyra skal lide. Løyvinga skal dekkje utgifter i samband med nedslakting, som det offentlege pålegg etter føresegner i husdyrlova, og utgifter til einskilde tiltak innanfor fiskesjukdomslova, dyrevernlova, bisjukdomslova og lov om farlege hundar.

Behovet for løyving i 1999 er usikkert. Ein gjer derfor framlegg om fullmakt til å overskride løyvinga dersom det skulle finne stad utbrot av alvorleg smittsam dyresjukdom, jf forslag til vedtak IV.

Landbruksdepartementet har i samarbeid med Norges Bondelag og Norges Bonde- og Småbrukarlag fastsett tiltak for å gjennomføre bekjemping av paratuberkulose hos storfe, jf St prp nr 1 (1997-98). Løyvinga skal derfor òg dekkje kompensasjon for frivillig nedslakting i samband med paratuberkulose.

KAP 4107 STATENS DYREHELSETILSYN

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt	
			budsjett 1998	Framlegg 1999
01	Refusjon mm	5 358	5 409	
02	Driftsinntekter	2 431	2 118	
03	Gebyr og analyseinntekter mm		8 000	8 799
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	17		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	453		
40	Salg av eiendom	504		
	Sum kap 4107	8 763	15 527	8 799

Post 01 Refusjon mm

Posten er slått saman med post 03, jf omtale nedanfor.

Post 02 Driftsinntekter

Det er utarbeidd ny forskrift for innførsel av hund og katt frå EØS-området, jf St prp nr 65 (1997-98), og ein budsjetterer derfor ikkje med inntekter på posten.

Post 03 Gebyr og analyseinntekter, mm

Posten omfatter ulike refusjonar knytt til Dyrehelsetilsynet si verksemd, jf tidlegare post 01, og gebyr og analyseinntekter. Det har årleg vore overført 5 mill kr til posten frå kap 1150 post 77.1 til dekning av meirutgiftene i samband med innføringa av den nye veterinærordninga i 1991. Det er fom 1999 ikkje sett av midlar over kap 1150 til formålet og posten er derfor redusert med 5 mill kr, jf kap 1150 post 77.1 og St prp nr 67 (1997-98). Omlag 8 mill kr er inntekt frå avgift på fôr til familiedyr (hund og katt). Inntektene blir nytta til tilsyn med fôr til familiedyr og til forskning om smittestoff og om ernæringsspørsmål, jf kap 1137.

KAP 1110 STATENS LANDBRUKSTILSYN

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
01	Driftsutgifter	58 360	65 956	77 958
50	Forvaltningsstøtte	7 582		
71	Tilskott til ymse plantetiltak , <i>overslagsløyving</i>	2 361	1 053	
73	Tilskott til stamsædavl	1 720	1 720	1 740
	Sum kap 1110	70 023	68 729	79 698

MÅL OG STRATEGIAR

Hovudmåla til Statens landbrukstilsyn er å medverke til eit landbruk som

- får konkurransefordelar på grunn av god plantehelse og innsatsvarer av høg kvalitet,
- produserer helsemessig trygge matvarer og
- sikrar eit godt naturmiljø og eit godt arbeidsmiljø.

Landbrukstilsynet skal føre tilsyn med at innsatsvarene på kort eller lang sikt ikkje fører til skade på menneske, dyr, planter eller miljø og at dei har optimal nytteverknad. Utviklinga av rammevilkåra for norsk landbruk talar for at kriteria og krava til ein optimal produksjon vil kunne endre seg. Dette inneber at Landbrukstilsynet må ha ein strategi som er fleksibel og ein organisasjon som har evne til omstilling. Landbrukstilsynet skal delta i internasjonalt arbeid innanfor sitt forvaltningsområde, og påverke avgjerdsprosessar i ein tidleg fase.

RESULTATRAPPORT 1997

Ressursinnsats fordelt på verksemdområde (1000 kr):

Verksemdområde	Årsverk	Beløp	Pst av totalsum
Plantehelse	29,8	14 300	21,2
Såvarer	36,8	19 500	28,8
Økologisk landbruk	0,5	400	0,6
Gjødselvarer og jordforbetningsmiddel	4,0	2 100	3,1
Fôrvarer, inkludert analysearbeid	21,0	10 500	15,6
Plantevernmiddel	8,0	6 000	8,9
Tekniske innretningar	1,5	3 000	4,5
Administrasjon	22,5	11 700	17,3
Sum	124,1	67 500	100,0

Innsatsen er auka innanfor verksemdområda plantevernmiddel, såvarer, gjødselvarer og jordforbetningsmiddel, økologisk landbruk og plantehelse. Auken heng saman med tildeling av midlar til kjøp av forvaltningsstøtte og omprioriteringar.

Arbeidet med EØS-saker i 1997 omfatta områda fôrvarer, gjødselvarer, såvarer og økologisk landbruk. Når det gjeld plantevernmiddel har Landbrukstilsynet observatørstatus i EU si arbeidsgruppe. Landbrukstilsynet tek del i ulike faggrupper og komitéar i den samanhengen. Spesielt innan fôrvarer er det internasjonale arbeidet omfattande. Noreg har spesiell interesse av ei særleg oppfølging av fôr til fisk.

Landbrukstilsynet har arbeidd mykje med dokumentasjonsarbeid innan plantehelse med sikte på nærare samordning i EØS-området. Dette arbeidet har stansa opp pga usemje i EFTA og manglande avklaring i EU.

Arbeidet med omlegging til internkontroll som tilsynsprinsipp, og kvalitetssikring av eiga verksemd har gått vidare innanfor alle verksemdområda.

Plantehelse

Målet for arbeidet på dette feltet er å sikre ei god plantehelse i produksjonen i Noreg. Kontrollen er lagt opp både som ein stikkprøvekontroll og som ein meir systematisk kontroll over kortare tidsrom av særskilde produkt. Målretta kontroll av ymse importvarer medverker til at fleire skadegjerarar blir haldne borte frå landet.

Frå 1997 er alle importkontrollar dokumentert gjennom eit nytt edb-system. I 1997 er det utført 1 537 importkontrollar. Av desse blei 52 sendingar heilt eller delvis avviste etter funn av farlege skadegjerarar eller formelle manglar.

Landbrukstilsynet har i 1996 og 1997 fått utarbeidd dei risikovurderingane på plante-helseområdet som ein treng for å forsvare vårt importregelverk i internasjonal samanheng.

Kartleggingsarbeidet omkring soppsjukdommen raud marg i jordbær heldt fram i 1997. Sjukdommen er funnen i tre område i Sør-Noreg, fordelt på 9 brukseiningar. Av andre farlege skadegjerarar har ein funne 17 tilfelle av potetringråte i matpotet, men det er ikkje påvist smitte i dei statskontrollerte settepotetpartia. Gjennom året blei det påvist to tilfelle av almesjuke i Kristiansand.

Den statskontrollerte avlen for ei rekkje hagebruksvokstrar medverker til å heve kvaliteten på hagebruksvokstrar til vidare dyrking. Det siste året er det utført kontrollar av 43 ulike verksemdar i samband med avlen for prydplanter, grønsakplanter i veksthus og på friland, samt bærvekstrar.

Såvarer

Såvareområdet er en del av EØS-avtalen. Det blir stilt strenge krav til såvarene. Såvare som ikkje held mål, vil gi ein monaleg avlingsreduksjon. For korn kan det dreie seg om verdiar på 30-60 mill kr. I år med god kvalitet på såkornet kan det sparast mykje ved å ikkje beise såkornet med middel som drep sopp. Godkjenning av nye sortar har mykje å seie for god kvalitet på frø og såvarer, td kan kornsortar som er mottakelege for soppsjukdomar bli erstatta med meir resistente sortar.

Landbrukstilsynet innførte i 1997 obligatorisk beisebehovsanalysar òg for havre og kveite. Behovsprøvinga har i gjennomsnitt redusert kostnadene for korndyrkarane med om lag 6 mill kr pr år. Vidare blir miljøet spart for om lag 8 tonn kjemikalium i forhold til år då alt såkornet blir beisa.

Plantesortsnemda tildeler planteforedlarrett og gir Landbrukstilsynet råd i spørsmål om opptak på sortlista. Det er rådgivingstenesta som brukar sortlista i sitt arbeid med å gi brukarane råd om sortar som er tilpassa klima- og veksttilhøva i landet.

Økologisk landbruk

Landbrukstilsynet har fleire oppgåver knytt til økologisk landbruk, både kontroll av primærproduksjonen, regelverksutvikling og tildeling av midlar til informasjons- og rettleiingstiltak. Målet er å auke den økologiske landbruksproduksjonen og gi forbrukarane tryggleik for at økologiske produkt er produserte etter forskriftene.

Landbrukstilsynet fører kontroll med verksemda til DEBIO (godkjent som utøvande kontrollorgan for primærproduksjon) og tar stikkprøvekontrollar i felten. I 1997 var 1316 bruk godkjende for økologisk produksjon eller var under omlegging, mot 946 i 1996.

Det har vært store endringar i det norske regelverket dei siste åra, dels fordi forvaltningsområdet er relativt nytt, og dels fordi regelverket er harmonisert med EU-regelverket.

Landbrukstilsynet har administrert bruken av midlar over jordbruksavtalen til informasjons- og rettleiingstiltak innan økologisk landbruk. I 1997 blei det samla gitt tilskott for om lag 4,0 mill kr til 24 ulike tiltak.

Gjødselvarer

Kontrollen med gjødsel, kalk, jordforbetningsmiddel og dyrkingsmedium skjer for å sikre at desse har kjent bruksverdi og at dei ikkje inneheld uønskete stoff eller inneber nokon smittefare.

Resultata frå analysar av kadmium viser at grenseverdien på 100 mg kadmium pr kg fosfor var overskriden i 7 av 83 gjødselprøver og dette er ein liten auke i forhold til året før. Ut frå analysar av kalk og gjødsel kan ein likevel slutte at tilført mengde kadmium med gjødsel og kalk blir redusert kvart år.

1997 var første året dei nye og skjerpa kvalitetskriteria for gjødselvarer basert på organisk avfall var i bruk. Kriteria og godkjenningsordninga skal sikre at gjødselvarer basert på organisk avfall ikkje har miljøskadelege effektar og at næringsstoffa i produkta blir nytta best mogleg.

Landbrukstilsynet godkjende i 1997 23 produkt baserte på organisk avfall, mot 15 godkjenningar i 1996. Omfanget av produksjon av avfallsbaserte gjødselvarer vil auke i åra framover.

Fôrvarer

Tilsynet med tilverking og omsetning av fôrvarer skal sikre at fôret har kjent bruksverdi, og ikkje inneheld uønskete stoff og har ein god hygienisk kvalitet.

Det er ikkje påvist salmonella i kraftfôrblendingar i 1997. I rutinekontrollar av norsk-produsert korn blei det ikkje påvist salmonella, og førekomsten av bakteriar og sopp var

relativt låg. Ein fann salmonella i nokre prøver av importert og norskprodusert fiskemjøl. Fiskemjøl med påvist salmonella blir behandla særskilt.

Bruk av avfall og matrestar som fôr er eit prioritert kontrollområde. Avfall frå næringsmiddel- og fiskeindustri går i stor grad til fôrindustrien. Om lag 25 pst av restane frå storhushald blir nytta. Det er framleis ikkje lov å nytta avfall frå private hushald til fôr, med unntak for rev i oppdrett.

Forbruket av antibiotika i fôrblendingar blei redusert til berre 27 kg sinkbacitrasin og har ikkje lenger nokon praktisk betydning. Det er ikkje lov å bruke hormon i fôr til husdyr i Noreg.

Plantevernmiddel

Landbrukstilsynet arbeider for at risiko for helse og miljø ved bruk av plantevernmiddel skal vere låg og akseptabel. Ved godkjenning blir det i aukande grad lagt vekt på dei miljømessige eigenskapane, og fare for forureining av grunnvatn og overflatevatn blir vurdert særskilt. Resultata frå overvåkingsprogrammet for restar av plantevernmiddel i miljøet (JOVÅ-programmet) er til stor nytte i saksbehandlinga. Dei utvida granskingane viser at ein finn små restar av plantevernmiddel i jordbruksbekker og òg i einskilte høve i private grunnvassbrønner. Landbrukstilsynet har som resultat av dette trekt attende godkjenningar eller endra bruksområda for plantevernmiddel.

Det er utarbeidd retningslinjer for godkjenning av plantevernmiddel retta mot bruk i hobbyhagar.

Salsstatistikken for plantevernmiddel viser ein auke i salet på 7 pst i forhold til 1996, medan ein hadde ein stor nedgang året før. Ein må sjå fleire år under eitt for å gjere seg opp ei meining om utviklinga over tid må på grunn av naturlege årsvariasjonar i sprøytebehovet.

Oppfølging av ulovleg bruk av plantevernmiddel er intensivert. Dersom ein finn plantevernmiddelrestar som overskrir grenseverdiane, eller ein finn restar av middel som ikkje lenger er godkjende, blir brukaren/dyrkaren kontakta. I dei tilfelle regelverket ikkje er følgt, kan autorisasjonsbeviset bli trekt tilbake.

Tekniske innretningar

Arbeidet med tekniske innretningar skal ma redusere risikoen for lekkasje og avrenning frå landbruket, og sikre eit godt miljø for husdyra.

Landbrukstilsynet kjøper tenester frå Institutt for tekniske fag/NLH, som har fagleg kompetanse og er prøvingsorgan når det gjeld tekniske oppgåver. Prøveverksemda ved instituttet er akkreditert og samsvarar med systemet for prøving og sertifisering i europeisk samanheng. Prøving og godkjenning av teknisk utstyr omfattar surførsiloar, gjødselkummar og gjødselportar med omsyn til lekkasje av næringsstoff og tryggleik.

Det er sett i gang ei ordning for prøving/gransking og godkjenning av husdyrinnretningar som kan ha særleg påverknad på trivsel og miljø for husdyra, td elektrisk kutrenar.

Landbrukstilsynet yter tilskott til funksjonstesting av åkersprøyter.

Internadministrasjon

Arbeidet med å etablere eit økonomisystem og internrutinar som er i tråd med krava i det nye økonomireglementet for staten, er ført vidare i 1997. Ein ventar at dette arbeidet blir ferdigstilt hausten 1998. Verksemda var elles i 1997 prega av satsing på ekstern informasjonsfunksjon og utvikling av edb-fagsystem for dei ulike verksemdområda.

BUDSJETTFRAMLEGG 1999

I 1999 vil det skje endringar i tilsynsarbeidet ved at alle forvaltingsområda etter kvart tek i bruk internkontroll som tilsynsmåte, medan omfanget av stikkprøvekontrollar blir redusert. Stortinget vedtok det nødvendige lovgrunnlag for endringa i april 1997, og fleire av forskriftsendringane er på plass.

Endringar i internasjonale rammevilkår kan gjere det nødvendig med omleggingar av Landbrukstilsynet sitt kontrollarbeid, særleg knytt til fôrvarer og plantehelse. Dette gjeld både administrativt og i forhold til vitskapleg dokumentasjon, kontroll og beredskap.

Den nye tilsynsmåten og endringane i oppgåver gjer det nødvendig å vurdere arbeidsoppgåver, arbeidsmåte og organisering av distriktskontora. Endringane vil leggje til rette for eit større arbeidsfelt for distriktsapparatet enn det ein har i dag. Samordning av regelverket for organisk avfall kan gi endra myndighetsområde for Landbrukstilsynet.

Framlegget om løyving omfattar òg kjøp av tenester. Dette gir eit betre fagleg grunnlag for verksemda. Landbrukstilsynet kjøper tenester hos Planteforsk, særleg er knytt til desse forvaltningsoppgåvene:

- plantesjukdommar, floghavreproblem, skadegjerarar og nytteorganismar,

- godkjenning av norske og utanlandske plantesortar og
- godkjenning av plantevernmiddel til bruk i norsk planteproduksjon.

Satsingsområde 1999*Plantehelse*

Landbruksdepartementet vil intensivere arbeidet for å heve standarden på norsk plantehele innanfor ei ramme på 8,9 mill kr.

God plantehele vil vere ein viktig konkurranseføremøn for norsk planteproduksjon. Til overordna arbeid med å betre plantehele er det i budsjettframlegget sett av 4,9 mill kr til ma overvaking og kartlegging av plantehelestand, utarbeiding av risikoanalysar for farlege planteskadegjerarar, metodeutvikling i analysearbeidet, kompetanseutvikling og å leggje til rette for full igangsetjing av produksjonskontroll i næringa frå år 2000. I 1999 vil arbeidet i stor grad vere knytt til etablerings- og infrastrukturtiltak. Etter kvart vil storparten av ressursane gå til vekstkontrollarbeid med utgangspunkt i distriktsapparatet.

Ein strategiplan for å betre plantehele som Landbrukstilsynet har utarbeidd, baserer seg på førebyggjande tiltak og tilsyn med nøkkelledd i produksjonen. Målet er å styrkje konkurransekrafta i næringa ved å:

- redusere fare for spreiding av skadegjerarar ved import og nasjonal produksjon,
- effektivisere utrydding av skadegjerarar,
- redusere behovet for bruk av plantevernmiddel,
- redusere tap og kostnader ved utbrot av farlege skadegjerarar og
- leggje tilhøva til rette for eksport av friskt plantemateriale.

Generelt har vi god kontroll med skadegjerarar på potet, men status for potetringråde er dårlegare enn i mange andre vest-europeiske land. Det er derfor eit stort behov for å intensivere tiltaka mot potetringråde for å få kontroll over denne sjukdomen. I budsjettframlegget er det sett av 4,0 mill kr til dette. Landbrukstilsynet har utarbeidd planar for systematisk prøveuttak og laboratoriumsanalyser av poteter frå alle potetdyrkarane i landet, for etter kvart å kunne bytte ut smitta setjpoteter med friskt materiale. Arbeidet er førebels planlagt å gå over fire år, der ein startar med granskingar i Hedmark som er det viktigaste området for produksjon av setjpotet. Løyvinga skal òg nyttast til å auke kapasiteten på klonavlssentra for å sikre tilgangen på friske setjpoteter.

Regjeringa gjer framlegg om å auke inntektene på kap 4110 med 4,0 mill kr som ledd i satsinga for å betre plantehele. Dette er basert på auka importvolum og etablering av kontrollgebyr tilsvarande dansk nivå for den innanlandske produksjonskontrollen.

Plantevernmiddel

Med grunnlag i tilrådingar i den nye handlingsplanen for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel og drøftingar mellom departementet og jordbruksorganisasjonane, jf St prp nr 67 (1997-98) og programkategori 15.10, vil Landbrukstilsynet få oppgåver med å følgje opp endring av avgiftssystemet, endringar i godkjennings- og kontrollordninga, og å utvikle statistikk og målemetodar mm.

Merknader til dei enkelte postane**Post 01 Driftsutgifter**

Posten er auka med 4 mill kr mot ein tilsvarande auke under kap 4110. Posten er òg auka med 5,3 mill kr til kjøp av tenester frå DEBIO i samband med kontroll av økologisk jordbruk. Desse midlane blei tidlegare løyvde over kap 1150 post 77.16.

Post 71 Tilskott til ymse plantetiltak

Formålet med løyvinga har vore å dekkje vederlag til planteprodusentar etter plante-sjukdomslova. Erstatningsordninga for tap i planteproduksjon er i framlegget lagt til Fondet for katastrofeordning i planteproduksjon, jf løyving på kap 1150 post 50.12 og St prp nr 67 (1997-98). Ein gjer derfor ikkje framlegg om løyving på post 71 i 1999.

Post 73 Tilskott til stamsædavl

Formålet med løyvinga er å sikre produksjonen av frø til det norske landbruket, både med omsyn til mengde og kvalitet. Posten skal dekkje tilskott til verksemda ved Stamsædsentralen som Det Kgl Selskap for Noregs Vel driv på Hellerud, og utgifter i samband med stamsædavl av korn, poteter og engfrøvekstrar.

KAP 4110 STATENS LANDBRUKSTILSYN

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
01	Gebyr og analyseinntekter mm	53 506	53 318	58 748
02	Refusjon mm	1 731	110	
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	301		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	1 117		
17	Refusjon, lærlinger	9		
	Sum kap 4110	56 664	53 428	58 748

Post 01 Gebyr og analyseinntekter mm

Post 01 Gebyr og analyseinntekter omfattar òg tidlegare post 02 Refusjon mm. Som ledd i satsinga for å betre plantehelsa gjer departementet framlegg om å auke inntektene på kap 4110 med 4 mill kr basert på auka importvolum og etablering av kontrollgebyr tilsvarende dansk nivå for den innanlandske produksjonskontrollen.

Miljøavgiftene på kunstgjødsel og plantevernmidde som Landbrukstilsynet krev inn, er budsjetterte under kap 5545 Miljøavgifter i landbruket. Inntektene ved kontroll av fiskefôr er førte opp i budsjettet til Fiskeridirektoratet. Inntektene frå gebyr på fôr til familiedyr, som òg blir kravde inn av Landbrukstilsynet, er budsjettert på kap 4107 post 03.

KAP 1112 FORVALTNINGSSTØTTE, UTVIKLINGSOPPGÅVER OG KUNNSKAPSUTVIKLING MM

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
30	Byggearbeid, Tjøtta , <i>kan overførast</i>	665		
31	Byggearbeid, Svanhovd , <i>kan overførast</i>	7 890		
32	Byggearbeid, Ullensvang , <i>kan overførast</i>	1 311		
50	Forvaltningsstøtte og utviklingsoppgåver, VI	79 237	83 940	86 786
51	Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling, Planteforsk	12 596	11 314	39 828
52	Støtte til fagsentra	5 761	12 368	12 614
53	Utvikling og kunnskapsformidling	24 884	24 965	
70	Tilskott til mastittlaboratoriet i Molde	140		
	Sum kap 1112	132 484	132 587	139 228

Som følge av omorganiseringa av høgare utdanning og sektorforskning på landbruksområdet, jf St prp nr 63 (1995-96), er budsjetta til Veterinærinstituttet (VI) og Norsk institutt for Planteforskning (Planteforsk) omtalte under programkategoriane 15.10 og 15.20. Framlegg om løyving til Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling for dei to institusjonane er budsjettert på kap 1112.

Postane 30, 31 og 32 Byggjearbeid

Byggjearbeid på Tjøtta og Svanhovd blei slutført i 1997.

Løyvingar til bygg utanfor husleigeordninga der Statsbygg skal disponere løyvingane som byggherre, blir løyvde samla under kap 1580, jf St prp nr 1 (1998-99) for Arbeids- og administrasjonsdepartementet. For Landbruksdepartementet gjeld dette administrasjons- og forskningsbygg ved Ullensvang forskingssenter (Planteforsk) og administrasjons- og forskningsbygg på Ås (Planteforsk og Landbrukstilsynet).

Post 50 Forvaltningsstøtte og utviklingsoppgåver, VI

Løyvinga gjeld finansiering av vitskapleg basert støtte til Landbruksdepartementet og dei tre forvaltningsorgana Statens dyrehelsetilsyn, Statens næringsmiddeltilsyn, Statens landbrukstilsyn. Med kunnskap basert på eigne granskingar, diagnostikk, analysar og anna forskingsbasert kunnskap skal Veterinærinstituttet medverke til trygge matvarer, god dyrehelse, eit forsvarleg dyrehald og ein berekraftig og miljøvenleg husdyrproduksjon og akvakulturnæring.

Ein legg vekt på at Veterinærinstituttet utviklar seg vidare som forskingsbasert forvaltningsstøtteverksemd på området matvaretryggleik, dyre- og fiskehelse. Det er særskild viktig med vidare utvikling av kunnskapen på næringsmiddelområdet.

Resultatrapport 1997

Vedtak og vurderingar innan forvaltninga må i mange høve ha vitskapelege granskingar som grunnlag. Det gjeld i aukande grad innan dyrehelse og i spørsmål som gjeld mattryggleik. Rådgiving til ulike forvaltningsorgan er derfor ei viktig oppgåve for Veterinærinstituttet.

I 1997 har dokumentasjonsarbeidet med omsyn til fleire sjukdommar og smittestoff blitt ført vidare. I samband med førebuingane av ein revisjon av EØS-avtalen, blei det starta nye nasjonale overvakings- og kontrollprogram.

Veterinærinstituttet har halde fram arbeidet med kontroll og sjukdomskamp når det gjeld andre viktige sjukdommar hos tradisjonelle husdyr og oppdrettsfisk. I hovudsak har oppgåva vore diagnostikk og å gi oversikt over førekomsten av sjukdom. For ein del sjukdommar har arbeidet òg omfatta førebyggjande tiltak ved hjelp av vaksinar eller andre verkemiddel.

Arbeidet for å medverke til redusert bruk av antibiotika ved produksjon av animalske næringsmiddel har i mange år vore ei viktig oppgåve for Veterinærinstituttet. I dei siste åra har utvikling av antibiotikaresistens hos mikroorganismar, som eit resultat av bruk av antibiotika til dyr, fått auka merksemd. Veterinærinstituttet har ei sentral rolle i arbeidet med utvikling og utprøving av vaksinar, som er viktig for å redusere bruken av antibiotika.

Frå 1995 har Veterinærinstituttet hatt ei avdeling for fôr og næringsmiddelhygiene. Oppbygging av den faglege verksemda heldt fram i 1997, ma ved at kompetansen innan næringsmiddelmikrobiologi blei styrkt. Ei av hovudoppgåvene er å vere referanselaboratorium for næringsmiddelanalysar innanfor mikrobiologi og kjemi/toksikologi.

Veterinærinstituttet utfører eller administrerer ei rekke prosjekt og program for Statens næringsmiddeltilsyn. Prosjekta skal kartleggje framandstoff og smittestoff i ulike næringsmiddel, avdekkje eventuelle problem og gi grunnlag for eventuelle tiltak i forvaltninga. Det blei starta arbeid med sikte på å undersøke antibiotikaresistens i norskproduserte matvarer.

Vurderingar av risikoen i samband med handel med dyr, dyreprodukt og andre matemne har blitt ei viktig oppgåve. I 1997 blei det laga risikovurderingar og modellar for risikovurderingar, ma i samband med import av dyr til Noreg. I samband med dei internasjonale avtalane har Veterinærinstituttet referansefunksjonar for fleire dyresjukdommar og ei rekke smittestoff og framandstoff i næringsmiddel. I samsvar med Stortinget si behandling av budsjettet for 1997 er det etablert eit laboratorium i Tromsø. Verksemda i Harstad og Tromsø er samordna og begge laboratoria utfører nasjonale oppgåver.

Arbeidet med å etablere eit økonomisystem og internrutinar, som er i tråd med krava i det nye økonomireglementet for staten, er ført vidare i 1997. Ein ventar at dette arbeidet blir ferdigstilt hausten 1998.

Budsjettframlegg 1999

Veterinærinstituttet skal i 1999 føre vidare dei oppgåvene dei har etter vedtektene og særleg leggje vekt på nye overvakings- og kontrollprogram, forvaltningsstøtte på næringsmiddelområdet, forskning, beredskap, epidemiologi, òg risikoanalysar, førebyggjande helsearbeid og referansefunksjonen.

Departementet legg opp til å føre vidare dei nasjonale tiltaka med overvaking og kontrollprogram. Overvakingsprogram for BSE hos storfe, E. coli O 157: H7 hos fleire dyreartar og i næringsmiddel, og antibiotikaresistens hos bakteriar hos dyr vil bli vidareutvikla. Det er planlagt nye overvakingsprogram hos akvakulturdyr og innsatsen på overvaking av Gyrodactylus vil bli auka.

Data om førekomst av sjukdom, framandstoff og smittestoff, basert på vitskapelege granskingar er ein viktig føresetnad for å handtere dei nye internasjonale rammevilkåra på ein trygg måte.

Veterinærinstituttet må prioritere forskning og kompetanseutvikling, særleg innanfor diagnostiske metodar og epidemiologi. Truverde til ein diagnostisk metode er avgjerande for kontrollarbeidet.

Diagnostikk på innsendt materiale ved mistanke om sjukdom er viktig både for å løyse helseproblem og av omsyn til beredskapen. I samarbeid med praktiserande veterinærar skal Veterinærinstituttet sørgje for auka innsending av materiale. Veterinærinstituttet skal styrke beredskapsarbeidet og førebyggjande helsearbeid, noko som vil styrke kontakten med husdyrnæringane.

Post 51 Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling, Planteforsk

Løyvinga omfattar òg midlar til utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling som tidlegare blei budsjettert på post 53.

Kjøp av forvaltningsstøtte

Framlegget til løyvinga omfattar finansiering av vitskapeleg basert støtte til Landbruksdepartementet, Statens landbrukstilsyn og Statens næringsmiddeltilsyn. Med forskingsbasert kunnskap skal Planteforsk medverke til innsatsvarer av høg kvalitet, trygge matvarer, god plantehelse og ein berekraftig og miljøvennleg planteproduksjon.

Resultatrapport 1997

Arbeidet med modellar for gjødsling, særleg i kornproduksjonen, har gitt monalege innsparingar for landbruket samtidig som næringsavrenninga er redusert.

Pesticidlaboratoriet til Planteforsk fekk akkreditering for fleire multimetodar til analyse av plantevernmiddelrestar i 1997. Det blei utført 3 707 analysar i 3 070 prøver frå Statens næringsmiddeltilsyn.

Planteforsk oppretta i 1997 ein planteklinikk som tek imot prøver frå Statens landbruks-tilsyn, rettleiingstenesta og dyrkarane. Prøvene frå Landbrukstilsynet er ofte hastep prøver tekne ut frå planteparti som ventar på importløyve. Det er viktig at alt arbeid med slike prøver blir dokumentert på ein trygg måte fordi resultatet av analysen kan ha store økonomiske konsekvensar for importøren.

Arbeidet med å etablere eit økonomisystem og internrutinar som er i tråd med krava i det

nye økonomireglementet for staten, er ført vidare i 1997. Ein ventar at dette arbeidet blir ferdigstilt hausten 1998.

Utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling

Planteforsk tar aktivt del i utviklingsarbeid og kunnskapsformidling. Planteforsk har, saman med forsøksringane i landbruket, hovudansvaret for kunnskapsformidlinga innan planteproduksjon i jord- og hagebruk. Planteforsk har eit særskilt ansvar for å utvikle automatiserte rettleiingstenester, gjennom oppbygging av ein kunnskapsdatabase i planteproduksjon og plantevern.

Med utgangspunkt i tilrådingar i den nye handlingsplanen for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel og drøftingar mellom departementet og jordbruksorganisasjonane, vil Planteforsk få oppgåver med å skaffe fram kunnskap for integrert plantevern, forskning på området, varslings og prognosar mm, jf programkategori 15.10.

Resultatrapport 1997

Planteforsk har òg i 1997 arbeidd mykje med å utvikle nye sortar for norske tilhøve. 13 av sortane bestod den såkalla DUS-testen, åtte sortar fekk rettsvern og to sortar blei godkjende for offisiell sortsliste. Det blei òg utført rettleiingsprøving innan korn og oljevokstrar, grønsaker og potet, grovfôr-vekstar, frukt og bær og i veksthusagurk, samt for fleire prydbuskar og –tre. Det blei òg utført rettleiingsprøving av plantevernmiddel, der eit viktig tiltak er å redusere bruken og risikoen ved bruk av plantevernmiddel.

Planteforsk har òg i 1997 gjennomført fleire tiltak for å gi norsk landbruk eit plante-materiale som er fri for smitte av skadegjerarar.

Løyvinga til Landbruksmeteorologiske teneste er nytta til drift av 52 automatiske meteorologiske stasjonar. Stasjonane er plasserte i alle landbruksdistrikt, men dei fleste er på Auslandet og i Trøndelag. Anlegget er ma grunnlaget for prosjektet "Skadetersklar, prognosar og varslings". Det sterke fokuset som har vore på skadetersklar, har gitt ein ny praksis for sprøyting. Det er no akseptert at det skal vere eit visst nivå av bladlus i ein kornåker før det løner seg å sprøyte. Ein kultur tåler noko ugras før skadeterskelen er nådd og det er økonomisk gunstig å setje i verk tiltak.

Planteforsk har i 1997 hatt ein omfattande populærvitskapleg produksjon, ein har fått etablert ein rapportserie, og internett har fått sin naturlege plass i kunnskapsformidlinga.

Budsjettframlegg 1999

For å gi fagleg grunnlag for verksemda til forvaltningsorgana har Planteforsk desse oppgåvene:

- gi effektiv diagnostisering av skadegjerarar. Planteforsk skaffar oversikt over plantehelsa i Noreg,
- ha data og modellar som grunnlag for betre tilpassa gjødsling i heile landet. Dette skal gje grunnlag for betre utnytting av gjødsel og redusert næringsavrenning,
- skaffe sikre måle- og analysedata for næringsalter og plantevernmiddel i avrenningsvatn til jordsmonnovervakingsprogrammet,
- gjennomføre effektive og kvalitetssikra analysar av restar av plantevernmiddel i norske og importerte vegetabil som grunnlag for effektiv matvarekontroll og
- langvarige gjødslingsforsøk

Viktige formål for løyvinga i samband med utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling er å:

- utvikle og finne fram til konkurransedyktige plantesortar for norske tilhøve,
- skaffe dyrkarane plantemateriale som er fritt for skadegjerarar,
- drive utprøving for å medverke til redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel,
- redusere kostnadene i grovfôrproduksjonen,
- medverke til aktivt landbruk i dei nordlegaste delane av landet,
- gjere forskingsresultat tilgjengelege for brukarane,
- ha kunnskap om kulturlandskap (kulturmark, beiting, biologisk mangfald mm) utifrå eit dyrkingssynspunkt,
- skaffe fram meteorologiske data for varslingssteneste og forskning og
- gi presise råd til dyrkarane om planteverntiltak og behov for gjødsling.

Tenestene innanfor desse områda blir delfinansierte av brukarane, enten ved avgift/gebyr eller ved direkte betaling for tenestene.

Posten er auka med om lag 1,6 mill kr knytt til langvarige gjødslingsforsøk, prognosar for angrep av skadedyr i frukt og tiltak mot pærebrann og eplebladgallmygg. Midlane blei tidligare løyvd over kap 1137 og kap 1150. I tillegg er 1 mill kr knytt til landbruks-meteorologiske tenester overført frå kap 1140 post 77.

Post 52 Støtte til fagsentra, Planteforsk

Fagsentra ved Planteforsk blei etablerte i 1995. Dei fire fagsentra er Sæter i Hedmark, Fureneset i Sogn og Fjordane, Tjøtta i Nordland og Svanhovd miljøsenter i Finnmark.

Fagsentra har som formål å medverke til lokal og regional næringsutvikling innan landbruk og miljø. Dei tilbyr òg tenester innan kunnskapsformidling og service. Fagsentra tek òg forskingsoppdrag, men då styrt av forskningssentra i Planteforsk.

Sæter er engasjert i sauennæringa med fokus på næringsutvikling. Fureneset har som mål å bli eit senter for næringsutvikling og utprøving innan landbruk, naturbruk og miljøspørsmål i kystregionar. Tjøtta har fått nytt driftstun med forbetra høve i utviklinga av nye driftssystem i regionen, spesielt for sau og ammekyr. Samtidig er grunnlaget for næringsutvikling gjennom kulturbasert turisme betra. Svanhovd er eit senter innan forskning, utvikling og miljøinformasjon om natur-, landbruk- og ressursforvaltning i Barentsregionen. Miljøsenderet har òg oppdrag frå lokale, regionale og nasjonale oppdragsgivarar. Den nye konferanseavdelinga gjer at miljøsenderet no har eit komplett anlegg for formålet.

Resultatrapport 1997

Omorganiseringa frå forskingsstasjonar til fagsenter har så langt vore vellukka. Overgangen frå landbruksforskning til utviklingsarbeid og service har kome langt. Investeringsane i bygningar på Tjøtta og Svanhovd gjer desse fagsentra til attraktive medspelarar. Sæter og Fureneset er ikkje så godt utrusta, men dreg fordel av å vere med i nettverk. Tilgangen på oppdragsinntekter er ein god indikator på kor vellukka ordninga er. Fram til no har desse inntektene hatt ei lita auke.

Budsjettframlegg 1999

Prøveordninga med at om lag halvparten av budsjettmidlane blir kanaliserte som oppdrag frå fylkesmannen i vertsfylka vil bli vurdert vinteren 1998/99, jf kap 1102. Samarbeidet mellom fagsentra og fylkesmennene må utviklast vidare for å skape større breidde i produktspekteret til Planteforsk og for å marknadsføre resten av kompetansen i Planteforsk.

KAP 1114 STATENS NÆRINGSMIDDEL TILSYN

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
01	Driftsutgifter	52 180	89 047	102 761
21	Spesielle driftsutgifter	2 021		
30	Byggearbeid, kan overførast	657		
50	Tilskott til Fondet for kjøttkontroll	77 846	19 447	20 027
51	Tilskott til Fondet for statleg næringsmiddeltilsyn i kommun	38 681	39 252	40 432
	Sum kap 1114	171 385	147 746	163 220

MÅL OG STRATEGIAR

Den overordna målsetjinga for Statens næringsmiddeltilsyn (SNT) er at maten skal vere og opplevast som trygg. Matvarer skal ikkje vere helseskadelege ved normal bruk, frambodet skal vere ærleg, kvaliteten skal vere slik forbrukarane forventar i forhold til tradisjonar, pris og marknadsføring og forbrukarane skal gis tilfredsstillande grunnlag for å velje produkt.

Utviklinga, ma i form av ny og auka kunnskap om stoff i matvarene, endringar i produksjons- og marknadssituasjonen og ikkje minst sterkare offentleg interesse for mat og matvarer set stadig større krav til tilsynet når det gjeld innsats og kompetanse. Det blir stadig viktigare at forvaltninga er open og at kommunikasjonen med forbrukarar og næringsliv er god.

Dei viktigaste strategiane for å nå måla er:

- regelverk som er tenleg for brukarane og som sikrar forbrukarane sitt behov for vern og valfridom,
- godt tilsyn som er samordna og effektivt organisert,
- god kunnskap og dokumentasjon om risikofaktorar, ærleg framferd og kvalitet,
- tilstrekkeleg kompetanse i det offentlege næringsmiddeltilsynet og
- aktiv kommunikasjon som omfattar målretta informasjon, deltaking frå forbrukarar og næringsliv og samordning med andre forvaltningsorgan.

Den sentrale forvaltninga og tilsynet med det omfattande regelverket om næringsmiddel heimla i lovgiving underlagt Sosial- og helsedepartementet, Landbruksdepartementet og Fiskeridepartementet, er lagt til SNT.

Rådet til SNT har til oppgåve å kome med forslag og gi råd om målsetjing, regelverk og tilsynsinnsats. Rådet er samansett av representantar for handel, industri, primærnærings og forskning. Den vitskaplege komitéen til SNT er samansett av ekspertar frå sentrale kunnskapsmiljø, og medverkar til eit godt fagleg grunnlag og eit tett samspel mellom forskning og forvaltning.

Næringsmiddeltilsynet vil bli prega av oppfølginga av St meld nr 40 (1996-97) Matkvalitet og forbrukartryggleik og den planlagte utvidinga av EØS-avtalen på veterinær sektor.

RESULTATRAPPORT 1997

Ressursinnsats fordelt på verksemdområde (1000 kr):

Verksemdområde	Årsverk	Beløp	Pst av totalsum
Forvaltning, regelverksarbeid og internasjonalt arbeid	18,1	8 332	4
Tilsyns-, samordningstenester	8,9	146 554	74
Dokumentasjon av innhald av smitte-, framand- og næringsstoff i næringsmidla	4,8	16 517	8
Informasjon og kursverksemd	16,8	11 720	6
Internadministrasjon	21,8	14 448	8
Sum ressursinnsats	70,4	197 571	100

Forvaltning, regelverksarbeid og internasjonalt arbeid

SNT deltek, etter retningslinjer som departementa har trekt opp, i ei rekke internasjonale organ på næringsmiddelområdet som td Codex Alimentarius og Nordisk Ministerråd, ECE, ISO og CEN. Desse organa legg i stor grad premissane for næringsmiddelovgivinga i EU. SNT kan gjennom dette arbeidet påverke næringsmiddelovgivinga internasjonalt.

Som følge av EØS-avtalen, har Noreg møte- og talerett i ei rekke komitear og arbeidsgrupper under EU-kommisjonen. Ved å ta aktivt del i desse fora kan utviklinga av næringsmiddelovgivinga i EU påverkast. Arbeidet har vore høgt prioritert og kravd mykje ressursar.

SNT har utarbeidd rundskriv om merking av genmodifiserte matvarer og har gjort endringar i generell forskrift for næringsmiddel for å sikre heimel for førehandsgodkjenning av matvarer og produkt som er framstilte ved hjelp av genmodifisering.

Tilsyns-, samordnings- og kvalitetssikringstenester

Dei praktiske tilsyns- og kjøttkontrolloppgåvene blei utført av KNT etter delegert myndigheit frå SNT. KNT får overført midlar til dette arbeidet frå SNT på grunnlag av tilsyns- og kjøttkontrollplanar. Systemet for fastsetjing av slike planar blei utbetra i 1997 på grunnlag av erfaringar frå 1996 og evaluering av modellen. Utgiftene til kjøttkontroll i KNT blei høgare enn opphavleg budsjettert og det blei derfor omprioritert midlar frå anna verksemd under SNT, jf St prp nr 17 (1997-98). SNT har i samarbeid med næringa halde fram arbeidet med å utvikle ein finansieringsordning for kjøttkontrollen som fremmer effektivisering og betre styring. Ein tek sikte på å innføre ordninga frå 1.1.99.

ESA (overvåkingsorganet til EFTA) har gjennomført inspeksjonar for å vurdere om systemet for tilsyn med næringsmiddel oppfyller krava i det generelle Hygienedirektivet i EØS-avtalen. ESA gav merknad om at SNT bruker for liten tid på fagleg styring og rettleiing av kommunale næringsmiddeltilsyn.

ESA har òg inspisert slakteri og nedskjærings-, lager- og kjøttforedlingsverksemdar. ESA har i den samanhengen særleg peikt på problem knytt til hygienisk kvalitet på drikkevatt, dokumentasjon av analyseresultat, manglande stempelmerking, frekvens for tilsyn med nedskjærings- og lagerverksemdar for ferskt kjøtt og det veterinære tilsynet i verksemdene. Med nytt regelverk er prinsippa endra for eigen- og offentleg kontroll og dokumentasjon av dette. Opplæring over tid er nødvendig.

SNT har ansvar for tilsyn med og registrerer foredling, pakking og import av økologiske landbruksprodukt. SNT held fram med å utvikle system for tilsynet med økologiske produkt og å tilføre KNT kompetanse på området. SNT tek sikte på å delegere tilsynsretten til KNT som vil samarbeide med stiftinga Debio på dette området.

Talet på inspeksjonar auka med seks prosent for dei 2 500 næringsverksemdene som er underlagt statleg tilsynsansvar. 71 pst av desse verksemdene hadde innført internkontroll før fristen gjekk ut. I dei 30 000 næringsverksemdene som er underlagt kommunalt tilsynsansvar var det berre fire prosent som hadde tilstrekkeleg internkontrollsystem då fristen gjekk ut. Intensjonsavtalen med KNT-laboratorium (SLaN) med årleg tilskott på 0,5 mill kr er ikkje fornya. SNT ønskjer i staden å inngå årlege prosjektavtalar som gir eit meir fleksibelt og kostnadseffektivt system. SNT er pålagt å opprette referanselaboratorium, og vil i samband med dette vidareutvikle samarbeidet med sentrale statlege laboratorium og spesiallaboratorium som har kompetanse på området.

SNT har arbeidd med rettleiing av KNT og auka samarbeidet med fylkesmennene i samband med utarbeiding av beredskapsplanar. Målet om at alle KNT skulle ha revidert og ferdigstilt kriseplanar er ikkje nådd. SNT har òg tatt del i planleggingsgruppa til beredskapsøvinga LANDTEX-98.

Dokumentasjon av innhald av smitte-, framand- og næringsstoff i næringsmidla

Talet på innmeldte parti av næringsmiddel som har vore årsak til sjukdom hos menneske er framleis lågt, men det er registrert ein liten auke i talet på folk som er smitta av salmonella i Noreg. Denne auken skuldast to større utbrot, der primærkjelda var pinnsvin i det eine tilfellet og importert slankemiddel i det andre tilfellet. Det er i denne samanheng viktig å understreke at hovuddelen av dei som blir sjuke er smitta i utlandet.

Det er teke 25 318 prøver av norsk slakt for å kartleggje førekomsten av salmonella. Resultatet viser tre funn av salmonella. Dette er svært lågt samanlikna med andre land. Førekomsten av campylobacter i fjørfeprodukt er òg låg samanlikna med andre land. Det er òg teke 918 prøver av importert ost, fjørfekjøtt og skaldyr for å undersøke førekomsten av salmonella. Resultatet viser fem funn av salmonella i fjørfekjøtt og to funn i skaldyr. Det blei ikkje påvist salmonella i importert ost.

Det er teke om lag 2 000 prøvar av norskprodusert kjøttdeig, importert storfekjøtt og norskprodusert spekemat, reinsdyrkjøtt og hamburgerar for å kartleggje mogleg førekomst av toksinproduserande E. Coli O: 157 (Hamburgerbakterien). Resultatet viser at E Coli O: 157 i næringsmiddel som blir omsett i den norske marknaden, ikkje representerer nokon helsefare.

Overvåkingsprogrammet med omsyn til restmengder av framandstoff og legemiddel i

slakt dokumenterer at tungmetall, pesticid, vekststimulerande middel/hormon, antibiotika mm ikkje utgjer noko problem i norskprodusert kjøtt.

Ei undersøking viser at inntak av kunstige søtstoff ligg godt under det som er akseptabelt dagleg inntak (ADI) av desse stoffa. Men enkelte kan få for høgt inntak av søtstoffet cyclamat på grunn av ekstremt stort forbruk av bordsøtningsmiddel i kaffe eller te.

SNT har ferdigstilt resultata frå fleire kartleggingsprosjekt av tungmetall i ulike matvarer, blant desse krabbar og reker fanga langs kysten, fisk og skaldyr fanga nord for polarsirkelen, barnemat og enkelte kornprodukt. Undersøkinga av kjøtt, lever og nyre frå elg med omsyn på forureining, ma bly og kadmium, viser at innhaldet i kjøttet var uvesentleg, men at det i lever og nyrer kunne vere vesentleg innhald av slike forureiningar. Resultata frå alle desse kartleggingsprosjekta skal ma nyttast til å rekne ut totale inntaket av bly og kadmium i befolkninga.

SNT held fram med å koordinere overvaking av radioaktivitet i næringsmiddel gjennom LORAKON-stasjonane som utgjer ein viktig del av norsk beredskap. Tiltaksgrensene og kosthaldsråda blei oppretthalden i 1997.

Samarbeidet mellom Statens ernæringsråd og SNT om å utvikle eit system for heilskapleg overvaking av kosthaldet, under det inntaket av næringsstoff og framandstoff i befolkninga, er ført vidare i 1997. Systemet gjer det mogleg å vurdere eksponering for framandstoff og inntak av næringsstoff for ein gjennomsnittsforkbrukar og for spesielt utsette grupper. Denne typen studiar vil bli stadig viktigare for å sikre eit helsemessig trygt kosthald.

Informasjon og kursverksemd

Helsefare ved matvarer er ein del av mediebildet. Tradisjonelle nyhende om overskridingar av td grenseverdiane er det ofte omtale av, men i tillegg er det i 1997 fokusert på nyare fenomen som funksjonell mat, genmodifisert mat og nye sjukdomsfremjande bakteriar som td E. Coli O: 157. SNT tok initiativ til samarbeid med fire andre offentlege etatar og Statens informasjonsteneste om eit informasjonsopplegg om genmodifisert mat. Det blei laga informasjonsmaterieil og internettsider. SNT publiserte faglege rapportar, nyhendebrev og magasin. SNT tok i 1997 i bruk elektronisk intern-nett (Medulla) for å betre informasjonsflyten i organisasjonen.

Intern administrasjon

Arbeidet med å etablere eit økonomisystem og interne rutinar som er i tråd med krava i det nye økonomireglementet for staten er ført vidare i 1997.

BUDSJETTFRAMLEGG 1999

Oppgåvene til næringsmiddeltilsynet blir endra og aukar i omfang og kompleksitet. Situasjonen er prega av raske endringar og korte fristar. Det er derfor viktig at SNT set større fokus på det ansvaret ein har for å samordne heile tilsynsinnsatsen. Fleksibilitet, beredskap og høve til omstilling blir derfor svært viktig i framtida.

SNT er pålagt omfattande forvaltningsoppgåver, som ma inkluderer arbeidskrevjande innsats med innpassing, tolking og formidling av nytt EØS-regelverk. Ei omlegging av tilsynet til internkontroll (IK-mat) vil framleis krevje stor innsats frå SNT. Omfattande arbeid knytt til tilsyn med KNT og harmonisering av tilsynet utgjer òg ein stor del av oppgåvene til SNT. I 1998 blei det løyvd monaleg midlar til oppfølging av matmeldinga og til vidareføring av nasjonale tiltak i samband med revisjonen av EØS-avtalen på veterinær sektor. Overvaksings- og kartleggingsprosjekta vil halde fram i 1999. Gjennomføring av desse programma er i samsvar med råda til SNT sin vitskapskomité. Ein vil leggje vekt på overvaking av plantevernmiddelrestar i mat, og setje i verk meir systematisk overvaking av plantevernmiddelrestar i drikkevatn, jf Programkategori 15.10.

Departementet gjer framlegg om å endre finansieringa av kjøttkontrollen for å sikre eit godt og effektivt tilsyn med slaktning og kjøttproduksjon. Den nye ordninga medfører at slakteria ikkje lenger skal betale ein fast avgift pr kg godkjent slakt, men i staden betale eit gebyr som svarer til ein dagsverksats som dekkjer dei faktiske kostnadene til tilsyn både lokalt og sentralt, multiplisert med talet på dagsverk som blir nytta. Talet på dagsverk blir utrekna på grunnlag av slakte- og tilsynsplanar.

Den nye ordninga fører til krav om omstilling i både slakteria og i kommunale næringsmiddeltilsyn. Departementet har av den grunn, i samråd med næringa, utarbeidd ein refusjonsordning som medverker til å jamne ut kostnadene som er knytt til dei strukturelle forskjellane mellom slakteria. Departementet vil derfor føre vidare løyvinga på omlag 20 mill kr til Fondet for kjøttkontroll for å dekkje utgiftene til denne refusjonsordninga.

Kjøtt- og fjørfebransjen har og vore kritiske til noverande ordning med fast avgift pr kg

slakt, fordi ordninga ikkje gir incitament til effektivisering av slakteopplegget og kontrollarbeidet. Systemet fører til at utgiftene til kjøttkontroll auka lineært med slaktevolumet og såleis ikkje avspeгла dei reelle kostnadene for dei einskilde slakteria.

Kjøtt- og fjørfebransjen har som sitt prinsipielle syn hevda at den offentlege kjøttkontrollen i sin heilskap skal finansierast av det offentlege. Dei meiner at kjøttkontrollen er med på å sikre vitale samfunnsinteresser som ma dyrevern, dyrehelse, folkehelse, kjøttkvalitet og auka inntekter for landbruket. Dei peikar òg på at næringa ventar auka konkurranse frå utanlandske aktørar og at ein i den samanhengen ikkje bør gi dårlegare rammevilkår for norske slakteri.

Departementet held fast ved at kjøttkontrollen i utgangspunktet skal vere sjølvfinansierande. Prinsippet om at næringa sjølv må finansiere tilsyn og kontroll er i samsvar med noverande praksis i Noreg og i andre land. Departementet vil, i samarbeid med slakteria og det kommunale næringsmiddeltilsynet følgje nøye med i korleis den nye ordninga verkar.

Landbruksdepartementet vil ta auka omsyn til forbrukarane i matpolitikken og – forvaltning. Ein vil derfor leggje vekt på å finne fram til ein høveleg representasjon frå forbrukarsida i relevante aktivitetar. Det er sett av 1 mill kr til dette arbeidet.

Satsingsområde 1999

Det er ein stor utfordring å effektivisere, samordne og føre tilsyn med 98 lokale næringsmiddeltilsyn (KNT) på ein tilfredsstillande måte. SNT må derfor prioritere utvikling av formålstenlege tilsynssystem som medverker til at maten som blir framboden til forbrukarane er trygg, at næringa sitt krav om lik behandling blir ivareteken og at tilsynet blir tilpassa EØS-krava. I denne prosessen vil det vere viktig å sjå på td tilsynsfrekvens ut i frå risikoklassifisering av næringsmiddelverksemdene. Sidan fylkesmannen i samhøve med samordningslova har tilsyns- og samordningsansvar for lokale næringsmiddeltilsyn i sitt fylke, er det ynskjeleg at SNT som eit forsøk samarbeider med nokre fylkesmannsembete for å betre samordning av KNT i regionar.

Opggåvene til næringsmiddeltilsynet endrar seg i både omfang og samansetning og fører med seg krav om ny kompetanse. Det blir derfor nødvendig å utvikle plan for kompetanseutvikling der ein legg vekt på "jord/fjord til bord-perspektivet". Oversikt over kompetansen som i dag ligg i heile det offentlege næringsmiddeltilsynet og kva slags kompetanse ein treng i framtida er viktige føresetnader for utarbeiding av ein slik plan.

Kvaliteten på matpoteter er ikkje tilfredsstillande og det vil derfor bli satsa meir på kvalitetskontroll. Opplegget for kontrollen vil òg bli endra slik at kontrollen på butikknivå blir intensivert. SNT vil bruke det kommunale tilsynet i kontrollarbeidet.

Merknader til dei enkelte postane

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga er auka med 8,6 mill kr for å dekkje oppgåvene med kvalitetskontroll av poteter i samband med avviklinga av kvalitetstillegget i marknadsordninga for poteter. Midlane blei tidlegare løyvd på kap 1150 post 76.12 som er redusert tilsvarande, jf kap 1150 post 76 og St prp nr 67 (1997-98).

Posten er auka med 2,6 mill kr for å dekkje utgifter til kjøp av tenester frå DEBIO i samband med ma kontroll med vidareforedling av økologiske produkt. Midlane blei tidlegare løyvd på kap 1150 post 77.16 som er redusert tilsvarande, jf kap 1150 post 77 og St prp nr 67 (1997-98).

Post 50 Tilskott til Fondet for kjøttkontroll

Fondet skal dekkje utgiftene med kjøttkontroll både i kommunane og sentralt. Departementet legg opp til at kjøttkontrollen frå 1.1.99 blir finansiert ved at slakteria betaler gebyr som svarer til dei faktiske utgiftene til kjøttkontrollen, jf omtale ovanfor.

Fondet skal òg dekkje utgiftene til ei refusjonsordning, jf omtale ovanfor, som skal medverke til å jamne ut ulikskap i effektiviteten som skuldast strukturelle skilnader mellom verksemdene. For å dekkje fondet sine utgifter til refusjonsordninga gjer regjeringa framlegg om å løyve 20 mill kr over posten.

For 1999 er det budsjettert med 116,4 mill kr til kjøttkontroll. Departementet vil understreke at omlegginga av finansieringa vil føre til effektivisering, men at det er usikkert i kor stor grad dette vil slå ut i 1999.

Post 51 Tilskott til Fondet for statleg næringsmiddeltilsyn i kommunane

Fondet skal dekkje utgiftene til den statlege delen av næringsmiddeltilsynet i kommunane

og importkontrollen. Ein gjer framlegg om ei løyving på 40,4 mill kr til fondet i 1999. Fondet har ingen andre inntekter enn tilskottet frå statsbudsjettet.

KAP 4114 STATENS NÆRINGSMIDDELTILSYN

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
01	Gebyr og analyseinntekter	68 628	106 702	134 372
02	Kontrollavgift på kosmetikk	979		
03	Refusjon frå Fondet for kjøttkontroll	56 700		
04	Abonnementsinntekter mm	255		
05	Driftsinntekter	2 014	3 286	3 366
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	556		
	Sum kap 4114	129 132	109 988	137 738

Post 01 Gebyr og analyseinntekter

SNT blir finansiert ved næringsmiddelavgift på norskproduserte og importerte råvarer og importerte ferdigvarer. Regjeringa legg opp til å auke næringsmiddelavgifta for å dekkje ein større del av løyvinga over kap 1114. Ein legg såleis opp til å auke avgifta frå 0,60 pst til 0,73 pst av fakturabeløpet på norskproduserte råvarer og importerte råvarer/halvfabrikata, og frå 0,45 pst til 0,58 pst på importerte ferdigvarer. Dette vil auke inntektene under posten med om lag 25 mill kr.

Alle ansvarlege marknadsførarar av kosmetiske produkt betalar ei årleg avgift på 4 000 kr som finansierer kontrollen av produkta. Ein vil vurdere ei omlegging av ordninga frå fast avgift til ny ordning med differensiert avgift.

Post 05 Driftsinntekter

Denne posten omfattar inntekter frå ulike prosjekt og refusjon for SNT sine utgifter til administrasjon av Fondet for kjøttkontroll. Posten omfattar òg abonnementsinntekter.

Programkategori 15.20 Forsking og utvikling

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999	Pst endr 98/99
1137	Forsking og utvikling	235 488	247 346	249 551	0,8
	Sum kategori	235 488	247 346	249 551	0,8

INNLEIING

Landbruksdepartementet finansierer næringsretta forskning og utvikling, og forskning retta mot forvaltninga og allmenta sine kunnskapsbehov. Landbruksdepartementet legg vekt på verdiskaping i landbruket og utvikling av aktivitetar knytt til landbruket, og vil styrkje bruk og utvikling av metodar og verkemiddel som fører til kunnskapsbasert verksemd. Næringsretta forskning er nødvendig for å utvikle ein effektiv og berekraftig produksjon i jordbruket, oppdrettsnæringa, skogbruket og reindrifta i Noreg. Dette er igjen ein føresetnad for stabil busetjing og sysselsetjing i distrikta, eit levande kulturlandskap og ein god forvaltning av ressursar, areal og biologiske mangfald. Forskinga skal vidare gi kunnskap om forbrukarane sine behov og krav knytt til produkt frå landbruket, og utvikle eit betre kunnskapsgrunnlag for forvaltninga.

Landbruksdepartementet legg Langtidsplanen for landbruksforskinga (1996-2005) til grunn for forskingspolitisk planlegging og prioriteringar innan området. Langtidsplanen har 5 innsatsområde: (1) Forbruk, matvarekvalitet og -tryggleik, (2) Drifts- og eigarformer, produksjonssystem og arealbruk, (3) Verdiskaping basert på skog, (4) Næringsutvikling og (5) Livskraftige distrikt.

Det er stor grad av samsvar mellom Landbruksdepartementets tematiske satsingar og det som førebels ligg til grunn for EUs 5. rammeprogram, som vil bli starta opp i 1999. Deltaking i rammeprogrammet gir innsyn i EUs kunnskapsbase, skaper gode nettverk, og er en viktig finansieringskjelde. Løyvingar frå rammeprogramma er òg eit viktig kvalitetsstempel nasjonalt og internasjonalt. Eit sterkare internasjonalt engasjement når det gjeld forskingspolitikk, strategi og -tema er og ønska ma av omsyn til synergi- og samarbeidseffektar i forskinga og til kunnskapsoverføring til den 3. verden og Aust-Europa, jf kap 1137 post 50.

Landbruksdepartementet kanalisere hovudtyngda av forskingsmidlane gjennom Noregs forskingsråd, jf tabellen nedanfor. Til grunn for departementet sitt samarbeid med Forskinsrådet ligg ei særskilt samarbeidsavtale med krav og kriterium som skal ivareta departementet si rolle som kunde og kunnskapskjøpar.

Landbruksforskinga skal medverke til gjennomføringa av den nasjonale forskingspolitikken, jf Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet sin St prp nr 1 (1998-99). Forskinga får løyvingar frå både offentlege og private aktørar, og blir i all hovudsak utført ved vitsskapelege institusjonar. Departementet legg vekt på å styrkje koplinga og samhandlinga mellom forskning og utvikling for å nå næringspolitiske mål. Det er inngått avtalar om samarbeid mellom Noregs forskingsråd og, kvar i sin tur, Statens nærings- og distriktsutviklingsfond og Statens Landbruksbank som begge er sentrale aktørar i dette arbeidet.

Landbruksdepartementet har stilt midlar over Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet sitt budsjett til drift av sekretariatet til eit nytt teknologiråd, som skal overvake teknologiutviklinga og drive debatt og formidlingsverksemd, jf St prp nr 1 (1998-99) for Kirkje-, -utdannings- og forskingsdepartementet, kap 287 post 55.

Departementet viser til St prp nr 8 (1992-93) *Landbruk i utvikling*, St meld nr 40 (1996-97) *Matkvalitet og forbrukertrygghet*, St prp nr 67 (1997-98) *Jordbruksoppgjøret 1998* og St prp nr 49 (1997-98) *Om reindriftsavtalen 1998-99*. Det visast til St meld nr 51 (1997-98) *Perspektiver på utvikling av norsk fiskerinæring* og St meld nr 41 (1997-98) *Næringspolitikk inn i det 21. århundret*, når det gjeld næringsutvikling. Forsking og forskarrekuttering blir elles omtala i St meld nr 39 (1997-98) *Om dimensjonering av ulike studier innenfor høgre utdanning*, St meld nr 42 (1997-98) *Kompetansereformen*, St meld nr 38 (1997-98) *IT-kompetanse i et regionalt perspektiv*, og St meld 36 (1992-93) *Om forskning*, og Noregs forskingsråd sin *Strategi for norsk forskning og for Norges forskingsråd fram mot år 2000*, samt St meld nr 58 (1996-97) *Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling*. I tillegg vil varsle meldingar om forskning og skogpolitikk leggje føringar for FoU-politikken i 1999.

Særskilte satsingsområde i 1999 er forskning og utvikling retta mot matvarekvalitet og -tryggleik i heile verdikjeden frå primærproduksjon til forbrukar (kap 1110, 1112 og 1150),

produktutvikling i skogindustrien (kap 1142), økologisk landbruk (kap 1150), landbruket si multifunksjonelle rolle, strukturendringar innanfor mottak og foredling av landbruksvarer, og helse knytt til marine artar i oppdrett (kap 1137). Det siste er ei satsing i samarbeid mellom Fiskeridepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og Landbruksdepartementet. Departementet legg særskilt vekt på å utvikle kunnskapsbasert verksemd.

Kategorien omfattar Landbruksdepartementet sine løyvingar over kap 1137. I tillegg til dei åtte institusjonane med basisløyving over kap 1137 post 51, er Norsk institutt for næringsmiddelforskning (Matforsk) ein viktig forskingsinstitusjon innan landbrukssektoren. Matforsk har ei grunnløyving over Fondet for forskingsavgift på visse landbruksprodukt og løyvinga var på 32 mill kr i 1997. Omlag 10 pst av næringsmiddelavgifta blir brukt til forvaltningsretta kunnskapstiltak (om lag 6,9 mill kr i 1998), og ein del av omsetningsavgifta blir brukt til FoU-relaterte tiltak (29 mill kr i 1996). Bruken av omsetningsavgifta blir styrt av Omsetningsrådet.

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS, kap 1146) har òg noko forskning. Departementet har i tillegg løyvingar til næringsretta forskning og utviklingstiltak over jordbruksavtala (kap 1150) og reindriftsavtala (kap 1147), til forvaltningsretta kunnskapsstøtte over kapitla 1110, 1112, 1140 og 1142 og til kunnskapsutvikling over kap 1114. Vidare har Statens Landbruksbank (kap 2411) verkemiddel som skal styrkje samhandlinga mellom forskning og utvikling.

Noregs landbrukshøgskole (NLH) og Noregs veterinærhøgskole (NVH) er sentrale aktørar i landbruksforskinga (kapitla 278 og 279). Forskingsparken i Ås AS og Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS (VESO), som òg eig FoU- og forsøksinstituttet Akvavet, arbeider ma for å kommersialisere forskingsresultata.

Oversikta under viser estimert omfang av forskning og utvikling (FoU) over Landbruksdepartementet sitt budsjett i 1998 og 1999 i 1000 kr og den prosentvise endringa mellom åra. Midlane i tabellen under som blir løyvde over kap 1137, 1114 og 1150 post 77.13 går i all hovudsak til forskning. Midlane over dei andre kapitla i tabellen viser innsats knytt til utvikling i tradisjonelle og nye næringar basert på landbruk, og til utvikling av kunnskap til bruk i forvaltninga. Den samla innsatsen på forskning og utvikling viser ein auke på 5,4 pst.

Kap	Post	Nemning	Vedtak 1998	Framlegg 1999	Pst endr 98/99
1110	01	Landbrukstilsynet, forvaltningsstøtte	6 596	8 056	22,1
1112	50	Kjøp av forvaltningsstøtte, VI	8 394	8 609	2,6
	51	Forv.støtte, utv. og kunnsk.form., Planteforsk	19 953	21 905	9,8
	52	Støtte til fagsentra, Planteforsk	3 092	3 154	2,0
1114		Statens næringsmiddeltilsyn	6 900	6 900	0,0
1137	50	Forskingsprogram	104 475	107 337	2,7
	51	Basisløyvingar til forskingsinstitutt	135 451	134 727	-0,5
1140	50	Driftsøkonomiske analysar mm, NILF	2 670	2 722	2,0
	77	Miljøretta prosjektarbeid	9 886	8 161	-17,4
1142	50	Forvaltningsstøtte, NISK	4 100	4 600	12,2
	51	Utviklingsfondet for skogbruket	3 065	3 155	2,9
	71	Langsiktige investerings- og næringstiltak i skogbr.	5 000	11 000	120,0
	76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruk	15 000	15 000	0,0
1146		NIJOS	5 677	5 884	3,7
1147		Reindriftsforvaltninga	2 288	2 442	6,7
1150	50.11	LUF:			
		Sentrale BU-midlar	14 308	15 067	5,3
		Fylkesvise BU-midlar	32 892	38 344	16,6
	76.11	Marknadsordninga for korn	16 063	15 580	-3,0
	77.13	Tilskott til forsøksringar og forskning	52 750	58 000	10,0
	77.15	Konkurransestrategiar for norsk mat	14 769	18 800	27,3
	77.16	Tilskott til økologisk jordbruk	6 600	6 000	-9,1
		Totalt Landbruksdepartementet	469 929	495 444	5,4

STATUS OG MÅL FOR LANDBRUKSFORSKINGA

Landbruksforskinga har vore kjenneteikna av kort veg i frå forskar til primærlandbruk, slik at resultatane av forskinga raskt har blitt omsett i praktisk handling. Kort veg og nær kontakt vil framleis vere viktig for å sikre god samhandling mellom forskning og verdiskapande verksemd.

Auka konkurranseevne og nye og tradisjonelle produkt i jordbruket har dei siste åra fått aukande merksemd. I dette arbeidet er det eit mål å kople forskning og næringsutvikling. Næringsmiddelindustrien viser eit aukande engasjement for å nytte slike koplingar. I skogforskinga vil ein halde fram innsatsen omkring miljø og biologisk mangfold samtidig som verdiskaping i skogsektoren vil få auka merksemd framover. Landbruksdepartementet vil oppretthalde ein tverrsektoriell innsats med fokus på heile verdikjeda frå primærproduzent til marknad. Samtidig vil forvaltningsretta forskning bli ført vidare for å utvikle kunnskap som grunnlag for meir effektiv innsats med omsyn til forbrukar, distrikt og miljø i landbrukspolitikken, jf òg statusavsnitt under dei særskilde innsatsområda under.

Evalueringar

Fleire evalueringar av Noregs forskingsråd sin verksemd har blitt gjennomført. Ma har Norsk institutt for studiar av forskning og utdanning (NIFU) evaluert Forskringsrådet sin evalueringspraksis (Metaevalueringa). Etter Forskringsrådet si behandling av Metaevalueringa er følgjande konklusjonar trekte: Det må leggjast vekt på langsiktige tidsperspektiv og oppfølging av evalueringar. Ein evalueringsdatabase bør bli oppretta, og omgrep som kvalitet, relevans og effektivitet må bli meir eintydig definert. Forskringsrådet har òg evaluert Noregs deltaking i EU sitt 4. rammeprogram, den brukarstyrte forskinga som blir administrert av Forskringsrådet, ein institusjon (Akvaforsk) og fire forskingsprogram relevante for landbruksforskinga, jf omtale i kap 1137.

Langtidsplan for landbruksforskinga

Langtidsplan for landbruksforskinga (1996-2005) dannar rammene for landbruksforskinga i vid forstand, og for industriretta forskning og samfunnsforskinga. Planen er no rullert, og skal medverke til å oppfylle dei overordna måla for norsk forskning. Det er formulert eit hovudmål og fem delmål i planen.

Hovudmål: Landbruksforskinga skal, innanfor ein etisk forsvarleg ramme, og i brei næringspolitisk samanheng, vere leverandør av kunnskap med vekt på krav frå forbrukarane, verdiskaping, nyskaping, omstilling, miljø, helse og livskvalitet.

Delmål: Forskinga skal vere leverandør av kunnskap for å:

- fremme langsiktig og berekraftig utvikling i landbruket og i verksemd basert på landbruk, til bevaring av naturgrunnlag og miljø og til fremme av helse og livskvalitet hos menneske og dyr,
- utvikle marknadsorienterte produkt basert på norske råvarer og foredlingssystem,
- høyne nivået på kompetansen og graden av produktforedling med sikte på verdiskaping og sysselsetjing i landbruket og verksemd basert på landbruk,
- utvikle nye produkt, næringer og kombinasjonar av næringer innanfor eit heilskapleg perspektiv på næringa og distrikta,
- gi grunnlag for utforming av politikk, bruk av offentlege virkemiddel og forvaltning.

Kunnskapsbehov

Trygge produkt, kvalitet og miljøprofil vil stå sentralt i utviklinga av norsk landbruk framover. Primærnæringsane treng kunnskap om biologi, teknologi, driftsformer og økonomi og marknad i ei tid der konkurranseforholda blir skjerpa. Kunnskap om økologiske driftsformer og miljøvennleg produksjon er viktig både i jord- og skogbruk, samt kunnskap som gir grunnlag for ny næringsutvikling ved td å utnytte det potensialet som ligg i bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologien.

Næringsmiddelindustri og trebearbeidande verksemd treng kunnskap innan produktutvikling og marknad. Samarbeid mellom bedrifter om FoU kan ha spesielt god synergieffekt. Mange av desse verksemda er små, utan særlege ressursar til FoU.

Forvaltninga treng kunnskap om utvikling innan næringer, bu- og driftsstrukturar i landbruket og endringar i rammeforholda innan jordbruk-, skogbruk-, og matvaresektoren. Forvaltninga treng vidare kunnskap om miljøverknader, og konsekvenser og effektar av lovverk, regler og tilskott.

Forbruk, matvarekvalitet og -tryggleik

Forskinga knytt til kvaliteten på tradisjonelle jordbruksprodukt har vore prioritert høgt, ma har forsking på nye sortar og dyrkingsmåtar ført til auke både i avlingsvolum og -kvalitet. Samtidig er husdyrforsking og forsking på grovfôr gitt lite merksemd dei seinare åra. Forsking på diagnostikk og overførbare kroniske sjukdommar med lang inkubasjonstid, og på sjukdommar som fører til auka medisinbruk og redusert dyrevelferd, er viktig for primærnæringane. Det er allereie sett i gang forsking for å betre diagnostikken av paratuberkulose hos drøvtyggere. Scrapieforskingen er utvida til å omfatte genetisk disposisjon og smitteagens. Forskingsinnsatsen på kjøtt og mjølkeproduksjon, økologisk jordbruk og produktutvikling innan næringsmiddelindustrien blir halden oppe. Forsking på førebyggjande dyrehelse og vaksinar har medverka til mindre bruk av antibiotika i næringane, jf St prp nr 1 (1998-99) for Fiskeridepartementet, kap 1023, og dermed redusert problem knytt til antibiotikaresistens.

Målet er å leggje til rette for produksjon og omsetning av trygge matvarer med god kvalitet. Landbruksdepartementet legg vekt på at krava skal gjelde heile verdikjeda fram til forbrukar - både for produksjon og leveranse av råvarer, tilverkinga i næringsmiddelindustrien og til sjølve sluttproduktet. Dessutan må ein klarare få fram relasjonane mellom kosthald, ernæring og helse. Omsynet til forbrukarane vil stå i sentrum for prioriteringane til Landbruksdepartementet på matområdet, jf St meld nr 40 (1996-97). Internasjonale avtalar som Noreg har slutta seg til, medfører eit auka behov for kunnskap. Ein treng vitenskapleg dokumentasjon for å halde oppe høge standardar i innanlands produksjon og overfor importerte varer.

Konkurransforholda og marknadssituasjonen i dag stiller store krav til produksjonen i alle ledd. Dokumentasjon, utvikling og marknadsføring av norske konkurranseføremon, slik som god plante- og dyrehelse og miljøvennleg produksjon, må stå sentralt. Forsking på dyrehelse/veterinærmedisin og plantehelse er ein føresetnad for å nå desse måla. Meir kunnskap om risikovurdering og risikobehandling, td knytt til bruk av plantevernmidel under våre klimatilhøve og i arbeidet med moderne bioteknologi, er ønska i forvaltninga.

Drifts- og eigarformer, produksjonssystem og arealbruk

Miljøforskinga har skaffa fram god kunnskap, td til bruk for ein effektiv innsats i forvaltning og næring i arbeidet med å redusere erosjon og avrenning av næringsstoff samt helse- og miljørisiko ved bruk av plantevernmidel. Miljøforsking i landbrukssamheng aukar i omfang, men det er framleis ei viktig utfordring å skaffe fram kunnskap om miljøgode, miljøverknader, offentleg verkemiddelbruk og teknologisk utvikling. Området har prioritet og det blir årleg sett av midlar til slik forsking over jordbruksavtala i tillegg til midlar frå Noregs forskingsråd over kap 1137. Midlar over kap 1140 blir brukt til utvikling og drift av resultat- og overvakingssystem og til å stimulere til miljøtilpassingar som er nødvendige ut frå nasjonale og internasjonale forpliktingar.

Kunnskap innanfor visse område er viktige både for næring, forvaltning og forbrukar: Ein stor del av bioteknologiforskinga er retta mot å løyse miljø- og avfallsproblem i næringa eller å sikre råvarekvalitet. Utmarksforskinga har fokus på rovdyrproblematikk, konfliktane mellom vilt og husdyr, beitebruk, og næringsutvikling i utmark. Forsking på jordtilhøve, kulturlandskap og omlegging til økologisk landbruk er sett i gang i 1997. Det pågår òg forsking på verknader og reduksjon av nitrogen og bakkenær ozon, og dei sentrale prosessane i kretsløpet til ulike miljøgifter, jf òg kap 1410 i budsjettframlegget for Miljøverndepartementet.

Utvikling av miljøteknologi er eit viktig ledd i arbeidet for eit miljøvennleg landbruk, og er samtidig grunnlaget for at landbruket kan spille ei meir sentral rolle i miljøarbeidet også innanfor andre sektorar, td ved resirkulering av avfall der vi treng gode og sikre metodar for å trygge ressursane og hindre miljøskadar.

Samfunnet nyttar i auka grad ny avansert teknologi. Landbrukssektoren har eit ansvar for å utnytte dette potensialet til overvaking, analyse og forvaltning av miljø, artar og areal, slik at ein kan nå miljømåla på ein sikker og effektiv måte. Ein må sjå ei slik satsing i lys av framtidig IT-satsing i regionane, jf St meld nr 38 (1997-98).

Området er prioritert i lys av miljøutfordringane og dei nye økonomiske rammevilkåra for landbruket. Forskinga skal ha ei tverrfagleg innretting basert på både biologisk, teknologisk, økonomisk og samfunnsvitenskapleg kompetanse. Forskinga må skaffe fram kunnskap til både forvaltninga og næringa. Det er behov for kunnskap om korleis landbruksforvaltninga deltar i samfunnsplanlegginga for å sikre produksjonsgrunnlaget for landbruket og fellesgode, som kulturlandskap og miljøkvalitetar. Forsking om utvikling av økologisk landbruk og meir miljøvenlege driftsformer og produksjonsmetoder vil bli prioritert. Kunnskap om arealforvaltning, eigartilhøve og eigarstruktur, bu og driftsstruktur og verknader av konsesjonslova er òg viktig for forvaltninga.

Verdiskaping basert på skog

Skognæringa, ein av Noregs 3 største eksportnæringar, har lagt stor vekt på produksjon av kvalitetsvirke og har samla solid kompetanse på økologi i skog, skogskjøtsel og treteknologi.

Det er frå forvaltninga satsa monaleg på kunnskapsutvikling knytt til berekraftig skogforvaltning gjennom miljøregistrering, kartlegging og forskning. Skogen har fått auka merksemd som ein viktig leverandør av fellesgode. Rekreasjon, jakt, sanking, samt biologiske prosesser som td rensing av vann er viktige fellesgode, men særleg viktig er det at skogforvaltninga er ein faktor i klimapolitikken, og at tilveksten i skog inngår som ein del av Noreg sitt CO₂-rekneskap, jf St meld 29 (1997-98) og resultatområdekapittel 2.7 i Miljøverndepartementet sin budsjettproposisjon.

Bruk av trevirke kan ha ein konkurranseføremøn i arbeidet for meir berekraftig produksjon og forbruk. Utvikling av kunnskap knytt til auka grad av foredling, nye produkt og alternativ bruk av trevirke vil i den samanhengen vere eit viktig grunnlag for å sikre at skogsektoren framleis yter sitt bidrag til utviklinga i distrikta og norsk økonomi generelt.

Auka kunnskap skal medverke til å styrkje verdiskapinga i skogsektoren og sikre ei berekraftig forvaltning av skogressursane. Skogen sin rolle i eit kretsløpsorientert samfunn, td som leverandør av alternativ energi (biobrensel) eller som klimafaktor (CO₂-lager), er eit felt som treng auka merksemd, saman med forskning for auka verdiskaping i skogsektoren gjennom ma ny og auka bruk av tre som materiale, betre tilpassing til marknaden og effektive system for omsetting. Den varsla meldinga om skogpolitikken vil trekkje opp hovudlinjene for skogpolitikken framover.

Næringsutvikling

Forskning på marknadsbasert produkt- og prosessutvikling, kopla opp mot betre utnytting av ressursane og redusert forureining, dominerer området. Mange små og middels store verksemdar er aktive deltakarar i forskinga, og interessa for eigenfinansiering av forskning har auka noko i det landbruksbaserte næringslivet.

Noregs forskingsråd har, ofte i samarbeid med SND, sett i gang næringsnøytrale teknologioverføringsprogram. Ein vil arbeide for å styrke slike koplingar, td mellom SLB, SND, NFR og dei regionale forskingsstiftingane (jf kat 15.30). Det er viktig at slike program òg blir retta mot landbruksbaserte bedrifter som i all hovudsak er små og middels store verksemdar.

Matforsk og Forskingsparken i Ås AS har god røynsle med kommersialisering av resultat frå forskinga og nettverksprogram mot små næringsmiddelbedrifter. Røynslene og metodane frå desse programma og prosjekta må bli ført over på eit breitt spekter av produsentar og produkt innanfor den landbruksbaserte prosessindustrien som blir bygd opp gjennom produktutvikling i næringsmiddelbransjen, men òg innanfor skogindustrien.

Målsetjinga innanfor næringsutvikling i landbruket er å auke kompetansen hos næringsutøvarane og betre konkurransekrafta gjennom marknadsbaserte, kunnskaps-intensive produkt. Dette gjeld både nye produkt, produktutvikling og vidareutvikling av tradisjonelle produkt, og er dels eit spørsmål om overføring av kjent kunnskap til bedriftene, dels eit spørsmål om ny kunnskap. Det vil derfor bli satsa på utvikling av gode system for å skreddarsy og formidle kunnskap som allereie er utvikla. Samtidig må næringsutøvarane bli gitt høve til å arbeide i nettverk og individuelt under kyndig rettleiing (gardsmat, matkultur og nisjeprodukt innanfor mat og trevirke).

Livskraftige distrikt

Forskning for livskraftige distrikt inneber samfunnsfagleg og humanistisk forskning, i første rekkje som grunnlag for bruk og tilpassing av verkemidla og utforminga av politikken på ulike nivå. Denne forskinga vil i stor grad ha eit fleirfagleg preg, for å utvikle formålstenleg kunnskap for bygdesamfunn og næringsverksemdar knytt til konsekvensar av endra rammevilkår. Forskinga bør ma ta for seg samanhengen mellom politikk, rammevilkår for næringsutvikling og regional utvikling. Vidare bør forskinga gå inn på rammevilkår for konkurransedyktig verdiskaping, forvaltning av fellesgode og vilkår for etablering og busetjing i bygdene med spesielt omsyn til kvinner og kompetanse som føresetnad for levande og livskraftige bygder.

Forvaltninga treng meir kunnskap om aspekt ved det multifunksjonelle landbruket. Bevaring og utvikling av kollektive ikkje-økonomiske gode som td trygg mat, beredskap i jordbruksproduksjonen, bu- og sysselsetjing i distrikta, miljø, kulturlandskap og rekreasjonsområde er viktig framover.

Ein treng meir kunnskap om arealplanlegging og samfunnsplanprosessar. Det er òg viktig å forstå mekanismane bak at det stadig blir færre gardsbruk i Noreg, og få innsikt i evt

trusler om lågare produksjon og mindre jordbruksareal i framtida. Gjennomføring av ny landsplan for nasjonalparkar vil by på store utfordringar for samarbeidet mellom brukarar og verneinteressar. Vi treng kunnskap om bruken av utmarksressursar og om korleis ulike vernetiltak og forvaltningsmodellar verker inn på landbruket.

Sakskomplekset innanfor dette innsatsområdet er breitt, og Landbruksdepartementet samarbeider med Kommunal- og regionaldepartementet, Fiskeridepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Miljøverndepartementet, Finansdepartementet, Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Samferdselsdepartementet og Kyrkje,- utdannings- og forskingsdepartementet om utvikling av kunnskap på feltet.

STRATEGIAR

Auka vekt på grunnleggjande kompetanse

Departementet legg vekt på at den grunnleggjande forskinga, særleg den strategiske grunnforskinga, blir styrkt. Det blir lagt vekt på utvikling av spissområde gjennom strategisk oppbygging av kompetanse. Departementet viser til St meld nr 39 (1997-98) *Om dimensjonering av ulike studier innenfor høgre utdanning* når det gjeld omdisponering av studieplassar for å auke utdanninga innan visse felt, og dei implikasjonar det har for forskarrekutteringa.

Auka relevans gjennom verdikjedetenking og fleirfagleg samarbeid

Dei nye utfordringane som landbrukssektoren og bygdene står framfor, krev at òg landbruksforskinga søker nye allianse- og samarbeidspartnarar. Ein ønsker auka relevans i forskinga gjennom å kople biologi, økonomi og teknologi, samfunnsfag og humanistiske fag. Med omsyn til kravet om betre forbrukar- og marknadsorientering og miljømål må òg forskinga i større grad sjå heile verdikjeda under eitt. Ein må derfor ta omsyn til viktige krav frå marknad og samfunn når det gjeld innsatsfaktorar, produksjonsforhold og sluttprodukt.

Prioritere det internasjonale samarbeidet

Departementet ser det som viktig at forskings- og utdanningsmiljøa prioriterer internasjonalt samarbeid. Ein må finne ein balanse mellom samarbeid innan Norden, EU, Aust-Europa, Nord- Amerika og andre høgindustrielland utanfor Europa og utviklingsland, ma gjennom forskningssamarbeid med internasjonale organisasjonar. Det nordiske forskings-samarbeidet knytt til oppfølginga av Matvaretoppmøtet i Roma i 1996 er eit viktig døme. Det internasjonale samarbeidet skal vere retta mot nasjonale prioriteringar og ta utgangspunkt i område der Noreg kan medverke internasjonalt og der viktig kunnskap kan hentast frå utlandet. Landbruksdepartementet ser det som viktig at landbruket og landbruksforskinga kan gjere bruk av breidda i det forskningssamarbeidet som Noreg tek del i internasjonalt, der EU sitt 5. rammeprogram vil spele ei viktig rolle i åra som kjem.

Auka vekt på formidling og utnytting av kunnskap, kompetanse og teknologi

Departementet legg vekt på formidlinga av forskingsresultata. Det er viktig at innsatsen innan populærvitenskapleg og allmennretta formidling blir styrkt for å auke forståinga for verdien og kompetansen til landbruksforskinga. Nettverksbygging mellom forskning, næringsliv, forvaltning og andre brukarar er nødvendig for å få maksimalt ut av både offentlege og private FoU-midlar. Ein må stimulere til auka mobilitet av forskarar i høve til næringslivet og til kompetanseoppbygging i bedriftene.

Departementet viser til St meld nr 38 (1997-98) *IT-kompetanse i et regionalt perspektiv* når det gjeld regional satsing innanfor dette området. Ei satsing på Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) må handle både om forskning og om å ta IKT i bruk både for å auke verdiskapinga i distrikta, til utdanning, som verktøy for næringsutvikling og i verksemdar lokalisert i næringsssvake distrikt.

Auka privat FoU-engasjement

Departementet legg stor vekt på at den private FoU-innsatsen særleg innan bruksretta FoU skal auke og at koplinga mellom forskinga og utviklingsoppgåvene gjerast tettare. Landbruket si FoU-deltaking er lågare enn det som gjeld for næringslivet elles. Både dei enkelte føretaka, bransjesamanslutningane, samvirkeorganisasjonane og andre produsent-samanslutningar må ta eit større ansvar for eigne FoU-behov. Det er behov for ein auke i den private innsatsen for forskning retta mot primærproduksjonen i landbruket. Auka deltaking frå brukarane i finansiering og styring vil medverke til auka relevans i forskinga, og raskare utnytting av forskingsresultata. Departementet vil i samarbeid med

Forskringsrådet arbeide vidare med å utvikle verkemiddel som kan medverke til å auke den private FoU-innsatsen, td utvikling av brukarstyrte program og strategiske instituttprogram. Forskringsrådet vil ha ansvaret for å ta i bruk slike verkemiddel i samarbeid med institusjonane og brukarane. Departementet reknar òg den avgiftsfinansierte forskinga, jf Fondet for forskingsavgift på visse landbruksprodukt, (37 mill kr i 1997), næringsmiddelavgifta (6,9 mill kr i 1998), og FoU-delen av omsetningsavgifta (29 mill i 1996) som brukarfinansiering av kollektiv art. Brukarane rår òg over FoU-løyvingar over jordbruksavtalen, jf kap 1150.

Satsingsområde i 1999

Landbruksdepartementet legg opp til ein auke i løyvingane til forskning og utvikling for 1999, jf tabellen under avsnittet "Innleiing" ovanfor. På bakgrunn av utfordringane for sektoren er det trekt opp fem prioriterte innsatsområde i Langtidsplan for landbruksforskning: Forbruk, matvarekvalitet og -tryggleik, Drifts- og eigarformer, produksjonssystem og arealbruk, Verdiskaping basert på skog, Næringsutvikling og Livskraftige distrikt, som alle er omtala over.

Særskilte satsingsområde i 1999 er forskning og utvikling retta mot matvarekvalitet og -tryggleik i heile verdikjeda frå primærproduksjon til forbrukar (kap 1110, 1112 og 1150), produktutvikling i skogsektoren (kap 1142), økologisk landbruk (kap 1150), landbruket si multifunksjonelle rolle, strukturendringar innanfor mottak og foredling av landbruksvarer, og helse knytt til marine arter i oppdrett (kap 1137). Det siste er ei satsing i samarbeid mellom Fiskeridepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og Landbruksdepartementet.

Landbrukets multifunksjonelle rolle er eit satsingsområde der departementet vil prioritere vitenskapleg dokumentasjon omkring landbruket sin samfunnsfunksjon når det gjeld produksjon av kollektive velferdsgode som trygg mat, spreidd busetjing, miljø, kulturlandskap mm.

Det blir sett i gang forskning retta mot konsekvenser og utfordringar for distrikta knytt til effektar av strukturendringar i landbruksbasert næringsmiddelindustri (kap 1137).

Løyvinga til produktutvikling i skogsektoren (kap 1142) skal medverke til ei utvikling i skogbruket som aukar verdiskapinga, ma gjennom å stimulere til at treindustrien får auka leveranser av norsk virke. Styrkt konkurranseevne og utvikling av lokal produksjon vil bli prioritert.

Ein ventar at marknadsnær forskning vil bli finansiert heilt eller delvis av næringslivet. Dette gjeld spesielt innanfor industriretta forskning, alternativ næringsutvikling og husdyrforskning. Det vil bli lagt vekt på brukarmedverknad og samarbeid med resten av verkemiddelapparatet. Forsking som fell utanfor dei langsiktige innsatsområda vil i mindre grad bli prioritert i offentlege FoU-budsjett. Viktige delar av den kompetansen som prioriteringane må bygge på og vidareutvikle, vil samtidig danne grunnlag for forskning knytt til samarbeidet med 3. verden og Aust-Europa, og styrkje potensialet til landbruksforskninga i internasjonalt samarbeid, med spesiell vekt på EU sitt 5. rammeprogram.

KAP 1137 FORSKING OG UTVIKLING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
50	Forskningsprogram	101 058	107 706	110 657
51	Basisløyvingar til forskingsinstitutt mm	134 430	139 640	138 894
	Sum kap 1137	235 488	247 346	249 551

INNLEIING

Løyvinga på kap 1137 er tilskott til Noregs forskingsråd sine forskningsprogram og basisløyvingar til forskingsinstitutt innanfor Landbruksdepartementet sitt forskingsansvar for sektoren. Basisløyvingane omfattar grunnløyving og strategiske instituttprogram. I tillegg omfattar kapitlet løyvingar til nasjonale oppgåver og investeringsstøtte.

Landbruksdepartementet nyttar Noregs forskingsråd som sin viktigaste rådgivar i forskingspolitiske spørsmål og Noregs forskingsråd skal initiere, koordinere, finansiere og evaluere formålstenleg forskingsinnsats ut frå sektormåla til Landbruksdepartementet. Det er vidare viktig at landbruksforskinga blir sett i samanheng med dei øvrige satsingane i departementet sitt budsjett, jf kategori 15.20. Departementet legg til grunn ein konstruktiv og sterk styringsdialog med Noregs forskingsråd slik at satsinga på forskning reflekterer dei nærings- og forvaltningsretta måla i landbrukspolitikken. Satsinga må òg leggje til grunn landbruket si multifunksjonelle rolle i samfunnet. Forskringsrådet må derfor leggje sentrale stortingsdokument, jf kategori 15.20, Langtidsplanen for landbruksforskinga og andre av Noregs forskingsråd sine strategidokument, til grunn for forskingspolitisk planlegging på landbrukssektoren. Departementet legg vekt på at Forskringsrådet held fram med arbeidet med rolla som pådrivar for auka samarbeid mellom forskingsmiljø nasjonalt og internasjonalt, mellom brukarar og forskingsmiljøa og mellom forskinga og verkemiddelapparatet elles. Departementet legg særleg vekt på at samarbeidet mellom Forskringsrådet, Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND), Statens Landbruksbank (SLB) og resten av verkemiddelapparatet i landbrukssektoren blir utvikla vidare for å skape betre kopling mellom forskning og næringsutvikling. Samarbeidsavtalen mellom Noregs forskingsråd og SND må resultere i en effektiv koordinering av tiltak og ressursar på regionalt nivå, og knytt til Landbruksdepartementet sine mål. Departementet ser det som særleg viktig at den tverrfaglege samhandlinga mellom områda til Forskringsrådet blir styrkt, ma for å auke potensialet for verdiskaping og til beste for offentlig forvaltning.

Noregs forskingsråd har ei sentral rolle overfor alle forskingsinstitutta i sektoren, og eit større ansvar enn tidlegare for å utvikle dei, slik at dei har den kompetansen som blir etterspurt og kan levere forskning og andre kunnskapsbaserte tenester av høg kvalitet. Det er ei viktig oppgåve for Forskringsrådet dei næraste åra å vidareutvikle rutinane for samhandling med og mellom institutta.

Instituttsektoren og dei regionale høgskolane gir grunnlag for kunnskap og utvikling i distrikta, og det vil vere viktig å styrkje samhandling mellom institutta og dei regionale høgskolane. Landbruksinstitutta er eit viktig verktøy for oppfølging av landbruket sin forskingspolitikk og viktige premissgivarar i landbrukspolitiske spørsmål.

Landbruksforskinga skal vere leverandør av kunnskap for å:

- fremme langsiktig og berekraftig utvikling i landbruket og i verksemd basert på landbruk, til bevaring av naturgrunnlag og miljø, og til fremme av helse og livskvalitet hos menneske og dyr,
- utvikle marknadsorienterte produkt basert på norske råvarer og foredlingssystem,
- høyne nivået på kompetansen og graden av produktforedling med sikte på verdiskaping og sysselsetjing i landbruket og verksemd basert på landbruk,
- utvikle nye produkt, næringar og kombinasjonar av næringar innanfor eit heilskapleg syn på næringa og distrikta sine perspektiv,
- gi grunnlag for utforming av politikk, bruk av offentlege verkemiddel og forvaltning.

RESULTATRAPPORT 1997

I 1997 blei Forskringsrådet bedt om å prioritere FoU for betre matvarekvalitet og tryggleik, særleg gjennom auka innsats på husdyrforsking, dyrehelse og fiskehelseforsking knytt til nye arter i oppdrett. Vidare skulle satsinga i skogforskinga aukast med vekt på nye marknader og produkt, miljø og samfunn. FoU-satsinga for utvikling av ny alternativ landbruksbasert næringsutvikling og forskning om miljøvenlege driftsformer, produksjons-

system og arealbruk skulle først vidare på eit høgt nivå. Departementet ba særskilt om at Forskingsrådet byggjer opp kompetanse på alternativ veterinærmedisin og biologisk plantevern, og set inn tiltak for å auke kunnskapen om overvintrings- og avlingsskader i Nord-Noreg.

Det blei òg bedt om at samfunnsforskninga knytt til landbruk og bygder i omstilling blei halde minst på same nivå, med auka fokus på marknadsforskning og levekårsforskning i landbruket. Departementet la vidare vekt på å halde oppe innsatsen på forskarrekuttering og signaliserte at internasjonalt samarbeid framleis skulle ha prioritet i 1997.

Post 50 Forskingsprogram

Langtidsplanen for landbruksforskninga 1996-2005 skisserer fem innsatsområde. Departementet har bedt om at forskingsprogramma blir organisert i forhold til desse fem områda. Løyvinga frå departementet finansierte 15 forskingsprogram. 14 av desse programma hadde òg finansiering frå andre departement.

I 1997 blei følgjande program med relevans for Landbruksdepartementet evaluert; Bygdeutviklingsprogrammet, Landbrukspolitikkprogrammet, Havbruksprogrammet og FORNY (Kommersialisering av forskingsbaserte forretningsidear). Programma har hatt god framgang og ein ventar resultat av stor nytteverdi.

Matvarekvalitet og matvaretryggleik

Av midlane frå departementet blei det sett av midlar til dei fire programma Fiske- og dyrehelse, Husdyrforskning, Næringsmiddelindustri og Stråling og strålevern. Desse programma blei òg finansierte med midlar frå Fiskeridepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Miljøverndepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Sosial- og helsedepartementet. Det blei arbeidd vidare med Forskingsrådet sin FoU-strategi for næringsmiddelindustrien, og utarbeidd ein plan for næringsmiddelforskning i "ei internasjonal framtid". Forsking på prionsjukdomar blei utvida ved at nødvendige midlar, ma forskingsmidlar over jordbruksavtalen, blei sett av til forskning på skrapesjuke, kugalskap og Creutzfeldt-Jacobs sjukdom. Forskinga har vist at det er genetiske variasjonar med omsyn til skrapesjuke hos norske sauerasar. Brukarstyrt forskning utgjorde 60 prosent av prosjekt knytt til næringsmiddelindustri. Samarbeidet mellom Forskingsrådet og SLB og SND blei styrkt i 1997. Det har vore eit samarbeid med SNT, mellom anna for å fokusere sterkare på matkvalitet og forbrukartryggleik.

Verdiskaping basert på skog

Midlane frå Landbruksdepartementet blei løyvd til Skogprogrammet, i samfinansiering med Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, og til programmet Trevirke og treindustri - Værdisaking og Foredling (TTVF), som er ein del av den særskilde satsinga frå departementet på miljø- og næringstiltak i skogbruket. Satsinga på treteknologisk forskning blei auka i 1997. Det er td arbeidd med ny tørketeknologi, ma for lauvvtrevirke. Lauvtreforskninga viste i 1997 at bjørk kan nyttast som råstoff i bærnde limtrekonstruksjonar, like så vel som gran og furu. Over marknadsforskningsprogrammet blei det løyvd midlar som skal gi betre kunnskap om den norske sagtømmermarknaden og den nordeuropeiske massevirkemarknaden. Samarbeid om eit Utmarksprogram blei utvikla i 1997, ma gjennom samfinansiering med Miljøverndepartementet og forskingsmidlar over jordbruksavtalen.

Alternativ landbruksbasert næringsutvikling

Forskingsrådet har i 1997 ført vidare FoU-satsinga for utvikling av ny landbruksbasert næringsutvikling, ma knytt til resirkulering av organisk avfall og organiske biprodukt. I Bioteknologiprogrammet og Næringsmiddelindustriprogrammet er det i gang ei lang rekkje prosjekt retta mot nye fôrprodukt og restprodukt, ma som del av avfallshandteringa. Av midlar frå departementet blei det gitt løyvingar til nyskaping og miljøretta næringsutvikling i 1997. Det er skipa til eit omfattande nettverkssamarbeid mellom næringsverksemdar og institutt. Meir enn 50 prosent av prosjekta var brukarstyrte prosjekt knytt til småbedrifter og retta mot nisjeproduksjon og ny landbruksbasert næringsutvikling. Utvikling av gassbaserte proteinprodukt for næringsmidlar og fôr har gitt så positive resultat at eit kommersielt anlegg er under bygging på Tjeldbergodden, knytt til metanolanlegget der. Forsking på fôr i kombinasjon med genetikk og næringsopptak har òg gitt resultat og eit grunnlag for betre utnytting av fôret i samanheng med matproduksjon. Vidare er det utvikla ein ny metode for å skilje fargestoff frå blåpotet, eit fargestoff med eit stort marknadspotensial.

Miljøvenlege driftsformer, produksjonssystem og arealbruk

Det blei sett av midlar til programma Bioteknologi, Bruk og forvaltning av utmark, Klima- og ozonspørsmål, Nitrogen og bakkenært ozon, Planter og jord og Økotoksikologi i 1997. Td auka satsinga på rovdyrforskning og forskning på konflikten mellom rovdyr og husdyr/beitebruk i 1997, og Norske Meteorologiske institutt skifta modellverktøy for sine utgreiingar av lufttransporterte forureiningar som ei følgje av forskinga på området.

Forskinga medverka til næringsutvikling: produksjon av blomar i veksthus, produksjon av urter og medisinplanter, lagringsmetodar for bær, frukt og grønsaker, auka bruk av norsk kveite og norskprodusert miljøteknologi for landbruket. Viktige problemstillingar knytt til avrenning av plantevernmidlar, tungmetall i jord og planter og verknader av redusert jordarbeiding og miljøvenleg gjødsling, blei klårlagte.

Det blei i 1997 utarbeidd ein handlingsplan for bioteknologi som skal gi grunnlag for den bioteknologiske forskinga i tida framover. Ein større del av satsinga er grunnforskning, men av den brukarstyrte forskinga knytt til landbruk var 3/4 forskning for næringsmiddel- og fôrindustrien og var retta mot å løyse miljø- og avfallsproblem og å sikre råvarekvalitet. Det var eit omfattande internasjonalt samarbeid innanfor bioteknologiforskning i 1997.

Samfunnsforskning knytt til landbruk og bygder i omstilling

Forskringsrådet vidareførte samfunnsforskinga knytt til landbruk og bygder i omstilling i 1997, med auka fokus på marknadsforskning og på levekårsforskning. Det blei i 1997 løyvd midlar til forskingsprogramma Kyst og bygdeutvikling, Levekår, utvikling og omstilling i landbruket og Marknadsforskning. Gjennom programmet Levekår, utvikling og omstilling i landbruket blei samfunnsforskinga knytt til landbruk og bygder styrkt i forhold til 1996. I dei seinare åra har Marknadsforskning i aukande grad blitt teke inn i dei ulike verdikjedeprogramma i Forskringsrådet. I alt har løyvinga i 1997 ført til ein auke i satsinga frå 1996. Forskinga har analysert inntektsforholda for landbrukshushald og næringsutøvarane i landbruket.

Stipend og forskarrekuttering

Forskarrekuttering skjer over stipendprogram, gjennom forskingsprogramma og gjennom stipendiatar knytt til strategiske program. I tillegg til midlar frå Landbruksdepartementet blei det i 1997 brukt generelle forskingsmidlar frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til rekrutteringsstipend innanfor landbrukssektoren. Forskringsrådet finansierte i alt 122 årsverk doktorgradsstipend mot landbrukssektoren i 1997, mot 105 årsverk i 1996.

Kvinneandelen for stipendiatar innanfor landbrukssektoren har vore stabil dei siste åra, og var 48 prosent i 1997.

Internasjonalt forskingssamarbeid

Forskringsrådet blei ma bedt om å stimulere til auka næringslivsdeltaking i EU-forskinga og nettverksbygging gjennom COST-prosjekt og EUREKA-samarbeid. Forskringsrådet har som tidlegare gitt tilbod til forskingsmiljø og landbruksverksemder om posisjoneringsmidlar til verksemder med inntil 100 000 kr for kvar verksemd som søker internasjonale samarbeidspartnarar. Norske forskingsmiljø hadde god utteljing med EU-søknader innanfor landbrukssektoren, særleg næringsmiddel-, skog- og bioindustri. Td deltok forskarar knytt til programmet Bioteknologi i 16 EU-prosjekt i 1997. Programmet Nyskaping og miljøretta næringsutvikling hadde to prosjekt med EUREKA-status. Norske forskingsmiljø tok del i 5 nye COST-prosjekt i landbruk og i bioteknologi og 4 nye i skogbruk. Noreg deltok i 40 COST-prosjekt totalt på landbrukssektoren, og hadde ansvar for å koordinere 3 av desse.

I samanheng med nordisk forskingspolitikk har aktiviteten vore konsentrert om Nordisk forskingspolitisk råd, Nordisk landbruksuniversitet (NOVA), Nordisk kontaktorgan for jordbruksforskning (NKJ), Nordiske jordbruksforskernes forening (NJF).

BUDSJETTFRAMLEGG 1999**Post 50 Forskringsprogram**

Miljøspørsmål og ny og avansert teknologi, først og fremst genteknologi, miljøteknologi og informasjonsteknologi er sentrale forskingsoppgåver i dag. Likeins er mat og helse eit viktig tema, saman med dyre- og plantehelse, jf St meld nr 40 (1996-97), økologisk landbruk og ny marin satsing. I tilknytning til mat og helse er forskning omkring forbrukarkrav blitt eit viktig område som må styrkjast. Forskringsinnsatsen retta mot landbruksbasert industri er framleis relativt låg og det er nødvendig å styrkje denne innsatsen, ikkje minst frå

næringslivet si side. Avtalane mellom Noregs forskingsråd og SND og Noregs forskingsråd og SLD er viktige verkøy i dette arbeidet. Forbrukarane og landbruksnæringane har felles interesse av at det blir bygd inn meir kunnskap basert på forskning, i produksjon og forvaltning, for å auke kvaliteten, sikre felles miljøgode og skape positiv utvikling i distrikta. I samanheng med utvikling i distrikta har forskning om skog, skogindustri og arealressursar høg prioritet. Kompetansen som landbruksforskninga byggjer opp skaper òg grunnlag for internasjonalt forskingssamarbeid av høg kvalitet og gir samtidig grunnlag for eit viktig tilskott til u-landsretta forskning, særleg innanfor produksjonsfag, naturforvaltning og distriktsutvikling.

I forhold til dei foreståande forhandlingane i WTO er det viktig med kunnskap om landbruket si multifunksjonelle rolle, jf programkategori 15.20, Satsingsområde 1999.

Noregs forskingsråd skal arbeide for å oppfylle hovudprioriteringar og satsingar i Langtidsplanen for landbruksforskning. Forskingsrådet har dessutan eit ansvar for evaluering og internasjonalt forskingsarbeid. Landbruksdepartementet legg vekt på koordinering og samarbeid med andre departement, og støttar hovudprioriteringane til Forskingsrådet. Forskingsrådet prioriterer i strategiplanen Forsking for framtida, grunnleggjande aktivitetar knytt til kunnskap og infrastruktur; grunnforskning, høgt kvalifisert personell og internasjonalt forskingssamarbeid.

For å lykkast med næringsutvikling i distrikta, treng ein ny kompetanse. Det er derfor viktig å stimulere dei fagmiljøa som er lokaliserte der og slik byggje opp og styrkje den regionale kunnskapsallmenningen.

Ein viser elles til omtala under kategori 15.20 for særskilte satsingsområde i 1999.

Forbruk, matvarekvalitet og -tryggleik

Forskingsrådet skal styrkje forskning, utvikling og kompetanseoppbygging retta mot matvarekvalitet- og tryggleik. Marknadskrav skal leggjast til grunn, og det er viktig at Forskingsrådet legg til rette for samspel med brukarane, frå primærproduksjon til forbrukar, og forvaltninga. Omgrepet matkvalitet omfattar forhold knytt til både produkt (inkludert ernæringsmessig kvalitet), ressursbruk og produksjon. Innsats for marknadsretta og kunnskapsbasert forbetring og utvikling av produkt og prosessar er viktig for å styrkje verdiskapinga og konkurransekrafta i næringsmiddelindustrien. Forskingsrådet skal bidra til kunnskap- og teknologiutvikling som gir auka vidareforedling retta mot kvalitetsprodukt. Satsing på bioteknologi vil være eit viktig verkemiddel for å styrkje primærnæringane og industrien som foredlar råvarer frå landbruk, havbruk og fiskeri.

St meld nr 40 (1996-97) la vekt på ny og oppdatert kunnskap innanfor matområdet, og om relasjonane mellom mat og helse. Forvaltninga si behandling av matvaretryggleik er sentral for forbrukarane sin tillit til maten. Forskinga må omfatte utvikling av metodar for risikoanalysar som kan nyttast av forvaltninga, og eksponering, førekomst og effekt av sjukdomsframkallende mikroorganismar, framandstoff mm. Dette blir aktualisert ved auka internasjonalisering av matvarehandelen og utvikling av internasjonale normer og regelverk, og tilseier òg at FoU-innsatsen må ta opp aktuelle internasjonale spørsmål. Forskingsrådet skal styrkje forskning og kompetanseoppbygging på relasjonar mellom kosthald, ernæring-, helse- og forbrukarspørsmål knytt til maten, i eit langsiktig perspektiv. SNT skal ha ei spesiell rolle som kunnskapskjøper i forskingsmiljøa når det gjeld forvaltningsretta FoU. SNT samhandlar med Forskingsrådet om fordelinga av sine forskingsmidlar. Midlane skal nyttast til kunnskapsutvikling innan matkvalitet og -tryggleik og være knytt opp mot SNT sine problemstillingar og verkemiddel. Veterinærinstituttet må være ein medspelar når det gjeld forskingsbasert kunnskap retta mot forvaltninga.

For å finansiere ei styrking av tilsyn og brukarstyrt forskning omkring fôringsbetinga sjukdomar, blei det etablert eit gebyr på fôr til familiedyr i 1998. Familiedyr er ein stor avtakar av fôr produsert av animalske råvarer. Departementet vil i 1999 nytte 1,5 mill kr av gebyrinntektane til forskingsaktivitetar knytt til helse hos familiedyr, jf kap 1107/4107.

Landbruksdepartementet har sett av 2 mill kr til forskning knytt til verdiskaping basert på marine ressursar. Dette er ei ny satsing i samarbeid med Fiskeridepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.

Drifts- og eigarformer, produksjonssystem og arealbruk

Området er prioritert i lys av miljøutfordringane og dei økonomiske rammevilkåra for landbruket. Intensive og ekstensive driftsformer, langsiktig sikring av produksjonsgrunnlaget, sikring av fellesgode og økologisk landbruk vil det bli lagt særleg vekt på. Innanfor økologisk landbruksproduksjon er det stort behov for meir sikker og systematisk kunnskap og det er derfor nødvendig med ein kunnskapsstatus. Det bør bli lagt meir vekt på koordinering av arbeid på tvers av fagdisiplinar og miljø, og å styrkje grunnleggjande FoU der dei tunge FoU-miljøa koplast sterkare inn. Formidlinga av FoU-resultata står sentralt.

For å styrkje miljøvenleg drift, må ein i 1999 auke kompetansen om alternativ behandling av sjukdom. Landbruksdepartementet sine midlar og prioriteringar må sjåast i samanheng med forskingsmidlane over jordbruksavtalen.

Med det stadig aukande presset på landbruket sitt produksjonsareal er det behov for meir kunnskap omkring arealplanlegging og planprosessar for å styrkje landbruket si rolle og å sikre produksjonsgrunnlaget.

Verdiskaping basert på skog

Skogforskinga skal medverke til å styrkje verdiskaping i skogsektoren og sikre ei berekraftig forvaltning av skogressursane, med basis i dei fleirsidige funksjonane skogen har. Departementet prioriterer FoU der ein ser heile produksjonskjeda i samanheng, med særleg fokus på verdiskaping og vidareforedling. Forskinga skal særleg leggje vekt på nye produkt og marknader basert på breidda i skogressursane, ma lauvtre og utmark. Med utgangspunkt i strukturen til skognæringa, må forskinga omhandle både føresetnader for å tilpasse seg nasjonale og internasjonale rammevilkår og tiltak for å auke verdiskapinga i bygdene. Det er viktig med ei vidareføring av tidlegare forsking.

Arbeidet for å styrkje FoU-innsatsen og kompetansen i treindustrien må prioriterast i åra framover. Det er viktig å utvikle kunnskap om skogen sin totale samfunnsverknad i ei berekraftig utvikling. Departementet vil peike på at det er viktig at næringa blir trekt inn i arbeidet for å avdekke kunnskapsbehov og avklare finansieringsansvar for nødvendig forsking. Forskingsbehovet i skogsektoren blir behandla i skogmeldinga.

Næringsutvikling

Næringsutvikling med basis i landbruket er eit viktig område for nyskaping. Hovudutfordringa er å byggje spesifikk kunnskap og kompetanse basert på marknaden inn i bedrift og produkt med sikte på ei betre ressursutnytting.

Forskinsrådet sin reviderte strategi for næringsretta forsking og utvikling må leggjast til grunn for aktiviteten på området. Landbruksdepartementet sine midlar og prioriteringar må sjåast i samanheng med midlar med same formål frå andre departement. Det er inngått ein samarbeidsavtale med Landbruksbanken etter modell av avtalen mellom Forskinsrådet og SND. Samarbeidet mellom SND sine distriktkontor og Fylkesmannens landbruksavdeling vil være sentralt, jf innleiinga her i kapitlet og kap i 1102. Midlar til forsking og midlar til utvikling må sjåast i samanheng, og Landbruksdepartementet forventar at dette samarbeidet fører til meir kunnskapsbasert utvikling i distrikta og at brukarane opplever at gråsoner mellom forsking og utvikling blir dekt.

Dei nye utfordringane som landbrukssektoren og bygdene står overfor er samansett og krev at landbruksforskinga går inn i nye alliansar. I denne samanhengen er ei styrking av den regionale kunnskapsalmenningen viktig. Eit anna, nytt område er bruk av IT i næringsutviklinga. Viktig her blir bruken av IT gjennom utvikling av nye arbeidstilbod i distrikta.

Departementet set av 1 mill kr til programmet NUMARIO, jf nærare omtale i St prp nr 1 (1997-98) for Fiskeridepartementet, kap 1023 *Fiskeri og havbruksforskning*.

Livskraftige distrikt

Satsinga på samfunnsforskning knytt til landbruk og bygder i utvikling inneber at Landbruksdepartementet prioriterer samfunnsfagleg og humanistisk forsking, i første rekkje som grunnlag for vurdering og utvikling av verkemidla og utforming av politikken på ulike nivå. Forskinga vil i stor grad ha eit tverrfagleg preg og ein ventar formålstenleg kunnskap for bygdesamfunn og næringsverksemdar knytt til konsekvensar av endra rammevilkår. Det er òg forventningar til Kommunal- og regionaldepartementet sitt initiativ om eit nytt regionalt forskingsprogram i samarbeid med fleire departement. Landbruksdepartementet set av 2 mill kr til dette programmet. Vidare bør forskinga gå inn på konkurransedyktig produksjon av varer og tenester i bygdene, produksjon og forvaltning av kollektive gode, vilkår for etablering og busetjing i bygdene med særleg omsyn til kvinner og kompetanse som føresetnad for livskraftige bygder. Landbruksdepartementet legg særleg vekt på prosjektet Strukturendringar innanfor mottak og foredling av landbruksvarer og forsking på landbruket si multifunksjonelle rolle.

Stipend og forskarrekuttering

Landbruksdepartementet legg vekt på å halde oppe innsatsen innanfor forskarrekuttering. I 1999 vil ein halde fram med å utvikle strategiske program der kompetanseoppbygging og stipend til forskarrekuttar vil inngå, i tillegg til frie stipend.

Internasjonalt forskingssamarbeid

Internasjonalt forskingssamarbeid vil framleis bli prioritert høgt i 1999. Gjennom EØS-

avtalen tek Noreg del i EUs 4. rammeprogram for forskning på lik linje med EU-landa, jf Kyrkje- utdannings og forskingsdepartementet sin St prp nr 1 (1998-99) med omsyn til EU sitt 5 rammeprogram. Enkelte forskingsmiljø, særleg innanfor bioteknologi, miljøforskning og næringsmiddelforskning, er aktive med høg deltaking. Skog- og skogindustriforskning har òg auka si deltaking. Det er nødvendig med meir norsk aktivitet i forskning relatert til jordbruk, arealbruk og distriktsutvikling. Med tanke på mogleg norsk deltaking i EU sitt 5 rammeprogram er det særleg på programmet om livskvalitet og forvaltning at landbruksforskning vil ha si store utfordring, innanfor områda helse, mat og miljø, dyre- og plante-helse, "cellefabrikken", berekraftig landbruk, arealnytting og distriktutvikling. Departementet legg vekt på at Forskingsrådet oppmuntrar og hjelper dei norske miljøa til å ta del i EUs program og at miljøa sjølve prioriterer oppgåva høgt nok på kort og lang sikt. Det gir innsyn i EUs store kunnskapsproduksjon, det skaper gode nettverk og det er ei viktig finansieringskjelde for internasjonalt forskningssamarbeid. EU si forskning er prenatal i forhold til politikktutforminga i samanheng med WTO, CAP osv. På grunn av hard konkurranse gir kontraktar dessutan eit kvalitetsstempel både i nasjonal og internasjonal samanheng. Forskingsrådet har iverksett tiltak for å auke deltakinga frå næringslivet, og Landbruksdepartementet ønskjer at dette arbeidet blir ført vidare og styrkt i 1999.

Det blir vidare lagt opp til ytterlegare internasjonal nettverksbygging gjennom COST og EUREKA. Departementet vil be Forskingsrådet om å stimulere næringsmiddel- og skog-industriverksemdar til å ta del i det marknadsnære forskningssamarbeidet.

Samarbeidet med Aust-Europa og det nordiske samarbeidet er særleg viktig og vil bli følgd opp og kopla sterkare til norske program, i første rekkje om plantar og jord, om husdyr og om skogindustri, miljø og samfunn. Forskingssamarbeidet i Norden vil framover bli sterkt prega av engasjementet innanfor EUs rammeprogram.

I nordisk forskingspolitisk samanheng bør aktiviteten vere konsentrert om Nordisk forskingspolitisk råd, Nordisk landbruksuniversitet (NOVA), Nordisk kontaktorgan for jordbruksforskning (NKJ), Nordiske jordbruksforskere forening (NJF).

Men norske kunnskapsmiljø har òg mykje å hente i samarbeid med fagmiljø i Nord-Amerika og Asia. Dette er samarbeid som Forskingsrådet må støtte. Landbruksforskninga må òg halde fram med forskning knytt til bistand og utvikling, og følgje opp den norske bistands-politikken, jf St prp nr 1 (1997-98) for Utanriksdepartementet.

Post 51 Basisløyvingar til forskingsinstitutt

(i 1 000 kr)

Under- post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
51.11	Grunnløyvingar til forskingsinstitutt	108 547	97 800	96 425
51.12	Strategiske instituttprogram	16 338	30 500	33 800
51.13	Nasjonale oppgåver	5 545	5 540	6 669
51.14	Investeringsstøtte	4 000	5 800	2 000
	Sum post 51 Basisløyvingar til forskingsinstitutt mm	134 430	139 640	138 894

Posten omfattar basisløyvingar til Norsk institutt for planteforskning, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Norsk institutt for skogforskning, Veterinærinstituttet, Senter for jordfagleg miljøforskning, Institutt for akvakulturforskning, Norsk senter for økologisk landbruk og Senter for bygdeforskning. Nokre av institutta har oppgåver som ikkje er forskning. Dei er til dels store og omfattar ma oppgåver på oppdrag frå Landbruksdepartementet og forvaltningsorgan. Utgiftene til desse oppgåvene som utgjør forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling, er ført opp under kap 1112, 1140 og 1142.

Rapport 1997

Noregs forskingsråd fekk, med verknad frå budsjettåret 1997, ansvar for tildeling av basisløyvingar til 8 forskingsinstitutt som Landbruksdepartementet har sektoransvar for. I 1997 sette Forskingsrådet ned eit basisløyvingsutval for å gi råd om fagleg innretning og storleik på basisløyvinga.

Midlane til grunnløyvingar blei tildelt slik som det gjekk fram av St prp nr 1 (1996-97) for Landbruksdepartementet.

Totalt omsette institutta for 556 mill kr i 1997. Av dette var om lag 42 mill kr program-

og prosjekttinntekter frå Forskingsrådet og 85 mill kr prosjekt- og oppdragsinntekter frå departement og underliggjande etatar. Om lag 160 mill kr var generell forvaltningsstøtte frå ulike departement. Frå brukarane fekk institutta inn 269 mill kr i prosjektstøtte, oppdrags- og andre inntekter. I alt blei det utført 1071 årsverk ved institutta i 1997. Under halvparten av desse var FOU-årsverk, sjå omtale av dei enkelte institutta.

Forskingsrådet blei bedt om å prioritere strategiske instituttprogram som del av basisløyvingane til forskingsinstitusjonane, og har i 1997 løyvd 16,3 mill kr til 17 program, både til forskingsinstitutt og forskingsmiljø ved universitet og vitskaplege høgskular. Fem av programma fell innanfor satsinga Matvarekvalitet- og tryggleik, td om risikoanalyse innanfor dyre-, plante- og folkehelse. Vidare blei det løyvd midlar til tre strategiske instituttprogram ved Norsk institutt for skogforskning. Eit program innanfor området landbruksbasert næringsutvikling i samfinansiering med SLB. Fem program var innanfor satsinga på miljøvenlege driftsformer, produksjonssystem og arealbruk. Her blei delar av forskingsaktiviteten samfinansiert med midlar frå Jordbruksavtalen, jf kap 1150. Programma blei òg finansierte med midlar frå andre departement; Kyrkje- utdannings- og forskingsdepartementet, Fiskeridepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Miljøverndepartementet. Tre av programma fell innfor satsingsområdet Samfunnsforskning knytt til landbruk og bygder i omstilling.

Det blei løyvd 4,0 mill kr til Akvaforsk i 1997, som støtte til gjenkjøp av forskingsanlegget på Averøya og utbygging av anlegget på Sunndalsøra.

Omlag 35 pst av løyvinga frå Landbruksdepartementet til Forskingsrådet blei nytta til basisløyvingar.

Målsetjing 1999

Som ansvarleg for kanalisering av basisløyvingane har Forskingsrådet eit særleg ansvar for å overvake og følgje med i utviklinga av institutta både fagleg og økonomisk, og rapportere om dette til departementet. Eit godt samarbeid mellom institutta og eit samarbeid mellom institutta og Noregs landbrukshøgskule og Noregs veterinærhøgskule er viktige omsyn for basisløyvingane. I denne samanhangen er det viktig å styrkje samhandlinga med Matforsk. Landbruksdepartementet føreset at dei to høgskolane og Forskingsrådet legg vekt på å stimulere til slikt samarbeid.

Norsk institutt for Akvakulturforskning (AKVAFORSK)

AKVAFORSK er eit aksjeselskap eigd av Noregs landbrukshøgskole, Veterinærmedisinsk oppdragscenter AS (VESO), Noregs veterinærhøgskole, kommunane Sunndal og Averøy, Fiskeridepartementet og Landbruksdepartementet. Instituttet skal ikkje vere resultatbasert, og overskott skal førast tilbake til eigen forskingsaktivitet.

Rapport 1997

Total omsetning i 1997 var 45,0 mill kr, med eit positivt resultat på 1,9 mill kr. Det blei utført 32,2 FoU-årsverk. Prosjektfinansieringa frå Forskingsrådet viste ei klar nedgang, medan det var ei auke i oppdragsinntektene frå næringslivet. Dei internasjonale prosjekta utgjorde 7 pst av den totale omsetninga i 1997.

AKVAFORSK fikk godkjent 2 strategiske instituttprogram. Instituttet hadde 11 personar som arbeidde med doktorgraden ved utgangen av 1997, og dei tilsette fekk publisert i alt 40 artiklar i tidsskrift med referee-ordning (anonym vurdering av fagfelle), tilsvarande 1,25 artikkel pr FoU-årsverk.

Alle institutt som er omfatta av Retningslinjer for statleg finansiering av forskingsinstitutt, blir evaluert kvart sjette år. I 1997 blei AKVAFORSK evaluert med positivt utfall.

Målsetjing 1999

AKVAFORSK skal vere eit leiande forskingsinstitutt innan avl, ernæring og produktkvalitet i akvakultur. Den tverrfaglege kompetansen ved instituttet skal nyttast til å skape betre lønnsemd, ressursutnytting, helseilstand og kvalitet i akvakulturproduksjonen, og til å fremje oppdrett av nye artar. AKVAFORSK skal aktivt bruke kunnskapen til å auke verdiskapinga og utviklinga i akvakulturnæringa innanfor ramma av ei berekraftig utvikling.

AKVAFORSK satsar på kommersiell utnytting av kunnskap for nyskaping i oppdrettsnæringa. Den kommersielle utnyttinga må òg sjåast i samheng med det internasjonale nettverket for å utvikle vidare instituttet sitt engasjement i andre delar av verda. Arbeidet for å auke kunnskapen omkring nye artar i oppdrett, jf satsing innan NUMARIO og ny satsing på marine ressursar, må følgjast opp. Totalkompetansen ved instituttet må bli eit hjelpemiddel for å bidra til større overskott for havbruksnæringa.

Jordforsk, jf òg kap 1140 post 77

Stiftelsen Jordforsk er eit nasjonalt kompetansesenter innanfor jordfaglege og tilgrensande fagområde med hovudvekt på miljø og ressurspørsmål. Krav og vilkår for Jordforsk blir vurdert i høve til dei andre miljøinstitutta under Miljøverndepartementet, med sikte på einsarta rammevilkår. Dei strategiske instituttprogramma skal vere forvaltningsretta for å styrkje grunnlaget for ein effektiv miljøpolitikk. Kravet om høg kvalitet og aktualitet for forvaltninga blir prioritert. Jordforsk har si faglege verksemd innan biologisk avfalls-handtering, spesialavfall og miljøgifter, jordressursar og miljøinformasjon, hydrogeologi, økologisk renseteknologi og vann- og stoffbalanse i kulturlandskapet. Jordforsk klargjer samspel, prosessar og effektar ved spreiding av avfall og miljøgifter i terrestrisk miljø og utviklar naturbasert renseteknologi for handtering av avløp og avrenning frå ulike forureiningskjelder. Faglege analysar skal gi grunnlag for ei god bruk og forvaltning av ressursar i ei tid med omstilling og fornying i samfunnet.

Rapport 1997

Jordforsk hadde ei total omsetning på 58,0 mill kr i 1997, ei auke på vel 13 pst frå 1996, med eit overskott på 4,1 mill kr. Det blei utført 43,9 FoU-årsverk. Oppdragsinntektene, både frå offentleg og privat næringsliv, var på 28 mill kr, ei auke frå 1996. Basisløyvinga på knapt 11 mill kr var ei samfinansiering mellom Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet. Jordforsk fekk godkjent tre strategiske program i 1997. Av dei tilsette har 11 ein doktorgrad, og i 1997 hadde Instituttet 2 nye stipendiatar. Tilsette ved Jordforsk fekk publisert 26 artiklar i tidsskrift med referee-ordning, tilsvarande 0,59 artiklar pr FoU-årsverk.

Målsetjing 1999

Jordforsk vil oppgradere og synleggjere si internasjonale verksemd. Analysesenteret til Jordforsk er akkreditert, og det blir no arbeidd for at instituttet skal bli ein totalleverandør av kjemiske analysar som òg vil omfatte organiske analysar. Dette vil skje ved ei utviding av dagens produktspekter og ved å inngå samarbeidsavtaler med andre laboratorium. Jordforsk har som mål å få eit økonomisk resultat på 5 pst av omsetninga. Som følge av at instituttet har stor oppdragsverksemd, er overskottet ein god resultatindikator for verksemda. Jordforsk har elles resultatkrav retta mot eige kompetanseutvikling, ma ved at ein til ei kvar tid legg til rette for 4 stipendiatar og 4-5 doktorgradstendar. Det blir stilt krav til publisering. Omfanget av den internasjonale verksemda skal aukast til 6-10 pst av omsetninga i løpet av 3-4 år.

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, jf òg kap 1140 post 50

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) er eit forskings-, utgreiings- og dokumentasjonsmiljø som skal medverke til god ressursutnytting i samfunnet og til eit godt grunnlag for landbrukspolitiske avgjerder og for økonomiske avgjerder knytt til produksjon, foredling og omsetning av landbruksprodukt. Instituttet skal vere leiande innanfor næringsøkonomi og føretaksøkonomi i landbruket og landbruksbasert industri.

Rapport 1997

Forskinga i NILF har i 1997 i større grad enn tidlegare vore knytt til langsiktige kompetansebyggande forskingsprogram.

NILF har i 1997 starta eit nytt femårig strategisk instituttprogram om føretaksøkonomien i landbruket, og det strategiske instituttprogrammet om internasjonale landbruksspørsmål blei i 1997 forlenga ut 1999. NILF samarbeidde dessutan i to strategiske instituttprogram med kvar i sin tur Planteforsk/Jordforsk og Veterinærinstituttet/Planteforsk.

Innanfor det landbrukspolitiske området har NILF halde ved like og utvikla sektor-modellen JORDMOD, og i samheng med arbeidet til Budsjettnemnda for jordbruket har det blitt gjennomført eit større prosjekt for å forbetre grunnlagsmaterialet for jordbruksforhandlingane.

Aktiviteten innanfor området matvareindustri og marknad var aukande i 1997.

Prosjekttilgangen i 1997 var god. Omsetninga i løpet av året var på 30,3 mill kr, og det blei utført 19 FoU-årsverk. Av NILF sine forskarar hadde 5 doktorgrad, og det var knytt 3 doktorgradsstipendiatar til instituttet, samt at 3 andre arbeider med doktorgraden. Det er utarbeidd 14 rapportar, og ein artikkel blei publisert i tidsskrift med referee-ordning, tilsvarande 0,05 artiklar pr FoU-årsverk. NILF styrkte sitt internasjonale forskingssamarbeid i 1997, og blei ma deltakar i eit treårig EU-prosjekt.

Målsetjing 1999

Forskningsverksemda til NILF må ta utgangspunkt i skisserte mål og oppgåver for instituttet. Det er viktig at NILF orienterer seg etter marknaden og held oppe kompetansen innanfor felt der ein kan rekne med at forskning og utgreiing vil bli etterspurd.

Føretaksøkonomi vil framleis vere eit kjerneområde i NILF si verksemd. Forsking omkring internasjonale landbruksspørsmål og forhandlingane i WTO vil vere ei viktig oppgåve i åra framover. NILF vil òg ha stor aktivitet knytt til analysar omkring utviklings-trekk og rammevilkår for næringsmiddelindustrien. Auka kunnskap om økonomiske samanhenger i verdikjeda er viktig for heile matvaresektoren. Det blir lagt vekt på at NILF styrkjer den formelle forskingskompetansen innafør dei strategiske instituttprogramma og at det blir tatt sikte på auka publisering i internasjonale forskningstidsskrift.

Norsk institutt for planteforskning (Planteforsk), jf òg kap 1112 postane 51 og 52

Planteforsk skal utvikle og formidle kunnskap som grunnlag for ein konkurransekraftig, verdiskapande produksjon og ei berekraftig forvaltning av naturressursane. Kunnskapen skal styrkje grunnlaget for verksemd i distrikta, sikre miljøet og ivareta etiske og estetiske verdiar i samfunnet.

Rapport 1997

Planteforsk si omsetning var på 184,1 mill kr i 1997 med eit overskott på 1,8 mill kr. Om lag 8 pst av omsetninga kom frå næringslivet. Av dei tilsette blei det utført 186 FoU-årsverk, i alt 82 personar hadde doktorgrad og det var knytt 21 stipendiatar til instituttet. I alt blei det godkjent 3 strategiske instituttprogram. Planteforsk ga ut 71 rapportar og fekk publisert 94 artiklar i tidsskrift med referee-ordning, tilsvarande 0,51 artiklar pr FoU-årsverk.

Målsetjing 1999

Planteforsk skal halde fram tilpassinga til den nye finansieringsstrukturen, vidareføre arbeidet med å betre relasjonane til næringa og andre brukarar med sikte på å auke delen av brukarstyrt FoU-verksemd. Det skal særleg leggjast vekt på å auke finansieringsgrunnlaget for grovforforskninga og dei nye innsatsområda Økologisk landbruk og Kulturlandskap. Planteforsk skal vere leiande i bruksretta forskning og utvikling i planteproduksjon, og eit nasjonalt kompetansesenter i plantefaglege spørsmål.

Norsk institutt for skogforskning (NISK), jf òg kap 1142 post 50

NISK skal vere ein leiande leverandør av kunnskap til næringsliv, allmenta og styresmaktene i arbeidet for ei berekraftig forvaltning av skogressursane.

Hovudoppgåvene for NISK er forskning innanfor desse områda:

- ressursforvaltning i skog,
- verdiskaping basert på skog og
- miljøforvaltning i skog.

Rapport 1997

Omsetninga i 1997 var 79,2 mill kr, der vel 1,6 mill kr av inntektene kom frå næringslivet. NISK fekk godkjent 3 strategiske instituttprogram i rapportåret, av dei er eitt i samarbeid med Noregs landbrukshøgskule. Det blei utført 72 FoU-årsverk i 1997. Av dei tilsette hadde 42 doktorgrad og det var knytt 13 stipendiatar til instituttet. Det blei publisert 58 artiklar i tidsskrift med referee-ordning, tilsvarande 0,81 artiklar pr FoU-årsverk.

Administrativt tok nye vedtekter til å gjelde og første funksjonsår for nytt styre blei gjennomført. NISK sette i verk ei rekke tiltak for å forbetre den faglege kvaliteten på instituttet sine tenester. Særleg spørsmål om miljøomsyn knytt til forvaltning av skogressursane kravde stor innsats.

Målsetjing 1999

Instituttet sin strategiske plan skal bidra til ei målretting av innsatsen og ligg til grunn for satsinga i 1999. NISK vil prioritere kompetanseoppbygging innan skogbiologi og den prosessorienterte forskinga. Dei skal vidare styrkje innsatsen på verdiskaping og samfunnsfaglege problemstillingar. Treteknologi vil få auka merksemd. Den driftstekniske forskinga skal bli sterkare integrert i forskinga elles.

Oppdrag som nærings- og miljøpolitiske konsekvensutgreiingar vil venteleg auke, både som oppdrag for styresmaktene og private. Kunnskapsutvikling og tenester som overvaking, vedlikehald av forsøksfelt, deltaking i internasjonalt arbeid mm utført på vegne av landbruksforvaltninga, vil framleis omfatte store deler av instituttet sin verksemd.

Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK)

Stiftelsen NORSØK er eit nasjonalt kompetansesenter innanfor økologisk landbruk som gjennom forskning, undervising og rådgiving skal arbeide for å fremme utvikling og utbreiing av økologisk landbruk. Stiftelsen har eit tett samarbeid med NVH, NLH og NILF og har etablert ein samarbeidsavtale med Planteforsk. NORSØK er oppnemnt som sekretariatsansvarleg for Rådgjevande utval for økologisk landbruk, og dei har sekretariatsfunksjonen for Forskingsutvalet for økologisk landbruk.

Rapport 1997

Omsetninga var på 8,5 mill kr i 1997 og driftsrekneskapen blei gjort opp med eit lite underskott. Det blei utført 11,5 FoU-årsverk, to av dei tilsette hadde doktorgrad. Det blei publisert 6 artiklar i tidsskrift med referee-ordning., tilsvarande 0,52 artiklar pr FoU-årsverk.

Målsetjing 1999

NORSØK vil auka fokuseringa på økologisk produksjon og betre kvalitet og relevans i forskinga og formidling av kunnskap. Organisasjonen skal vidareutviklast både fagleg og personalpolitisk. Forpliktande samarbeid med andre forskingsinstitusjonar og internasjonalt samarbeid er eit viktig mål. I arbeidet framover vil det bli lagt særleg vekt på vidare oppbygging av kompetanse og formidling av kunnskap. NORSØK vil særleg arbeide innan fagområda plantevern, alternativ veterinærmedisin og plantenes næringsforsyning. Kontakten med rådgivingstenesta vil vere viktig.

Senter for bygdeforskning (SFB)

Senter for bygdeforskning er ei avdeling i forskingsstiftelsen ALLFORSK med eige styre. SFB sine oppgåver er å gi fakta, analysar, idear og ny kunnskap som kan medverke til å skape ei positiv utvikling i distrikts-Noreg. SFB har òg eit nasjonalt ansvar for å utvikle og ta vare på ein teoretisk og metodisk grunnleggjande forskingskompetanse særleg innanfor områda bygdesosiologi og ressursforvaltning.

Rapport 1997

Total omsetning i 1997 var 10,1 mill kr med eit overskott på knapt 1 mill kr. SFB fekk godkjent eit strategisk instituttprogram. Det blei utført 13 FoU-årsverk, 3 av dei tilsette hadde doktorgrad og 4 dr.gradstudentar hadde sin arbeidsplass ved instituttet. Senteret gav ut 13 FoU-rapportar og 6 artiklar i tidsskrift med referee-ordning, tilsvarande 0,46 artiklar pr FoU-årsverk.

SFB hadde prosjektsamarbeid med Senter for miljø og utvikling, Historisk institutt og Institutt for drama, film og teater i 1997. I tillegg til eit strategisk samarbeid med Statens institutt for forbruksforskning (SIFO), blei det innleidd eit samarbeid med Geografisk institutt ved NTNU. SFB verka som sekretariat for European Society for Rural Research og var aktiv internasjonalt td i EU sitt forskingsprogram.

Målsetjing for 1999

SFB skal styrkje og utvikle sin funksjon innan bygdesosiologi. Det vil bli lagt særleg vekt på oppbygging av kompetanse og formidling av kunnskap innan fagområda

- næringsutvikling i og knytt til landbruket,
- bygdeutvikling med fokus på kvinner og ungdom si rolle i bygdemiljøa og
- matproduksjon og miljø.

Det vil bli nytta meir ressursar med tanke på internasjonal publisering og forskarutveksling. SFB vil ma satse på ei utvida deltaking i EU sine forskingsprogram.

Veterinærinstituttet (VI), jf òg kap 1112 post 50

Veterinærinstituttet er ein vitskapleg forskings- og kompetanseinstitusjon innan laboratoriediagnostikk, epidemiologi, førebyggjande helsearbeid og sjukdomskontroll. Verksemda omfattar næringsmiddel, husdyr, fisk, vilt og fôr.

Rapport 1997

Omsetninga var på 140,0 mill kr med eit berekna overskot på 8,9 mill kr. Næringslivet stod for om lag 11 pst av omsetninga. VI fekk godkjent to strategiske instituttprogram i 1997. Det blei utført 112 FoU-årsverk. Av dei tilsette hadde 60 personar doktorgrad og 15 dr.gradstipendiatar var knytt til instituttet. To kandidatar forsvarte dr.avhandlinga si. Det blei gitt ut 6 rapportar og publisert 52 artiklar i tidsskrift med referee-ordning, tilsvarande 0,46 artiklar pr FoU-årsverk.

Målsetjing 1999

Strategisk plan (1998-2001) har som ein hovudstrategi å auke forskingsverksemda ved institusjonen. Vi vil særleg leggje vekt på forskning innan fagområda

- diagnostikk av sjukdommar hos fisk og dyr,
- påvising og karakterisering av smitteemne og toksiske stoff i fôr og mat og
- risikovurderingar, kost-nytte vurderingar.

Endringane i rammevilkåra for internasjonal handel med dyr og dyreprodukt kan føre til auka smittepress, og internasjonalt samarbeid og deltaking i internasjonale forskingsprosjekt må styrkjast.

Underpost 51.11 Grunnløyvingar til forskingsinstitutt

Grunnløyvingane skal gå til formål som er sentrale for institutta si forskingsverksemd, slik som langsiktig kompetanseutvikling, fagleg fornying, rekruttering, forskning innanfor institutta sine kjerneaktivitetar, vitskapleg utstyr og andre infrastrukturkostnader til drift, publisering, formidling og deltaking i nettverk.

Underpost 51.12 Strategiske program

Landbruksdepartementet ser på strategiske program ved institutt- og universitet/ høgskeolar som eit viktig verkemiddel for å medverke til målretta, grunnleggjande og brukarretta forskning og langsiktig kompetanseoppbygging i forskingsmiljøa, slik at dei kan utviklast til gode reiskap for forskning, forvaltning og næringsliv. Vidare vil ein gjennom strategiske program medverke til ei fornuftig arbeidsdeling og samarbeid mellom FoU-miljøa med sikte på arbeid på tvers av ulike fag og institusjonsgrenser og betre utnytting av spisskompetanse. Instituttprogramma skal vere retta inn mot dei fem innsatsområda i Langtidsplanen for landbruksforskinga. Løyvinga på underposten finansierer 27 strategiske program som er godkjende av NFR. Av desse programma blir 9 utført i samarbeid mellom institutta og mellom institutta og høgskulane. Programma fordeler seg slik på innsatsområda: Matvarekvalitet og matvaretryggleik (11), Driftsformer, produksjonssystem og arealbruk (6) Verdiskaping basert på skog (4), Ny næringsutvikling i distrikta og Livskraftige distrikt (3). I alt er det knytt 27 doktorgradsstipendiatar til dei strategiske programma. Utviklinga er i samsvar med prioriteringane.

Underpost 51.13 Nasjonale oppgåver

Løyvinga skal dekkje utgifter knytte til NISK, Planteforsk, NORSØK og Jordforsk som gjeld bibliotek, referansesamlingar, deltaking i internasjonale organisasjonar og utgreiingsoppgåver.

Det er sett av 350 000 kr til medlemskap i Nordiske jordbruksforskeres forening (NJF). NJF er eit forum for personar som er knytte til landbruksvitskapleg forskning, undervisning og rettleiing i Norden. Målet er å fremme jordbruksforskinga og formidle resultata gjennom utvikling av samarbeid mellom jordbruksforskarar i Norden.

Løyvinga på underposten er redusert med 612 000 kr ved at langvarige gjødslingsforsøk no er budsjettert på kap 1112 post 51.

Underpost 51.14 Investeringsstøtte

Forsøksstasjonen på Averøy blei kjøpt tilbake i 1996 basert på ein avtale mellom Noregs forskingsråd og eigedomsselskapet AKVAFORSK I ANS og finansiert med tilskott frå Noregs forskingsråd. Løyvinga skal dekke Noregs forskingsråd sitt tilskott. Det er sett av 2 mill kr til dette i budsjettframlegget for 1999.

*Programkategori 15.30 Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning***Utgifter**

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999	Pst endr 98/99
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket	107 902	55 751	45 673	-18,0
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket	126 667	155 380	162 038	4,2
1145	Jordskifteverket	114 580	109 618	128 549	17,2
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	59 110	56 766	58 840	3,6
1147	Reindriftsforvaltninga	39 634	36 611	36 738	0,3
1148	Naturskade - erstatningar og sikring	61 077	47 000	42 700	-9,1
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen mm	11 928 614	11 904 299	12 545 492	5,3
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen mm	81 320	75 000	75 000	
1161	Statskog SF - forvaltningsdrift	23 039	23 248	23 241	-0,0
2411	Statens Landbruksbank	394 707	363 017	338 942	-6,6
2472	Statens Kornforretning	17 149	22 090	21 869	-1,0
	Sum kategori 15.30	12 953 799	12 848 780	13 479 082	4,9

Inntekter

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999	Pst endr 98/99
4145	Jordskifteverket	9 035	8 221	14 421	75,4
4146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	17 340	15 000	15 380	2,5
4147	Reindriftsforvaltninga	2 083	54	1 500	2 677,7
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen mm	109 780	112 000	109 800	-1,9
5311	Statens Landbruksbank	443 022	340 619	303 369	-10,9
5545	Miljøavgifter i landbruket	191 525	187 175	210 175	12,2
5571	Totalisatoravgift	62 459	62 000	67 000	8,0
	Sum kategori 15.30	835 244	725 069	721 645	-0,4

Omtala under kategorien er delt mellom verkeområda *arealforvaltning* og *næringsutvikling og miljø* med separat omtale av mål, status og verkemiddel på kvart område.

Løyvingane under kategorien siktar mot å ta vare på og nytte ressursgrunnlaget i landbruket og i bygdene. Hovudmålsetjingane er knytt til verdiskaping, sysselsetjing og miljøomsyn i tråd med prinsipp for berekraftig utvikling og langsiktig ressursforvaltning.

1 AREALFORVALTNING**1.1 Innleiing**

Areal utgjer grunnlag for all landbruksproduksjon. Sikring av areal mot nedbygging og kontroll med disponering av fast eigedom er nødvendig for å oppretthalde landbruket og utvikle ein rasjonell drifts- og eigarstruktur. Landbruksforvaltninga har eit særskilt ansvar for å sikre landbruksareala som eit grunnlag for produksjon av mat, dyrefôr og skog. Jordvernet byggjer på eit langsiktig ansvar for å sikre viktige ressursar for kommande generasjonar. Sjølvforsyning av mat kan i framtida få meir å seie, både ut frå omsyn til beredskapen og ut frå vårt medansvar for matforsyning i global samanheng.

1.2. Mål

Hovudmålet for arealforvaltninga er å sikre areal som grunnlag for ein varig landbruksproduksjon, og å forvalte arealressursane for å fremme verdiskaping, busetjing og sysselsetjing. Viktige delmål er at ein gjennom samfunnsplanlegginga ivaretek landbruket sine interesser og verdier og fremmer gode vilkår for næringsdrift, har eit sterkt jordvern, medverker til rasjonell og kostnadseffektiv bruks- og eigarstruktur og forvaltar arealressursane slik at busetjinga i distrikta blir oppretthalde, og underbyggje forvaltaransvaret i eit langsiktig perspektiv.

Innan arealforvaltninga må landbruksforvaltninga nytte juridiske og faglege verkemiddel. Klare signal om prioriteringar, opne prosessar som sikrar medverknad og likebehandling, må til for å få gjennomslag for politikken. Det er òg viktig å stille krav til ei forvaltning som ma sikrar rettstryggleiken til dei som blir berørt gjennom bruken av lovreglane.

1.3 Status

Berre 3-4 pst av landarealet kan nyttast til dyrking av mat til menneske eller husdyr. Berre 1/3 av dessa areala har klimaforhold som tillet dyrking av matkorn. Kvart år blir det bygd ned meir enn 10.000 daa landbruksjord. Held ein fram med nedbygging av matkornareal i same omfang i framtida, vil det få alvorlege følgjer for landet si framtidige evne til å produsere mat. Store deler av presset på landbruksareal er retta mot areal eigna til matkornproduksjon. Dette er areal som i liten grad kan erstattast ved nydyrking, fordi nydyrkingsjord oftast ligg i område med dårlegare klima.

Det er dei langsiktige verknadene for ressursgrunnlaget som må vere avgjerande for om ein skal godta at landbruksareal blir nytta til nedbygging. Saman med miljøforvaltninga må landbruksforvaltninga sjå til at behov for areal til utbygging blir dekt gjennom fortetting eller utbygging på lite produktive areal.

Landbruket må behandlast betre i fylkesplanar, kommuneplanar, konsekvensutgreiingar og verneplanar, slik at forholda blir lagt til rette for å utvikle landbruket.

I samsvar med St meld nr 29 (1996-97) Regional planlegging og arealpolitikk, praktiserer ein no eit strengt jordvern både i eit nasjonalt og regionalt perspektiv. Dei beste areala har det sterkaste vern i kvar region.

Det er endringar over lange tidsbolkar som gir svar på om bruksstrukturen har gitt vinst i form av busetjing og sysselsetjing, miljøvennleg produksjon og lågare kostnadsnivå i landbruket. Statistikken viser at bruksstorleiken i Noreg viser ein jamn auke. Samtidig kjem ein aukande del av inntekta på gardsbruka frå annan verksemd enn landbruk. Busetjinga i område som ligg langt frå tettstader har gått ned. Det er fleire årsaker til slike endringar, ikkje bruken av eitt enkelt styringsverkemiddel. Styring gjennom praktisering av lovverk som jordlov, konsesjonslov, reglar om bu- og driveplikt er alle medverkande årsaker til endringar i bruksstrukturen.

Statistikk og gjennomgangen av praktiseringa ved bruken av kvart enkelt verkemiddel etter jord- og konsesjonslovgivinga blir presentert i stortingsmelding om praktiseringa av jord- og konsesjonslova som skal fremjast kvart fjerde år. Ein kjem attende med ei nærare utgreiing om resultat og aktivitetsnivået ved praktisering av jord- og konsesjonslovgjevinga i samband med stortingsmeldinga om dette i år 2000. Elles vil ein gjennomgå bruks- og eigeomsstrukturen og hovudstrategiane for utviklinga av denne i den nye stortingsmeldinga om landbrukspolitikken som etter planen skal fremjast i 1999. Arbeid med revisjon av konsesjonslova og spørsmål som gjeld leigejord er stansa opp i påvente av ny stortingsmelding om landbrukspolitikken.

Regjeringa har lagt fram ein proposisjon om endring av jordskiftelova som er til behandling i Stortinget. I proposisjonen gjer ein framlegg om å utvide ordninga med arealbytte som alternativ til ekspropriering ved gjennomføring av offentlege grunnnerverv, jf kap 1145. Årsrapportane frå Jordskifteverket og Norsk Institutt for Jord- og Skogkartlegging for 1997 syner at drifta har vore alminneleg god. Det er ikkje rapportert om nemneverdige avvik frå måla.

1.4 Verkemiddel

Deltaking i samfunnsplanlegginga

Størstedelen av areala i Noreg er forvalta av landbruksnæringa. Samtidig blir dei fleste avgjerder om nedbygging av desse areala fatta av kommunane etter plan- og bygningslova. Det er derfor viktig at landbruksforvaltninga tek aktivt del i samfunnsplanlegginga. Landbruket yter viktige bidrag til utviklinga av lokalsamfunnet, men landbruksnæringa er òg

avhengig av at samfunnet ser at landbruket er ei næring i utvikling og legg forholda til rette for dette. Fylkesmannen må arbeide for å sikre produksjonsareal for landbruket og sjå til at kommunane nyttar kommuneplanane for å fremme verdiskaping og sysselsetjing i landbruket.

Utarbeiding av kommunevise landbruksplanar

Kommunevise landbruksplanar er eit godt verkemiddel slik det er tatt til orde for i St prp nr 8 (1992-93). Arbeidet med tiltaksretta oversiktsplanar for skogbruket er godt i gang i mange kommunar. Landbruksdepartementet lagar no ein rettleiar for det vidare arbeid med slike kommunevise landbruksplanar, der det framgår at kommunane bør starte ein politisk prosess for å skape engasjement og interesse for utvikling av landbruksnæringa. Landbruksplanen skal ikkje vere ein ny planform, men eit bidrag til kommuneplanlegginga etter plan- og bygningslova, slik at landbruket blir sett i ein samfunnsmessig heilskap. Planen kan gi oversikt over ressursar som kan nyttast betre, kvar ein har viktige landbruksareal, om det er interesse motsetningar mellom landbruk og anna arealbruk og kva for moglegheiter det er for å utvikle nye næringar. Departementet legg vekt på at fylkesmannen rettleiar og formidlar røynsle mellom dei kommunar som er i gang med arbeidet.

Arbeid med verneplanar

Landbruksforvaltninga har som mål å samordne vern med omsynet til utnytting av naturressursane. Ved å gi eit område status som nasjonalpark, kan ein auke potensialet for næringsutvikling knytt til turisme, reiseliv og anna tenesteyting. Også landbruksnæringa kan ta del i desse moglegheitene, dersom verneforskrifter og forvaltningsplanar legg forholda til rette for det. Formålet med vern er i mange høve knytt til kulturpåverka landskap, noko som gjer det ønskeleg at landbruket sin ressursbruk held fram. Derfor er det viktig at landbruket si bruk og utnytting av naturressursane blir dokumentert og tatt omsyn til når ein set opp verneføresegner og forvaltningsplanar. Ved å gjennomføre ein god planprosess og leggje til rette for lokal forvaltning av dei område som blir verna, vil ein medverke til å dempe motsetningar mellom styresmaktene og lokalsamfunnet. Fylkesmannen bør ta del i eit slikt arbeid.

Anna aktivitet

Fylkesmannen fikk i 1997 oppgåver med å rettleie tiltakshavarar og vere ansvarleg myndigheit i forhold til konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova. Dette gjeld både tiltak som landbruket sett i verk og tiltak som får verknad for landbruksnæringa.

Det er utforma to nye rundskriv om fylkesplanlegging som saman med anna utviklingsarbeid skal styrkje fylkesplanane si rolle for å samordne arealbruk og utbyggingsmønster på regionalt nivå. Fylkesplanane få auka vekt framover, ma på arealsida.

Bruksstrukturen

I arbeidet med å få i stand ein rasjonell og kostnadseffektiv bruksstruktur er dei juridiske verkemidla i jordlova, konsesjonslova, odelslova og jordskiftelova viktige. Men det er og viktig å drive informasjon om følgjene av urasjonell bruksstruktur for å få i stand frivillig rasjonalisering. Jordfondet gjer det mogleg å kjøpe eigedomar for å styrkje bruk og å få til betre arrondering. Ein har i det siste freista å aktivere arbeidet med å få til frivillig sal av landbruksareal som slik tilleggsjord, jf kap 1102. Dette arbeidet vil ein føre vidare i året som kjem. Velarronderte bruk med aktiv god drift gjer det og vanskelegare å omdisponere verdifullt landbruksareal til anna bruk.

God bruksstruktur har mykje å seie for bøndene sine moglegheiter for å skaffe seg inntekt, og er derfor ein føresetnad for auka verdiskaping og betre ressursutnytting. God bruksstruktur gir god utnytting av driftsapparat og liten trafikk med traktor og reiskap på offentleg veg, og fører derfor til færre konflikhtar mellom landbruksverksemda og samfunnet elles.

Landbruk er eit viktig fundament for busetjinga i distrikta. Ressurssterke og godt arronderte einingar gir grunnlag for stabile arbeidsplassar i seg sjølv og i kombinasjon med anna arbeid. Arbeidet med å få til ein kostnadseffektiv bruksstruktur er derfor viktig for å halde oppe busetjinga. Buplikta bidreg til å oppretthalde busetjinga i distrikta. Omsynet til busetjinga er viktig ved vurderinga av søknad om fritak.

Jordskiftesaker knytte til felles bruk av knappe ressursar på tvers av eigedomsgrenser og til fjerning av store delar av ulempene knytt til små teigar og eigedomar fører og til ei betre ressursutnytting. Overslag tyder på at løyvinga til Jordskifteverket fører til minst det doble i avkastning i form av auka produktivitet, reduserte driftskostnader, ny næringsverksemd og konfliktløysing. Hovudtyngda av dette kjem distrikta til gode.

Innkjøp av areal med sikte på makeskifte og jordskifte fører til færre og mindre negative konsekvensar for bruk som blir utsett for arealinngrep til offentlege formål. Dette er med på å tryggje arbeidsplassane på bruka.

Leigearealet aukar i alle fylke og er for mange ein viktig del av arealgrunnlaget. Leige skaper uvisse for langsiktig drift, og har derfor ulemper for bonden sjølv, og for samfunnet ved dårlegare grunnlag for sysselsetjing og busetjing. Fylkesmannen må halde eit vakent auge med utviklinga innan dette feltet. Ein vil ta opp arbeidet med spørsmål om bruk av verkemiddel for å hindre ulemper ved leigejord etter at stortingsmeldinga om landbrukspolitikken er behandla av Stortinget.

Forvaltninga av reglane om bruksstruktur har stor betydning for den enkelte eigar eller brukaren av areala. Det er derfor viktig at landbruksforvaltninga legg mykje arbeid i å ta vare på rettstryggleiken for kvar enkelt. Det same gjeld for jordskiftedomstolen.

Naturressursdata

Det er viktig å ha tilgang til kart- og geodata av tilstrekkeleg kvalitet for arealplanlegging og andre vurderingar. I første rekkje er det oppdatert økonomisk kartverk som trengst som ressursgrunnlag for all arealbasert verksemd.

Oppbygging av kartdatabasar i geografiske informasjonssystem (GIS) med standardiserte data er viktig for rasjonelt arbeid framover. Samordning av datainnsamling og ajourføring er nødvendig for å få best bruk av data på alle tre forvaltningsnivå.

2. NÆRINGSUTVIKLING OG MILJØ

2.1 Innleiing

Målet med politikkområdet er å sikre eit berekraftig landbruk som gir grunnlag for verdiskaping og sysselsetjing i alle delar av landet, både i primærproduksjonen og foredlingsindustrien.

Verksemdområdet Næringsutvikling og miljø tek sikte på ei heilskapleg landbruksbasert verdiskaping der ein ser dei tradisjonelle landbruksnæringane i samanheng med nye næringstiltak. Samtidig blir fokus retta mot heile verdikjeda, frå produsent via foredlingsleddet til forbrukar, slik at den samla effekten av arbeidet blir best mogleg.

Regjeringa legg til grunn at norsk landbruk skal medverke til å oppfylle viktige samfunns mål som trygg matproduksjon og matforsyning, stabil busetjing i distrikta, ei berekraftig ressursforvaltning, eit levande kulturlandskap og ei verdiskaping som kan medverke til å oppretthalde sysselsetjinga på bygdene. Landbruket har dessutan eit medansvar for å sikre det biologiske mangfaldet og kulturminne for kommande generasjonar.

Inntektsutviklinga og sosiale forhold vil avgjere om ein kan få rekruttering til næringa som kan sikre eit livskraftig landbruk. Det er understreka at landbruksbefolkninga skal ha moglegheiter for utvikling av inntekt og levkår på linje med andre. Det er fleire forhold utanfor jordbruksavtalen som er med å avgjere kva for inntektsutvikling jordbruket oppnår. Regjeringa legg i landbrukspolitikken vekt på at bøndene si rolle som sjølvstendig næringsdrivande blir styrkt, med auka vekt på utforminga av dei generelle og langsiktige rammevilkåra for utvikling i næringa. Som sjølvstendig næringsdrivande har bøndene sjølv ansvar for å utnytte ressursane og for å utvikle bruket slik at inntektsmoglegheitane kan bli realisert.

Forsking og utvikling er òg eit sentralt verkemiddel i arbeidet for å nå dei landbrukspolitiske måla. Ny og høg kompetanse er mykje viktig for ei positiv distriktsutvikling. For nærare omtale av den landbruksrelaterte forskinga viser ein til programkategori 15.20.

Landbrukspolitikken skal leggje til rette for eit berekraftig landbruk som tek vare på omsynet til natur, kultur og miljø. Ei nærare omtale av miljøpolitikken sin funksjon i den generelle landbrukspolitikken er gitt i punkt 2.2 nedanfor. Arealforvaltninga er gitt særskilt omtale i pkt 1 ovanfor.

Med grunnlag i situasjonen og utviklinga i næringa, måla for landbrukspolitikken og internasjonale rammevilkår er næringspolitikken i jordbruket, skogbruket og reindrifta bygd opp om eit sett med økonomiske, juridiske og administrative verkemiddel. Nedanfor er det gitt ei oversikt over mål, status og verkemiddelbruken i dei einskilde sektorane innanfor landbruket.

2.2 Miljø

For å møte utfordringane og målsetjingane om eit berekraftig landbruk, må politikken på området byggje på eit heilskapleg perspektiv med miljøomsyna integrerte i alle delar. Departementet legg opp til ein økologisering av driftsmetodane i landbruket, og samtidig må ein sjå bruken av verkemiddel og ressursar i samanheng for å sikre kostnadseffektivitet og ein tilstrekkeleg produksjon av miljøgode.

Landbruket har dei seinare åra lagt ned ein stor innsats for å bli meir miljøvennleg. Ein har i dag ei rekkje verkemiddel som medverker til eit meir miljøvennleg landbruk. Desse verkemidla har ei brei verkeflate. Departementet vil byggje på det store og positive engasjementet om miljøarbeidet som kjem til uttrykk hos bøndene og næringsorganisasjonane, ma gjennom KSL og Levende skog. Kombinert med dette må verkemidla utformast slik at dei stimulerer til auka miljøomsyn.

Innsatsen mot forureiningar har i første rekkje blitt retta mot område som inngår i den nasjonale Nordsjøplanen og i nedbørsfelt til forureina vassdrag elles i landet. Ein har oppnådd gode resultat i dette arbeidet. Departementet vil nå leggje auka vekt på utfordringar knytte til berekraftig produksjon og forbruk. Departementet ønskjer òg auka vekt på produksjon av miljøgode, ma kulturlandskap. Det inneber at ein bør sikre eit variert kulturlandskap der ein tek omsyn til biologisk mangfald, bygningar, kulturminne, landskapsbilete og tilgjenge for allmenta til jordbrukslandskapet. Interessa og kunnskapen knytt til kulturlandskapet har auka, og det er stor konkurranse om dei statlege midlane.

Ein vil leggje til rette for meir samordning av miljøarbeidet gjennom områdeplanar der ein ser heilskapleg på miljøområde ut frå lokale behov og initiativ.

Departementet vil leggje auka vekt på miljøverdiar som ein konkurransefaktor i ein meir open marknadssituasjon med krav til miljøkvalitet. Her har vi òg eit godt utgangspunkt i Noreg, både ut frå naturgitte forhold som ma gir mindre behov for å nytte kjemiske sprøytemiddel, og ein struktur som legg til rette for mangfald i landskapet og produksjon med omsyn til etikk og fleirbruk.

Ut frå omsyn til produksjonsmiljø og krav frå forbrukarane og næringsutøvarar, legg departementet auka vekt på å fremme berekraftige produksjonsmåtar og miljømerking av produkta. Omsynet til miljø er innarbeidd i regelverket, slik at miljøansvaret er presisert og blitt meir forpliktande. Brot på regelverket fører ma til inndraging/avkorting av tilskott eller bøter.

2.3 Jordbruk

2.3.1 Mål

Retningslinjer og målsetjingar for næringspolitikken i jordbruket er i all hovudsak dregne opp i St prp nr 8 (1992-93) og i stortingsproposisjonane om jordbruksoppgjera, sist ved jordbruksoppgjeret i 1998 i St prp nr 67 (1997-98).

Delmåla for næringspolitikken i jordbruket kan ein oppsummere slik:

- sikre næringsutøvarane moglegheit for inntekt og levekår på linje med befolkninga elles,
- sikre miljøvenleg produksjon der omsynet til kulturlandskapet, kulturminne og biologisk mangfald står sentralt
- medverke til lågare kostnadsnivå, konkurransedyktige råvareprisar, rimelegare matvareprisar og ein produksjon som er tilpassa etterspurnaden
- styrkje rekrutteringa til og likestillinga i næringa.

Nedanzfor er det gitt ei oversikt over status og verkemiddelbruk på einskilde sentrale område i jordbrukspolitikken slik dei ma er trekte opp i St prp nr 67 (1997-98). Områda dekkjer til saman delmåla ovanfor. For ei meir detaljert oversikt over utviklinga på sentrale område i jordbrukspolitikken viser ein til kap 5 i St prp nr 67 (1997-98).

2.3.2 Status og verkemiddel

Kostnadsutviklinga

Kostnadsutviklinga har mykje å seie for inntektsmoglegheitene i jordbruket. Kostnadene i primærjordbruket blei redusert monaleg i perioden 1990 til 1995. Redusert rente og lågare kraftfôrprisar har vore hovudårsakene til dette, jf resultatrapporteringa under kap 1150. Produktiviteten har òg auka. Etter 1995 har kostnadene auka noko.

Innsatsen av varige driftsmiddel i jordbruket har gått ned dei siste åra. Dette indikerer ein produktivitetsauke. Trenden med reduksjonar i investeringane snudde i 1993, og investeringane har sidan auka. Auken er størst for investeringar i maskiner og reiskap.

Jordbruksoppgjeret 1998 innebar ein auke i kornprisane på 3 øre pr kg. Dette vil isolert sett gi ein liten auke i kraftfôrkostnadene og i prisane på kraftfôrbaserte husdyrprodukt. Elles reknar ein med at auken i forbrukarprisane på matvarer som resultat av auka målprisar på jordbruksvarer vil bli liten.

Prisutviklinga på matvarer og utviklinga i støttenivået

Prisutviklinga på matvarer har konsekvensar for fordelingspolitikken og for forbrukarane. Det er òg nødvendig å ta omsyn til konkurransekrafta til næringsmiddelindustrien og

forbrukarane sine ønskje og krav. Grunnlaget for matvareprisane må leggjast gjennom ein kostnadseffektiv produksjon og distribusjon.

Nettoløyvingane til jordbruket over statsbudsjettet målt i realprisar var høgast i første halvdel av 1980-åra og er redusert etter dette. Jordbruksavtaleprisane har òg blitt monaleg reduserte. Ved årets jordbruksoppgjer prioriterte regjeringa å betre dei økonomiske og sosiale forholda i jordbruket. Dette medførte at både løyvingane over statsbudsjettet og jordbruksavtaleprisane blei auka noko.

Prisane på matvarer har i dei seinare åra hatt ein svakare vekst enn konsumprisindeksen. Auken i målprisane i jordbruksoppgjeret 1998 tilsvarar ein auke i konsumprisindeksen på anslagsvis 0,1 pst.

Utviklinga i næringsmiddelindustrien

Foredling og omsetning av jordbruksvarer ligg i hovudsak utanfor jordbruksavtalen sitt verkeområde. Det skjer likevel ein gjensidig påverknad mellom primærproduksjonen og foredlings- og omsetningsledda i matvaresektoren. Konkurransesituasjonen og kostnadsutviklinga i ledda etter primærproduksjonen har mykje å seie for inntektsmoglegheitene i primærjordbruket og for produkttilbod og servicenivå til forbrukarane. Regjeringa vil derfor leggje stor vekt på at marknads- og konkurranseforholda gjennom heile matvarekjeda skal gi ein kostnadseffektiv produksjon og distribusjon, og vil følgje med i utviklinga i dei ulike ledda i matvarebransjen.

Næringsmiddelindustrien har i dei siste åra gjennomført effektiviseringstiltak. Delar av industrien er utsett for internasjonal konkurranse, og konkurransesituasjonen har òg blitt skjerpa som følgje av konsentrasjon og integrasjon i daglegvaresektoren.

Landbruksdepartementet har teke initiativ til eit forskingsprosjekt organisert gjennom Noregs forskingsråd for å etablere ein omforent kunnskapsplattform omkring struktur- endringar i næringsmiddelindustrien og samfunnskonsekvensane av desse.

Matvaremarknadene er svært samansette og under stadig endring. Derfor vil myndighetene framleis kartleggje og overvake matvaremarknadene framover. Regjeringa vil leggje særleg vekt på å sikre forbrukarane trygg mat.

Miljøpolitikken i jordbruket

Departementet prioriterer produksjonsnøytrale tilskottsordningar for å stimulere til miljøvennleg drift. Ordninga med visse grovmaska miljøkrav knytte til det generelle areal- og kulturlandskapstillegget er viktig og sikrar produksjon der ein tek vare på landskapsbilete og biologisk mangfald. Det vil bli lagt sterkare vekt på å fremme biologisk mangfald i ordninga med særskilde kulturlandskapstiltak. Ein vidareførar ordninga endra jordarbeiding. Framover vil ein òg arbeide for å samordne tilskott gjennom områdetiltak innanfor miljøområdet. Departementet legg vekt på at bevaring av natur- og kulturressursane blir sett i samanheng med næringsutvikling generelt.

Jordbruksproduksjonen må byggje på prinsippet om kretsløpsbasert produksjon for å sikre ein meir effektiv bruk av næringsstoff og for å redusere forureiningane. Balansert gjødsling skal sikrast gjennom obligatorisk gjødselplanlegging. Departementet aukar òg løyvingane til økologisk landbruk for å vidareutvikle denne driftsforma, og for å auke tilgangen av økologiske varer.

Departementet vil frå 1999 endre avgiftssystemet for kjemiske sprøytemiddel ved å leggje om til avgiftsfastsetjing ut frå miljøtrussel. Ein vil òg få ein vesentleg auke i avgiftsnivået. Jordbruksavtalepartane legg til grunn at det blir kompensert for heile avgifta ved tilbakeføring og tydeleggjering innanfor ramma for jordbruksavtalen fom 1999, jf St prp nr 67 (1997-98). For nærare omtale av handlingsplanen knytt til plantevern viser ein til programkategori 15.10.

Resultatkontroll og overvaking av jordsmonn og kulturlandskap skal sikre kvalitet i gjennomføringa av miljøtiltak og dokumentere miljøtilstanden og effektane av miljøarbeidet. Resultatkontrollen er òg knytt til internasjonale prosessar der arbeidet med kulturlandskap er viktig for å ivareta norske interesser.

Jordlova gir heimel til å fastsetje føreseigner for miljøforsvarleg drift av jordbruksareal. I medhald av jordlova er det utarbeidd og sett i verk føreseigner for nydyrking, vegar i jordbruket og for spreining og bruk av husdyrgjødsel. Begge føresegnene er gitt ut frå omsynet til natur- og kulturlandskap og miljøomsyn.

Produksjons- og marknadstilpassing

Dei siste åra har marknadssituasjonen vore relativt god. Større produktspekter, auka realdisponibel inntekt og prisutviklinga på matvarer har medverka til å betre

marknadsforholda. I 1997 viser likevel berekningane frå Budsjettnemnda for jordbruket auka svikt i marknadsprisane samanlikna med målprisane i jordbruksavtalen.

Det er framleis overkapasitet og produksjonspress innanfor mjølkeproduksjonen. For kjøtt er marknadsbalansen betra som følgje av auka forbruk. Spesielt for lyse kjøttslag og sau er det likevel registrert auka svikt i engrosprisane samanlikna med målprisane. Eggsektoren er framleis prega av overproduksjon og overkapasitet, sjølv om marknads-overskottet er redusert monaleg dei siste åra.

Marknadsreguleringa er gradvis redusert og gjort enklare dei seinare åra. Det kan no regulerast på færre produkt enn tidlegare, og løyvingane til avsetningstiltak er redusert. WTO-avtalen avgrensar reguleringseksporten. Dette har ført til at prisane og lønnsenda har meir å seie for produksjonssamansetninga, og marknadsforholda er betra.

I jordbruksoppgjeret i 1998 fekk næringa adgang til å utforme verkemiddel med sikte på å tilpasse produksjonen slik at avtaleprisane kan takast ut. Eventuelle ordningar skal finansierast med omsetningsavgift og på basis av løyvinga til avsetningstiltak. Det blei òg lagt vekt på å fastsetje målprisane på eit slikt nivå at dei kan takast ut i marknaden.

Ein meir open konkurranse situasjon krev ei offensiv utnytting av dei moglegheitene som ligg føre. Det gjeld å nytte marknadssignal og tilpasse produksjonen til marknaden, med særleg vekt på auka utvikling av nye produkt og tenester det er etterspørsel etter. Sentralt her står programmet Konkurransestrategiar for norsk mat, jf nærare omtale under kap 1150, og satsinga på økologisk landbruk.

Inntekt og levekår

Innanfor rammene som importvernet og andre sektoromsyn i politikken set, vil ein gjennom landbrukspolitikken sikre landbruksbefolkninga moglegheiter for utvikling av inntekt og levekår på linje med andre. Materialet frå Budsjettnemnda for jordbruket viser at jordbruket har hatt ei klart svakare inntektsutvikling enn andre yrkesgrupper etter 1990. Det er stor uvisse i næringa etter mange år med omstilling og svak inntektsutvikling. Ut i frå dette er det nødvendig å gjennomføre klåre forbetringar i dei økonomiske og sosiale forholda.

Utvalet som har sett på likestillings- og rekrutteringssituasjonen i landbruket viser at det er ei spesiell utfordring å rekruttere fleire kvinner til landbruket. Sjølv om det ut frå offentleg statistikk er vanskeleg å konkludere med at rekrutteringa til landbruket generelt er svak, viser materialet frå utvalet som har vurdert rekruttering og likestilling at utviklinga i næringa ikkje fangar opp dei omfattande utfordringane næringa står ovanfor i å sikre ei langsiktig rekruttering.

Ut frå dette er ramma for jordbruksoppgjeret i 1998 auka slik at det gir jordbruket ein betydeleg inntektsauke frå 1997 til 1998. Samla bidreg avtalen til varig heving av inntektsmoglegheitene i jordbruket med i underkant av 17 000 kroner i året inkludert verknaden av bortfall av investeringsavgift for driftsmiddel i jord- og skogbruk. Forutan å auke inntektsmoglegheitane i jordbruket inneber avtalen at det blir innført ei tidlegpensjonsordning for bønder frå fylte 62 år, og at velferdsordningane blir styrkt. Det følgjer òg av avtalen at det blir gjennomført tiltak for å styrkje rekrutteringa av ungdom og særleg kvinner til landbruksnæringa. Det blir ma innført eit ekstra produksjonstilskott til unge bønder der kvinner får høgare tilskott enn menn.

I tillegg er det fleire forhold utanom jordbruksavtalen som er med å avgjere kva for inntektsutvikling jordbruket oppnår. Som sjølvstendig næringsdrivande har bøndene sjølv ansvar for å utnytte ressursane og utvikle bruket slik at inntektsmoglegheitene kan realiserast.

Distrikts- og strukturpolitikken

Det er ei viktig målsetjing for regjeringa å sikre hovudtrekka i busetjingsmønstret. Ei stabil busetjing er ein viktig føresetnad for å kunne realisere viktige samfunns mål knytt til ressursutnytting, miljø, velferd og trivsel. Som basisnæringar for busetjinga i distrikta må ein gi primærnæringane økonomiske og sosiale rammevilkår som kan sikre rekruttering og utnytting av lokale ressursar. Det blir vidare lagt til rette for utviklinga av alternative arbeidsplassar i tilknytning til landbruket, særleg for kvinner.

Resultatkontrollen til Budsjettnemnda for jordbruket viser at distrikta held oppe sin del av jordbruksarealet og den samla jordbruksproduksjonen. Regjeringa vil i åra framover tilpasse dei landbrukspolitiske verkemidla slik at grunnlaget for inntekt og produksjon i distrikta blir halden oppe.

Det har dei siste tiåra vore ein jamn nedgang i sysselsetjinga i landbruket målt i årsverk. Arbeidsforbrukstellinga som SSB foretok i 1995 viste at nedgangen i arbeidsforbruket hadde flata noko ut i perioden 1993-95. Tellingsresultatet i 1997 synte igjen ein auka

avgang av arbeidskraft frå jordbruket. Talet på bruk i drift har gått ned, medan den gjennomsnittlege bruksstorleiken syner ein jamn auke.

Gjennom Landbrukets utviklingsfond blir det gitt tilskott til viktige infrastrukturtiltak innanfor det tradisjonelle jordbruket. Ordninga kan td lette omstilling i husdyrproduksjonane, eller støtte opp under satsinga innanfor økologisk landbruk. Departementet legg vekt på kostnadsreduserande tiltak og framtidretta produksjonsopplegg. I jordbruksoppgjæret 1998 blei avsetninga til investeringar i tradisjonelt jordbruk auka frå 180 til 220 mill kr. Av ramma for investeringsstøtte til tradisjonelt jordbruk er det sett av 40 mill kr til etableringstilskott ved generasjonsskifte for å lette overtakinga av eigedommar for unge brukarar. Kvinner skal prioriterast med ein høgare støttesats enn menn.

Handelspolitiske rammevilkår

Utforminga av importsystemet har stor betydning for jordbruket. Utforminga av pris- og marknadssystema i jordbruket må skje innanfor dei rammene som importvernet set. WTO-avtalen som trådte i kraft 1. januar 1995, medfører forpliktingar når det gjeld grensevern, internstøtte og eksportstøtte. Importvernet vil vere ein viktig del av ein politikk som skal setje landbruksnæringa i stand til å oppfylle viktige samfunns mål. Eit stabilt tollvern begrensar behovet for budsjettoverføringar og gir næringsutøvarane forutsigbare rammevilkår.

I samband med jordbruksoppgjæret 1998, jf St prp nr 67 (1997-98), orienterte regjeringa om tollvernet framover. Regjeringa viser til ulike forhold som har ført til auka handel og konkurranse. Dette har ført med seg ei produktutvikling i Noreg og til at det er fleire spesialprodukt å finne i butikkane. Regjeringa viser til at forhandlingane med EU ikkje er slutført, og til at det skal startast nye forhandlingar i WTO i 1999. Ut i frå ei samla vurdering, der norske interesser i forhandlingane med EU og WTO særleg blir lagt vekt på, ser ikkje Regjeringa det som aktuelt å setje i verk generelle tollreduksjonar utan at det inngår som ledd i ei forhandlingsløyising.

Ut over den primære rolla som matvareprodusent, blir viktige distriktpolitiske og miljømessige mål ivaretekne gjennom landbrukspolitikken. Regjeringa vil leggje stor vekt på landbruket si multifunksjonelle rolle i arbeidet med opplegget for dei foreståande forhandlingane i WTO. På bakgrunn av dei viktige nasjonale interessene som knytter seg til norsk landbruk, vil denne sektoren etter regjeringa si vurdering representere eit viktig forhandlingsområde i dei kommande forhandlingane. Ved behandlinga i Stortinget var det ikkje merknader til desse vurderingane.

Effektivisering av verkemiddelbruken og samordning av forvaltninga

Det er både i St prp nr 8 (1992-93) og i komitéinnstillinga føresett at verkemidla i landbrukspolitikken i større grad skal rettast direkte mot dei ulike landbrukspolitiske måla og at verkemiddelbruken skal forenklast monaleg. For å realisere dette er store delar av dei økonomiske verkemidla i jordbruksavtalen gjennomgått og forenkla.

I jordbruksoppgjæret 1997 blei det vedteke at ei partssamansett arbeidsgruppe skulle gå gjennom velferdsordningane i landbruket. Gruppa har foreslått betydelege endringar og forenklingar i regelverket for dei ulike ordningane. Ei anna arbeidsgruppe har gått gjennom fraktordningane i jordbruket og ma funne fram til generelle prinsipp som bør leggjast til grunn for vidare arbeid med fraktordningane. Tilskottet til dyr på utmarksbeite er forenkla og lagt om til eit tilskott pr dyr.

Det blei i jordbruksoppgjæret i 1998 vedteke å setje ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utgreie nærare meir produksjonsuavhengige verkemiddel som kan supplere tilskottsordningane som blir utbetalt pr dyr og areal.

Elles skal ein ma som følgje av det nye økonomireglementet for staten vidareføre ein gjennomgang av fleire av tilskottsordningane over jordbruksavtalen.

For ei nærare omtale av verkemiddelbruken i landbrukspolitikken viser ein til kap 1150.

2.4 Skogbruk

2.4.1 Mål

Det er knytt store verdiar til skogen i Noreg, og skogbruk gir gode moglegheiter for variert næringsliv i fastlands-Noreg. Skogen er derfor eit viktig grunnlag for verdiskapinga i bygdene og i industrien. Eksportverdien på treprodukt var i 1997 på vel 13 mrd kr. Regjeringa vil føre ein aktiv nasjonal skogpolitikk for å styrkje skogen sitt bidrag til velferd for befolkninga, til meir berekraftige produksjons- og forbruksmønstre og levande bygder. Regjeringa vil fokusere på dei moglegheitene som ligg i skogsektoren og at ein gjennom aktiv ressursforvaltning skal sikte mot auka verdiskaping. Regjeringa legg òg vekt på at

skogsektoren kan vere med på å løyse viktige miljøutfordringar og at det norske skogbruket kan styrkje si konkurranseevne gjennom høg og kunnskapsbasert miljøprofil.

2.4.2 Status

Skogsektoren arbeider i ein internasjonal marknad med raske endringar. Utviklinga i marknaden, både internasjonalt og nasjonalt, har dei siste åra endra rammevilkåra for den skogbaserte næringsverksemda. I 1997 var marknadsvilkåra framleis svakare enn tidleg på 90-talet, men med nokre positive teikn ma som følgje av høg innanlands byggjeaktivitet og noko betre prisforhold på produkta frå treforedlingsindustrien. Det er ikkje dei same positive teikna i 1998, og det er klåre regionale skilnader.

Aktiviteten i skogbruket har dei seinare åra vore svak. Låge tømmerprisar har ført til at avverkingskvantumet har gått betydeleg ned. Samtidig har dette ført med seg at dei langsiktige investeringane for å byggje opp framtidsskogen også har blitt monaleg redusert.

Auka verdiskaping krev eit nært samarbeid mellom skogbruket og skogindustrien, og utviklinga er derfor eit felles ansvar for heile skognæringa. Skal skogen framleis vere ei viktig kjelde til inntekt og sysselsetjing, krev det eit relativt høgt nivå på dei langsiktige investeringane samtidig som det blir sett inn tiltak i dei ulike ledda i heile verdikjeda. Ei styrking av skogindustrien si konkurranseevne må skje gjennom å betre produktiviteten i alle ledd i sektoren. Her ligg det eit stort potensial for vidare utvikling samtidig som produktutvikling kan gi grunnlag for auka utnytting av ressursane.

Skog og skogareal kan gi grunnlag for anna distriktsbasert næringsverksemd. Dette er ei viktig oppgåve for Landbruksdepartementet som samarbeider med andre departement og med sentrale institusjonar som Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, Noregs forskingsråd og Statens Landbruksbank. Fylkesmannen arbeider òg med slike spørsmål gjennom ma regionale næringsutviklingsprosjekt.

Det har vokse fram eit aukande internasjonalt skogpolitisk engasjement. Dei viktigaste prosessane for Noreg er knytt til FN sitt skogforum og til dei europeiske ministerkonferansane om berekraftig skogbruk, klimakonvensjonen og konvensjonen om biologisk mangfald. Den auka internasjonale skogpolitiske aktiviteten og nye krav frå marknaden vil ha tyding for utviklinga i norsk skogsektor framover.

Miljøpolitikken i skogbruket

Skogen er viktig i miljøsamanheng; skog bind karbon og treprodukt og trevirke som energibærer bidrar til eit meir berekraftig produksjons- og forbruksmønster fordi dei kjem frå fornybare ressursar og er resirkulerbare.

Miljøarbeidet i skogbruket har dei siste åra vore sterkt prega av aukande merksemd omkring omsyna til biologisk mangfald. Innhaldet i det fleirsidige skogbruket er endra, og miljøoppgåvene er meir omfattande og kompliserte enn tidlegare. Godt grep om miljøarbeidet og dokumentasjon av dei resultatane som ein når i skogen, er ein viktig konkurranseføremøn for skognæringa. Eit grunnlag for dokumentasjon er resultatkontrollen i skogbruket, som omfattar både kontroll med aktiviteten det enkelte år og utviklinga i miljøtilstanden. Arbeidet med kriterium og indikatorar for eit berekraftig skogbruk (bransjeprojektet Levende skog) blei slutført i 1998. Dei retningslinjene ein kom fram til dreier seg om dei fleirbruksomsyn og miljøtilpassingar skogeigarar bør gjere ved drift av skogen sin.

Skogen er sterkt utsett for luftforureiningar og skogen si helse og vitalitet er eit område som framleis krev stor innsats. Det er naudsynt å føre skogovervakinga vidare slik at ein kan klarleggje årsakssamanhengar og sette inn mottiltak.

Kommisjonen for berekraftig utvikling i FN oppretta i 1995 eit mellomstatleg skogpanel som skulle fremme forslag til tiltak for ei meir berekraftig skogforvaltning og internasjonalt samarbeid om desse spørsmåla. Skogpanelet avslutta arbeidet sitt i februar 1997. Tilrådingane frå Skogpanelet blei behandla av Kommisjonen for berekraftig utvikling våren 1997 og under spesialsesjonen i FN om miljø og utvikling som blei gjennomført i juni 1997. Spesialsesjonen i FN vedtok å opprette eit forum for internasjonale skogspørsmål som ma har som oppgåve å medverke til at tilrådingane frå Skogpanelet blir følgde opp og vurdere grunnlaget for å starte forhandlingar om ein skogkonvensjon. Forumet skal leggje fram sin rapport i år 2000.

2.4.3 Verkemiddel

Skogbrukslova med tilhøyrande føresegner gir den juridiske ramma for skogbruket og er det grunnleggjande verkemidlet for å sikre berekraftig bruk av skogen. Lova legg til rette for å sikre produksjonsgrunnlaget og set krav til miljøomsyn.

Ordninga med skogavgift står sentralt i arbeidet for å nå investeringsmåla. Ordninga sikrar det finansielle grunnlaget for investeringane samtidig som ho aukar investeringsvilja

hos skogeigarane ved at det er knytt skattefordel til bruk av skogavgifta til langsiktige investeringar i skogkultur og skogsvegar.

Ein stor del av dei investeringane ein gjer i skogen i dag kan ein ikkje hauste inntekt frå før om 50 til 100 år. Privatøkonomisk vil derfor slike investeringar bli vurdert som usikre. For å sikre høg verdiskaping frå norsk skogbruk og skogindustri i dag og i framtida er det derfor nødvendig å gå inn med tilskott til dei langsiktige investeringane.

Budsjettframlegget for 1999 inneber ei løyving til miljø- og næringstiltak i skogbruket (kap 1142 postane 71 og 76) på om lag 146 mill kr. I tillegg er det sett av 120 mill kr til skogbruksformål over LUF. Samla løyving er på 266 mill kr. Dette er 6 mill kr meir enn løyvingane til tilsvarende tiltak i 1998. I tillegg kan det løyvast midlar til skogbrukstiltak over bygdeutviklingsordninga.

Midlane over statsbudsjettet vil i første rekke bli brukt for å sikre at det blir bygd opp ny kvalitetsskog. Denne delen av løyvinga er òg viktig i klimasamanheng. Ei hovudutfordring i skogbruket framover er å auke foredlingsgraden og leggje til rette for ein meir differensiert utnytting av trevirke. Ein gjer framlegg om å auke løyvinga til tiltak på dette området frå 5 til 11 mill kr. Oppfølginga vidare skal skje i nær kontakt med næringa. Av løyvinga til skogbrukstiltak over LUF vil tilskott til skogbruksplanlegging, skogsvegar og opplæring bli prioritert.

I miljøarbeidet byggjer departementet på alle dei verkemidla som er til rådvelde for gjennomføring av skogpolitikken. Dette omfattar Skogbrukslova med tilhøyrande føresegner, tilskott til langsiktige investeringsiltak, skogavgift, planlegging, forskning, rådgiving, utdanning og informasjon. Departementet vurderer heile tida behovet for nye verkemiddel i miljøarbeidet. Det blei derfor i 1997 starta opp eit prosjekt for registrering og kartlegging av spesielle miljøkvalitetar i skog. Arbeidet vil halde fram i 1999 innanfor ei ramme på 12-13 mill kr.

Resultatoppnåinga framover set høge krav til økologisk kunnskap og krev brei informasjonsinnsats og sterk vekt på kompetanseoppbyggjande tiltak. Kunnskap om skoghistorie og den økologiske utviklinga i skogen er eit viktig grunnlag for å sikre eit miljøtilpassa skogbruk.

Det vil òg i 1999 være nødvendig å gjennomføre særskilde tiltak for å nå reell likestilling i næringa.

Skogforskinga nasjonalt og deltaking i internasjonal skogforsking står sentralt i den samla verkemiddelbruken i skogpolitikken. Ein heilskapleg forskingsinnsats er avgjerande for å sikre kunnskapsgrunnlaget for riktige avgjerder i skogbruket.

2.5 Reindrift

2.5.1 Mål

Reindriftspolitikken er tufta på to sjølvstendige grunnlag - ein næringspolitisk produksjonsverdi og ein samepolitisk kulturverdi. Sjølv om næringa i nasjonal målestokk er lita, har reindrifta òg ein regional verdi for beredskapen i delar av landet.

Dei reindriftspolitiske måla er samanfatta i omgrepet *ei berekraftig reindrift*. Med dette forstår ein ei reindrift som har økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Økologisk berekraft er ein føresetnad for økonomisk berekraft, og saman gjev økologisk og økonomisk berekraft grunnlag for å utvikle kulturell berekraft. Regjeringa meiner òg det må satsast meir på etablering av tilleggsnæringar. Dette er særleg viktig for kvinnene og for å ta vare på heilheta i reindriftskulturen. Reindrifta vil på den måten medverke til at verdifulle trekk ved samisk kultur blir halden ved like og ført vidare, og næringa vil då ha legitimitet som eit viktig materielt grunnlag for samisk kultur.

2.5.2 Status og verkemiddel

Reintalet i Finnmark er redusert med om lag 70 000 dyr frå 1989 til 1997 slik at reintalet no er om lag 130 000. Nedgangen i reintalet har i fyrste rekke samanheng med naturgitte forhold, men òg med politikken som er ført for å betre tilpassinga til beitegrunnlaget.

Det har dei siste seks åra blitt importert reinkjøtt for å dekkje etterspørselen i den norske marknaden. På bakgrunn av signal frå marknaden er potensialet for auka prisuttak lågare. Ma på bakgrunn av dette blir målprisen auka med 0,5 kr pr kg til 54,5 kr pr kg for slaktesessongen 1998/99.

Det totale økonomiske resultatet for reindrifta er svakt og det er store skilnader i økonomisk resultat mellom områda. Den økonomiske og sosiale situasjonen for ein del reingeigarar i Finnmark er såleis svært vanskeleg. Få alternative inntekts- og sysselsetjingsmoglegheiter forverrar situasjonen i regionen og skaper risiko for ny overetablering før beiteressursane har kome i balanse.

Radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulukka i 1986 fører framleis til ekstra kostnader for reindriftsnæringa. Det er på den same måten som tidlegare år sett av ei disposisjonsløyving til dekking av kostnader knytt til radioaktivitet i reinkjøtt.

Meir arbeidsintensive driftsformer, med nærare relasjonar mellom dyr og menneske, vil gjere dyra tammare og såleis føre til betre kontroll med flokkane. Dette vil igjen medverke til at behovet for sperregjerder og motoriserte hjelpemiddel i samband med vakthaldet blir redusert. Der gjerdebygging og bruk av motoriserte hjelpemiddel er nødvendig, må ein syte for at miljøkonsekvensane blir reduserte mest mogeleg gjennom vilkår og rettleiing.

Stortinget vedtok 30.1.96 endringar i reindriftslova. Endringane gjer det no mogeleg, på ein heilt annan måte enn tidlegare, å knyte økonomiske og lovbaserte verkemiddel saman i eit heilskapleg verkemiddelsystem for å tilpasse beitetrykket til ressursgrunnlaget og setje i verk tiltak for å få til ei betre inntektsfordeling mellom næringsutøvarane. Endringane skal òg sikre næringsgrunnlaget for samisk reindrift og gi Sametinget innverknad i dei styrande organa i reindriften.

Ressursstyring og tilpassing av reintalet til beiteressursane har vore eit sentralt tema ved reindriftsforhandlingane gjennom mange år. Tiltaka i reindriftsavtalen med direkte inntektsverknad er derfor i all hovudsak retta inn mot å få eit auka slakteuttak, særleg der beitegrunnlaget er for dårleg. Det blei i reindriftsavtala for avtaleåret 1997/98 innført eit øvre tak på 600 rein pr driftseining for å få dei direkte inntektsgivande tilskotta (produksjonstilskott, kalveslaktetilskott og tidlegslaktetilskott). Slik legg reindriftsavtala for avtaleåret 1998/99 forholde til rette for ytterlegare å avgrense reintalet i dei største einingane.

Det blir òg stilt krav om eit minste slakteuttak for å få dei direkte utbetalte tilskotta, og dei produksjonsavhengige tilskotta er utforma for å stimulere til tidlegare slakting. Vidare inngår vektbaserte utslaktingskriterium i det ordinære tilskottssystemet. For i størst mogeleg grad å ta omsyn til dei mange spesielle forholda for reindriften i Troms blei det i førre reindriftsavtale innført ei ordning med eit generelt driftstilskott pr driftseining, dette til erstatning for dei eksisterande direkte inntektsgevande tilskotta. Verkemiddelbruken under reindriftsavtalen er nærare omtalt i St prp nr 46 (1996-97) og i kap 1151 nedanfor.

Reindriften er ei næring som nyttar store arealressursar. Dette kan føre til konflikt i forhold til andre interesser, td jordbruket. Det er ein føresetnad at reindriftsareala har eit tilfredsstillande vern med omsyn til konkurrerande interesser, slik at drifta fagleg òg med omsyn til arbeidsmiljøet kan finne stad på ein forsvarleg måte. Regjeringa føreset at spørsmål om endringar i reindriftslova som gjeld dei grunnleggjande rettsspørsmåla for næringa, må vurderast i samband med vidareføring av Samerettsutvalet sitt arbeid. Det er behov for ein avgrensa revisjon av lova, omkring forvaltninga og dei meir interne forholda i næringa. Regjeringa vil derfor, i tråd med Stortinget si handsaming av St prp nr 49 (1997-98) setje ned eit utval som skal gå gjennom reindriftslova med sikte på å revidere dei reglane som gjeld styring og forvaltning av reindriften og regulering av dei interne forholda i reindriften. Det blir elles framleis stilt midlar til rådvelde både i jordbruksavtalen og i reindriftsavtalen til konfliktførebyggjande tiltak.

2.6 Nye næringar

2.6.1 Mål

For at landbruket skal kunne medverke til å oppfylle viktige samfunns mål knytte til busetjing og verdiskaping, er det ein sentral strategi å leggje til rette for heilskapleg næringsutvikling på bygdene. Det er derfor eit mål å fremme lønnsam næringsutvikling i og i tilknytning til landbruket gjennom småskalaprega verksemdar og lokalsamfunnstiltak. Det er og eit mål å fremme berekraftig produksjon og bruk av natur og utmark.

Departementet legg vekt på fremme småskala produksjon og omsetning av mat. Det blir lagt vekt på kultur og tradisjon innanfor ramma av trygg kvalitetsmat, ma gjennom Norsk Gårdsmat-programmet.

Det er ein føresetnad at ny næringsverksemd er marknadsorientert og lønnsam. Det skal i hovudsak berre gis støtte i den innleiande fasen.

2.6.2 Status

Bygdeutviklingsmidlane er det sentrale verkemiddelet for å fremme lønnsam næringsutvikling i og i tilknytning til landbruket.

Næringa si interesse for ordninga er stor i alle delar av landet, og satsinga syner gode resultat i form av arbeidsplassar og positive ringverknader i distrikta. Det blei i 1997 gjennomført ein landsomfattande evaluering av den bedriftsretta støtta over BU-ordninga til utvikling av ny verksemd på gardsbruk. Kartlegginga gjeld resultat og effektar av dei

fylkesvise BU-midlane som blei løyvde i tidsrommet 1988-96. BU-prosjekta omfattar eit stort mangfald av næringar og typar verksemd. Evalueringa viser at på landsbasis kan ein rekna med at BU-ordninga har medverka til å skape omlag 4000 årsverk. Gjennomsnittleg sysselsetjing for alle prosjekta der det er løyvd BU-midlar er på 0,8 årsverk. Om lag halvparten av årsverka som er skapte gjeld sysselsetjing for kvinner. To tredjedelar av prosjekta ligg innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Samla tildeling av støtte pr prosjekt var i gjennomsnitt 165 000 kr. Det er òg foreslått administrative forbetringar knytt til dagens ordning.

Årsrapporten for BU-ordninga syner at det i 1997 blei løyvd totalt 406 mill kr til utviklingstiltak fordelt på lokalt, regionalt og sentralt nivå medan det blei løyvd 127 mill kr til investeringar i tradisjonelt landbruk. Bygdeutviklingsmidlane er nærare omtala i St prp nr 67 (1997-98).

Det er ei sentral oppgåve å medverke til utvikling av skog-, tre- og utmarkssektoren. Undersøkingar i samband med arbeidet med ny stortingsmelding om skogpolitikken viser at BU-midlar til skogprosjekt har gitt høg sysselsetjingseffekt, høgt driftsresultat og at desse prosjekta har god overlevingsevne. Departementet legg vekt på at midlane nyttast aktivt til å fremme lokal vidareforedling av tre, effektiv utnytting av marknaden for skogprodukt og ein variert utnytting av skog og utmarksressursane. Det er ei viktig oppgåve å stimulere til nettverkssamarbeid og sikre samanheng og kommunikasjon gjennom heile verdikjeda.

2.6.3 Verkemiddel

Den samla næringspolitikken for bygdene må styrkje og utvide næringsgrunnlaget for å utvikle eit allsidig næringsliv og eit breiare grunnlag for busetjingsmønsteret. Det blir lagt vekt på ein utviklingsretta verkemiddelbruk der det er eit strategisk mål å mobilisere ressursane gjennom lokale prosessar.

Bygdeutviklingsmidlane er det viktigaste verkemidlet for å fremme lønnsam næringsutvikling i og i tilknytning til landbruket. Ein legg særleg vekt på å fremme samarbeidstiltak og tiltak som gjev arbeidsplassar for kvinner og ungdom.

Arbeidet med næringsutvikling blir styrkt i 1999. Som følge av jordbruksavtalen 1998 blir ramma for BU-ordninga auka til 652 mill kr i 1999. Auken i ramma går til tradisjonell landbruksproduksjon der det er eit særleg behov for bygningsinvesteringar. Det vil og bli etablert ei landsdekkjande ordning med tilskott til grøfting i 1999.

Departementet vil også leggje vekt på arbeidet med effektivisering og sterkare resultatorientering i forvaltning og saksbehandling. I 1999 vil det derfor bli etablert eit permanent system for resultatrapportering for BU-midlane. Det arbeidast òg med å utarbeide detaljerte miljøkrav til prosjekta gjennom ei sjekkliste.

Departementet meiner det er viktig å nytte alle tilgjengelege ressursar i lokalsamfunnet, både naturressursar og menneskelege ressursar. Ein har og lagt vekt å styrkje den lokale forankringa til kommunane sitt arbeid med næringsutvikling i tilknytning til landbruket gjennom ei særskilt øyremerking av midlar til slike formål.

Eit framtidsretta landbruk er avhengig av at kvinner og ungdom finn det attraktivt å gå inn i næringa. Departementet legg derfor vekt på å styrkje innsatsen i næringsutviklingsarbeidet retta mot desse gruppene. Satsane for etableringstilskottet i BU-ordninga er heva samtidig som det er lagt til grunn at ein større del av dei fylkesvise BU-midlane til utviklingstiltak skal prioriterast til lokalsamfunnstiltak for eller med ungdom.

I arbeidet med næringsutvikling i landbruket må det leggjast vekt på koordinering og samhandling med det generelle distriktpolitiske verkemiddelapparatet på fylkesnivået. Departementet legg vekt på å sjå forvaltninga av BU-midlane i samanheng med andre verkemiddel for å fremme næringsutvikling, særleg gjennom arbeidet med regionale utviklingsprogram. Samhandlinga mellom bruken av BU-midlane og ordningane under SND som blir forvalta i fylka må utviklast vidare.

KAP 1140 MILJØ- OG NÆRINGSTILTAK I JORDBRUKET

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
50	Driftsøkonomiske analyser mm	17 448	17 797	18 149
73	Istandsetjing av dyrka jord, <i>kan overførast</i>	826		
77	Miljøretta prosjektarbeid mm, <i>kan overførast</i>	20 036	32 954	27 524
78	Konkurransestrategiar for norsk mat	69 592	5 000	
	Sum kap 1140	107 902	55 751	45 673

Kap 1140 post 77 omfattar løyvingar til einskilde miljø- og næringstiltak i jordbruket der det er nødvendig med offentlig innsats for å nå fastlagde miljømål, jf og omtale under programkategori 15.30. For gjennomføring av arealpolitikken og for å forsvare landbruket sine interesser i arealplanprosessane er det sett av prosjektmidlar til utviklingstiltak. Det er sett av midlar for å auke kompetansen til forvaltninga innanfor særskilde område som ma økologiske rensetiltak, erosjon og tap av næringsstoff. Kap 1140 post 77 omfattar òg tilskott til frivillige organisasjonar.

Det er under kapitlet òg budsjettert med midlar til dei forvaltningsretta oppgåvene ved Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF).

Post 50 Driftsøkonomiske analyser mm

Ein stor del av verksemda til NILF er oppgåver til støtte for forvaltninga på oppdrag frå Landbruksdepartementet. Den forvaltningsretta verksemda til NILF kan ein dele inn i verksemdområda driftsøkonomiske data og analyser, inkl driftsgranskingane, sekretariatet for Budsjettnemnda for jordbruket, næringsøkonomisk dokumentasjon og driftsøkonomisk rettleiing og styring. NILF har òg forskingsoppdrag der departementet er direkte brukar.

Gjennom arbeidet med driftsgranskingane, analysebruk og økonomiforsøk blir det utarbeidd føretaksøkonomisk statistikk og analyser som grunnlag for forvaltning, forskning, undervisning, rådgiving og næringsverksemd. Materialet blir mellom anna brukt som grunnlag for jordbruksforhandlingane og som grunnlag for utforming av ulike verkemiddel i landbrukspolitikken. Vidare medverker NILF til å dokumentere sentrale utviklingstrekk i landbruk, matvareindustri og matvaremarknader og til å overvake internasjonale handelsavtalar og internasjonale marknader. NILF skal òg medverke til betre organisering og leiing av landbruksføretak.

Resultatrapport 1997

Driftsgranskingsmaterialet for 1996, som er publisert i 1997, omfattar 976 rekneskap frå yrkesmessig drevne bruk. Bruka er valt ut slik at dei representerer ulike landsdelar, storleiksgrupper og driftsformer. 235 av bruka inngår i skogbruksdelen av driftsgranskingane.

I 1997 var det 24 analysebruk i aktivitet og 44 økonomiforsøk. Nokon viktige produksjonar og forsøk var økologisk mjølkeproduksjon, hjortevilt, gardsturisme, søtkirsebær for eksport, pyntegrønt, grønsaker, urter og blåbær.

NILF arbeidde i 1997 vidare med eit prosjekt i Latvia om registrering og bruk av økonomiske data til driftsleiing og økonomistyring på gardsbruk.

Det er i 1997 arbeidd med å forbetre programvare, skjema og rettleingsmateriell for rekneskapsarbeid, driftsleiing og økonomistyring på gardsbruk.

Sekretariatet for Budsjettnemnda for jordbruket har i tillegg til dei faste årlege oppgåvene utarbeidd 25 referansebruk. Referansebruka viser inntektsutviklinga fordelt på ulike produksjonar, bruksstorleik og område, samt verknader av endringar i jordbruksoppgjera.

Av andre oppgåver har NILF ma deltatt i førebuingane til intern beredskapsøving i Landbruksdepartementet.

Mål og resultatkrav i 1999

Landbrukspolitikken har konsekvensar for utvikling og forbetring av grunnlagsmaterialet for jordbruksforhandlingane. Omstillingsprosessane stiller òg auka krav til vidareutvikling av system for måling av inntekter og levekår i landbruket. Ein legg opp til ei vidare utvikling av grunnlagsmaterialet som tek sikte på å danne eit best mogleg grunnlag for dei vurderingane og prioriteringane som må gjerast i samband med utforminga av landbrukspolitikken.

Innanfor verkeområdet driftsøkonomisk rettleiing og styring er det behov for å arbeide vidare med å utvikle betre verktøy for driftsleiing og økonomistyring. Evna til å utnytte ressursane og styre kostnadene på bruket vil framleis ha mykje å seie for inntektsutviklinga i landbruket.

NILF bør i 1999 leggje vekt på å gjere både data og analysar lettare tilgjengeleg for brukarane og utnytte data og analysar best mogleg. Eit aktuelt tiltak er å nytte betre dei moglegheitene som ligg innanfor bruk av Internett.

Det vil venteleg vere ei aukande fokusering på internasjonale marknader og internasjonal handelspolitikk framover, noko som gjer dette til eit viktig satsingsområde for NILF både når det gjeld utredning og dokumentasjon.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 18,1 mill kr på posten for 1999.

Post 73 Istandsetjing av dyrka jord

Sidan 1.1.92 er det ikkje løyvd nye tilskott til istandsetjing av dyrka jord. Av tidlegare gitte tilsegn blei det i 1997 utbetalt 0,9 mill kr til nydyrking, grøfting og bygging av jordbruksveggar og det blei inndrege 0,7 mill kr.

Staten hadde pr 1.1.98 eit ansvar på 2,7 mill kr. Det er overført 1,5 mill kr frå 1997 til 1998. Det vil òg i 1998 bli drege inn tidlegare gitte tilsegn, slik at den reelle forpliktinga er lågare. Ein gjer ikkje framlegg om løyving i 1999.

Post 77 Miljøretta prosjektarbeid mm

Mål og strategiar

Formålet med bruk av midlane er ma å gi grunnlag for ei effektiv miljøforvaltning kor ein vektlegg målretta og kostnadseffektive tiltak. Vidare skal midlane bidra til ei rask og kostnadseffektiv omstilling til miljøvennlege driftsformer. Midlane skal primært nyttast til utgreiingsoppgåver, men forvaltnings- og verkemiddelretta forskning kan òg støttast.

Landbruket har særskilde interesser når det gjeld sikring av ressursgrunnlaget for biologiske produksjonar. Framlegg om å bygge ned landbruksareal skjer i hovudsak gjennom planprosessar på kommune- og fylkesnivå. For å motverke nedbygging av produksjonsareala vil Landbruksdepartementet framleis prioritere arbeidet med arealpolitikk og utvikling av rettleiingsmateriale. Dette skal setje forvaltninga betre i stand til å medverke og dokumentere landbruket sine interesser i arealplanprosessar og gi betre balanse mellom bruk og vern i verneplanar.

Målet med det internasjonale miljøarbeidet er å fremme miljøarbeidet og få meir einsarta miljøstandardar, og med det meir like konkurranseforhold mellom landa slik at ikkje ulike miljøkrav til produksjonen skal bremse det vidare miljøarbeidet. Det internasjonale miljøarbeidet er ma knytt til arbeidet med Nordsjødeklarasjonen og i OECD og Nordisk Ministerråd.

Måla for det miljøretta prosjektarbeidet er:

- Registrere og dokumentere miljøtilstand og miljøtilpassingar med omsyn til erosjon, tap av næringssalt, miljøgifter og spreining av pesticid.
- Auke kunnskapen om miljø i forvaltninga og næringa for å fremme ei sikker og rask omstilling til meir miljøvenleg drift. Det er i denne samanhengen viktig å satse på samordning av aktuelle tiltak for å få til ein effektiv bruk av midlane.
- Utvikle tiltak som gjer kommunane og fylkesmannen betre i stand til å sikre arealressursane og dokumentere landbruket sine interesser i arealplanprosessane og i arbeidet med verneplanar.
- Medverke i den internasjonale utviklinga av miljøarbeidet.
- Gi grunnstøtte til einskilte frivillige organisasjonar som alle arbeider innanfor det landbrukspolitiske området. Tilskotta tek sikte på å medverke til å halde oppe det miljø- og ressursretta arbeidet i organisasjonane.
- Gi støtte til Nordisk genbank for husdyr, som skal være eit nordisk senter for dokumentasjon og bevaring av variasjonen i det dyregenetiske materialet i dei nordiske land. Vidare skal institutt verke for en rasjonell samordning av dei nordiske landa sin innsats på området, og delta i internasjonale samarbeid om husdyrgenetiske ressursar.

Resultatrapport 1997

Resultatkontrollen syner miljøtilpassingane i jordbruket og viser for 1997 at miljøtiltaka i hovudsak går som planlagt. Det er likevel eit behov for at miljøarbeidet må vidareførast og styrkjast for å nå måla. Programmet Jordsmonnovervaking gir opplysningar om verknaden av miljøtiltak i jordbruket. Denne overvakinga er samordna i eit program der Fylkesmannen sine miljøvernavingar, Planteforsk og Jordforsk tek del. Jordforsk er tillagt leiinga for

programmet. Ved årsskiftet 1995/96 var avrenninga frå jordbruket i «Nordsjøområdet» redusert med 26 pst for fosfor og 19 pst for nitrogen i forhold til 1985.

Det er gitt prosjektmidlar til Jordforsk som er nytta til utgreiingsprosjekt innanfor foreining. Prosjekta skal gi grunnlag for auka kompetanse i forvaltninga om aktuelle miljøtiltak.

For å auke kunnskapen om miljø i næringa blei det innvilga midlar til Fylkesmannens landbruksavdeling til informasjonstiltak knytt til miljøvennlege driftsformer i landbruket.

Det er i 1997 brukt midlar til å medverke i den internasjonale utviklinga av miljøarbeidet. Dette er må arbeid knytt til oppfølging av Nordsjøplanen og arbeid innanfor OECD.

Arbeidet med å utvikle ei prognose- og varslingssteneste for plantevern og planleggings-system for balansert gjødsling blei støtta med midlar frå kap 1140.

Vidare er det løyvd midlar til bruks- og verneplan, landbruksplan, samordna areal- og transportplanlegging og det er utarbeidd ein rettleiar i samband med konsekvensutgreiingssaker.

Bruk av midlar frå kap 1140 post 77 er med på å danne grunnlaget for vidare satsing innanfor ulike områder når det gjeld overgang til meir miljøvennlege driftsmåtar. Eksempel på dette er satsinga på Handlingsplan for redusert bruk av plantevernemiddel, jf St prp nr 67 (1997-98). Det er tidlegare gitt fleire tilsvarande eksempel, jf St prp nr 1 (1997-98).

Det er i 1997 gitt støtte til enkelte frivillige organisasjonar for å halde oppe miljø- og ressursarbeidet i organisasjonane.

Norsk Fjordhestsenter AS har vore gjennom ein omfattande prosess for å løyse senteret sine økonomiske problem, jf St prp nr 1 (1997-98). Norsk Fjordhestsenter er tilført ny aksjekapital på 2 mill kr i samband med at eigdommen er overført frå Eid kommune til senteret. Aksjekapitalen vil bli auka med ytterlegare 2 mill kr når eigdomsoverføringa er formelt gjennomført. Senteret driv no med positiv eigenkapital og det er lagt vekt på at drifta ved senteret og inngåtte avtalar skal gi positiv inntening.

BUDSJETTFRAMLEGG 1999

For 1999 gjer ein framlegg om ei samla løyving under post 77 på vel 27 mill kr.

Arbeidet med resultatkontroll, overvaking og miljødata blir ført vidare frå 1998. I 1999 vil departementet følgje opp utvidinga av overvakingsprogrammet som gjeld kulturlandskapet.

Miljøarbeidet under posten må sjåast i samanheng med miljøsatsinga over kap 1150 for å få ein samordna miljøinnsats og ein klårare prioritering av oppgåvene. Departementet vil føre vidare arbeidet med sterkare samordning av aktuelle miljøtiltak i landbruket. I tillegg er det ein viktig strategi å auke presisjonen i miljøarbeidet. Det vil i den samanhengen særleg vere viktig å satse på kompetanseheving og lokal tilpassing av prosjekta. Utviklingsprosjekt og informasjonstiltak vil vere viktige tiltak for å nå dette.

For at landbruksforvaltninga skal bli betre i stand til å følgje opp sine interesser i arealplanprosessane og å gjennomføre arealpolitikken, vil det bli sett av prosjektmidlar til utviklingstiltak på område som jordvern, byutvikling og fortetting, kommune- og fylkesplanlegging, konsekvensutgreiingar og verneplanar. Dette vil bli gjort for pilotprosjekt og prosjekt med stor overføringsverdi.

I 1997 vedtok dei nordiske landbruksministrane å gi auka prioritet til det nordiske samarbeidet om husdyr genetiske ressursar med utgangspunkt i ein ny strategisk plan for Nordisk Genbank for Husdyr (NGH) som ligg i Ås. For å nå det høgare ambisjonsnivået er det naudsynt med nasjonal medfinansiering av verksemda til NGH. For 1998 blei det sett av 1 mill kr som ledd i arbeidet for å utvikle NGH til å bli ein slagkraftig institusjon. Departementet gjer framlegg om å vidareføre den nasjonale satsinga på dette nivået i 1999.

Departementet legg vekt på å følgje opp nasjonalt og internasjonalt samarbeid. Når det gjeld nasjonalt samarbeid så vil det vere knytt til oppfølginga av samarbeidskonferansen for fylkesmannsembeta i 1998. Målet er å få til ein meir effektiv samordning av miljøarbeidet på sentralt, regionalt og lokalt nivå. Biodiversitetskonvensjonen frå Riokonferansen vil bli følgt opp gjennom ein nasjonal handlingsplan for biologisk mangfald. Departementet vil òg prioritere arbeidet under Nordsjødeklarasjonen og medverke til utvikling av det internasjonale miljøarbeidet i OECD og under Nordisk Ministerråd.

Innanfor løyvinga tek departementet sikte på å tildele til saman 12,175 mill kr i grunnstøtte til ulike frivillige organisasjonar som arbeider innanfor det landbrukspolitiske området, må med faglege oppgåver knytte til husdyr- og planteproduksjon og alternative bygdenæringar. Dette er ein auke med vel 2 pst i forhold til 1998.

Departementet legg opp til å gi tilskott til desse organisasjonane (beløp): Det kgl selskap for Noregs vel (3 500 000 kr), Norske 4H (5 275 000 kr), Det norske hageselskap (1 135 000 kr) og Nordnorsk hestesenter og Norsk Fjordhestsenter AS (til saman 1 540 000 kr). Resten, 725 000 kr, tek ein sikte på å gi til Norsk Kolonihageforbund, Norsk Gartnerforbunds planteskoleseksjon, Norsk Økologisk Landbrukslag, Norsk Økologisk Urtelag, Biologisk Dynamisk forening, tilskott til fagtidsskrift og Norges Dyrebeskyttelsesforbund.

Gjennom framlegget legg ein opp til å auke tilskottet til Norske 4H med 5 pst i forhold til 1998. Organisasjonen medverker gjennom informasjonsverksemd til å fremme positive haldningar til norsk landbruk, og er ein viktig samarbeidspartner for fylkesmannens landbruksavdeling. Norske 4H gjer ein innsats som har stor verknad for å motivere ungdom og jenter til utdanning og yrke innanfor ulike bygdenæringar og primærnæringa. I tillegg gir organisasjonen viktige bidrag til livskraftige lokalmiljø ved aktivitetstilbud til barn og unge, jf òg omtale under kap 1102.

I tillegg til tilskotta som blir løyvde til Norske 4H og Det norske hageselskap over posten, vil desse organisasjonane i 1998 òg bli støtta gjennom at dei ikkje betaler for kontorlokale og kontortenester hos fylkesmannens landbruksavdeling. Verdien av den indirekte støtta er rekna ut til om lag 2 mill kr.

På grunnlag av den positive utviklinga til Norsk Fjordhestsenter AS tek ein sikte på å løyve tilskott òg for 1999. Tilskottet vil bli kanalisert til prioriterte oppgåver for styrking av fjordhesten på landsbasis, og det er ein føresetnad for utbetaling at senteret held fram prosessen med å styrkje senteret si stilling slik at drifta blir konsolidert utan årleg tæring på aksjekapitalen.

Midlar til landbruksmeteorologiske tenester, som tidlegare blei budsjettert under denne posten, er for 1999 budsjettert under kap 1112 post 53.

Post 78 Konkurransestrategiar for norsk mat

For 1999 blir Konkurransestrategiar for norsk mat budsjettert på kap 1150, jf omtale under kap 1150 post 77.15.

KAP 1142 MILJØ- OG NÆRINGSTILTAK I SKOGBRUK

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
50	Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket	8 371	8 212	12 370
51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	2 995	3 065	3 155
71	Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	75 296	117 730	123 880
76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	40 005	26 373	22 633
	Sum kap 1142	126 667	155 380	162 038

MÅL OG STRATEGIAR

Hovudlinjene i norsk skogpolitikk er knytt til verdiskaping og ein aktiv miljøprofil, jf òg kategoriomtale 15.30. Dette krev at dei areala og skogressursane som gir grunnlag for eit økonomisk skogbruk gjerast tilgjengelege og takast i bruk, og skogbruket må ta aktive omsyn til miljøkvalitetane i skogen. Ein aktiv skjøtsel og drift vil sikre at skogen kan haldast i hevd samtidig som ein tek vare på og utviklar miljøverdiane vidare. Ein godt skjøtta skog er òg ein føresetnad for skogen sitt bidrag i klimasamanheng.

Heilskapleg skogpolitikk krev innsats både frå det offentlege og næringa, og det er ei hovudutfordring å halde dei langsiktige investeringane på eit tilstrekkeleg nivå. Skogpolitikken blir basert på tre økonomiske hovudpillorar; skogavgiftsordninga, løyvingane til bygdeutviklings- og skogbruksformål over kap 1150 (Landbrukets utviklingsfond) og løyvingane over kap 1142. Skogavgiftsordninga er den viktigaste finansieringskjelda, men løyvingane over kap 1142 og 1150 er likevel nødvendige for å sikre eit høgt nok nivå på desse investeringane, for å auke investeringsvilja til skogeigarane og for å leggje forholda til rette for aktiv bruk av ressursane.

Regjeringa vurderer skogbruket som eit viktig element i klimapolitikken. Dei norske skogane bind i dag meir karbon enn nokon gong tidlegare i dette hundreåret. I tillegg kan trevirke erstatte mindre klimavenlege materiale og energikjelder. Ved å halde oppe innsatsen frå både samfunnet og næringa vil skogressursane vere eit godt fundament for verdiskaping og bygdeutvikling og eit viktig bidrag i arbeidet for å motverke klimaendringar.

Forsknings- og utviklingsarbeid gir viktige bidrag i arbeidet med å forvalte skogressursane på ein best mogleg måte og for å auke verdiskapinga i skogbruket. Ein vil derfor bruke ein del av løyvinga over kapitlet til å sikre eit best mogleg kunnskapsgrunnlag for skogforvaltninga. Departementet vil understreke skognæringa sitt medansvar i FoU-arbeidet.

Utviklinga i marknaden, både internasjonalt og nasjonalt, krev marknadskunnskap og stor omstillingsevne. Utfordringane er særleg knytte til kostnadseffektiv og miljøtilpassa framstilling av produkt med høg kvalitet. Eit viktig mål er å nytte råstoffet betre og å auke foredlingsgraden. Verksemda i sektoren er basert på utnytting av fornybare ressursar og gir miljøvenlege produkt. Dette er eit konkurranseføremøn.

Det er ei stor utfordring for både samfunnet og næringa å møte denne utviklinga slik at ein kan halde verdiskapinga oppe. Gjennom løyvingane over dette kapitlet og over LUF vil ein prioritere desse oppgåvene:

- den statlege investeringsstøtta til oppbygging og stell av skogressursane
- skogbruksplanlegginga som hovudplattform for eit langsiktig og miljøvenleg skogbruk
- høg miljøstandard som ein konkurranseføremøn som må nyttast og gjerast betre
- eit tilfredsstillande vegnett
- auka satsing på produktutvikling og foredling.

RESULTATRAPPORT 1997

Aktiviteten i skogbruket har vore svak frå tidleg på 90-talet. Låge tømmerprisar førte til redusert avverking og førte samtidig til reduserte langsiktige investeringar i framtidsskogen. Totalavvirkinga av salgsvirke til industriell produksjon var i 1997 på om lag 8,1 mill m³, som er noko høgare enn i 1996, men likevel på eit lågnivå i høve til gjennomsnittet for det siste tiåret.

Det er framleis svak økonomi i delar av trelastbransjen. Dette er ikkje positivt for aktiviteten i skogbruket, og har òg ført til store utfordringar for dei lokale, regionale og sentrale skogbruksstyresmaktene og for organisasjonane i skognæringa. Det er no ei viss betring i

utviklinga, investeringane fell ikkje ytterlegare og innan enkelte område aukar dei noko. Dei samla investeringane er likevel klart lågare enn dei var på slutten av 80-talet og tidleg på 90-talet og vil slik sett gi negative konsekvensar for framtidsskogen.

Det har vokse fram eit aukande internasjonalt skogpolitisk engasjement. Dei to viktigaste prosessane for Noreg er knytt til oppfølging av FN sitt skogpanel og til dei europeiske ministerkonferansane om berekraftig skogbruk. Den auka internasjonale skogpolitiske aktiviteten og nye krav frå marknaden vil påverke utviklinga i norsk skogsektor framover. Kommisjonen for berekraftig utvikling i FN oppretta i 1995 eit mellomstatleg skogpanel som avslutta arbeidet sitt i februar 1997. Tilrådingane har vore behandla av Kommisjonen for berekraftig utvikling og under spesialsesjonen i FN om miljø og utvikling. Spesialsesjonen i FN vedtok å opprette eit forum for internasjonale skogs spørsmål som må ha som oppgåve å bidra til at tilrådingane frå Skogpanelet blir følgde opp. Forumet skal leggje fram sin rapport i år 2000.

Parallelt med arbeidet i FN er det etablert eit omfattande europeisk samarbeid om internasjonal skogpolitikk. Dette skjer i samband med dei pan-europeiske ministerkonferansane for å beskytte og følgje opp skogane i Europa. Oppfølging av ministerkonferansane blir samordna av ein komité samansett av fleire land. Noreg har gått inn som medlem frå 1998. Det pan-europeiske skogpolitiske samarbeidet er viktig for det europeiske samarbeidet om skogs spørsmål og resultatane av det europeiske samarbeidet er viktige for arbeidet med desse spørsmåla i norsk skogbruk og i skogpolitikken. Det er òg eit aktivt nordisk samarbeid om internasjonale skogs spørsmål.

Kurs- og opplæring

Når det gjeld kurs- og opplæring har oppslutninga om hovudtiltaka i regi av Skogbrukets kursinstitutt (SKI) vore god. Det blei i 1997 arrangert 663 kurs med 3 487 deltakarar i serien Aktivt skogbruk, og resten av kurs- og seminarverksemda til SKI omfatta 79 kurstiltak med 2 358 deltakarar. Det er òg arrangert korte distriktkurs for skogsarbeidarar og yrkesaktive skogeigarar i kystfylke.

Langsiktige investeringar

Aktiviteten innan skogkultur er for tida låg. Totalt blei det planta til eit areal på 206 000 daa og utført ugrasrydding og avstandsregulering på 389 000 daa. I tillegg blei 7000 daa stammekvasta. Det blei investert om lag 243 mill kr i skogkultur i 1997, som er ein nedgang frå 263 mill kr i 1996. Berre om lag 400 daa skog blei etablert på jordbruksareal ute av drift.

Fylka set mål for aktiviteten ut frå dei tilskottsrammene dei får det einskilte året. I 1997 blei måla for planting og for ungskogpleie berre nådd i nokre få fylke. Resultata blei om lag 10 pst lågare enn det som var sett opp som mål.

Det blei bygd om lag like mykje bilvegar og traktorvegar i skogen i 1997 som i 1996. Men byggeaktiviteten var vesentleg lågare enn det som ein reknar som naudsynt for å halde avverkinga oppe og for å få gjennomført ein rasjonell kvalitetsretta skogskjøtsel. Samla investeringar i skogsvegar var i 1997 på 152 mill kr, medan det i 1996 blei bygd for 170 mill kr. Samanlikna med byggeaktiviteten på slutten av 1980-talet er veginvesteringane meir enn halvert. Aktiviteten rekna i km nybygde skogsbilvegar har i same periode gått ned med om lag 65 pst. I 1997 blei det bygd 284 km nye skogsbilvegar og bygd om 359 km. I tillegg blei det bygd 745 km med nye traktorvegar. Byggeaktiviteten i 1997 blei litt lågare enn det som var rekna med.

Areal- og ressursforvaltning, frø- og planteforsyning

Skogbruksplanlegginga, der statstilskottet blir dekt med LUF-midlar, blei gjennomført i 1997 om lag i tråd med årsplanen. Det blei i 1997 taksert om lag 3,8 mill daa der det blei tinga skogbruksplan, og i tillegg blei det taksert om lag 1,2 mill daa utan plan. Totalt blei det ferdigstilt noko under 3000 planar, og snaut 1200 skogeigarar deltok på skogbruksplankurs.

Det er eit mål å kunne tilby alle skogeigarar ny eller revidert skogbruksplan med om lag 15 års mellomrom. Nokre fylke er ferdige med første omløp, medan andre har kome seinare i gong og har ein større andel areal som enno ikkje er taksert. Gode skogbruksplanar er eit viktig verkmiddel for å stimulere til eit berekraftig skogbruk.

Landbruksdepartementet arbeidde i 1997 med ei drøfting av skogbruksplanlegginga i samarbeid med aktørane på dette feltet. Tilrådingane frå arbeidsgruppa skal gi grunnlag for å utvikle registreringane og planane til betre verktøy både for skogeigar og styresmaktene. Tilrådingane er i hovudsak retta mot å betre organiseringa og gjennomføringa av takst- og planleggingsarbeidet, auke brukarmedverknaden, og å sikre nødvendig kontroll og kvalitets-sikring.

I Overvåkingsprogrammet for skogskader har ein følgd korleis helsa til skogen har utvikla seg frå 1986. Ein registrerer ei svak negativ utvikling mot ei større mengd glissen og gul skog. Tilførsel av luftforureining kjem i tillegg til ei rad naturlege faktorar som påverkar skogen, som td sommartørke. Det er enno ikkje klarlagt kor stor rolle forureining spelar for skogen si helse i Noreg, men i område med låge tolegrenser som ein td har på Sørlandet, kan ein ikkje sjå bort frå at forureining kan skade skogen.

Ei svak blomstring på gran i nokre få område har ikkje gitt sankbare førekomstar av konglar. På furu var det moderate mengder med små konglar. Frødekninga er i fleire område dårleg både for gran og furu. Dette gjeld i første rekkje for høgreleggjande område, men det manglar òg furufrø for enkelte lågareleggjande område på Aust- og Vestlandet. Etter den varme sommaren i 1997 fekk ein rik blomstring på gran sommaren 1998, og det ligg til rette for god frømodning og sanking i ein del område.

Det blei i 1997 levert om lag 45 mill plantar frå planteskulane. Dette er ein reduksjon på om lag 5 mill frå året før. Det blei òg i 1997 arbeidd med kvalitetsfremmande tiltak, frøavl, foredling og bevaring av dei genetiske ressursane i tillegg til den ordinære frø- og plante-forsyninga.

Miljøtiltak og resultatkontroll

Miljøarbeidet i skogpolitikken er knytt til regelverk, kompetanse, informasjon og resultatkontroll. Med omsyn til regelverket er dette ein kontinuerleg tilpassingsprosess der departementet i 1996 sette i gang fleire store tiltak, jf omtale nedanfor.

Informasjonsarbeidet knytt til skog og miljø dekkjer både kunnskapsoppbygging og haldningsskapande tiltak retta mot betre miljøtilpassingar ved skogskjøtsel og skogsdrift.

Bransjeorganisasjonane for skogbruket og skogindustrien med deltakarar både frå Miljøverndepartementet, Landbruksdepartementet og miljøorganisasjonane avslutta i 1998 prosjektet Levende skog. Hovudinnsatsen har vore knytt til kriterium og indikatorar for eit berekraftig skogbruk og konkrete standardar til ei rekkje skogbrukstiltak. Våren 1998 blei det semje om eit sett med standardar for eit berekraftig skogbruk i Noreg.

Landbruksdepartementet oppnemnde i 1996, etter samråd med berørte departement, ei arbeidsgruppe som skulle sjå på moglegheitene for å gjennomføre skogrelaterte tiltak som ledd i klimapolitikken. Arbeidsgruppa blei oppnemnt med bakgrunn i Stortinget sitt vedtak i samband med behandlinga av Innst nr 126 (1995-96). Arbeidsgruppa la i 1997 fram ein samrøystes rapport som sidan er følgd opp av Regjeringa i St meld nr 29 (1997-98) *Norges oppfølging av Kyotoprotokollen*.

Departementet har sidan 1993 lagt til rette for gjennomføring av prosjekt for aktiv skjøtsel av biotopar for truga og sårbare artar.

Den todelte resultatkontrollen som starta i 1994 blir ført vidare. Den årlege aktivitetskontrollen som blir gjennomført av fylkesmannen og kommunane, syner at reglane i tilskottsforskriftene er følgde i dei aller fleste høva. Opplegget sikrar ein meir einsarta kontroll og er eit nyttig hjelpemiddel i skogforvaltninga. Samarbeidet mellom skogbruks- og miljøforvaltninga i kommunane og hos fylkesmannen er intensivert frå og med kontrollen i 1996. I løpet av 1998/99 vil resultatkontrollopplegget bli vesentleg revidert.

Aktivitetskontrollen viser at skogkulturinnsatsen er for låg. Tilstandsovervakinga var denne gongen knytt til areal- og ressursforholda i verneskogen. Rapportane frå Buskerud, Telemark og Nord-Trøndelag viser at det er ein større del gammal skog i verneskogen enn elles for skogarealet, mens det i Agderfylka og Sogn og Fjordane ikkje blei funnen slike skilnader. For alle dei fylka som blei undersøkt er delen lauvdominert skog større i verneskogen enn i den øvrige skogen.

Departementet starta i 1997 eit opplegg for å registrere og kartleggje miljøverdiar som er særleg viktige for det biologiske mangfaldet i skog. Siktemålet er å utvikle eit verktøy for registrering av miljøverdiar som kan nyttast i skogbruksplanlegginga, og prosjektet går etter planen. Prosjektet blei i 1998 utvida til òg å omfatte registrering av kulturminne i skog, jf nærare omtale under post 76.

Skogpolitiske utviklingstiltak

Regjeringa vil etter ein brei prosess leggje fram ei stortingsmelding om skogpolitikken for Stortinget i 1998. I stortingsmeldinga vil regjeringa gå nærare inn på utfordringane som er knytt til skogsektoren sine samfunnsoppgåver; auka verdiskaping, ein aktiv og kunnskapsbasert miljøetsatsing og langsiktig ressursforvaltning.

Tre arbeidsgrupper innan områda skogsvegbygging, skogbruksplanlegging og kulturminner og kulturlandskap i skog har i 1998 avslutta sitt arbeid og lagt fram rapportar. Alle gruppene har hatt deltakarar frå så vel skogbruks- som miljøvern- og kulturminnestyresmakter på sentralt og regionalt nivå. Det er òg sett ned ei arbeidsgruppe som i 1998

skal sjå på utviklingstrekk på skogkultursektoren, klargjere målsetjingane ut frå dagens og morgendagens krav og vurdere endringar i verkemiddelbruken.

Rapportane vil gå inn som viktige dokument i arbeidet med stortingsmeldinga om skogpolitikken. Ein viktig del av oppfølginga blir kompetansegivande tiltak både i forvaltninga, blant planleggjarane og overfor skogeigarane. Konklusjonane i rapportane vil òg føre meg seg endringar i tilskottsreglane for dei enkelte ordningane.

Frå 1996 har Noregs forskingsråd hatt ansvaret for å administrere utviklingsprogrammet *Trevirke og Treindustri - Verdiskaping og foredling* (TTVF). Programmet skal medverke til utvikling i treindustrien med utgangspunkt i norsk tradisjon for bruk av treressursar. Brukarfinansieringa i 1997 utgjør halvparten av den samla ressursinnsatsen i programmet.

BUDSJETTFRAMLEGG 1999

Satsingsområde

Skognæringa si evne til å dokumentere miljøinnsatsen og å kunne gjere greie for miljøkonsekvensane av dei ulike skogbrukstiltaka er viktig for konkurranseevna og dermed verdiskapinga i norsk skogbruk. Frå 1997 er det satsa særleg på å registrere og kartlegge miljøverdiar i skog. Arbeidet er retta mot både biologisk mangfald og kulturminne. Satsinga på registrering og kartlegging av miljøverdiar i skog held fram. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 12-13 mill kr for 1999 til dette arbeidet, om lag same nivå som aktiviteten i 1998. Nærare omtale er gitt under post 76.

Det er eit mål å halde oppe dei langsiktige investeringane i skogbruket på eit tilfredsstillande nivå. Det er derfor nødvendig at skogeigarane sjølve tek eit større ansvar for desse investeringane. Departementet vil derfor oppretthalde høg skogavgiftssats òg i 1999.

Med bruk av tilskottsmidlane vil ein særleg leggje vekt på dei tiltaka som har mest å seie med omsyn til å utvikle skog som gir grunnlag for ei næring med god konkurranseevne i framtida. Dette inneber prioritering av ungsogpleie og andre tiltak som fremmer kvaliteten på skogsvirke.

Kunnskaps- og kompetanseoppbygging er viktig for gjennomføringa av skogpolitikken, og eit viktig innsatsområde er derfor kurs- og opplæringstilbod til dei ulike målgruppene. Det er eit mål å auke aktiviteten og heve kunnskapsnivået i norsk skogbruk ved systematisk yrkesretta skogbruksopplæring og rettleiing til skogeigarar, skogsarbeidarar og entreprenørar i heile landet. Skogbrukets kursinstitutt (SKI) er ein sentral aktør i gjennomføringa av denne aktiviteten som delfinansierast over LUF (kap 1150).

Grunnlag for auka verdiskaping i dei skogbaserte næringane er basert på målet om auka bruk av trevirke som miljøtilpassa materiale og at verdiskapinga vil vere eit viktig bidrag for utvikling av arbeidsplassar i distrikta. Å leggje til rette for dette er ei viktig oppgåve framover. Ny satsing på utviklingsarbeid i den skogbaserte industrien, betre samordning og auka innsats i eksisterande ordningar vil bli prioritert.

For 1998 er det sett av 8 mill kr av sentrale BU-midlar til tiltak for auka bruk av bioenergi og innsatsen vil bli ført vidare om lag på same nivå i 1999.

Resultatmål og resultatindikatorar

Tilskottsmidlane til skogkultur, skogbruksplanlegging og skogsvegar over statsbudsjettet og Landbrukets utviklingsfond blir gitt som ei rammeløyving til fylka, og er omtalt seinest i St prp nr 1 (1998-98).

Det er utarbeidd særskilde tilskottsreglar for skogkultur, etablering av skog på jordbruksareal ute av drift, skogbruksplanlegging, skogsvegbygging og transport.

Som ledd i arbeidet med å gjere økonomi- og resultatstyringa betre vedtok førre regjering i 1997 at tre ordningar under Landbrukets utviklingsfond (LUF) skulle evaluerast. Norsk institutt for skogforskning (NISK) fikk i oppgåve å evaluere tilskottsordningane til skogsvegbygging, drift i vanskeleg lende, førstegongstynning og kurs og opplæring. NISK konkluderer med at tilskottsutbetalingane til dei tiltaka som blei evaluert har skjedd i samsvar med dei gjeldande reglane og retningslinene i perioden. NISK si generelle vurdering er at krava i det nye økonomireglementet om formulering av mål- og resultatindikatorar ikkje er godt nok innarbeidd på alle nivå i forvaltninga. Evalueringa viser vidare at effektane av dei einskilte ordningane er gode, men NISK peiker på at kontrollrutinane kan gjerast betre. Nokre av dei forbedringspunkta som NISK har peika på er følgde opp. Evalueringsrapportane vil elles bli brukt i departementet sitt vidare arbeid med å gjere den einskilte tilskottsordning meir formåls effektiv. Dette arbeidet vil bli gjort i 1998/99, og vil ma omfatte ein revisjon av reglane på nokre av ordningane der formålet med tiltaket vil bli gjort klårare.

For å sikre god måloppnåing styrer departementet verksemda ma etter operative resultat-mål og -indikatorar knytt til oppbygging av kvalitetsskog, infrastrukturen i skogbruket, miljøtilpassingar i skogbruket og auka og breiare utnytting av skogressursane.

Løyvinga over kap 1142 og LUF (kap 1150) er åleine ikkje avgjerande i høve til desse resultatindikatorane. Marknaden, haldningane hos skogeigarane, andre rammevilkår for næringa, og verkemiddelbruken elles i skogpolitikken og på andre politikkområde vil i større eller mindre grad påverke resultatata. Sjølv om resultatindikatorane står sentralt for den jamlege evalueringa av skogpolitikken, kan indikatorane ikkje brukast ukritisk i ei vurdering av effekten av løyvingane til skogbruksformål isolert sett.

Merknad til dei enkelte postane

Post 50 Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket

Departementet gjer framlegg om ei løyving på vel 12 mill kr under posten for 1999. Det er då ført over 4 mill kr frå kap 1142, post 76 for å samle midlane til finansiering av overvåkingsprogrammet for skogskader. Løyvinga skal dekke forvaltningsstøtte og andre oppdrag for det offentlege.

Norsk institutt for skogforskning (NISK) utfører viktige oppgåver for Landbruksdepartementet og andre offentlege organ innanfor institusjonen sitt fagområde. Institusjonen gir råd og gjer utgreiingar som ligg til grunn for politiske og forvaltningsprega tiltak både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Departementet vil framleis understreke behovet for medverknad frå NISK i samband med internasjonale prosessar som gjeld skog og skogbruk.

NISK er spesielt engasjert i kartlegging av miljøaspekt ved skogbehandling og genetikk knytt til skog. Departementet legg vekt på å nytte kunnskap og kompetanse ved NISK i arbeidet med auka verdiskaping frå skogressursane.

NISK har ei mengd feltforsøk som har stor skogpolitisk verdi. Felta er følgd opp gjennom fleire tiår, og det finst databasar som skildrar tilstanden og syner verknader av tiltak over lang tid. Ei fortsatt oppfølging av desse felta er av stor verdi både vitskapeleg og som referanseområde for framtidig politikkutforming og forvaltning.

Overvåkingsprogrammet for skogskadar er Noregs bidrag i eit internasjonalt opplegg for skogovervaking som utgjer eit grunnlag for internasjonale vedtak og åtgjerder mot moglege skadeverknader av luftforureiningar. Programmet blei starta i 1986 for å følgje utviklinga i skoghelsa. Det er viktig å vidareføre overvåkingsprogrammet.

Post 51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket

Vedtektene for Utviklingsfondet for skogbruket blei fastsette ved kgl res av 25. februar 1977. Det hadde tidlegare vore ei refusjonsordning for bensinavgift ved bruk av motorsag i skogbruket. Ved tariffoppgjeret mellom Skogbrukets Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund for 1976-78 gav arbeidsgivarane kompensasjon for bensinavgifta. Tilsvarende skulle ein årleg sum bli stilt til rådvelde frå staten til utviklingstiltak i skogbruket. Tilskottet skal løyvast til Utviklingsfondet for skogbruket og blir disponert av eit styre med medlemmar frå Skogbrukets Landsforening, Norges Skogeierforbund, Norsk Skogbruksforening og Landbruksdepartementet.

Utviklingsfondet for skogbruket betalte i 1997 ut knapt 4,1 mill kr til i alt 27 prosjekt. I alt 1,1 mill kr blei utbetalt til forskingsprosjekt og utstyr, 2,4 mill kr til utviklingsprosjekt og 0,3 mill kr til informasjon og opplæring. Tiltaka fangar opp viktige oppgåver som det elles ville ha vore vanskeleg å få finansiert.

Bokført kapital ved utgangen av 1997 var på 13,5 mill kr, og disponibel kapital i fondet var pr 1.1.98 på 7,9 mill kr. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3,2 mill kr for 1999.

Post 71 Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 123,9 mill kr på denne posten i 1999, som er ein auke på 6,2 mill kr i høve til 1998. I tillegg kjem løyvinga over LUF (kap 1150) til skogbruksformål på 120 mill kr og midlar som blir brukte til skogbrukstiltak frå dei fylkesvise BU-fonda.

Regjeringa legg avgjerande vekt på å sikre eit tilfredsstillande nivå på dei langsiktige investeringane i skogbruket. Tilskott til skogkultur og til utbygging av hovudvegnettet blir derfor prioritert innanfor den totale ramma av midlar til skogbruket. For å få til eit tilfredsstillande investeringsnivå på desse områda, er det nødvendig å stimulere skogeigarane til å auke investeringane i skogen. Med dette som utgangspunkt legg ein opp til ei fordeling av tilskott på dei einskilde tiltaka under denne posten slik det går fram av tabellen under. Til samanlikning er tala frå rekneskapet i 1997 og løyvingane for 1998 stilte opp.

(mill kr)			
Tiltak	Rekneskap 1997	Løyving 1998	Framlegg 1999
Skogkultur	83	104	106
Skogsvegar	1	2	2
Transport	2	7	5
Produktutvikling	5	5	11
Sum	91	118	124

Skogkultur

Formålet med løyvinga til skogkultur er å stimulere til etablering og oppbygging av kvalitetsskog. Tabellen under syner venta skogkulturaktivitet i 1998. Til samanlikning er det òg sett opp tal for aktiviteten dei seinare åra og måltal for 1999.

Skogkultur	1995	1996	1997	1998	1999
Nyplanting, 1000 daa	227	218	206	225	225
Rydding og avstandsregulering, 1000 daa	358	412	389	430	430
Investeringar i alt, mill kr	252	263	243	280	280

Løyvinga til skogkultur vil særleg bli nytta til tiltak for å betre kvaliteten i skogen. I første rekkje gjeld dette tiltak i ungsbogen, der ein særleg legg vekt på ugrasrydding, avstandsregulering og stammekvisting. Ein skal òg leggje vekt på produksjon av kvalitetsvirke av lauv.

Skogavgiftsordninga er ein viktig stimulans for skogeigarane til å foryngje areala etter hogst. Når ein likevel ser at det årleg foryngde arealet blir lågare, samtidig som det blir lagt vekt på skogplanting for å binde CO₂, har ein opna for å kunne gi tilskott til planting også i skogstrøk. Det er lagt opp til at fylka sjølve må prioritere tiltaka det skal gjevast tilskott til, og storleiken på tilskottet innafor dei rammene som blir sette. Det er registrert at fleire skogeigarar ikkje har den same interessa for å investere i skogkultur som før. Ein har derfor funne det nødvendig å nytte noko av løyvinga saman med midlar frå LUF til opplærings- og rådgivingstiltak retta mot den einskilde skogeigar.

Omfanget av skogetablering på tidlegare jordbruksareal er lite. Ordninga med tilskott til formålet er derfor samordna med andre skogkulturtilskott. Over BU-ordninga er det mogleg å støtte etableringa av juletre- og pyntegrøntplantingar.

I 1997 blei om lag 500 000 kr av løyvinga brukt til skjøtsel av biotopar for truga og sårbare artar. Ein tek sikte på å vurdere effektane av ordninga nærare med tanke på moglege forbetringar. Etter kvart blir det aktuelt å sjå denne ordninga i samanheng med utvikling av verkøy for registrering av miljøkvalitetar i skog, jf omtale under post 76.

Skogsvegar

Formålet med løyvinga er å stimulere til utbygging av eit miljøtilpassa vegnett i skogbruket for på det viset å sikre tilgangen av virke til industrien og verdiskapinga i distrikta. Det var fram til 1992 stor vegbyggingsaktivitet i skogbruket. På grunn av lågare tømmerprisar og vanskelege marknadsforhold, og fordi ein i dei tradisjonelle skogstrøka har fått bygd ut ein stor del av hovudvegnettet i dei viktigaste skogområda, har investeringane gått monaleg ned dei siste åra. Den totale løyvinga til skogsvegar vil i 1999 bli på om lag same nivå som i 1998, og vil i all hovudsak bli løyvd frå LUF. Utbygging av hovudvegnettet vil bli prioritert, medan traktorvegar og vegar med brukbar lønsemd i sterkare grad må finansierast med skogavgift og annan eigenkapital. Mange av dei gamle skogsvegane er dårlege og fører med seg auka transportkostnader og dårlegare tømmerkvalitet på grunn av unødig lang lagring. Slike vegar er i tillegg ofte trafikkfarlege, og det er derfor eit mål å få bygd om mange av desse vegane. Det er ein føresetnad at den vidare vegbygging blir prioritert i skogområde der det kan drivast eit langsiktig og lønnsamt skogbruk, og at det blir teke omsyn til miljøverdiane.

All skogsvegbygging krev godkjenning frå kommunen. Frå og med 1997 blei forskrifta om planlegging og bygging av skogsvegar erstatta av ei felles forskrift for landbruksvegar. Dette skal sikre at all vegbygging i landbruket skjer ut frå heilskaplege vurderingar og at miljøkrava blir følgde opp. Tilskottsordninga til skogsvegbygging gjer det mogleg å setje ytterlegare vilkår for å ta vare på miljøverdiane i det aktuelle skogområdet. Regelverket presiserer ma at det ikkje skal gis tilskott til vegar i område med særlege miljøverdier dersom vegbygginga gjer at desse verdiane taper seg. For ma å følgje opp evalueringsrapporten frå NISK, vil ein i løpet av 1999 revidere tilskottsreglane.

Tabellen nedanfor syner ma vegbyggingsaktiviteten dei seinare åra og venta aktivitet i 1998 og 1999.

Skogsvegar	1995	1996	1997	1998	1999
Nybygging bilvegar, km	376	303	284	300	300
Ombygging bilvegar, km	436	327	359	380	380
Bilvegar i alt, km	812	630	643	680	690
Nybygging traktorvegar,	903	832	745	750	750
Investeringar i alt, mill kr	185	170	152	165	170

Innanfor ramma for tilskott til skogsvegar kan det òg bli gitt tilskott til kombinasjonsvegar som er til nytte både for skogbruk, jordbruk og utmarksnæring.

Transport

Formålet med løyvinga er å stimulere avsetnaden av tømmer frå område som ligg langt frå industrien. Direkte transporttilskott blei frå og med 1996 avgrensa til dei nordlegaste delane av landet. Ein stor del av tømmeret på Vestlandet må transporterast med båt. Dette krev at ein har tilgang på egna kaier. Med støtte frå denne løyvinga har ein fått bygd ut ein god del slike anlegg, men departementet ser det som nødvendig framleis å kunne bruke ein del av løyvinga over denne posten til bygging av nye og utbetring av gamle og dårlege kaier.

Produktutvikling

Det er eit potensial for auka verdiskaping og sysselsetjing knytt til auka utnytting av trevirke. Furu- og lauvtreressursane er i dag dårleg utnytta. Verdiskaping basert på eit mangfald av ressursar er viktig for å sikre eit mangfald i skognaturen. Bruk av trevirke er samtidig sentralt i arbeidet med aktiv utvikling av berekraftige produksjons- og forbruksmønstre.

Forslag til løyving til produktutvikling er auka frå 5 til 11 mill kr. Ein vil byggje vidare på dei erfaringane ein har frå enkelte regionale prosjekt som arbeider med å auke den trebaserte verdiskapinga. Departementet vil leggje til rette for fleire slike prosjekt, arbeid med å fjerne flaskehalsar i verdikjeda frå skog til marknad og bygging av nettverk mellom ulike produsentar, leverandørar og forskings- og utviklingsmiljø vil vere sentrale arbeidsoppgåver for desse. Det eksisterande programmet «Trevirke og Treindustri - Verdiskaping og Foredling» vil inngå i satsinga. Departementet vil sjå nærare på korleis verkemiddelapparatet elles skal bli trekt inn og korleis det skal bli lagt til rette for at dei enkelte delane av satsinga skal virke saman og bli nytta effektivt.

Post 76 Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket

Ein gjer framlegg om ei løyving på vel 22,6 mill kr på post 76. Det er då i forhold til 1998 flytta 4 mill kr frå kap 1142 post 76 til kap 1142 post 50 for å samle midlane til finansiering av overvakingsprogrammet for skogskader på post 50.

Løyvinga blir nytta til ulike ressurs- og miljøtiltak, som tiltak for å betre miljøtilpassingane i skogbruket, for å overvake og betre skoghelsa, for å betre frø- og planteforsyninga i skogbruket, til ressursregistreringar og informasjonstiltak.

I samband med innføringa av nytt økonomireglement for staten vil departementet i 1998 fastsetje nærare retningslinjer for forvaltninga av midlane over post 76.

Miljøregistrering i skog

Departementet starta i 1997 eit prosjekt for å registrere og kartleggje miljøverdiar som er særleg viktige for det biologiske mangfaldet i skog. Siktemålet er å utvikle eit verktøy for registrering av miljøverdiar som kan nyttast i skogbruksplanlegginga. Norsk institutt for skogforskning (NISK) har fått ansvaret for gjennomføringa av prosjektet, som har ei brei kontaktflate mot ulike forskingsmiljø, forvaltning og det praktiske skogbruket.

Biologiske registreringar krev mykje ressursar, og det vil vere rasjonelt om ein kan finne viktige leveområde for biologisk mangfald ved hjelp av indikatorar som er enkle å registrere. Prosjektet har forskingsfelt i ulike skogtypar og regionar, der 70-80 spesialistar frå ei rekkje institusjonar har kartlagt fordelinga av forskjellige organismegrupper i landskapet, og kopla dette til samansettinga av skogen og lokal skoghistorie.

Departementet legg til grunn at hovuddelen av arbeidet i prosjektet skal gjerast innan slutten av 2000. Forskingsresultata og erfaringane med miljøregistreringar i prøveområda skal gi grunnlag for ein praktisk metodikk for feltregistrering av egna indikatorar. Metodikk og registreringsinnhald vil variere i ulike delar av landet, og det er viktig at den nye kunn-

skapen blir nytta raskt og effektivt. Det er derfor nødvendig med ei oppfølging i eitt til to år etter dette for at miljøregistreringane skal takast i bruk i skogbruksplanlegginga på ein rasjonell måte. Ein treng tid til å analysere det store materialet som er samla inn, for å greie ut om resultatane gir grunnlag for råd om skjøtselstiltak, og for å få informasjon ut til skogbruket.

Prosjektet blei i 1998 utvida til òg å omfatte registrering av kulturminne i skog. Ei registrering av konkrete miljøverdiar, saman med ein allereie etablert resultatkontroll av skogbrukstiltaka, oversiktsplanlegginga i skogbruket og skogbruksplanlegginga, står sentralt i arbeidet for å ta vare på miljøverdiar i skog.

Frø- og planteforsyning

Det vil innanfor denne posten bli gitt støtte til Det norske Skogfrøverk for å sikre dei langsiktige oppgåvene innan frøforsyninga. Det vil for 1999 bli prioritert midlar til frø- og konglesanking frå klimautsette område, samt til frøavl og arbeid for å sikre dei genetiske ressursane i skogane. Innanfor ramma vil ein òg sikre ressursar til naudsynte forvaltningsoppgåver innan frø- og planteforsyninga. Dersom det blir godt med modne frø i 1998 vil det òg krevjast ressursar til sanking i 1999.

Informasjonstiltak og kunnskapsoppbygging

Under posten vil ein bruke midlar for å skaffe fram meir kunnskap om korleis skogbruket kan verne om sårbare artar og økosystem. Informasjonstiltaka rettar seg både mot samfunnet generelt, mot rådgjevarane i skogbruket og mot den einskilde skogeigar. Særleg blir det lagt vekt på å nå ut til utøvarane i næringa med kunnskap om skogøkologi og korleis dei kan ta omsyn til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv i verksemda si.

Det kan òg bli nødvendig med tiltak innan informasjon og kunnskapsoppbygging for å følge opp Levande Skog-prosjektet

Tilskott til organisasjonar

Innanfor løyvinga tek departementet sikte på å tildele om lag 1,1 mill kr i grunnstøtte til organisasjonane Det norske Skogselskap (574 000 kr), Stiftelsen Det norske arboret på Milde (360 000 kr) og organisasjonen Jenter i Skogbruket (156 000 kr). Tilskotta tek sikte på å medverke til å halde oppe aktiviteten i organisasjonane, som alle arbeider innanfor det skogpolitiske området.

KAP 1145 JORDSKIFTEVERKET

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
01	Driftsutgifter	114 580	109 618	128 549
	Sum kap 1145	114 580	109 618	128 549

MÅL OG STRATEGIAR

Jordskifteverket er ein landsdekkjande særdomstol med oppgåver forankra i jordskiftelova. Hovudmåla for Jordskifteverket er å

- leggje til rette for auka kostnadseffektivitet i landbruket og anna arealbasert næring,
- styrkje eksisterande næringsgrunnlag og leggje til rette for vekst i alternative næringar,
- gjennomføre offentlege grunnnerverv ved arealbytte og skjønn og
- greie ut og fastsetje uklåre rettstilhøve.

Andre mål er

- reduksjon i restansar og
- auka kostnadseffektivitet i etaten.

Utenleige eigedomsforhold hindrar god utnytting og forvaltning av naturressursar. Jordskiftelova gir heimel for å endre eigedoms- og bruksrettstilhøve dersom ingen eigedom tapar på endringane. Føremålet med endringane i eigedoms- og bruksrettstilhøva er dels å redusere driftskostnadene i arealbasert næringsutøving, dels å leggje til rette for ny næringsverksemd og sikre samspel mellom rasjonell arealutnytting og miljøomsyn.

Omfanget av sakene kan variere frå nokre dagsverk til fleire årsverk. Jordskifterettane avgjer rettsspørsmål og vedtek planar som gir meir rasjonelle bruk, merker og rapporterer grenser og lager eigedomskart. Ein etat sikrar ei effektiv ressursutnytting ved å delta gjennom heile prosessen, og grunneigarane får utført alle offentlege tenester knytt til eigedomsendringane i ein instans.

RESULTATRAPPORT 1997

Overslag og erfaring viser at løyving til Jordskifteverket på om lag 100 mill kr gir ei verdiskaping på minst 200 mill kr i form av auka produktivitet og sysselsetting i distrikta.

På landsbasis har hovudtrekka dei seinare åra vore stabilitet i saksmengde, saksavvikling og sakstilgang. Det som særprege resultatene i 1997 er store areal som blir handtert i jordskiftesaker og mange løyste tvister. Domstolen løyste i 1997 909 tvistar mot 741 i 1996. Det er ønskeleg å korte ned ventetida og redusere talet på føreliggande saker. Årsstatistikken gir god oversikt over resultatene av jordskiftetarbeidet i sakene som blei avslutta i 1997. Indikatorane knytt resultatene direkte til gjeldande hovudmål og det blir rapportert i høve til kostnadseffektivitet internt i etaten og restansar.

- Auka kostnadseffektivitet: Samla skifta areal er 848 461 dekar i 1997 mot 611 658 dekar i 1996, som kan samanliknast i storleik med 1-2 middels store norske kommunar. 820 teigar blei fjerna ved omarronding.
- Styrkje eksisterande næringsgrunnlag og tilretteleggje for vekst i alternative næringar: Dette er oppgåver som krev stadig meir av ressursane til Jordskifteverket. Det blei pålagt felles investeringar for om lag 24 mill kr i sakene som ble avslutta. Det blei vedtatt bygd 207 km skogsveg, og stifta 129 lag for felles ressursutnytting mot 164 lag i 1996.
- Jordskifteverket skal greie ut og fastleggje uklåre rettstilhøve: Jordskifteretten løyser tvistar som hindrar tenleg arealbruk og set i gang individuelle- og fellestiltak. Det blei merka og koordinatfesta 1692 km grenser mot 1957 km i 1996.

I tillegg til hovudmåla er reduksjon av restansar og auka kostnadseffektivitet i etaten sett opp som eigne mål. I 1997 er restansane redusert. Partane har hand om kva for problem som skal løysast og det verkar inn på arbeidsmengda.

Statistikken viser at det blei avslutta totalt 1102 saker i 1997, fordelt med 1049 saker ved jordskifterettane og 53 saker ved jordskifteoverrettane. Dette er ei auke med 49 saker i høve til 1996. Den positive utviklinga i talet på omformingssaker i høve til reine grensefastsetjande saker har halde fram. Sakene omfatta totalt 7892 partar. Gjennomsnittsalderen på avslutta saker viser ein liten nedgang frå 2,7 år i 1996 til 2,6 år i 1997. Dette er eit resultat av at dagsaktuelle saker, td fellestiltak, jordfordelingssaker og samferdselsjordskifte, blir prioritert. Desse sakene gir ofte monalege kostnadsreduksjonar.

Ressursinnsats i årsverk fordelt på verksemdområde for jordskifterettane i 1997 (1996):

Område for verksemda	Prosentfordeling	
Auka kostnadseffektivitet	33 pst	(28 pst)
Styrkje næringsutvikling	9 pst	(8 pst)
Rettsutgreiing	26 pst	(21 pst)
Internadministrasjon*	18 pst	(26 pst)
Informasjon, karttenester, prosjekt mm	14 pst	(17 pst)

*Arbeidet med saksadministrasjon er fom 1997 fordelt på dei tre sakstypene

BUDSJETTFRAMLEGG 1999

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga til Jordskifteverket med om lag 19 mill kr, i forhold til 1998. Samtidig gjer ein framlegg om å auke gebyrinntektene med om lag 6 mill kr jf kap 4145. Styrkinga har sin bakgrunn i at budsjettet for 1998 ikkje ga grunnlag for ordinær verksemd i 1998 og ønsket om å nytte Jordskifteverket meir aktivt på nye område og å redusere ventetida for gjennomføring av saker. I Ot prp nr 57 (1997-98) om revisjon av jordskiftelova, som ligg til behandling i Stortinget, gjer regjeringa framlegg om å nytte Jordskifteverket aktivt for å løyse nye oppgåver.

I lovendringa ligg dei viktigaste styringssignala for Jordskifteverket. Det er fremma forslag om at det kan krevjast jordskifte i samband med utbyggingstiltak av alle offentlege myndigheiter som har ekspropriasjonsheimel. I dag kan berre vegmyndigheitene og Jernbaneverket krevje slikt skifte. Ein har vidare gjort framlegg om at offentlege myndigheiter og grunneigarar skal kunne krevje jordskifte knytt til rådveldesinnskrenkingar. Departementet viser i den samanheng til det pågåande arbeid med gjennomføring av barskogvernet og til Stortinget si behandling av barskogvernmeldinga. Det er òg gjort framlegg om ei rekkje andre endringar, jf Ot prp nr 57 (1997-98).

Lovforslaget tilfører Jordskifteretten fleire domstolsoppgåver. Dei grunnleggjande statsforfatningsrettslege prinsippa om domstolane gjeld òg for jordskifteretten. Eitt av desse prinsippa knytter seg til borgarane sine krav om rettstryggleik. Det må òg vere ein føresetnad at dei nye oppgåvene (skjønne), så langt som mogleg, blir løyst innanfor tilsvarende tidsrammer som ved dei ordinære domstolane.

Det er aukande interesse for arealbytte ved gjennomføring av større offentlege planar. Departementet viser til Jernbaneverket, som i samband med innføring av planane om innføring av krengetog, vurderer å leggje ned om lag 2000 private planovergangar. Det blir vurderast å gjennomføre store delar av nedlegginga av planovergangar ved jordskifte. Naturvernmyndigheitene ønskjer å bruke avtalebasert jordskifte ved gjennomføring av utvida barskogvern. Makeskifte er nemnt som eit avbøtande tiltak om Forsvaret etablerer nytt regionsøvingfelt på Austlandet. Desse oppgåvene vil i tilfelle krevje ein monaleg innsats frå jordskifteretten.

For å møte desse utfordringane og sikre tilpassing til ny lov vil departementet starte ein prosess med sikte på å sikre effektiv saksavvikling og intern administrasjon og fremme utviklinga av etaten. Tjenestemannsorganisasjonane vil bli trekt med i dette arbeidet.

Utviklinga på IT-området vil være særskild viktig for å betre informasjonsutvekslinga og effektivisere arbeidet i etaten. Ein vil i 1999 halde fram arbeidet med å effektivisere økonomiforvaltninga

Saman med dei tradisjonelle kostnadsreduserande tiltaka må det satsast vidare på miljøomsyn i jordskiftesakene slik at Jordskifteverket medverkar til at naturressursane blir forvalta på eit berekraftig grunnlag

For raskare framstilling av jordskifte- og temakart, skal det òg satsast på samarbeid med fylkesmennene om geodata (GIS) både fagleg og økonomisk. Markarbeidet kan effektiviserast gjennom større bruk av GPS utstyr.

KAP 4145 JORDSKIFTEVERKET

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
01	Saks- og gebyrinntekter	6 167	7 227	13 407
05	Refusjon, utgifter til målehjelp	1 768	994	1 014
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	503		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	597		
	Sum kap 4145	9 035	8 221	14 421

Post 01 Saks- og gebyrinntekter

Posten omfattar inntekter ved innkrevjing av gebyr frå partane. Partane ber i tillegg ei rekkje utgifter som td godtgjersle til meddommarar, målearbeid, grensemerker og eigen innsats ved førebuing til rettsforhandlingar. I Ot prp nr 57 (1997-98) har regjeringa varsla ein Ot prp om endring i gebyrreglane i Jordskiftelova. Lovframlegget vil bli lagt fram for Stortinget hausten 1998.

Ein legg opp til ein auke i inntektene på 6,0 mill kr. 3,5 mill kr vil vere gebyr og 2,5 mill kr vil vere dekning av sideutgifter ved saker som hittil har vore betalt av Jordskifteverket. Framlegget om auka inntekter er basert på at Stortinget sluttar seg til dette lovframlegget.

Post 05 Refusjonar, utgifter til målehjelp

Av ei løyving under kap 1145 post 01 på 1,2 mill kr til målehjelp vil om lag 0,9 mill kr bli dekt av partane i form av sakskostnader. Netto løyving til målehjelp blir då 0,3 mill kr.

KAP 1146 NORSK INSTITUTT FOR JORD- OG SKOGKARTLEGGING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
01	Driftsutgifter	42 052	56 766	58 840
21	Spesielle driftsutgifter	17 058		
	Sum kap 1146	59 110	56 766	58 840

MÅL OG STRATEGIAR

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) skal dekkje det behov samfunnet har for grunnleggjande data om jord, skog, vegetasjon og landskap for å sikre langsiktig forvaltning og næringsmessig utnytting av landbaserte naturressursar.

Tilgjengeleg, forståeleg og målretta informasjon om ressursgrunnlaget og bruken av ressursane er nødvendig både for å utforme, gjennomføre og etterprøve politikk. Berekraftig bruk og forvaltning av naturressursar og miljøverdiar i samsvar med gjeldande lover stiller aukande krav til informasjon.

NIJOS skal levere den standardiserte ressurs- og miljøinformasjonen som brukarane i den offentlege forvaltninga og næringslivet treng. Alle som skal delta i dei mange og ulike vedtaksprosessane i offentlig forvaltning og næringsliv treng relevant, forståeleg og tilgjengeleg informasjon. Betre tilgang på standardisert informasjon er særleg viktig innan følgjande område:

- matproduksjon og produksjon av trevirke
- verdiskaping og levande bygder
- berekraftig bruk av ressursane
- innsyn, rettstryggleik og desentralisering
- kvalitetssikring av offentlege vedtak.

RESULTATRAPPORT 1997**Innsamling, forvaltning og formidling av landsdekkjande standardiserte data**

Dette rapportområdet utgjer om lag 80 pst av verksemda ved NIJOS og omfattar områda *landsskogtaksering og overvaking (ca 30 pst)*, og *markslagsdata, jord-, vegetasjons- og landskapsdata (ca 50 pst)*.

Landsskogtaksering og overvaking

Alle skogdata er samanstilt i rapport Skog 97, som inneheld statistikk over skogforhold for enkelte fylke og for heile Noreg. Data frå Landsskogtakseringa og skogovervakinga er rapportert internasjonalt og utgjer eit viktig grunnlag for internasjonalt samarbeid om ressurs- og miljøforvaltning. Skogovervakinga ga grunnlag for ein rapport med landsrepresentative data om helsetilstanden i skogen. Datafangst er utført på 1/5, dvs ca 2 300, av dei landsdekkjande permanente prøveflatene i Landsskogtakseringa og på alle flater i overvakingssystemet for skogskader. Fylkesvise takstrapportar er ferdigstilt i fem fylke. Rapportane vil bli nytta som grunnlag for fylkesvise skogpolitiske strategiar.

Informasjon frå Landsskogtakseringa og skogovervakinga er brukt som grunnlag for verdiskaping basert på skogressursane, forvaltning av biologisk mangfald og andre miljøgode, og skogressursforvaltning i klima-samanheng. Informasjonen er nytta i departementet sitt system for resultatkontroll innanfor skog og miljø og som grunnlagsmateriale for den komande stortingsmeldinga om skogpolitikken. Informasjon kring framtidig mogeleg verdiskaping basert på avverking av trevirke er nytta av forvaltninga og skognæringa.

Markslagsdata, jord-, vegetasjons- og landskapsdata.

NIJOS har i 1997 produsert 13 000 km² digitalt markslagskart (DMK). Målsetjinga er å ha eit nasjonalt dekkjande DMK innan år 2002. Det er ajourført DMK for ca. 650 km². DMK er ein viktig del av den nasjonale infrastrukturen av kartdata og blir nytta av fylke, kommunar og andre offentlege og private etatar til arealplanlegging og lov- og tilskottsforvaltning. 113 kommunar har no heildekkjande DMK.

I 1997 blei det kartlagt 300 km² jordsmonnskart, som var målet. Jordsmonndatabasen ved NIJOS dekkjer no 3 150 km² som utgjer knapt 1/3 av jordbruksarealet i Noreg. NIJOS

har i 1997 arbeidd med å utvikle modellar som viser kvaliteten på produksjonsgrunnlaget ut frå jordsmonndata og klimadata. Jordsmonndata for dyrka mark er nødvendige i samband med jordvern og for å auke lønnsmda i planteproduksjon og miljøtiltak.

I 1997 har det vore arbeidd med å utvikle reiskap for forvaltning og beitenæring til vurdering av utmarksbeite ut frå vegetasjonsdata. Det mest omfattande arbeidet har vore utvikling av ein modell for "Informasjonssystem for beitebruk i utmark". Systemet er tatt i bruk av forvaltninga og næringsorganisasjonar i Telemark fylke. Vegetasjonskartet gir informasjon om økologiske tilhøve og eigenskapar for ulike ressursbruk i utmark.

Arbeidet med landskapsdata har i 1997 vore konsentrert kring utvikling av metode for skildringar i "Referansesystem for landskapsdata". NIJOS registrerer ein aukande etterspørsel etter landskapsdata frå fylke og kommunar.

Brukartilpassa informasjon og analysar

Register for landbrukseigedomar og driftseiningar

Resultatområdet omfattar Landbruksregister, Jordregister og verktøy for å gi tilgang til landbruket sine data gruppert etter eigedoms- og bruksstruktur. Drifta av Landbruksregistret er gjennomført som planlagt, og det er produsert jordregister for 15 kommunar. Utviklinga av eit verktøy for kombinert bruk av kart og registerdata (LGIS) har gått som planlagt, og vil bli tatt i bruk av landbruksforvaltninga på fylkes- og kommunenivå frå hausten 1998.

Dei viktigaste brukarane er offentleg forvaltning, både kommunal og statleg. I tillegg er landbruket sine organisasjonar og Statistisk Sentralbyrå (SSB) viktige brukarar av registerdata.

Tenester til jordskifteverket

Tenestene til Jordskifteverket omfattar geodataproduksjon, rådgjeving i bruk av ressursdata i verdsetting og planlegging og bruk av geografiske informasjonssystem (GIS).

Ressursdata blir brukt i jordskiftesaker for å gi best mogleg verdsettingsgrunnlag for jordskiftedomstolen. GIS-rådgjeving skal syte for effektiv bruk av moderne IT for rask og sikker gjennomføring av jordskiftesaker.

Kompetansesenter

Aktiviteten har vore stor innan nasjonal standardisering for utveksling av naturressursdata. NIJOS representerer og ivaretar landbruket sine interesser med omsyn til standardisering og samordning

NIJOS er òg kompetansesenter for skogbruksplanlegging, og forvaltar ma standardar og samordnar data innanfor fagområdet. NIJOS har hatt sekretariatsansvaret for arbeidet med ei utgreiing som skal peike på tiltak som kan auke kvaliteten på planane og effektivisere bruken av ressursane som blir sette inn i skogbruksplanlegginga. Landbruksdepartementet leier arbeidet med utgreiinga

BUDSJETTFRAMLEGG 1999

NIJOS skal skaffe landsomfattande representative data om skogressursar, arealbruk og miljø samt endringar over tid som grunnlag for ei berekraftig forvaltning av skogressursane. Informasjonen blir etablert ved takst på 1/5 av dei landsdekkjande permanente flatene i landsskogtakseringa og i overvakingsprogram for skogskadar. Overvakingsprogrammet for skogskadar omfattar registrering av 900 flater, bearbeiding og innlegging av data i lett tilgjengelege databasar og formidling til brukarane.

I programmet for tilstandsovervakning av jordbruket sitt kulturlandskap skal ein i 1999 gjennomføre flyfotografering av 300 flater.

NIJOS er ansvarleg for utvikling og drift av landbruksregisteret som grunnlag for landbruksforvaltninga sine informasjonssystem for eigedoms- og bedriftsdata.

Skogbruksplanlegging er eit viktig verkemiddel i gjennomføringa av skogpolitikken, og for å utvikle kompetansesenteret skal NIJOS kartleggje behov i miljøet, og drive rådgjeving mot forvaltninga og takstinstitusjonane. NIJOS er nå i ferd med å leggje fram SOSI-standard for skogbruksplandata for SOSI-sekretariatet ved Statens kartverk, og har ansvar for oppfølging og vedlikehald av standardar. NIJOS vil få ei sentral rolle i oppfølginga av utgreiingsarbeidet departementet avslutta i 1998, og oppgåvene er i hovudsak knytt til organisering av takstarbeidet og resultat- og kvalitetskontroll.

Satsingsområde

Lett tilgang på kunnskap av høg kvalitet om naturressursane er viktig både for arealforvaltning for å ta vare på det biologiske mangfaldet, og for kvalitetsproduksjon av mat, trevirke og utmarksgode. Berre med grunnlag i god ressurskunnskap er det mogeleg å tilpasse aktiviteten til naturtilhøva og kunne reagere raskt på endra miljøtilhøve, td i samband med forureining.

Oversikten over ulike markslag i økonomisk kartverk er den einaste landsomfattande ressursinformasjon i stor kartmålestokk til bruk i samfunnsplanlegging, arealforvaltning og miljøtiltak. For at det digitale markslagskartet skal få den planlagte bruk er det viktig at informasjonen er av tilstrekkeleg kvalitet med gode ajourføringsrutiner. NIJOS skal samordne datafangst for digital markslagskart med jordsmonnskartlegging for effektiv framdrift i produksjonen.

I programmet for tilstandsovervaking av jordbruket sitt kulturlandskap skal NIJOS skaffe landsomfattande representative data om arealstruktur, biologisk mangfald, kulturminne og opplevingsmoglegheiter samt endringar over tid. Dette programmet gir nasjonale og regionale oversikter som grunnlag for ei berekraftig forvaltning av jordbrukslandskapet.

NIJOS skal yte særskilde tenester til Jordskifteverket på område som krev høg kartteknisk kompetanse og spesialisert utstyr og medverke til betre bruk av GIS innan Jordskifteverket. Rapporten frå ein utgreiing av NIJOS sine tenester til Jordskifteverket vil bli følgd opp i 1999.

NIJOS er eit kompetansesenter innanfor skogbruksplanlegging. Dette er eit fagfelt i sterk utvikling, og det er viktig at NIJOS framleis prioriterer området sterkt for å fylle rolla si på ein god måte.

NIJOS er òg kompetansesenter for GIS og geodata når det gjeld statleg landbruksforvaltning. Det er viktig at kompetansesenteret for GIS faktisk blir tatt i bruk fullt ut, for å kunne styrkje kunnskapsnivået i forvaltninga og sikre betre utnytting av dei data som alle-reie er produsert. NIJOS skal vidare, for å fremje fleirbruk av data, prioritere samordnings-tiltak og standardisering innanfor Geovekst og samordning av miljødata. Det bør prioriterast å ta del i kartleggingssamarbeid, arbeid med dataforvaltning, og distribusjon av data som td arealdokumentasjonsprogrammet Arealis. Det er i budsjettframlegget for NIJOS sett av 2 mill kr til Geovekst-innsats og kompetansetenester for statleg landbruksverksemd.

NIJOS er ein høgteknologibedrift med trong for løpande investeringar i IT. Det er potensial for effektivisering innan fleire av dei produksjonslinjer som er etablert. Den gjennomgangen av organiseringa av NIJOS som er starta opp, gir von om effektivisering av verksemda. Satsing på kompetanseheving og god rekruttering til fagstillingar blir viktig òg i 1999. Ein vil halde fram arbeidet med å effektivisere økonomiforvaltninga.

KAP 4146 NORSK INSTITUTT FOR JORD- OG SKOGKARTLEGGING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt	
			budsjett 1998	Framlegg 1999
02	Driftsinntekter	16 499	15 000	15 380
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	841		
	Sum kap 4146	17 340	15 000	15 380

Under kap 4146 post 02 er det budsjettert med inntekter frå oppdrag som NIJOS tek på seg, jf kap 1146 post 01.

KAP 1147 REINDRIFTSFORVALTNINGA

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
01	Driftsutgifter	17 480	15 061	21 138
45	Store utstyrskjøp og vedlikehald , <i>kan overførast</i>	2 955	2 950	2 990
70	Tilskott til fjellstover	556	600	610
71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark , <i>kan overførast</i>	18 643	18 000	12 000
	Sum kap 1147	39 634	36 611	36 738

MÅL OG STRATEGIAR

Reindriftsforvaltninga er eit fagleg forvaltningsapparat som òg fungerer som sekretariat og utøvande organ for Reindriftsstyret og områdestyra. I tillegg har forvaltninga ein rådgivande funksjon i høve til næringa. Det overordna målet for verksemda er å medverke til å utvikle ei reindrift som er økologisk, økonomisk og kulturelt berekraftig

For å nå måla, blir desse strategiane lagde til grunn:

- På bakgrunn av innhenta grunnlagsdata om utviklinga i lavbeitet og vekter av dyr etter sommarbeiteperioden skal forvaltninga arbeide for naudsynte tiltak som gir ein tilpassa reinbestand, samt kontrollere at rammene for bruk av beiteressursane overhaldast
- Rettleiing, informasjon og sterkare deltaking i felt samt medverknad til utarbeiding av distriktsplanar som kan tene som verktøy for utvikling av næringa
- Dokumentere reindrifta sin arealbruk og rettar, skape ei betre forståing for reinen sin adferd og miljøtilpassing, og gjere dette kjent ved å opparbeide nettverk og alliansar med andre offentlege organ
- Hjelpe til å utvikle alternativ næringsverksemd i og knytt til næringa
- Styrking av kvinnene sin posisjon i næringa
- Informasjonsverksemd retta mot omgivnadene
- Effektivisere styringsorgana sitt arbeid
- Kompetanseoppbygging i forvaltning, og i samisk språk og kultur
- Utarbeide konfliktførebyggjande tiltak i forhold til andre næringsinteresser

RESULTATRAPPORT 1997

I slutten av januar var det klart at beitesituasjonen innanfor delar av Finnmark og Troms var kritisk som følgje av særskilde klimatilhøve, og utsiktene til at forholda skulle betre seg før våren, var minimale. Innsatsen frå forvaltninga blei konsentrert om registrering og analyse av situasjonen, informasjon og rettleiing til reineigarar, og forholdet til media. Ekstraordinære tap er anslått til 10 000 dyr. I dei verst ramma områda blei to årsklassar nærast utraderte. Låste beite forårsaka store endringar i flyttingane.

Forvaltninga innretta verksemda til dei ramma områdene ved å hjelpe til å avgrense dei økonomiske problema som situasjonen påførte reineigarane. Ulike ekstraordinære tilskottsordningar har gjort det nødvendig å behandle om lag 700 enkeltsaker. Konsekvensane av låste beite vil bli evaluert i løpet av 1998 når datagrunnlaget er komplett.

Frå hausten 1997 blei det gjennomført ei storstilt teljing og veking av rein. Det blei talt 135 000 rein og innhenta vekter på 40 000 levande rein. Arbeidet i felten blei gjort av eit teljekorps på mellom 70 og 80 engasjerte, medan leiing og administrasjon blei utført av forvaltninga sitt faste personell.

Utkast til distriktsinndeling er utarbeidd for Nordland og Troms. I Aust-Finnmark går framdrifta etter planen medan arbeidet i Vest-Finnmark ligg etter.

Den prekære ressursituasjonen med påfølgjande store tap på fellesbeita i Finnmark, har gjort det naudsynt å setje av meir ressursar til slike oppgåver. Vidare er det gjennomført kompetanseheevande tiltak innan samisk språk i forvaltninga.

BUDSJETTFRAMLEGG 1999

Den pågåande omstillingsprosessen i næringa vil krevje stor innsats òg i 1999. Gjennomgang av reindriftslova med fokus på forvaltninga og dei meir interne tilhøva i næringa vil stå sentralt. Vidare vil revisjon av distriktsinndelinga i dei fire nordlegaste reinbeiteområda og forholda til grannelanda Sverige, Finland og Russland framleis krevje mykje merksemd.

Satsingsområde

Det er eit siktemål å gjere reindrifta økologisk og økonomisk berekraftig. Reduksjon av reintalet i Finnmark, ma gjennom vektstrukturering av flokkane og kontrollerte vegingar og teljingar, vil vere eit viktig satsingsområde. Dette arbeidet krev mykje ressursar. Det må stimulerast til driftsformer med eit produktspekter som òg omfattar andre produkt enn kjøtt. Dette vil skape grunnlag for å styrke kvinnene si posisjon i næringa, samstundes som det kan medverke til å gje reindrifta eit sterkare kulturelt feste. Generelle kvinneretta tiltak i næringa vil bli vektlagt.

Informasjonsverksemd vil òg vere viktig. Det same gjeld satsinga på samisk språk.

Merknader til dei enkelte postane**Post 01 Driftsutgifter**

Det er sett av 3,0 mill kr for å dekke utgifter til den norsk-svenske reinbeitekommissjonen. Vidare er posten auka med om lag 1,5 mill kr mot ei tilsvarande auke av inntektene, jf kap 4147 post 01. Det blir oppretta ein eigen stilling i reindriftsforvaltninga som skal arbeide særskilt med kvinne og familierettede tiltak i reindriftnæringa. Det er sett av 0,5 mill kr til dette.

Post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald

Ein gjer framlegg om ei løyving på 2,99 mill kr til vedlikehald av konvensjonsgjerda.

Post 70 Tilskott til fjellstover

Formålet med tilskottet er å halde oppe tilbodet av gjetarhytter til ma reingjetarane. Ein har i dag fire statseigde fjellstover og i tillegg kontrakt med tre private om fjellstovehald. Ein føreslår ei løyving på 0,61 mill kr.

Post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark

Formålet med tilskottet er å redusere talet på rein og utøvarar i næringa.

Reineigarane har fått tilbod om å gå over i aktiv omstilling mot å avvikle reindrifta si. Fristen for søknad om omstillingslønn var 1.9.1995 og inntaksstans var 31.12.1995. Ved inntaksstans var om lag 100 driftseiningar gått inn på omstillingslønsordninga, og det var slakta ut vel 20 000 rein. Mange melde seg på like før fristen gjekk ut. Dei fyrste omstillarane er no i ferd med å gå ut av ordninga.

Det har vist seg svært vanskeleg å få omstillarar over 55 år i anna arbeid. For denne gruppa var det ikkje sett krav om aktiv omstilling. For å medverke til å gi denne gruppa ein verdig avslutning på arbeidslivet og for å hindre at dei tar opp igjen reindrifta er Landbruksdepartementet innstilt på å gi tilbod om ei ordning som sikrar dei eit økonomisk grunnlag fram til pensjonsalder. Føresetnaden for å komme inn under ordninga er at driftseininga blir endeleg avvikla. Ordninga vil bli finansiert innanfor løyvinga til omstillingstiltak.

For å dekkje behovet for omstillingslønn i 1999 gjer ein framlegg om ei løyving på 12 mill kr.

KAP 4147 REINDRIFTSFORVALTNINGA

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt	
			budsjett 1998	Framlegg 1999
01	Driftsinntekter	1 652	54	1 500
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	180		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	251		
	Sum kap 4147	2 083	54	1 500

Ein reknar med inntekter for 1999 på 1,5 mill kr under post 01 frå administrative tenester knytt til reindriftsavtalen, jf kap 1151, reinmerkeprotokollar og sal av magasinet Reindriftnytt.

KAP 1148 NATURSKADE - ERSTATNINGAR OG SIKRING

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
70	Tilskott til sikringstiltak mm , <i>kan overførast</i>	4 544	4 500	4 700
71	Naturskade, erstatningar , <i>kan overførast</i>	54 696	42 500	38 000
72	Erstatning, flaumskader , <i>kan overførast</i>	1 837		
	Sum kap 1148	61 077	47 000	42 700

MÅL OG STRATEGIAR

Statens naturskadefond yter erstatning for naturskadar som det ikkje er mogleg å forsikre seg mot gjennom ei alminneleg forsikringsordning. Statens naturskadefond medverker òg til å fremme sikring mot naturskadar ma gjennom å gi tilskott til sikringstiltak og ved samhandling med andre aktørar innanfor sikringsområdet.

Fondet skal syte for at krav om erstatning for naturskadar og søknader om tilskott til sikringstiltak får ei rask og forsvarleg behandling. Fondet skal dessutan raskt kunne setje inn ein målretta og utvida innsats når naturkatastrofar oppstår.

Statens naturskadefond vil halde fram å effektivisere verksemda. Fondet skal òg arbeide vidare med tiltak for å gjere takstapparatet og sekretariatet meir robust, og auke informasjonsinnsatsen og samarbeidet med andre aktørar på området.

Statens naturskadefond er organisert med eit styre, ei ankenemnd og eit sekretariat.

RESULTATRAPPORT 1997**Erstatningssaker og klagesaker**

Fondsstyret har i 1997 behandla 2285 søknader om erstatning. Det blei gitt om lag 64 mill kr i tilsegn om erstatning og betalt ut om lag 53 mill kr i erstatningar. Det er utbetalt takstutgifter på 3,4 mill kr. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var i 1997 om lag 30 dagar for saker behandla av styret eller administrasjonen. Gjennomsnittleg tid for behandling og tilvising av forskott var 7 dagar. Saksbehandlingstida har gått ned medan talet på behandla saker har auka.

Ankenemnda for Statens naturskadefond behandlar både klager over vedtak fatta av styret for Statens naturskadefond og tvistar mellom forsikringstakarar og forsikringsselskap. I 1997 har ankenemnda behandla 44 klager som gjeld vedtak fatta av styret, medan talet på klager frå forsikringstakarar har vore 66. Talet på saker som ankenemnda har behandla er rimeleg konstant. Saksbehandlingstida for saker som blei lagt fram for ankenemnda var i gjennomsnitt 90 dagar i 1997.

Sikring

I 1997 behandla styret 43 søknader om tilskott til ulike former for sikringstiltak mot naturskader. Det blei gitt tilsegn på om lag 6,8 mill kr i tilskott til sikringstiltak, mens det blei utbetalt om lag 4,5 mill kr. Innkomne søknader om tilskott til sikring blir behandla to gongar i året.

BUDSJETTFRAMLEGG 1999

Løyvinga til naturskadeerstatningar er tilpassa år med gjennomsnittleg skadeomfang. I år med ekstraordinært stort skadeomfang, må fondet basere seg på tilleggsløyvingar. Erstatningane frå Statens naturskadefond blir utbetalt etter at skaden er utbetra. Utbetningsfristen er 3 år. Dette er faktorar som har innverknad på behovet for pengar.

Merknader til dei enkelte postane**Post 70 Tilskott til sikringstiltak mm**

Statens naturskadefond skal medverke til å fremje sikring mot naturskadar gjennom økonomiske tilskott, bistand til kommunane i samband med sikringstiltak og fareregistrering. I samsvar med signal frå Stortinget, skal det prioriterast å gi tilskott til kommunar med spesielt vanskeleg økonomi og stort sikringsbehov. Landbruksdepartementet følgjer opp ordninga ved at fondet jevnleg rapporterer om saker det er gitt tilskott til og pågåande samarbeidsprosjekt. For 1999 gjer ein framlegg om ei løyving på 4,7 mill kr. Ein vesentleg del av løyvinga skal gå til Talvik-prosjektet i Alta for å sikre mot kvikkleireskred, jf omtale i St prp nr 1 (1997-98). Ein gjer vidare framlegg om tilsegns-

fullmakt for 1999 på 2,0 mill kr, jf forslag til vedtak VI. Dette vil gjere det mogleg å gi nye tilsegn på 6,7 mill kr.

Tilsegnfullmakt 1999 (mill kr):

Ansvar pr 1.1.98	7,1
Tilsegn 1998	4,5
Sum	11,6
-(løyving 1998+overførte midlar)	11,6
Ansvar pr 31.12.98	0,0
Nye tilsegn 1999	6,7
Sum	6,7
Framlegg til løyving 1999	4,7
Tilsegnfullmakt 1999	2,0

Post 71 Naturskadeerstatningar

Statens naturskadefond skal gi ei rask og forsvarleg behandling av krav om erstatning som er heimla i naturskadelova. Kvaliteten på vedtaka og saksbehandlingstida er indikatorar på korleis Statens naturskadefond lukkast i å oppfylle målsettinga. Landbruksdepartementet følgjer opp ordninga på bakgrunn av rapportar om økonomi og saksbehandling og i styringsdialogen med fondet.

Over denne posten blir dekt lovheimla krav på erstatning frå fondet. I tillegg blir dekt rettfærdsvederlag, utgifter til taksering, ma av skader, samt naudsynnte utgifter til ekstrahjelp og utvikling av edb-system for verksemda i fondet.

Statens naturskadefond kan totalt gi tilsegn for inntil 2 mill kr til forskingsprosjekt, informasjonstiltak og andre aktivitetar som medverker til å redusere skadeverknadene av framtidige naturulykker, eller å auke effekten av dei ressursar som nyttast på naturskadeområdet. Flaumen på Austlandet i 1995 avdekte behov for å nytte ein avgrensa del av dei tildelte midlane på post 71 til slike føremål.

Etter naturskadelova kan det setjast som vilkår for utbetaling av erstatning at skaden blir utbetra på ein slik måte at faren for naturskade minkar. Dette gjeld både utbetringar på skadeobjektet og gjennomføring av mindre sikringstiltak i nærleiken av skadeobjektet. For slike sikringstiltak kan ein, i samband med erstatninga og over denne posten, gi tilskott på maksimalt 25 000 kr pr sak til den skadelidne til dekning av desse meirkostnadene.

Ut frå dette gjer ein framlegg om ei løyving på 38 mill kr og ei tilsegnfullmakt på 10,0 mill kr, jf forslag til vedtak VI. Dette vil gjere det mogleg å gi nye tilsegn på 59 mill kr i 1999.

Tilsegnfullmakt 1999 (mill kr):

Ansvar pr 1.1.98	39,6
Tilsegn 1998	40,2
Sum	79,8
-(løyving 1998+overførte midlar)	90,8
Ansvar pr 31.12.98	-11,0
Nye tilsegn 1999	59,0
Sum	48,0
Framlegg til løyving 1999	38,0
Tilsegnfullmakt 1999	10,0

KAP 1150 TIL GJENNOMFØRING AV JORDBRUKSAVTALEN MM

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
50	Fondsavsetningar	588 860	580 860	648 060
70	Marknadsregulering , <i>kan overførast</i>	174 401	199 100	225 100
73	Pristilskott , <i>overslagsløyving</i>	1 892 933	1 820 900	1 762 070
74	Direkte tilskott , <i>kan overførast</i>	6 576 591	6 578 079	6 852 679
76	Marknadsordningar , <i>overslagsløyving</i>	891 955	828 000	805 173
77	Utviklingstiltak , <i>kan overførast</i>	225 037	283 450	393 000
78	Velferdsordningar , <i>kan overførast</i>	1 578 837	1 613 910	1 859 410
Sum kap 1150		11 928 614	11 904 299	12 545 492

MÅL OG STRATEGIAR

Kapitlet omfattar i hovudsak løyvingar til gjennomføring av jordbruksavtalen. Jordbruksavtalen og tilskotsordningane under han er dei viktigaste verkemidla for å følgje opp måla og retningslinene i landbrukspolitikken.

Retningslinjer og målsetjingar for næringspolitikken i jordbruket er i hovudsak dregne opp i felleseklæringa frå regjeringa og St prp nr 8 (1992-93) *Landbruk i utvikling - Om retningslinjer for landbrukspolitikken og opplegget for jordbruksoppgårene mv*, og i stortingsproposisjonane om jordbruksoppgjera i 1993-1998 og Stortinget si behandling av desse. I felleseklæringa frå regjeringa heiter det:

«En sentrumsregjering mener norsk landbruk skal bidra til å oppfylle viktige samfunns mål som trygg matproduksjon og matforsyning, stabil bosetting i distriktene, en bærekraftig ressursforvaltning, et levende kulturlandskap og en verdiskaping som kan bidra til å oppretthalde bosettingen på bygdene. Landbruket har dessuten et medansvar for å sikre det biologiske mangfoldet for kommende generasjoner. En sentrumsregjering vil føre en landbrukspolitikk som ivareter disse viktige samfunnshensyn.

Inntektsutviklingen og sosiale forhold vil avgjøre om en kan få rekruttering til næringen som kan sikre et livskraftig landbruk. En sentrumsregjering legger til grunn at yrkesutøvere i landbruket skal ha en inntektsutvikling og tilbys sosiale ordninger på linje med det øvrige samfunn og at inntektsgapet som har oppstått i forhold til andre grupper de senere år blir redusert.»

Målsetjingane for næringspolitikken innanfor jordbruket kan ein oppsummere slik:

- sikre næringsutøvarane moglegheit for inntekt og levkår på linje med befolkninga elles,
- sikre miljøvenleg produksjon der òg omsynet til kulturlandskapet, kulturminne og biologisk mangfald står sentralt,
- medverke til lågare kostnadsnivå, konkurransedyktige råvareprisar, rimelege, matvareprisar og ein produksjon som er tilpassa etterspørselen og
- styrkje rekrutteringa til og likestillinga i næringa.

Dei topografiske og klimatiske tilhøva i Noreg, våre politiske målsetjingar om busetting og aktiv jordbruksdrift over heile landet samt miljøomsyn, gjer eit høgt støttenivå i landbruket nødvendig. Innanfor desse rammene må vi imidlertid heile tida søke etter betre og billigare verkemiddel i politikken.

For å sikre at retningslinene og målsetjingane som er sett blir følgd opp, er det framleis nødvendig med omstilling i landbruket og i omsetninga og foredlinga for å gjere sektoren meir konkurransedyktig. Det blir arbeidd med ei Stortingsmelding for landbrukspolitikken, som ein tek sikte på å leggje fram for Stortinget hausten 1999. I den vil ein med utgangspunkt i eksisterande landbrukspolitikk og utifrå dei endringsbehov Regjeringa og Stortinget har peika på, kome med framlegg om endringar på fleire sentrale område.

For ei nærare omtale av mål og strategiar i jordbrukspolitikken viser ein til pkt 2 i programkategori 15.30 og til kap 8 i St prp nr 67 (1997-98). Nærare omtale av målsetjingar for tilskotsordningane på kap 1150 er gitt i budsjettframlegget for 1999 nedanfor.

RESULTATRAPPORT 1997

Utviklinga i jordbruket har på mange område vore i samsvar med dei retningslinene Stortinget har trekt opp. Forbrukarane sine behov blir no i større grad reflektert i norsk landbruk. Etter at St prp nr 8 (1992-93) blei behandla er både løyvingane over

statsbudsjettet til jordbruket og jordbruksavtaleprisane monaleg redusert. Ved jordbruksoppgjera dei to siste åra er løyvingane over statsbudsjettet og jordbruksavtaleprisane auka noko. Prisutviklinga på matvarer er likevel klart gunstigare enn konsumprisindeksen.

Tabellen nedanfor viser den nominelle utviklinga i nettoløyvingane til jordbruket over jordbruksavtalen (kap 1150 og 4150):

(i mill kr)			
År ¹⁾	Utgiftsløyving	Inntektsløyving	Nettoløyving
1975	2 341	308	2 032
1980	5 905	883	5 022
1985	9 319	622	8 697
1990	12 201	787	11 413
1991	12 487	550	11 938
1992	12 709	980	11 729
1993	12 893	1 173	11 720
1994	12 642	903	11 739
1995	11 975	386	11 589
1996	11 943	141 ²⁾	11 802
1997	11 928	110	11 818
1998	11 904	112	11 792
1999	12 545	110	12 435

¹⁾ Tabellen er i nominelle tal basert på rekneskap for perioden 1975-97, revidert budsjett for 1998 og budsjettframlegg for 1999.

²⁾ Frå 1995 er inntektsløyvinga redusert då den tidlegare kraftfôravgifta er erstatta med tollinntekt på kap 5511.

Kostnadene i primærjordbruket er reduserte monaleg i perioden 1990-95 i hovudsak som følgje av reduserte rentekostnader og reduserte kraftfôrkostnader. Reduserte kraftfôrkostnader har ein motpost i reduserte korninntekter. Sidan forbruket av kraftfôr er større enn kornproduksjonen medfører dette auka inntekter i jordbruket. Frå 1995 har kostnadene auka, i hovudsak som følgje av auka forbruk av kraftfôr. Med den sterke gjensidige tilknytninga det er mellom primærjordbruket og omsetjing/foredling er det viktig at industrien sine produkt ikkje tapar konkurranseevne. For å sikre dette er ein mest mogleg kostnadseffektiv produksjon og distribusjon viktig.

Talmaterialet viser at inntektsutviklinga i jordbruket har vore svak dei siste åra. Under Stortinget si behandling av St prp nr 1 (1997-98) uttaler fleirtalet i næringskomiteen, med unntak av medlemmar frå FrP følgjande om utviklinga av inntektene: «Flertallet viser til tall fra Norsk Institutt for landbruksøkonomisk forskning, NILF, som viser at landbruket har hatt en svak inntektsutvikling de siste årene.»

Marknadsreguleringa er dei siste åra gradvis redusert og gjort enklare. Dette har verka til at prisane har meir å seie i produksjonsreguleringa og at marknadstilhøva er betra. Mjølkeproduksjonen er noko redusert dei seinare åra, men det er framleis overkapasitet og produksjonspress innanfor sektoren. Husdyrproduksjonen totalt sett har i same periode halde seg nokolunde stabil. Kjøttforbruket har auka. Den regionale fordelinga av produksjonen er i hovudtrekk som føreset. Distrikta held oppe sin del av den samla produksjonen. Det har dei siste tiåra vore ein jamn nedgang i sysselsetjinga i jordbruket. Bruk av ny teknologi og nye arbeidsmåtar er ein vesentleg årsak til dette. Talet på bruk i drift har òg gått jamt ned.

For ein detaljert statusrapport pr 1997 for jordbrukspolitikken viser ein til kap 5 i St prp nr 67 (1997-98). Ein viser og til pkt 2.2. i programkategori 15.30.

Jordbruksoppgjæret 1998

Jordbruksoppgjæret 1998 la til grunn at målsetjingane om jordbrukspolitikken i Regjeringa si erklæring skulle følgjast opp, med utgangspunkt i eksisterande retningslinjer slik dei er utforma i St prp nr 8 (1992-93) og Stortinget si behandling, jfr Innst S nr 92 (1992-93) og i stortingsproposisjonar om jordbruksoppgjæra 1993-98 og Stortinget si behandling av desse.

Den 16.5.98 kom partane fram til ei forhandlingsløyving for ein jordbruksavtale med verknad frå 1.7.98. Den inngåtte avtalen har ei auka varig ramme på 1 000 mill kr. Avtalen hadde til føresetnad ytterlegare 400 mill kr i utgiftsreduksjon som følgje av at Regjeringa vil foreslå bortfall av noverande investeringsavgift for driftsmiddel hovudsakleg til bruk i jord- og skogbruk frå 1.1.99. Avtalen inneber ein auke i løyvingane over Jordbruksavtalen (kapittel 1150) på 675 mill kr frå eit nivå på 11,9 mrd kr, med halvt utslag i 1998. Avtaleprisane blir auka med 325 mill kr. I tillegg vil eingongsbeløp av frie midlar på 210 mill kroner bli disponert over avtalen i 1998 og 15 mill kroner i 1999.

Forutan å auke inntektsmoglegheitene i jordbruket monaleg inneber avtalen at det frå 1.1.99 blir innført ei tidlegpensjonsordning for bønder frå fylte 62 år som gir jordbruket betre moglegheiter for sosiale ordningar på line med andre grupper i samfunnet. Det blir vidare gjennomført tiltak for å forbetre likestillingssituasjonen i landbruket og det blir innført eit ekstra produksjonstilskott for unge bønder.

Avtalen inneber dessutan at miljøprofilen blir styrkt og at distriktsprofilen på tilskotsordningane blir oppretthalde på eit høgt nivå.

Strukturprofilen på tilskottsordningane blir òg vidareført. Ei fortsatt prioritering av småskala-jordbruket med variert bruksstruktur er lagt til grunn for årets jordbruksoppgjær.

Det blir vidare lagt opp til framleis sterk satsing på utviklingstiltak og alternativ sysselsetjing i distrikta, samt auka satsing på investeringar i tradisjonelt jordbruk.

Importvernet er ikkje forhandlingstema i jordbruksoppgjæret. Ramma for jordbruksoppgjæret 1998, og fordelinga av den, er utforma innanfor WTO-forpliktingane våre.

Avtalen inneber elles at partane er samde om å gjennomføre utgreiingar om meir produksjonsuavhengige verkemiddel som kan supplere tilskotsordningane som blir utbetalt pr dyr og areal.

Ein vidareutdanningsreform er under førebuing og utredning. Regjeringa vil komme attende til ei vurdering av behovet for, og moglege etterutdanningstiltak for jordbruket, ved forhandlingane i 1999 og i landbruksmeldinga.

Fase II av jordbruksforhandlingane blei avslutta 23.06.98. Sluttprotokollen frå Fase II følgjer proposisjonen som trykt vedlegg.

Ved Stortinget si behandling av jordbruksoppgjæret i 1998 blei det understreka at spørsmålet om bortfall av investeringsavgift vil bli behandla i samanheng med statsbudsjettet for 1999. Departementet vil understreke at bortfall av investeringsavgifta er ein føresetnad for den inntektsutviklinga og fordelingseffekten som ligg til grunn i avtalen.

Jordbruksoppgjæret og endringane i statsbudsjettet for 1998 er lagt fram for Stortinget i St prp nr 67 (1997-98). Budsjettframlegget for 1999 er basert på vedtak ved handsaming av St prp nr 67 (1997-98) og kvantumsjusteringar og omposteringar som følgje av jordbruksavtalen.

BUDSJETTFRAMLEGG 1999

Samanlikna med vedtatt budsjett for 1998 inneber framlegget for 1999 at bruttoløyvingane på kap 1150 vil bli auka med 641 mill kr frå 11 904 til 12 545 mill kr. Inntektene på kap 4150 vil bli redusert med 2,2 mill kr frå 112,0 til 109,8 mill kr. Nettoverknaden for kap 1150 og kap 4150 blir etter dette ei svekking av statsbudsjettet med 643 mill kr frå 11 792 til 12 435 mill kr samanlikna med Vedtatt budsjett 1998.

Verknaden på statsbudsjettet etter endringane i jordbruksoppgjæret 1998 inneber ein varig auke i overføringane over kap 1150 og kap 4150 på 675 mill kr. Halvparten av denne auken er rekna inn i revidert budsjett for 1998 (etter jordbruksoppgjæret, jf St prp nr 67 (1997-98)). Samanlikna med revidert budsjett for 1998 inneber budsjettframlegget derfor ei netto svekking av statsbudsjettet med 306 mill kr.

Oppfølging av det nye økonomireglementet for staten

Landbruksdepartementet har dei siste to åra gitt høg prioritet til arbeidet med å følgje opp krava i det nye økonomireglementet til forvaltning av tilskotsordningane under kap 1150 og 4150. Arbeidet har særleg bestått i å betre målformuleringane, resultatrapporteringa og rutiner og system for oppfølging og kontroll.

I merknadene til dei enskilde postane nedanfor er det kort gjort greie for formål og innhald i dei ulike ordningane. For meir detaljerte opplysningar viser ein til omtale i tidlegare proposisjonar, særleg til St prp nr 67 (1997-98) Jordbruksoppgjæret 1998 og St prp nr 70 (1996-97) Jordbruksoppgjæret 1997.

Oppfølgingskriterier blir løpande vurdert for tilskottsordningane under kap 1150. Når det gjeld dei tiltaksretta tilskotta under post 50 og dels under post 77, er vurderingar og tildeling av midlar basert på formål og føresetnader i kvart tilfelle. Desse ordningane er etter departementet si vurdering godt tilpassa økonomireglementet sine krav til oppfølgingskriterier. Dei løpande tilskottsordningane (postane 70, 73, 74, 76 og 78) er sterkt integrerte i verkemiddelsystemet under jordbruksavtalen. Departementet meiner at den samla tilpassinga, slik den blir registrert i Budsjettnemnda for jordbruket sitt materiale, gir det beste grunnlaget for Stortinget når det gjeld å vurdere resultat på dei viktigaste innsatsområda i landbrukspolitikken, og dermed òg det beste grunnlaget for å følgje opp endringar i desse landbrukspolitiske verkemidla i dei årlege jordbruksoppgjæra. Departe

mentet kan for einskilde ordningar supplere jordbruksoppgjersproposisjonen med oppfølgingskriteriar ut over dette for dei løpande tilskotsordningane under jordbruksavtalen.

Også når det gjeld rapportering og kontroll kan ein under kap 1150 skilje mellom dei tiltaksretta og dei løpande tilskotsordningane. For dei tiltaksretta ordningane gjeld hovuddelen av løyvingane midlar til bygdeutvikling. Delar av innvilga beløp (normalt minimum 25 pst) blir halde tilbake inntil sluttrapport og godkjend attestert rekneskaps-samandrag ligg føre. Tilskott til tiltak som blir gitt på fylkesnivå blir kontrollert av kommunen eller fylkesmannen. Statens Landbruksbank lagar årleg rapportar over bruken av midlane på grunnlag av rapportane frå fylkesmannen si landbruksavdeling. For dei tiltaksretta ordningane elles er rapportering og kontroll i hovudsak basert på revisorgodkjende rekneskap over ut- og innbetalingane.

For dei løpande tilskotsordningane under kap 1150 blir det gjennomført ei rekke kontrollar, ma eigenkontrollar og stikkprøvekontrollar. Det blir òg gjennomført evalueringsmøter med dei som er ansvarlege for forvaltninga av dei viktigaste ordningane. For pristilskotta blir rapportering og kontroll gjort på basis av revisorgodkjende regnskap. Tilskottsforvaltaren kontrollerer òg søknadene om midlar opp mot dei registrerte leveransane, og det blir gjennomført kontroll av rutiner i økonomiforvaltninga ved bedriftene som utbetalar tilskotta til produsent. Produksjonstilskotta (tilskott til husdyr og areal- og kulturlandskapstilskott) og tilskott til avløyning er basert på søknader frå brukarane. Søknadene blir kontrollerte før godkjenning i kommunane, og det blir gjennomført eit stort tal kontrollar i det edb-baserte systemet for utbetaling av tilskotta. Fem prosent av alle som har søkt om produksjonstilskott i kvar kommune blir trekt ut for kontroll på bruket. Det blir utarbeidd ei rekke rapportar for både landbruks- og skattestyresmakter. Dei løpande tilskotsordningane under kap 1150 blir òg følgd opp gjennom rutineane for oppfølging av verksemdene som forvaltar desse ordningane.

Departementet legg til grunn at evalueringar skal brukast aktivt for å forbetre tilskotsordningane framover. Evalueringar vil vere eit viktig bidrag til kunnskap om korleis ordningane verkar kvar for seg og samla og korleis ordningane blir forvalta.

Merknader til dei enkelte postane

Post 50 Fondsavsetningar

		(i 1 000 kr)		
Under- post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
50.11	Tilskott til LUF	515 300	515 300	580 000
50.12	Tilskott til Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon	30 000	30 000	31 000
50.13	Tilskott til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe mm	43 560	35 560	37 060
Sum post 50 Fondsavsetningar		588 860	580 860	648 060

Dei direkte administrasjonskostnadene knytt til katastrofeordninga er anslått til 2,4 mill kr, og er inkludert i løyvinga.

Underpost 50.11 Tilskott til Landbrukets utviklingsfond (LUF)

Etter LUF sine vedtekter kan fondsmidlane nyttast til tiltak som tek sikte på å styrkje og byggje ut næringsgrunnlaget på det einskilde bruk. Vedtektene for LUF er vedteke av Stortinget.

LUF hadde pr 31.12.97 ein kapital på 2 582 mill kr. Av kapitalen var 1 051,5 mill kr inneståande beløp i statskassa og 1 530 mill kr var i form av utlån. Det blei løyvd 555,3 mill kr til LUF i 1997, og av dette er 40 mill kr overført frå Lager- og Tørkefondet. Ramma for tilsegn blei sett til 780 mill kr. Forbruket av midlar blei 878,8 mill kr som inkluderer bruk av overførte midlar frå føregåande år. Ansvar knytt til innvilga, ikkje utbetalte tilskott og investeringslån var pr 31.12.97 på 900,2 mill kr. Udisponert kapital var pr 31.12.97 på 151,3. I 1998 er løyvinga til fondet 515,3 mill kr, medan innvilgingsramma er på 830 mill kr. I jordbruksoppgjæret 1998 blei løyvinga til fondet auka til 580,0 mill kr, medan innvilgingsramma blei auka til 900 mill kr for 1999. Det er i samsvar med dette gjort framlegg om ei løyving til LUF på 580,0 mill kr for 1999. I tillegg er det rekna med at 6,0 mill kr av udisponerte midlar på kap 1150 blir nytta til styrking av Landbrukets utviklingsfond i 1999, jf St prp nr 67 (1997-98).

Tabellen nedanfor viser framlegget til fordeling av innvilgingsramma frå fondet i 1999 slik det blei vedteke i jordbruksoppgjæret i 1998.

Nemning	(i mill kr)		
	Fordeling 1997	Budsjett 1998	Framlegg 1999
BU: Utviklingstiltak	400,0	400,0	400,0
BU: Investeringar i tradisjonelt jordbruk	120,0	172,0	220,0
BU: Grøfting i jordbruk		8,0	32,0
Miljøtiltak	133,0	120,0	122,0
Skogbruk	115,0	120,0	120,0
Frukttrefelt	4,0	4,0	4,0
Energiøkonomiserande tiltak i veksthus	8,0	5,0	
Overføring til Samisk Utviklingsfond		1,0	2,0
Sum innvilgningsramme for 1999	780,0	830,0	900,0

Formålet med *BU-midlane til utviklingstiltak* er å etablere ny lønnsam næringsverksemd i og knytt til landbruket. Hovudmålgruppa er personar knytt til gardsbruk. Det kan gis støtte til småskalaprega tiltak som fører til auka verdiskaping frå landbruket og verksemd knytt til landbruket. Ramma for utviklingstiltak skal såleis nyttast mellom anna til utgreiings- og tilretteleggingstiltak, etablerartiltak, bedriftsutvikling og investeringar utanom tradisjonelt jord-, hage- og skogbruk (tilleggsnæringer). Det skal leggjast særleg vekt på å fremme samarbeidstiltak og tiltak som gir arbeidsplassar for kvinner og ungdom. Det blei i fase 2 av forhandlingane avsett prosjektmidlar av dei sentrale bygdeutviklingsmidlane (jf vedlegg).

Tilskott for investeringar i tradisjonelt jord- og hagebruk innanfor BU-ordninga er eit viktig infrastrukturtiltak med omsyn til dei nye utfordringane som landbruket møter i ein meir konkurranseutsett situasjon. Tilskott og investeringslån til bygging av driftsbygningar mm, kjøp av landbruksareal og etableringstilskott er sentrale element i ordninga. Ordninga skal òg medverke til omstilling i husdyrproduksjonane, ma for å møte krava som er fastsette i dei nye husdyrforskriftene. Ut frå forventningar om ein auka investeringstrong i jordbruket dei kommande åra, er ramma for investeringsstøtte til tradisjonelt jord- og hagebruk auka med 48 mill kr til 220 mill kr i 1999. Innanfor denne ramma er det sett av 40 mill kr til etableringstilskott ved generasjonsskifte. Tilskott til energiøkonomiserande tiltak vil frå 1999 bli avvika som særskilt ordning. Slike tiltak vil heretter kunne finansierast med BU-midlar.

Det blir etablert ei landsomfattande ordning med *tilskott til grøfting i jordbruk innanfor BU-ordninga*. Det er sett av 32 mill kr til ordninga i 1999.

Avsetninga på 122 mill kr for 1999 til *miljøtiltak* fordelar seg med 93,0 mill kr til kulturlandskaps- og bygningstiltak, 25,0 mill kr til tiltak i samband med miljøinvesteringar og 4,0 mill kr til miljø- og ressursvern. Formålet med miljøtiltaka er å ta vare på kulturlandskaps- og bygningsressursar og å hindre erosjon, arealavrenning og forureining frå jordbruket. Fordelinga av avsetninga til miljø- og ressursvern er vist i vedlegg. Ordninga omfattar òg midlar til heilskaplege fellestiltak i større område, informasjonsarbeid, tilstandsovervakning og resultatkontroll og forskning innanfor kulturlandskap.

Ramma for *skogbruk* under LUF blir halde uendra på 120 mill kr. Skogsvegbygging, skogbruksplanlegging og opplæringsverksemd vil framleis bli prioritert, med avsetjingar på forholdsvis 59,0, 37,0 og 20,0 mill kr. I tillegg legg ein opp til at det med basis i erfaringane frå dei siste åra blir lagt vekt på tiltak som kan medverke til auka innsats i skogkultur og skogbruket sitt ansvar for ressursforvaltninga. Ein viser elles til kap 1142 der det er gitt ei samla framstilling av alle tiltaka innan skogbruk.

Formålet med tilskott til *frukttrefelt* er å fremme ein marknadstilpassa og berekraftig produksjon av kvalitetsfrukt gjennom å gi støtte til rydding av eldre og urasjonelle frukttrefelt og gjennomføring av kvalitetstiltak. Ramma er for 1999 vidareført med 4,0 mill kr.

Det blei ved fjorårets jordbruksoppgjæ vedteke å overføre 1 mill kr til Samisk Utviklingsfond (SUF) for å betre rammevilkåra for næringskombinasjonar i samiske område. Overføringa til SUF blir auka til 2 mill kr for å fremme næringskombinasjonar der jordbruk og jordbrukstilnytta verksemd inngår som ein komponent.

Som ledd i regjeringa sitt arbeid med å gjennomgå utvalde tilskotsordningar på statsbudsjettet, har Landbruksdepartementet i samarbeid med Finansdepartementet gjennomført ei evaluering av sentrale ordningar under Landbrukets utviklingsfond. Dette gjeld den bedriftsretta støtten til ny næringsutvikling under BU-ordninga, miljøplantingar og

økologiske rensetiltak, og tilskotsordningane til skogbruksformål. Dei to første evalueringane er nærare omtala i St prp nr 67 (1997-98). Evalueringa av skogbrukstiltaka er nærare omtala under kap 1142 Miljø og næringstiltak i skogbruket. Resultata av evalueringa er oppsummert i St prp nr 67 (1997-98) *Jordbruksoppgjøret 1998*.

Evalueringa viser gode resultat av BU-støtta som er gitt til utvikling av ny verksemd på gardsbruk. Kostnadene pr skapt årsverk er låge. Ny næringsverksemd har betra utnyttinga av ressursane på gården og vore med å oppretthalde inntektene. I evalueringsrapporten er det peika på at måla med ordninga bør gjerast klarare og at det bør leggjast meir vekt på resultatinnhenting og oppfølging. Det blei foreslått at vilkåret om tilknytning til landbrukeigendommen blir gjort lausare. Kontrolltiltaka på fylka og resultatinnhentinga kan gjerast betre. Departementet vil gjere ein gjennomgang av system og rutinar for å rette opp dei manglane som er påpeika i evalueringa. Evalueringsrapporten vil elles bli nytta i departementet sitt vidare arbeid med å få til ei mest mogleg formålseffektiv ordning.

Underpost 50.12 Tilskott til Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon

Formålet med katastrofeordninga i jord- og hagebruket sin planteproduksjon er å yte økonomisk bistand til jord- og hagebrukarar med store avlingsskadar som kjem av klimatiske eller klimatisk avleide forhold som brukaren sjølv ikkje rår over. Normale avlingsvariasjonar er ikkje omfatta av katastrofeordninga i planteproduksjonen, som omfattar følgjande ordningar:

- erstatning for avlingssvikt,
- tilskott til kjøp av grovfôr,
- tilskott etter vinterskadar på eng og
- tilskott til fornying av vinterskadde frukttrefelt

Departementet arbeider med endringar i regelverket for å gjere ordninga betre når enkelte bruk får fleire skadeår i løpet av kort tid.

Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon hadde pr 1.1.98 ein kapital på om lag 103 mill kr. Av dette var om lag 37 mill kr bunde opp for å dekke skader frå 1996 og 1997. Medrekna løyvinga til fondet i 1998 på 30 mill kr vil det stå om lag 96 mill kr til disposisjon for å møte avlingsskader i 1998. I samband med jordbruksoppgjøret i 1998 blei det overført 5 mill kr frå kap 1150 post 77 til fondet.

På bakgrunn av drøftingar mellom myndigheitene og jordbruksorganisasjonane blir erstatningsordninga for tap i planteproduksjonen (kap 1110 post 71) lagt inn under fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon. Løyvinga blir som følge av dette auka med 1,0 mill kr frå 1999.

Erstatningsordninga skiller seg frå andre tilskott ved at ein ved ordninga kompenserer i ettertid for eit tap som produsentar har lidd. Ordninga sin karakter gjer at det nominelt ikkje er aktuelt å setje krav til resultatrapportering frå tilskotsmottakar, ut over rapportering om eventuelle vilkår er oppfylt.

Ein gjer i tråd med dette framlegg om ei løyving på 31 mill kr til fondet i 1999.

Underpost 50.13 Tilskott til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe mm

Formålet med løyvinga er å yte tilskott til avlstiltak og fagleg verksemd for saue-, geite-, fjørfe-, kanin-, pelsdyr-, kjøttfe-, og biholdet i landet. Midlar kan òg nyttast til tilskott for å fremme beitebruken og til tiltak som tek sikte på å avgrense tap av sau og geit på utmarksbeite. Det kan òg nyttast midlar av fondet til delvis erstatning for særleg store tap i husdyrhald når eigaren er utan skuld i skaden og det ikkje blir gitt skadebot på annan måte og det samtidig ikkje har vore mogleg for brukaren å sikre seg økonomisk mot tap ved forsikring. Det kan nyttast midlar av fondet til tiltak for å bekjempe husdyrsjukdommar (mædi, skrapesjuka, alveld).

Udisponert fondskapital pr 1.1.98 var om lag 4,4 mill kr. Ordninga med organisert beitebruk blir vidareført for kommande avtaleperiode, og dette arbeidet skal prioriterast. Produksjonstilskott for honning blir oppretthalde med 3 mill kroner for kommande avtaleperiode. Midlar til førebyggjande tiltak mot rovviltsskader blir frå og med 1998 sett av på Miljøverndepartementet sitt budsjett, som følgje av Rovviltmeldinga og Stortinget si behandling av denne. Løyvinga til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe blir auka med 1,5 mill kr frå 35,56 til 37,06 mill kr.

Ein gjer i tråd med dette framlegg om ei løyving på 37,06 mill kr til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe i 1999.

Post 70 Marknadsregulering

(i 1 000 kr)

Under- post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
70.11	Avsetningstiltak	73 192	65 000	66 000
70.12	Tilskott til råvareprisordninga	68 131	103 100	128 100
70.13	Eksportrestitusjon	32 478	31 000	31 000
70.14	Kontraktsproduksjon av egg	600		
	Sum post 70 Marknadsregulering , kan overførast	174 401	199 100	225 100

Underpost 70.11 Avsetningstiltak

Formålet med avsetningstiltaka er å medverke til at ein kan nå målprisane for dei ulike jordbruksprodukta, å jamne ut produsentpris og pris til forbrukarar over heile landet, skape avsetning for produsert vare og medverke til å sikre forsyningar i alle forbruksområde. Kostnadene ved marknadsregulering blir i dag dekte av løyvinga til avsetningstiltak over jordbruksavtalen og gjennom omsetningsavgifta.

Prisnedskriving for potetsprit, kollektiv dekning av omsetningsavgift for grønsaker, frukt og jordbær, midlar for å fremme omsetning av økologiske produkt, skolemjølkordninga, samarbeidsprosjektet *Frukt og grønt i skolen* og avsetningstiltak for kjøtt, grønsaker og bær blir finansiert over posten.

Omlag 1 mill kr går til administrasjon av ordninga. Ein gjer framlegg om ei løyving på 66,0 mill kr til avsetningstiltak i 1999.

Underpost 70.12 Tilskott til råvareprisordninga

Formålet med råvareprisordninga (RÅK-ordninga) er å jamne ut skilnader i råvarekostnader mellom norske og utanlandske ferdigvarer som blir omsette i Noreg, og å gjere norske eksportprodukt under ordninga konkurransedyktige på verdsmarknaden. Råvareprisutjamninga kan skje i form av

- toll på råvaredelen av importerte ferdigvarer,
- tilskott ved eksport av ferdigvarer (eksportrestitusjon) og/eller
- prisnedskriving ved at prisane på innanlandske jordbruksråvarer til framstilling av ferdigvarer heilt eller delvis blir skrivne ned til verdsmarknaden sitt prisnivå.

Som følgje av gjennomføringa av GATT/WTO-avtalen frå 1.7.95 er importavgifter under RÅK-ordninga blitt erstatta med tollsatsar. Inntektsgrunnlaget for RÅK-fondet blei då borte. Fondskapitalen blei brukt opp i løpet av 1997, og heile RÅK-ordninga blir såleis finansiert over statsbudsjettet frå og med 1998.

For 1998 er løyvinga 103,1 mill kr til RÅK-ordninga, og av dette 42,1 mill kr til eksportrestitusjon (jfr vår GATT/WTO-binding for 1998), 1 mill kr til leveransar i nære marknader (omfattar oljeinstallasjonar på norsk sokkel, Svalbard og Jan Mayen) og 60,0 mill kr til prisnedskriving. Tollsatsane for bearbeidde landbruksvarer ligg fast i protokoll 2-avtalen.

Ut frå avtaleprisendringane i jordbruksavtalen for 1998/99, blir løyvinga til RÅK-ordninga auka med 25,0 mill kr frå 103,1 til 128,1 mill kr for kommande avtaleperiode.

Utgiftene til administrasjon av ordninga blir finansiert over løyvinga til Statens kornforretning.

Ein gjer i tråd med dette framlegg om ei løyving på 128,1 mill kr til RÅK-ordninga i 1999.

Underpost 70.13 Eksportrestitusjon

Underposten omfattar ordninga med eksportrestitusjon til foredla kjøttprodukt (XRK-ordninga) og Catering-ordninga. Formålet med XRK-ordninga er å gjere det mogleg for norsk næringsmiddelindustri å levere foredla kjøttvarer til eksportmarknader. Formålet med Catering-ordninga er at norske cateringselskap som leverer menyar til fly i utanriksfart, skal kunne konkurrere med utanlandske selskap når dei nyttar norsk råvare.

Landbruksdepartementet vil gå igjennom ordninga i løpet av hausten 1998 for å vurdere det framtidige behovet for løyvingar og retningslinjer for ordninga. Desse retningslinjene skal ha verknad frå 1999.

Utgiftene til administrasjon av ordninga blir finansiert over løyvinga til Statens kornforretning. Ein gjer framlegg om ei løyving på 31,0 mill kr på post 70.13 i 1999.

Post 73 Pristilskott

(i 1 000 kr)

Under- post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
73.11	Tilskott til norsk ull	165 789	169 500	164 300
73.13	Pristilskott, mjølk	701 739	640 800	600 900
73.15	Pristilskott, kjøtt	890 050	876 900	866 800
73.17	Distrikts- og kvalitetstilskott, frukt, bær og grønnsaker	54 319	51 000	49 370
73.18	Fraktilskott	81 036	82 700	80 700
Sum post 73 Pristilskott , <i>overslagsløyving</i>		1 892 933	1 820 900	1 762 070

Posten er ei overslagsløyving. Budsjettframlegget er utrekna på grunnlag av kvantumsprognosar for 1999 (ull, mjølk og kjøtt) og prisar/satsar for avtaleperioden 1998/99.

Underpost 73.11 Tilskott til norsk ull

Tilskottet skal medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i sauehaldet som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris og andre tilskott. Tilskottet skal òg medverke til ei betring av kvaliteten på norsk ull, samt sikre marknaden norsk ull av god kvalitet.

Tilskottet er auka med 1 kr pr kg til ein gjennomsnittleg sats på 31 kr pr kg.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 164,3 mill kr til ordninga med tilskott til norsk ull for 1999. Avsetninga skal òg dekkje kostnadene ved å administrere ordninga.

Underpost 73.13 Pristilskott, mjølk

Løyvinga under posten dekker ordningane med grunntilskott og distriktstilskott for mjølk og mjølkeprodukt.

Formålet med grunntilskottet er å medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris. Grunntilskottet skal vidare medverke til rimelegare mjølk og mjølkeprodukt til forbrukaren. Nye satsar for grunntilskott blir 6,6 øre for kumjølk og 177,9 øre for geitemjølk.

Formålet med distriktstilskottet er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som medverker til å oppretthalde busetting og sysselsetting i distrikta gjennom å jamne ut skilnader i lønnsmda i produksjonen. Distriktstilskottet blir gitt med ulike satsar for mjølk produsert i vanskelegstilte område i Sør-Noreg og for all mjølk i Nord-Noreg. Satsane for distriktstilskott varierer frå 0 til 157 øre pr liter.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 600,9 mill kr til ordninga med pristilskott til mjølk for 1999. Av dette utgjer grunntilskottet 151,5 mill kr, medan 449,4 mill kr er distriktstilskott. Omlag 600 000 kr av avsetninga på post 73.13 og 74.11 går til administrasjon av ordninga.

Underpost 73.15 Pristilskott, kjøtt

Underposten omfattar ordningane med grunntilskott og distriktstilskott for kjøtt.

Formålet med grunntilskottet er å medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i kjøttproduksjonen som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris. Grunntilskottet skal vidare medverke til rimelegare kjøtt og foredla kjøttprodukt til forbrukaren. Grunntilskottet for kjøtt blir gitt til slakt av storfe, kalv, sau/lam og geit/kje. Det blir ikkje gitt grunntilskott til slakt av svin og fjørfe.

Ved jordbruksoppgjæret i 1997 blei det vedteke at satsane for grunntilskott skal førehandsfastsetjast med eit begrensa tal på satsendringar gjennom året. Desse bestemmelsene blei iverksett frå 1.1.98.

Formålet med distriktstilskottet er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i kjøttproduksjonen som medverker til å oppretthalde busetting og sysselsetting i distrikta gjennom å jamne ut skilnader i lønnsmda i produksjonen. Satsane for distriktstilskottet på kjøtt er uendra og varierer frå 0 til 13 kr pr kg. Det blir innført eit distriktstilskott for egg på 20 øre pr kg på Vestlandet utanom Rogaland, i Trøndelag og i Nord-Noreg.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 866,8 mill kr til ordninga med pristilskott til kjøtt for 1999. Av dette utgjer grunntilskottet 353,9 mill kr, medan 512,9 mill kr er distriktstilskott. Avsetninga skal òg dekkje kostnadene ved å administrere ordninga.

Underpost 73.17 Distrikts- og kvalitetstilskott, frukt, bær og grønsaker

Formålet med distrikts- og kvalitetstilskottet er å betre inntekta for produsentane innan hagebrukssektoren og sikre ein geografisk spreidd produksjon. Tilskottet skal stimulere til produksjon og omsetning av norske produkt med god kvalitet.

I samsvar med St prp nr 72 (1995-96) blei partane ved jordbruksoppgjeret i 1997 samde om å leggje om tilskottet til frilandsgrønsakar til eit distriktsdifferensiert arealtilskott frå 1.7.97. Halvparten av tilskottet til frilandsgrønsakar blei lagt om til arealtilskott frå 1.7.97, og den resterande halvparten blir lagt om frå 1.7.98. Dette gir isolert sett eit redusert behov for løyving på post 73.17 på 3 mill kr.

Avtalen inneber at frakttilskottet for frukt blir avvikla, og løyvinga på 1,7 mill kr blir overført til distrikts- og kvalitetstilskottet. Vidare blir løyvinga til den midlertidige ordninga med frakttilskott for konserverblomkål redusert med 0,3 mill kr, og midla blir overført til distrikts- og kvalitetstilskottet.

Løyvinga til utryddingsprogrammet for eplebladgallemygge og aksjon pærebrann på 0,63 mill kr blir flytta til kap 1112 post 51, frå og med 1999.

Det er sett av omlag 1,5 mill kr til å dekkje kostnadene til administrasjon av ordninga.

Ein gjer ut frå forannevnte framlegg om ei løyving på 49,370 mill kr til ordninga med distrikts- og kvalitetstilskott for frukt, bær og grønsaker for 1999.

Underpost 73.18 Frakttilskott

Underposten omfattar frakttilskott til kjøtt, egg, frukt og konserverblomkål.

Frakttilskotta skal medverke til å jamne ut prisar til produsent og forbrukar.

Frakttilskottsordningane er nyleg gjennomgått i ei partssammensett arbeidsgruppe. Det blir mellom anna foreslått at løyvinga til frakttilskott heretter blir praktisert som ei rein overslagsløyving, slik at satsane styrer totalforbruket på posten.

Fraktordningane for frukt blir avvikla og midla blir overført til distrikts- og kvalitetstilskottet for frukt. Fraktordningane for konserverblomkål blir redusert med 0,3 mill kr for å tilpasse løyvinga til prognosert forbruk, og midla blir overført til distrikts- og kvalitetstilskottet for frukt, bær og grønsaker.

Ein gjer i tråd med dette framlegg om ei løyving på 80,7 mill kr til frakttilskott for 1999. Avsetningen dekkjer òg kostnader til administrasjon av ordninga. Løyvinga har denne fordelinga:

- frakttilskott, kjøtt: – 75,5 mill kr
- frakttilskott, egg: – 5,0 mill kr
- frakttilskott, frukt: –
- konserverblomkål: – 0,2 mill kr

Post 74 Direkte tilskott

(i 1 000 kr)

Under- post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
74.11	Driftstilskott, mjølkeproduksjon	1 442 700	1 449 600	1 433 800
74.14	Tilskott til husdyr	1 677 836	1 733 337	2 133 457
74.17	Areal- og kulturlandskapstilskott	3 445 480	3 384 642	3 274 922
74.18	Tilskott til dyrking av fôr i fjellet	10 575	10 500	10 500
Sum post 74 Direkte tilskott , <i>kan overførast</i>		6 576 591	6 578 079	6 852 679

I tillegg til det som går fram av rekneskapen er det med heimel i St prp nr 70 (1996-97) overført 30,0 mill kr til post 74 til eingongsutbetalinger av areal- og kulturlandskapstilskott i 1997. Dei direkte administrasjonskostnadene knytt til produksjonstilskotta (underpostane 74.14, 74.17 og 74.18) er anslått til 15,8 mill kr og er inkludert i løyvinga. For nærare oversyn over satsar for dei ulike ordningane viser departementet til St prp nr 67 (1997-98). For administrasjonskostnader knytt til post 74.11 visar ein til post 73.13.

Underpost 74.11 Driftstilskott, mjølkeproduksjon

Formålet med driftstilskottet i mjølkeproduksjonen er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som medverker til å jamne ut skilnader i lønnsemd mellom ulike bruksstorleiker generelt og mellom bruk i Sør-Noreg og Nord-Noreg.

Tilskottet blir gitt med ein fast sats pr bruk for alle som produserer meir enn 30 000 l

kumjolk og 15 000 l geitemjolk. For kumjolk er satsane 58 000 kr pr bruk i Sør-Noreg og 64 000 kr pr bruk i Nord-Noreg, medan satsen for geitemjolk er 64 000 kr pr bruk over heile landet. Tilskottet blir trappa ned for bruk som produserer mindre mjolk enn dette.

Ein gjer framlegg om ei løyving på omlag 1,43 mrd kr til ordninga med driftstilskott i mjølkeproduksjonen for 1999.

Underpost 74.14 Tilskott til husdyr

Tilskottet skal medverke til å styrkje og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar og bruksstorleiker i husdyrhaldet.

Ein gjer framlegg om ei løyving på underpost 74.14 *Tilskott til husdyr* på vel 2,1 mrd kr i 1999.

Underpost 74.17 Areal- og kulturlandskapstilskott

Desse ordningane inngår i areal- og kulturlandskapstilskottet:

- areal- og kulturlandskapstilskott,
- driftsvansketilskott for brattlendte bruk,
- tilskott til seterdrift og
- tilskott til endra jordarbeiding.

Formålet med areal- og kulturlandskapstilskotta til grovfôr, korn, potet, frukt, bær og grønsaker er tredelt. For det første skal det medverke til å styrke og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar, bruksstorleiker og distrikt innanfor planteproduksjon og grovfôrbasert husdyrproduksjon. For det andre skal det medverke til skjøtsel, vedlikehald og utvikling av kulturlandskapet gjennom aktiv drift, og for det tredje medverke til å oppretthalde jordbruksareal i drift i samsvar med gjeldande landbrukspolitiske mål.

Formålet med driftsvansketilskottet for brattlendte bruk er å kompensere for høgare kostnader ved jordbruksdrift i bratt terreng. Formålet med tilskottet til seterdrift med mjølkeproduksjon er å medverke til å oppretthalde og ta opp att tradisjonell seterdrift med mjølkeproduksjon og å halde ved like det tradisjonelle kulturlandskapet i seterområder gjennom beiting med husdyr. Tilskottet til endra jordarbeiding har som mål å begrense omfanget av jordarbeiding om hausten og stimulere til tilsåing med vegetasjon for å redusere erosjon og arealavrenning.

Omrekninga av dyr på utmarksbeite til utmarksareal blir lagt om til eit tilskott pr dyr på utmarksbeite. I samband med denne omlegginga blir det gjort visse justeringar av satsane for areal- og kulturlandskapstilskottet og for tilskott til husdyr.

Det blir vidareført ei samla avsetning på 125,0 mill kr til ordninga med tilskott til endra jordarbeiding.

Satsen for tilskott til seterdrift blir auka med 1000 kr pr seter frå 10 000 til 11 000 kr pr seter, og driftsvansketillegget blir auka med 10 kr pr dekar frå 200 til 210 kr pr dekar.

Det blir innført eit ekstra produksjonstilskott til unge bønder. Det blir gitt eit ekstra tilskott pr bruk inntil det året brukaren fyller 35 år. Satsen blir sett til 4000 kr for kvinner og 3000 kr for menn.

Ein gjer framlegg om ei løyving på underpost 74.17 *Areal- og kulturlandskapstilskott* på omlag 3,3 mrd kr i 1999.

Underpost 74.18 Tilskott til dyrking av fôr i fjellet

Formålet med tilskottet til dyrking av fôr i fjellet er å kompensere for auka arbeids- og transportkostnader i samband med dyrking av fôr i fjellet. Tilskottet blir gitt pr dekar og satsane varierer med vegavstanden frå driftsbygninga på bruket til dyrkingsjorda på fjellet.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 10,5 mill kr til ordninga i 1999.

Post 76 Marknadsordningar

(i 1 000 kr)

Under- post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
76.11	Marknadsordninga for korn	850 755	795 000	799 173
76.12	Marknadsordninga for poteter	41 200	33 000	6 000
	Sum post 76 Marknadsordningar , overslagsløyving	891 955	828 000	805 173

Underpost 76.11 Marknadsordninga for korn

Marknadsordninga for korn er med på å sikre grunnlaget for kanaliseringspolitikken og

ei effektiv innanlandsk kornomsetning. Eit terminprissystem sikrar ei formålstenleg fordeling av leveransane av norsk korn gjennom året. Marknadsordninga for korn omfattar elles prisnedskriving for norsk korn, matkorntilskott, fraktordningar, FoU, beredskap, tilskott til pelsdyrfôr og administrasjon.

Formålet med tilskottet til prisnedskriving av norsk korn er å regulere kraftfôrprisen, og å sikre avsetninga av norsk fôrkorn til kraftfôr i tråd med den prispolitikken som innanfor tollvernet er lagt til grunn for mjølk- og kjøttprodukt. Løyvinga til nedskriving av korn på i gjennomsnitt 35 øre/kg skal dekkje nedskriving av alle kornartane og oljefrø samt evt. direkte tilskott til mottaksanlegg i kornsvake områder. Satsen for nedskriving av korn er derfor i praksis fastsett lågare enn 35 øre/kg. Formålet med tilskottet til matkorn er, saman med prissystemet for importert matkorn, å sikre rimelege og mest mogleg stabile prisar på matkorn og dermed også matmjøl. Som grunnlag for matkorntilskott er det rekna med eit årsforbruk av matkorn i industrien på vel 375.000 t. Saman med tilskottet til FoU er formålet òg å sikre avsetninga av norsk korn til mat gjennom auka kunnskap om ernærings- og kvalitetsmessige sider ved korn og kornprodukt. FoU-midlane skal gå til opplysning og kornforskning. Når det gjeld FoU-midlar, skal Statens Kornforretning som oppdragsgjevar, sette særlege krav og vilkår til aktørar om utarbeiding av fagrapporter mm som vilkår for dei tildelte midla.

Beredskapsopplegget i markedsordninga er med på å sikre ein tilfredsstillande innanlands matvareberedskap. Kostnader til beredskap er lovpålagde oppgåver i forhold til Stortingets retningslinjer for beredskapslagring. Stortinget vedtok i juni 1998 St meld nr 25 (1997-98) *Langtidsplan for det sivile beredskap 1999-2002*. Departementet vil i kommande periode følge opp Stortinget sine retningslinjer vedrørende beredskapen i korn- og mjølsektoren. Ein tek ma sikte på ein gjennomgang av ordninga med beredskapslagring av matmjøl i Nord-Noreg.

Innanfor ramma av å utjamne transportkostnader, skal fraktordningane i sum verke til eit mest mogleg effektivt fraktsystem for omsetning av korn og kraftfôr. Løyvinga til frakt består av elementa innfrakt, mellomfrakt og stedsfrakt (kraftfôr). Løyvinga dekkjer både sjøverts og landverts frakt av norsk korn og kraftfôr. I tillegg dekkjer staten transittkostnader ved lossested i underskuddsområdet og frakt av importert korn direkte til underskuddsområdet (Vestlandet, Trøndelag og Nord-Norge).

I 1997 vart forvaltninga av refusjonsordninga i pelsdyrmarknaden overført Statens Kornforretning. Med gjeldande priser på verdsmarknaden foreslår departementet ei løyving på 11 mill. kr til ordninga.

Hovudtala i budsjettet for markedsordninga for korn for 1999 er etter konsekvensjustering og beregning av helårsvirkning av jordbruksoppkjøret:

(1000 kr)

Marknadsordninga for korn	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
Prisnedskriving norsk korn	440 393	384 650	394 000
Tilskott til matkorn	154 473	113 000	152 000
Tilskott til frakt	151 980	173 610	150 000
FoU-midlar	16 900	15 580	14 300
Beredskap	29 728	47 500	32 500
Tilskott til pelsdyrfôr mm	10 728	11 000	11 000
Netto finanspostar	-1 448	1 000	-1 743
Administrasjon	47 996	48 660	42 743
Sum	850 750	795 000	799 173

Ein gjer i tråd med dette framlegg om ei løyving på omlag 799 mill kr til marknadsordninga for korn i 1999. Framlegget til løyving er rekna ut på grunnlag av prognosar for normalårsavlingar i 1998 og 1999 og prisar/satsar for avtaleperioden 1998/99.

Underpost 76.12 Marknadsordninga for poteter

Løyvinga til marknadsordninga for poteter omfattar frå 1.7.98 distriktstilskott for Nord-Noreg, opplysningsverksemd, informasjon og administrasjon inkl kontroll.

Formålet med aktivitetane under marknadsordninga for poteter er å sikre tilstrekkelege og stabile forsyningar av matpoteter av god kvalitet for den innanlandske marknaden. Formålet med distriktstilskottet er å styrke potetproduksjonen i Nord-Noreg.

Frå 1.7.98 er marknadsordninga for poteter lagt om, mellom anna ved at kvalitetstillegget blir avvika og at Marknadskontoret for poteter blir lagt ned, jf St prp nr 70 (1996-97). Produsentøkonomien blir kompensert gjennom auka arealtilskott og auke i avtaleprisane.

Av administrasjonskostnaden på 9,2 mill kr blir 8,6 mill kr overført til kap 1114 Statens næringsmiddeltilsyn for oppfølging av kontrollarbeidet. Dei resterande 0,6 mill kr blir overført til Omsetningsrådet til dekking av dei funksjonane som skal ivaretakast der.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 6,0 mill kr til marknadsordninga for poteter i 1999.

Post 77 Utviklingstiltak

(i 1 000 kr)

Under- post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
77.11	Tilskott til inseminering mm	68 605	70 300	69 800
77.12	Tilskott til frøavl mm	6 000	6 000	7 000
77.13	Tilskott til forsøksringar og forskning	56 662	52 750	58 000
77.14	Tilskott til pelsdyrførlag	26 000	27 000	27 000
77.15	Tilskott til kvalitets- og salsfremmande tiltak	28 919	69 300	79 300
77.16	Tilskott til økologisk jordbruk	30 428	50 000	58 800
77.17	Tilskott til fruktlager	8 100	8 100	8 100
77.18	Oppkjøp av mjølkekvoter	323		85 000
	Sum post 77 Utviklingstiltak , kan overførast	225 037	283 450	393 000

Underpost 77.11 Tilskott til inseminering mm

Løyvinga skal medverke til at kostnadene med inseminering av ku og svin kan haldast på same nivå i heile landet. Løyvinga skal òg medverke til å jamne ut kostnadene mellom husdyrbrukarar som nyttar veterinærtenester.

Posten er redusert med 5 mill kr som følgje av at veterinærordninga er tatt ut av jordbruksavtalen, jfr kap 4107 post 01. Det er vidare sett av 1,5 mill kr til å fremme avlsarbeidet innan spesialisert kjøttproduksjon.

Utgiftene til administrasjon av isemingeringsordninga blir dekt av Norsk Rødt Fe og Norsvin og administrasjon knytt til nedskriving av veterinærkostnader blir dekt over kap 1102.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 69,8 mill kr til ordninga i 1999.

Underpost 77.12 Tilskott til frøavl mm

Formålet med tilskottet er å fremme dyrking og frøforsyning av gras, belgvekstar, rotvekstar og grønsaker med klimatilpassa sortar. Det kan nyttast tre ulike typar tilskott under ordninga; pristilskott, arealtilskott og lagringstilskott. Satsane for lagringstilskott blir fastsette på grunnlag av overlagra mengde og tilgjengeleg løyving når pristilskotta og arealtilskotta er dekte.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 7,0 mill kr til ordninga.

Underpost 77.13 Tilskott til forsøksringar og forskning

Underposten skal dekkje tilskott til forsøksringar, forskings- og utgreiingsarbeid.

Tilskottsordninga skal støtte forsøksringane i arbeidet med å klarleggje praktiske spørsmål til nytte for den einskilde brukar og for distriktet som ringen arbeider i. Forsøksringane skal arbeide for ei god og ressursriktig drift på bruka, og fremme det faglege miljøet i distriktet. Forsøksringane skal primært løyse desse oppgåvene gjennom forsøk, opplysning, rådgjeving, prøvetaking og registreringar. Forsøksringane skal òg samarbeide med andre som driv landbruksforskning, og etter nærare avtale stille forsøksfelt til rådvelde for Statens forskingsstasjonar i landbruk eller andre offentlege forskingsinstitusjonar som treng forsøksfelt. For forskingsmidlane er det etablert eit nært samarbeid med Noregs forskingsråd.

Avsetninga til skadedyr i frukt og avsetninga til standardisering i landbruket er overført til forholdsvis kap 1112 post 51 og kap 1100 post 01 i statsbudsjettet.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 58,0 mill kr på posten i 1999. Rammetilskottet til forsøksringane utgjer 39 mill kr og ramma for forskning er 19 mill kr. Avsetninga skal dekkje kostnader til administrasjon knytt til tilskott til forsøksringar.

Underpost 77.14 Tilskott til pelsdyrfôrlag og andre tilverkarar av pelsdyrfôr

Formålet med tilskottsordninga er å medverke til utjamning av fraktkostnadene ved innfrakt av råstoff og utfrakt av ferdigfôr frå fôrkjøkken. Ordninga skal derfor fremme ei mest mogleg rasjonell omsetning av pelsdyrfôr.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 27,0 mill kr til ordninga i 1999. Avsetninga skal òg dekkje kostnader til administrasjon.

Underpost 77.15 Tilskott til kvalitets- og salsfremmande tiltak

Underposten inneheld fleire ordningar som skal medverke til å gjere norske jordbruksprodukt meir konkurransedyktige på heimemarknaden og på eksportmarknadene.

Framlegget til løyving til kvalitets- og salsfremmande tiltak for 1999 er på 79,3 mill kr. Det er lagt opp til følgjande fordeling av løyvinga:

Tiltak	Beløp
Utvikling av plantemateriale	9,7 mill kr
Statskontrollert settepotetavl	9,1 mill kr
Konkurransestrategiar for norsk mat	55,0 mill kr
Opplysningsarbeid om frukt og grønnsaker	5,5 mill kr
Sum	79,3 mill kr

Formålet med framavlsarbeidet og det offentlege engasjementet i dette, er å skaffe norsk hagebruk plantemateriale som er kontrollert for bestemte skadegjerarar og med definerte eigenskapar tilpassa norske forhold.

Formålet med ordninga med tilskott til statskontrollert settepotetavl er å stimulere til auka bruk av settepoteter av høg kvalitet gjennom den statskontrollerte settepotetavlen.

Konkurransestrategiar for norsk mat blei etablert som eit eige utviklingsprogram for landbruket i 1992 for å medverke til å styrke konkurransekrafta i norsk landbruk og næringsmiddelindustri

Konkurransestrategiar for norsk mat har dels blitt finansiert over jordbruksavtalen og dels over kap 1140 post 78. I St prp nr 67 (1997-98) er det gitt ei samla resultatrapportering knytt til bruk av midlane. I proposisjonen blei det lagt til grunn ei samla ramme på 55 mill kr for 1999 og at alt blir finansiert over jordbruksavtalen. Avsetninga skal òg dekkje kostnader til administrasjon av ordninga.

Midlane fordelast slik:

Tiltak	1998	1999
Kvalitetssystem i landbruket (KSL)	15,0 mill kr	16,0 mill kr
Konsulent-og nettverksprogram (Forum for grøn verdiskaping, Produktutvikling)	9,0 mill kr	10,0 mill kr
Merkeordning (Stiftelsen Godt Norsk)	16,0 mill kr	17,0 mill kr
Eksportprogram	9,0 mill kr	9,0 mill kr
Offentlege strategiar	1,5 mill kr	1,5 mill kr
Fellesutgifter/informasjon	1,5 mill kr	1,5 mill kr
Sum	52,0 mill kr	55,0 mill kr

Formålet med tilskottet til opplysningsarbeidet om frukt og grønnsaker er å stimulere til auka totalforbruk av frukt, bær og grønnsaker på kort og lang sikt. Bruk av midlar over jordbruksavtalen og frå omsetjingsavgift skal styrke omsetning og forbruk av norske produkt. Avsetninga skal òg dekkje kostnader til administrasjon av ordninga.

Underpost 77.16 Tilskott til økologisk jordbruk

Underposten dekker mellom anna ordningane omleggings- og arealtilskott, tilskott til forskning, tilskott til rettleiingsprosjekt, tiltak for å stimulere produsentfagmiljø og tilskott til organisasjonar.

Formålet med omleggingstilskottet er å stimulere til omlegging frå tradisjonell landbruksdrift til økologiske driftsformer og medverke til at etterspørselen etter økologiske produkt blir dekt. Tilskottet skal òg oppvege verknaden av auka kostnader og avlingsnedgang i omleggingsfasen. Etter at karenstida (tida frå omlegging startar til arealet kan

godkjennast som økologisk drive; normalt 2-3 år) er over, blir det gitt eit særskild arealtilskott til økologisk drive areal som skal stimulere til å oppretthalde dei økologiske areala. Det er frå 1997 stilt krav til at brukarane som søker støtte skal utarbeide ein plan for omsetning av økologiske produkt. Ein viser til nærare omtale av økologisk landbruk i kap 9.10 i St prp nr 67 (1997-98).

Det blei i fase 2 av jordbruksforhandlingane 1998 lagt til grunn at 7,9 mill kr knytt til kontroll av økologisk jordbruk blir flytta til kap 1110 i statsbudsjettet.

Kostnadene ved å administrere ordninga blir sett i samanheng med administrasjonskostnader knytt til produksjonstilskott husdyr og areal- og kulturlandskapstilskott. Avsetninga til ordningane dekkjer òg kostnader til administrasjon.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 58,8 mill kr til ordninga med tilskott til økologisk jordbruk i 1999.

Underpost 77.17 Tilskott til fruktlager

Formålet med tilskottet til fruktlager er å fremme eit forpliktande samarbeid om felles lagring, sortering, pakking og omsetning av frukt, som medverker til å sikre forbrukarane tilgang på norsk kvalitetsfrukt. Ordninga inneheld òg ei fraktutjamning for ulike kostnader knytte til inntransport. Avsetning skal òg dekkje kostnader til administrasjon.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 8,1 mill kr til ordninga i 1999.

Underpost 77.18 Oppkjøp av mjølkekvoter

Det blir avsett 85 mill kr til oppkjøp av mjølkekvoter i 1998, jfr. kap 9.4 i St prp nr 67 (1997-98).

Post 78 Velferdsordningar

(i 1 000 kr)				
Under- post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
78.11	Tilskott til avløyning for ferie/fritid	1 165 973	1 192 310	1 303 310
78.12	Tilskott til avløyning for sjukdom mm	115 401	123 000	185 000
78.13	Medlemsavgift til folketrygda	130 812	130 800	130 800
78.14	Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket	77 007	77 000	92 000
78.15	Andre velferdstiltak	89 644	90 800	108 300
78.16	Tilleggs pensjonsordning for jordbrukarar			40 000
Sum post 78 Velferdsordningar , kan overførast		1 578 837	1 613 910	1 859 410

Med utgangspunkt i at ei partssammensett arbeidsgruppe har gjort ein gjennomgang av velferdsordningane i jordbruket inneber jordbruksavtalen 1998 omleggingar i velferdsordningane som omtalt i kap 9.3 i St prp nr 67 (1997-98).

Dei direkte administrasjonskostnadene for velferdsordningane er anslått til 5,8 mill kr og er inkludert i løyvinga.

Underpost 78.11 Tilskott til avløyning for ferie og fritid

Formålet med ordninga er å legge til rette for at husdyrbrukarar skal kunne få ferie, ordna fritid og hjelp til avlasting i onnetider gjennom å medverke til finansiering av innleie av arbeidskraft.

Tilskottet blir rekna ut på grunnlag av satsar pr dyr. Satsane er differensiert etter dyreslag og antall dyr på bruket, og er avgrensa til 48 000 kr pr bruk. For å ha krav på refusjon må utrekna refusjonsbeløp vere minst 5 000 kr. Tilskottet blir gitt for faktiske utgifter til avløyning. Jordbruksavtalen for 1988/99 inneber at det blir etablert ei eiga ordning med tilskott til samdrifter, samstundes som samdrifter blir teke ut frå det ordinære avløysartilskottet for ferie og fritid.

Ein gjer framlegg om ei løyving på vel 1,30 mrd kr til ordninga i 1999.

Underpost 78.12 Tilskott til avløyning ved sjukdom mm

Formålet med ordninga er å medverke til å finansiere avløyning på bruk med husdyr-produksjon eller heilårs veksthusproduksjon når brukaren av «særlege grunnar» og for eit «kortare tidsrom» ikkje kan ta del i arbeidet på bruket.

Tilskottet til husdyrbrukarar blir fastsett ut frå utrekna maksimalt tilskott i ordninga med

tilskott til avløysarutgifter for ferie og fritid. For veksthusprodusentar blir tilskottet fastsett ut frå veksthusarealet. Ut frå dette grunnlaget blir det rekna ut maksimale dagsatsar for tilskottet. Tilskottet blir gitt for faktiske utgifter til avløyning, opp til maksimal dagsats for det einskilde bruk. For nærare omtale av forslag til omleggingar i regelverket for ordninga, sjå omtale i St prp nr 67 (1997-98).

Ein gjer framlegg om ei løyving på 185,0 mill kr til ordninga i 1999.

Underpost 78.13 Medlemsavgift til folketrygda

Den einskilde brukaren skal av den pensjonsgivande inntekta innanfor jordbruk, husdyrhald, hagebruk, gartneri og skogbruk betale ei avgift til folketrygda som er lik den avgifta som lønsmottakarar betaler. Skilnaden mellom den avgifta som er fastsett for sjølvstendig næringsdrivande (10,7 pst) og den avgifta som skal betalast av den einskilde brukaren (7,8 pst) blir finansiert over jordbruksavtalen. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i pensjonsgivande inntekt i jord- og skogbruk. Midlane blir førte over til Folketrygdfondet.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 130,8 mill kr til ordninga i 1999.

Underpost 78.14 Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket

Den kollektive innbetalinga over jordbruksavtalen til sjukepengeordninga dekkjer tilleggspremien for auke av sjukepengane frå 65 til 100 pst av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 14 dagar. Fødselspengar blir ytt med 100 pst av inntektsgrunnlaget. Ordninga er rekna som kollektiv forsikring som ikkje gir rett til frådrag ved likninga. Løyvinga blir rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei jordbrukarane som går inn under ordninga. Midlane blir førte over sentralt til Folketrygda.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 92,0 mill kr til ordninga i 1999.

Underpost 78.15 Andre velferdstiltak

Underposten omfattar tilskott til landbruksvikarordninga, administrasjonstilskott til avløysarlag, tilskott til samdrifter, tilskott til landbrukshelsa og tilskott til kursverksemd.

Landbruksvikarordninga skal medverke til å yte hjelp for ein kortare periode når brukar eller ektefelle/sambuar av særlege grunnar ikkje kan utføre arbeidet på bruket.

Godkjende avløysarlag kan gjennom ordninga med administrasjonstilskott til avløysarlag få tilskott til dekning av administrasjonsutgifter i samsvar med satsar mm gitt i forskrift. Tilskottsordninga skal leggje til rette for at husdyrbrukarar skal kunne få ferie, ordna fritid og hjelp til avlasting i onnetider gjennom å medverke til finansiering av drifta av avløysarlag. Avløysarlag har som formål å kartleggje, organisere og administrere all avløyning innanfor eit område der det ligg til rette for eit slikt samarbeid. Avløysarlaget kan overfor medlemmane òg yte andre tenester i tilknytning til den daglege drifta av garden viss det er naturleg for laget å gjere dette.

Av sosiale og økonomiske omsyn er det ønskeleg å stimulere til etablering av samdrifter i mjølkeproduksjon. Det blir innført ei eiga ordning med tilskott til samdrifter. Det blir nytta dei same satsane som for det ordinære avløysartilskottet for ferie og fritid, medan maksimalbeløpet er auka til halvannen gong maksimalbeløpet for det ordinære avløysartilskottet. Vidare blir satsintervalla for talet på dyr auka med halvannen gong samanlikna med det ordinære avløysartilskottet for ferie og fritid.

Landbrukshelsa er ein ideell stiftelse oppretta av Noregs Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Den har som formål å organisere eit effektivt og godt helse- og arbeidsmiljø i landbruket. Verksemda skal gi eit førebyggjande tilbod til alle gardbrukarane og tilsette i landbruket. Landbrukshelsa skal medverke til at gardbrukarane sjølve tek ansvar for å betre arbeidsmiljøet sitt, og til å skape ein sikker og triveleg arbeidsplass og eit trygt oppvekstmiljø for barna.

Formålet med tilskott til kursverksemd er å fremme gjennomføring av kortvarige, fagorienterte kurs for avløysarar og landbruksvikarar, samt for daglege leiarar og tillitsvalde i avløysarlag.

Ein gjer framlegg om ei samla løyving til andre velferdstiltak i 1999 på 108,3 mill kr med følgjande fordeling:

Tiltak	1999
Tilskott til landbruksvikarordninga	50,5 mill kr
Administrasjonstilskott til avløysarlag	34,0 mill kr
Tilskott til samdrifter	14,0 mill kr
Tilskott til landbrukshelsa	7,8 mill kr
Tilskott til kursverksemd	2,0 mill kr
Sum	108,3 mill kr

Underpost 78.16 Tidlegpensjonsordning for jordbrukarar

Formålet med ordninga er å stimulere til tidlegare generasjonsskifte. Ordninga er ennå ikkje ferdig utforma. Detaljane i ordninga blir fastlagt i ein eigen arbeidsgruppe som skal leggje fram sin rapport hausten 1998. Det er Statens Kornforretning som får i oppdrag å forvalte ordninga. Forutan ein omfattande systemutvikling er det ennå usikkert kor store forvaltningskostnadene vil bli i 1999.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 40,0 mill kr til ordninga i 1999. Når ordninga er etablert, vil departementet komme tilbake med eit særskilt løyvingsforslag til administrasjon.

KAP 4150 TIL GJENNOMFØRING AV JORDBRUKSAVTALEN MM

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt	
			budsjett 1998	Framlegg 1999
80	Marknadsordninga for korn	109 780	112 000	109 800
	Sum kap 4150	109 780	112 000	109 800

Post 80 Marknadsordninga for korn

Under posten budsjetterer ein inntektene frå prisutjamning. Formålet med å ileggje prisutjamning på proteinråvarer og karbohydratfôr som ikkje er importert med toll, er å sikre tilnærma like vilkår mellom korn og andre råvarer til kraftfôr til husdyr og fiskeoppdrett. Pelsdyrfôr har fritak frå ordninga.

Ut frå dei priser som gjeld på verdsmarknaden for ma sildemjøl og norsk korn i jordbruksavtala for 1998/99, gjer ein framlegg om ei løyving på 109,8 mill kr for 1999.

KAP 1151 TIL GJENNOMFØRING AV REINDRIFSAVTALEN MM

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	38 850	31 100	31 900
72	Tilskott til organisasjonsarbeid	4 000	4 000	4 000
74	Tilskott til marknadsfremmande tiltak , <i>kan overførast</i>	1 801	900	
75	Kostnadssenkande og direkte tilskott , <i>kan overførast</i>	29 528	35 000	37 300
76	Medlemsavgift til folketrygda	1 200		
77	Tilskott til transport av rein	1 126	2 200	
78	Sjukepengeordninga	600		
79	Velferdsordningar		1 800	1 800
82	Kompensasjon for kostnader vedkommande radioaktivitet i rein	4 215		
	Sum kap 1151	81 320	75 000	75 000

Kapitlet omfattar løyvingar til gjennomføring av reindrifftavtalen, samt løyving for dekking av kostnader i samband med radioaktivitet i reinkjøtt. Reindrifftavtalen er, ved sida av reindrifftslova, den viktigaste operative reiskapen for å følgje opp måla og retningslinene i reindrifftpolitikken. I forhandlingane om reindrifftavtalen mellom Norske Reindrifftsamers Landsforbund og Staten ved Landbruksdepartementet, blir dei fleste økonomiske spørsmåla som er knytte til utviklinga i reindriffta drøfta. Her avgjer ein mellom anna bruken av økonomiske verkemiddel og korleis dei på best mogleg måte skal utformast for å harmonere med reindrifftslova og intensjonane med lova. Dette skal sikre at utviklinga går i retning av dei måla som Stortinget har fastsett.

Departementet arbeider med eit opplegg for at sanksjonsheimlane i reindrifftslova og stimuleringstiltaka over reindrifftavtalen i sterkare grad skal kunne brukast saman for å nå fram til større måloppnåing i reindrifftpolitikken.

MÅL OG STRATEGIAR

Retningslinjer og målsetjingar for reindrifftpolitikken er i all hovudsak dregne opp i St meld nr 28 (1991-92) *En bærekraftig reindrift*, og i dei påfølgjande stortingsproposisjonane om reindrifftavtalen. Hovudstrategien er å skape ei meir bærekraftig reindrift. Med dette forstår ein ei reindrift som har økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Økologisk berekraft er ein føresetnad for økonomisk berekraft, og saman er økologisk og økonomisk berekraft grunnleggjande for mellom anna å utvikle kulturell berekraft.

For ei nærare omtale av mål og strategiar i reindrifftpolitikken viser ein til pkt 4.1 i programkategori 15.30 og til kap 2 i St prp nr 49 (1997-98) *Om reindrifftavtalen 1998-99, om dekning av kostnader vedrørende radioaktivitet i reinkjøtt, og om endringer i statsbudsjettet for 1998*. Nærare omtale av målsetjingar for enkeltordningar på kapitlet er gitt under budsjettframlegget for 1999 nedanfor.

RESULTATRAPPORT 1997

Sjølv om ein etterkvart ser for seg ein sterkare vektlegging av kvalitative sider ved reinflokkane (flokkstrukturering etter kjønn, vekt og alder) som tiltak for å tilpasse beitinga til beiteressursane, vil utviklinga i reintalet framleis vere ein viktig indikator for ressurstilpassinga.

For endringar i slaktekvantum, gjennomsnittsvekt, gjennomsnittleg utbetalingspris, inntektene frå kjøtt og biprodukt, kostnadene i reindriffta, statstilskotta, talet på årsverk og andre økonomiske forhold i reindriffta, viser ein til omtalen i St prp nr 49 (1997-98) pkt 3.2. I førebels rekneskap for 1997 er det rekna med ein nedgang i talet på dyr levert slakteri frå 51 736 rein i 1996 til 42 593 rein i 1997. Ein reknar med at den private omsetjinga har vore stabil frå 1996 til 1997. Som forventta kjem denne nedgangen som følgje av den ekstraordinært høge utslaktinga og reduksjonen i talet på driftseiningar etter Omstillingsprogrammet for Indre Finnmark. Slaktekvantumet reduserast derfor med 263 tonn i forhold til året før. Det er vidare kalkulert med ein prisauke i 1996 på 2,40 kr pr kg.

Inntektene frå kjøtt og biprodukt er ut frå dette venta å ende på 66,5 mill kr i 1996. Erstatningar for rovdyrskader og statstilskott aukar monaleg i 1997, samstundes som kostnadene syner ein svak auke i forhold til 1996. I sum forventast det derfor i førebels rekneskap for 1997 ein relativt stor nedgang i lønsemda i næringa. Nedgangen skuldast i hovudsak redusert slakting på grunn av store tap vinteren 1996/97. I prognosen for 1998 er det rekna med ei betydeleg betring i lønsemda sett i forhold til førebels rekneskap for 1997. Dei viktigaste årsakene til dette er auka erstatningar som følgje av ekstraordinære støttetiltak til kriseramma driftseiningar i Finnmark, inga endring i reinhjordverdien og ei auke i dei ordinære statstilskotta i 1998 som følgje av omlegging av tidlegslaktetilskottet.

Sjølv om det er store skilnader i økonomisk resultat mellom områda, noko som reflekterer skilnader i produksjonstilpassing og effektivitet i næringa, må det totale økonomiske resultat for reindrifta karakteriserast som svakt. Vidare er inntektsfordelinga framleis skeiv, og den økonomiske og sosiale situasjonen for ein del reineigarar i Finnmark må karakteriserast som uforsvarleg låg.

Radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulykka i 1986 skapar ekstra kostnader for reindriftsnæringa. Ei tiltakspakke blir derfor finansiert av staten for å halde næringsutøvarane i reindrifta økonomisk skadeslause.

For ein meir detaljert resultatrapport for reindriftspolitikken viser ein elles til kap 3 i St prp nr 49 (1997-98), der det er lagt fram materiale som syner utviklinga på ulike område. Ein viser òg til punkt 4 under programkategori 15.30.

Nedanfor følgjer ei oppsummering av dei viktigaste elementa i reindrifftsavtalen for 1998/99.

Reindrifftsavtalen 1998/99

Avtalen legg vekt på ei oppfølging av dei føresetnadene som ligg i St meld nr 28 (1991-92).

Det er i avtala lagt til grunn at sanksjonshemlane i reindrifftslova og stimuleringstiltaka over reindrifftsavtala i sterkare grad skal kunne brukast saman for å auke måloppnåinga i reindrifftspolitikken i tida framover. For flokkar over 600 dyr legg ein til grunn at reglane i reindrifftslova om fastsetjing av øvre reintal pr driftseining, vektgrenser og ressursavgift må følgjast opp i sterkare grad enn i dag. Dette arbeidet vil bli gitt prioritet.

Kvinnene si stilling i reindrifta er styrka ved at det er innført ei eiga tilskottsordning for dette Formålet. Det er òg sett i verk tiltak for å lette generasjonsovergangan i næringa.

Og i reindrifftsavtalen for avtaleåret 1998/99 er det sett av midlar til tiltak for å avhjelpe den kritiske situasjonen mange reineigarar kom opp i etter den harde vinteren i 1996/97. For å gjere det einskilde distrikt i stand til å takle ekstreme beiteforhold, opnar avtalen for oppbygging av tapsførebyggjande fond i distrikta med delfinansiering over reindrifftsavtalen.

Norske Reindrifftsamers Landsforbund (NRL) krevde i eit særskild dokument ei tilbakemelding på korleis styresmaktene vurderer den situasjon som er oppstått etter Høgsterettsdom av 24.10.97 (Aursund-dommen) med omsyn til spørsmålet om reindrifta sine rettar i dei sør-samiske områda. Det var i St prp nr 49 (1997-98) konkludert med at grunnleggjande spørsmål om rettar i reindrifftslova skal vurderast i samband med vidareføring av Samerettsutvalet sitt arbeid, medan ein tek ei meir avgrensa revisjon av lova i forhold til forvaltninga og dei meir interne tilhøva i næringa. Styresmaktene vil auke innsatsen for å sikre næringsgrunnlaget for den samiske reindrifta i sørområda og vurderer i denne samanhengen å nytte verkemiddel som til dømes leieavtalar og eventuelt ekspropriasjon.

Reindrifftsavtalen for 1998/99 og endringane i statsbudsjettet for 1998 er lagde fram for Stortinget i St prp nr 49 (1997-98). Stortinget gjorde vedtak for 1998 i samsvar med proposisjonen, og løyvde samstundes midlar til dekking av kostnader vedkomande tiltak mot radioaktivitet i reinkjøtt.

BUDSJETTFRAMLEGG 1999

Departementet gjer framlegg om at Stortinget vedtek løyvingar under kap 1151 for 1998 i samsvar med reindrifftsavtalen for 1998/99.

I omtalen av dei einskilde postane er det gjort kort greie for formål og innhald i dei ulike ordningane. For nærare omtale viser ein til stortingsproposisjonane om reindrifftsavtalane.

Administrasjonskostnadene knytt til tilskottsordningane under reindrifftsavtalen utgjer omlag 1,5 mill kr, jfr kap 1147.

Post 51 Tilskott til Reindriftens utviklingsfond

Midlane frå Reindriftens utviklingsfond kan nyttast til praktiske tiltak i næringa som til dømes investeringar i anlegg til bruk i utøvinga av reindrift og investeringar knytte til binæringar. Fondet kan òg gi støtte til faglege tiltak til fremjing av reindriften, samt støtte til tiltak av allmenn interesse for samisk kultur. Fondet kan yte lån eller tilskott knytte til etablering i næringa.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 31,9 mill kr for 1999.

Post 72 Tilskott til organisasjonsarbeid

Det blir gitt tilskott til organisasjonsarbeid. Ein gjer framlegg om ei løyving på 4,0 mill kr for 1999.

Post 74 Tilskott til marknadsfremjande tiltak

Formålet med ordninga er å tilpasse produksjonen til marknaden for reinkjøtt. Ordninga skal òg medverke til å sikre reinkjøtet sin posisjon i marknaden. Det blir over ordninga difor gitt tilskott til reguleringstiltak og marknadsfremjande tiltak.

Dei siste åra har marknadstilhøva for reinkjøtt vore gode. Løyvinga på 0,5 mill kr blir frå og med 01.01.99 overført til RUF som ei øremerka avsetning. Post 74 fell derfor bort frå og med 1999.

Post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott

Ein gjer framlegg om ei samla løyving på 37,3 mill kr for 1999. Fordelinga av løyvinga er vist i tabellen nedanfor.

(i 1 000 kr)

Under- post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
75.11	Frakttilskott	925	1 700	1 700
75.12	Tilskott til driftseiningar og tamreinlag	17 079	17 800	19 600
75.13	Distriktstilskott	9 603	9 000	9 500
75.14	Driftstilskott i Troms		2 500	2 500
75.18	Tidlegslaktilskott i Finnmark	1 897	4 000	4 000
75.19	Slaktilskott ved avvikling	24		
	Sum post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott , <i>kan overførast</i>	29 528	35 000	37 300

Underpost 75.11 Frakttilskott

Formålet med frakttilskottet er å medverke til utjamning av pris på reinkjøtt til reingeigarane i ulike distrikt.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 1,7 mill kr for 1999.

Underpost 75.12 Tilskott til driftseiningar og tamreinlag

Formålet med ordninga er å medverke til å tilpasse reintalet i forhold til beiteressursane og å auke produktiviteten pr dyre- og arealeining. Tilskottet skal òg ha ein kvalitetsfremjande effekt og verke utjamnande mellom regionar og einingar i næringa.

Innanfor ordninga blir det gitt tilskott til driftseiningar og tamreinlag i form av produksjonstilskott og kalveslaktetilskott. Driftseiningane i Finnmark vart i år gitt moglegheit til å velge mellom tidlegslaktilskott og kalveslaktetilskott. Det blei i forrige avtale innført eit øvre tak på 600 rein pr driftseining for å få produksjonstilskott og kalveslaktetilskott. Satsen for produksjonstilskott er 45 000 kr pr driftseining. Tamreinlaga får satsen på 45 000 kr for kvar 600 rein. Tilskottet skal delast likt mellom ektefellar/sambuarar som driv felles reindrift.

Ordninga med progressive slaktekrav fjernast og det innførast eit flatt produksjonskrav på 9,5 kg pr rein i Vest-Finnmark og Karasjok, og på 11,5 kg pr rein i resten av landet.

Produksjonstilskott til driftseiningar der hovudeigaren har alderspensjon fell bort etter ein overgangsperiode på 3 år. Det blir gitt eit halvt produksjonstilskott ekstra til driftseiningar der begge ektefellene deltek aktivt i reindriften.

Vektgrensene for Øst-Finnmark og Vest-Finnmark reinbeiteområde er sett til 53 kg for kviger og 67 kg for simler. I resten av landet blir det praktisert vektgrenser berre for kviger og er sett til 57 kg. Maksimalt reduksjonskrav er sett til 40% av hodyrflokken. Krava skal hjelpe til å tilpasse beitepresset til næringsgrunnlaget. Sanksjonsmidlar er at tilskottet fell bort dersom krava ikkje blir overhalde. For reineigare med over 600 rein og som ikkje har

rett til tilskott, må det nyttast sanksjonar med heimel i reindriftslova for å sikre at òg desse einingane medverkar til ei tilpassing i beitetrykket som gjev økologisk berekraft.

Vektgrensa på 16 kg for å oppnå kalveslakteilskott blir ført vidare, og satsen er som tidlegare 200 kr pr kalv, medan taket på 30 000 kr pr driftseining er teke bort.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 19,6 mill kr for 1999.

Underpost 75.13 Distriktstilskott

Formålet med distriktstilskottet er å medverke til at reinbeitedistrikta skal kunne ta auka ansvar for utvikling av næringa i ein berekraftig retning. Tilskottet skal vidare gi grunnlag for at distrikta skal ha ansvar for finansiering av kostnader ved avløyning under sjukdom og svangerskap utover dei generelle ordningane i Folketrygda. Det blir opna for oppbygging av tapsførebyggjande fond i distrikta ved at distrikta får høve til å setje av inntil 20% av ordinært distriktstilskott til slike fond og at distrikta i såfall tilførast eit tilsvarande beløp over reindriftsavtalen.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 9,5 mill kr for 1999.

Underpost 75.14 Driftstilskott i Troms

Ved reindriftsforhandlingane i 1997 blei det innført eit generelt driftstilskott på 75 000 kr for driftseiningane i Troms. Driftstilskottet vart innført for å ta omsyn til dei mange særskilte tilhøva for reindrifta i Troms, og kjem til erstatning for eksisterande ordningar (produksjonstilskott, kalveslakteilskott og tidlegslakteilskott).

Ein gjer framlegg om ei løyving på 2,5 mill kr for 1999.

Underpost 75.18 Tidlegslakteilskott i Finnmark

Ordninga med tidlegslakteilskott vart innført i slaktesesongen 1993/94 grunna dei særlege problema knytt til vinterbeita i Finnmark og Troms. Formålet med tilskottet er å medverke til at rein blir slakta tidleg på hausten. Dette for å redusere belastninga på marginale lavbeite, samt å oppnå best mogleg kvalitet på kjøtt og biprodukt.

Ordninga har hatt gunstig effekt på slaktinga, særleg i Vest-Finnmark. Det er innført eit tak på 30 000 kr pr driftseining for tidlegslakteilskottet, samstundes som tilskottet er gjort avhengig av oppnådd produksjonstilskott. Tidlegslakteilskottet har utgått i Troms. Satsane er oppretthalde med 10 kr pr kg slakt i tida 01.08 til 09.10 og 5 kr pr kg slakt i tida 10.10 til 31.12. For avtaleåret 1998-99 er det lagt til grunn at slakteuttaket skal vere gjort på henholdsvis sommarbeitedistrikt og haustbeitedistrikt for å oppnå tidlegslakteilskottet. Vektgrensa på 16 kg for å oppnå tidlegslakteilskottet blir vidareført.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 4,0 mill kr for 1999.

Post 77 Tilskott til transport av rein

Formålet med tilskottet til pramming av rein til sommarbeiteområda er å utnytte reindrifta sitt ressursgrunnlag og å lette presset på beiteressursane. Pramminga blir utført av Forsvaret og blir finansiert dels med løyvingar over reindriftsavtalen og dels av reineigarane som nyttar denne tenesta. Ein er i gang med å prøve ut billegare løysingar til dagens ordning med pramming av rein utført av forsvarer.

Løyvinga på 2,2 mill kr til transport av rein blir frå og med 01.01.99 overført til Reindriften Utviklingsfond som øyremerka avsetjing. Post 77 fell derfor bort frå og med 1999.

Post 79 Velferdsordningar

Posten omfattar ordninga med Medlemsavgift til folketrygda (som tidlegare vart løyvd over post 76) og sjukepengeordninga (som tidlegare vart løyvd over post 78).

Den einskilde reineigar skal betale ei avgift til folketrygda som er lik den avgifta lønsmottakarane betalar. Skilnaden mellom den avgifta som er fastsett for private næringsdrivande (10,7 pst), og den avgifta som skal betalast av den einskilde reineigar (7,8 pst) blir finansiert over reindriftsavtalen. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i utviklinga i pensjonsgivande inntekt i reindrifta. Midlane blir førte over til Folketrygdfondet.

Den kollektive innbetalinga over reindriftsavtalen til sjukepengeordninga dekkjer tilleggspremien for auke av sjukepengane frå 65 til 100 pst av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 14 dagar. Fødselspengar blir òg ytte med 100 pst av inntektsgrunnlaget. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei reindriftsutøvarar som går inn under ordninga. Midlane blir førde over sentralt til Folketrygda.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 1,8 mill kr for 1999.

Post 82 Kompensasjon for kostnader vedkomande radioaktivitet i reinkjøtt

Staten si dekking av kostnader som følgje av radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulukka har som prinsipielt utgangspunkt vedtaket som Regjeringa fatta 31.7.86 om å halde reinegarane økonomisk skadeslause. Formålet med ordninga er å skape eit godt grunnlag for høgast mogleg produksjon av reinkjøtt, til omsetning og eige forbruk, i område med høg radioaktiv ureining som følgje av reaktorulukka i Tsjernobyl.

Løyving til ordninga vil bli fastsett i samband med forhandlingane om ny reindriftsavtale for 1999/2000, jf St prp nr 49 (1997-98).

KAP 1161 STATSKOG SF - FORVALTNINGSDRIFT

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
70	Tilskott	17 318	17 231	17 229
73	Avviklingskostnader	176	500	500
75	Oppsyn i statsallmenningar	5 545	5 517	5 512
	Sum kap 1161	23 039	23 248	23 241

MÅL OG STRATEGIAR

Målet for Statskog SF sitt arbeid med forvaltningsoppgåvene er å sikre at dei rettar bruksrettsahavarar og andre har på eigedomane, blir ivaretekne i samsvar med lover, forskrifter og politiske retningslinjer. I samarbeid med bruksrettsahavarar, brukarorganisasjonar, kommunar og miljøvernstyresmakter skal føretaket arbeide for ei areal- og ressursdisponering som er mest mogleg teneleg for samfunnet, for dei distrikta der eigedomane ligg og for staten som eigar.

Forvaltningsoppgåvene omfattar både lovpålagde og ikkje lovpålagde oppgåver. Dei lovpålagde oppgåvene har grunnlag i særlover som gjeld for eigedomane - fjellova, lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark, lov om skogsdrift mv i statsallmenningane og lov om utmarkskommisjon for Nordland og Troms. Dei oppgåvene som ikkje er lovpålagde har grunnlag i særlege pålegg og retningslinjer gitt i stortingsmeldingar ol.

RESULTATRAPPORT 1997 OG BUDSJETTFRAMLEGG 1999**Post 70 Tilskott**

Verksemda er knytt til lovpålagde og ikkje lovpålagde forvaltningsoppgåver som Statskog SF utfører for Landbruksdepartementet. Det er oppretta avtale mellom Statskog og departementet om oppgåver som ikkje er lovpålagde. Avtalen vil bli utvida til også å omfatte dei lovpålagde oppgåvene. Ved omorganiseringa av Direktoratet for statens skogar til statsføretaket Statskog SF fall kryssubsidieringa mellom forvaltningsdrifta og forretningsdrifta bort, og oppdragsgivarane skal dekkje alle utgifter i samband med forvaltningsdrifta.

På posten er det i 1997 rekneskapsført 17,3 mill kr som er i samsvar med løyvinga. Om lag 60 pst av utgiftene skriv seg frå dei lovpålagde oppgåvene. Landbruksdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 17,2 mill kr for 1999. Departementet har vedtatt å gjennomføre ei evaluering av omorganiseringa av Statskog SF. Evalueringa er nærare omtala under kap 5652.

Lovpålagde oppgåver*Skogbruk*

Oppgåvene er knytte til vedutvising i Finnmark og til virkesutvising i statsallmenningar til dekking av bruksrettar. I tillegg inngår arbeid med salsvirke til inntekt for allmenningsfonda. I 1997 er det utvist til bruksrettshavarane eller selt til inntekt for allmenningsfonda i alt 39 000 m³. Etterspørselen etter utvisningsved i Finnmark har auka sterkt. Registrering av lauvskogressursane pågår. Ein reknar med at avvirkinga av bruksrettsvirke vil liggje på om lag same nivå i 1999. Virkesrettsregister for statsallmenningane er oppretta i samsvar med §2-5 i statsallmenningslova.

Arbeidet med nye bruksreglar er slutført i 80% av allmenningane i samsvar med § 2-17 i allmenningslova. Ein reknar med at dette arbeidet er fullført i 1999.

Skogbruksplanar med fleirbruksomsyn i samsvar med § 4.3 i statsallmenningslova er utarbeidd i 60% av allmenningane. Registreringsarbeidet er fullført i alle allmenningane.

Grunneigaroppgåver som ikkje gir inntekt

Verksemda følgjer av fjellova og lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark og dekkjer oppgåver knytte til bruksrettar til anna enn virke, mellom anna dyrking, beite, setrar og torv. Arbeid med næringshytter og anlegg for reindrift kjem òg inn her.

Kravspesifikasjonar for seterregistret er utarbeidd saman med representantar frå fjellstyra. Arbeidet med registeret er sett i gang og er venta avslutta i 1999.

Utkast til seterforskrifter og reglar for utvising av tilleggsjord er sendt Landbruksdepartementet for godkjenning.

Utmarkskommisjonen for Nordland og Troms

Verksemda omfattar Statskogs arbeid for kommisjonen med trykking av Riksarkivets utgreiingar, framskaffing av kartmateriale, arkivgransking, synfaringar og saksførebuing. I 1997 har arbeidet vore knytt til område på Hinnøya og i Kålfjord. Aktiviteten i utmarkskommisjonen avgjer i stor grad ressursbruken i Statskog SF.

Offentlegrettslege oppgåver

Verksemda dekkjer oppgåver der Statskog SF handlar som offentlig styresmakt, behandlar saker og gjer vedtak i samsvar med fjellova, lov om skogsdrift mv i statsallmenningane og lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark. Statskog SF sitt arbeid som tilskottsforvaltar for post 75 Oppsyn i statsallmenningar fell også inn her. Arbeidet omfattar godkjenning av oppsynsordningar, regelverk for budsjett, rekneskap, rapportering og søknadsbehandling. Saksbehandlersystemet for behandling av saker som fell inn under fjellova er tatt i bruk. I 1999 vil ein starte arbeidet med eit tilsvarende system for saker som fell inn under lov om skogsdrift i statsallmenningar.

Ikkje lovpålagde oppgåver*Administrasjon av fiske i Finnmark*

Med verknad frå 1.1.93 fastsette Direktoratet for naturforvaltning felles forskrifter for fiske på alle Statskog sine areal. Før hadde Finnmark forskrifter som førte med seg meir arbeid og -kostnader samanlikna med landet elles. I St meld nr 52 (1992-93) *Om norsk samepolitikk* er det sagt at forvaltningsordningane i Finnmark skal vurderast i samband med oppfølginga av arbeidet til Samerettsutvalet. På bakgrunn av dette skal Statskog SF inntil vidare følge den gamle forvaltningsordninga. Meirkostnadene blir dekte over kap 1161.

Friluftsliv, tilrettelegging

I St meld nr 40 (1986-87) *Om friluftsliv* er det sagt at ein bør auke den offentlege innsatsen for å styrke friluftslivet som helse- og trivselsskapande faktor, og at det er ei sentral målsetting for Statskog SF å engasjere seg sterkare i å leggje til rette for jakt, fiske og anna friluftsliv.

I samsvar med dette held Statskog mellom anna opne husvære i fjellet, merkar stiar og løyper og byggjer bruer, klopper, rasteplassar og fiskebrygger for uføre og barnefamiliar. Tiltaka har ofte innslag av kulturminnevern i samband med restaurering av gamle bygningar, fløytingsdammar og -renner. Statskog har sett opp ei liste over kulturminne som bør restaurerast for å unngå forfall. Kostnaden ved dette er berekna til knapt 3 mill kroner. Lista vil vere grunnlaget for kulturminnetiltak på eigedomane innan ramma på post 70. Tiltak som Statskog SF blir pålagt med heimel i kulturminnelova, blir finansiert med midlar frå forretningsdrifta i Statskog og dei offentlege tilskottsordningar som er oppretta for dette formålet.

Tiltak for friluftslivet blei evaluert i 1996, jf omtale i St prp nr 1 (1996-97).

Oppsyn i Nord-Norge - fjellteneste

Ordninga med fjellteneste i Nord-Norge blei etablert i 1987, jf St prp nr 1 (1986-87). Tenesta, som er samfinansiert med mellom anna miljøvernstyresmaktene, skal gjennom informasjon og rettleiing, overvaking, skjøtsel og tilrettelegging medverke til sikring av naturverdiar og bevaring av biologisk mangfald. For Landbruksdepartementet sin del kan oppsynet samanliknast med fjelloppsynet i statsallmenningane. Tenesta omfattar eit areal på knapt 70 mill dekar. I Ot prp nr 30 (1995-96) *Om lov om statleg naturoppsyn* er det føresett at Fjelltenesta i Nord-Norge framleis skal ha ei viktig oppgåve innanfor det framtidige naturoppsynet. Når det er avklart korleis det statlege naturoppsynet blir organisert, og kva oppgåver Statskog SF skal ha innan oppsynet, vil Landbruksdepartementet vurdere om det

er behov for å tilføre større ressursar til Fjelltenesta og eventuelt kome tilbake til Stortinget med saka. Evaluering av Fjelltenesta og tenestene som blir utført for Landbruks- og Miljøverndepartementet pågår og blir avslutta i 1999.

Fond knytte til forvaltningsoppgåvene

Bruken av grunneigarfondet er regulert ved § 12 i fjellova. Fondet skal mellom anna brukast til tiltak i statsallmenningane med sikte på verdiskaping og lønnsame arbeidsplassar. Tiltak blir iverksette etter samråd med Fjellstyresambandet. Fondsmidlane skriv seg frå bortfesting og sal av grunn i statsallmenningane.

Saldo i fonda pr 31.12.97 går fram av tabellen nedanfor.

	(i 1 000 kr)
Grunneigarfondet	39 277
Allmenningsfonda	18 506
Skogavgiftsfonda i underskottsallmenningane ¹	1 449

¹ Underskottsalmenning er statsallmenning der heile avvirkinga går med til å dekkje virkesrettane

Midlane i allmenningsfonda og skogavgiftsfonda skal brukast til investeringar i skogbruket i underskottsalmenningane. Ein gjennomgang av bruken av fonda er starta opp i 1998.

Post 73 Avviklingskostnader

Løyvinga på 0,5 mill kr dekkjer ventelønn til dei som fekk rett til dette i samband med flyttinga av Statskog SFs hovudkontor frå Oslo til Namsos. Løyvinga har gradvis minka etter kvart som dei som no er på ventelønn når pensjonsalder, dei er alle over 60 år.

Post 75 Oppsyn i statsallmenningane

Ein gjer framlegg om ei løyving for 1999 på 5,5 mill kr. Løyvinga dekkjer tilskott til fjellstyra for godkjende oppsynsordningar i statsallmenningane i samsvar med § 36 i fjellova. Statsallmenningane omfattar 27 mill daa. Oppsynet skal gjennom informasjon, overvaking, kontroll, skjøtsel og tilrettelegging ta vare på bruksrettsinteressene og medverke til at bereevna i naturen og det biologiske mangfaldet blir ivareteke. Statskog SF godkjenner nivået på oppsynsordningane for eitt år om gongen innanfor løyvingsramma. I høve til dei oppgåvene fjellstyra skal løyse, ligg oppsynsnivået no på eit tilfredsstillande nivå. I tråd med Økonomireglementet vil regelverket for tilskottsordninga bli gjennomgått i 1998.

KAP 2411 STATENS LANDBRUKSBANK

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
01	Driftsutgifter	48 794	47 417	49 342
71	Rentestøtte	517	500	500
72	Erstatningar , <i>overslagsløyving</i>		100	100
73	Tilskudd til Landbruksbankens tapsfond		7 000	9 000
90	Lån , <i>overslagsløyving</i>	345 396	308 000	280 000
	Sum kap 2411	394 707	363 017	338 942

MÅL OG STRATEGIAR

Statens Landbruksbank er departementet sitt sentrale organ for iverksetjing av arbeidet med næringsutvikling innanfor tradisjonell landbruksproduksjon og alternativ verksemd i tillegg til landbruk. Landbruksbanken skal særleg rette verksemda si mot fylkesmannens landbruksavdeling, jf kap 1102. I tillegg vil kommunane og næringsutøvarane vere banken sine målgrupper.

Banken sine verksemdområde er:

- nærings- og bygdeutvikling,
- kulturlandskaps- og miljøtiltak,
- tilskottsforvaltning og
- utlånsverksemd.

Målsetjinga med verksemda til Landbruksbanken er å sikre sysselsetjinga og betre økonomien i næringa gjennom utvikling av ein meir konkurransekraftig landbruksproduksjon og utvikling av alternativ næringsverksemd i bygdene. Det er ein føresetnad at ny næringsverksemd som blir etablert, er lønnsam og at offentleg støtte er avgrensa til etableringsfasen. Næringsutviklinga skal ha basis i ressursane i landbruket, samtidig som det skal leggjast vekt på samarbeidsprosjekt med annan verksemd som fører til auka verdiskaping i bygdene.

Statens Landbruksbank skal leggje vekt på miljøomsyn og medverke til å ta vare på og vidareutvikle kulturlandskapet. Det skal også leggjast vekt på tiltak som kan fremme likestilling og rekruttering.

Viktige element i Landbruksbanken sin strategi for næringsutvikling i bygdene er utvikling og formidling av kompetanse, samhandling og etablering av nettverk og auka effektivitet i forvaltningsverksemda.

Statens landbruksbank er ein av institusjonane som er omfatta av utgreiinga om samordning av den sentrale verkemiddelforvaltninga i landbruket, sjå nærare omtale under programkategori 15.00.

Utvikling og formidling av kompetanse

Ein tek sikte på at Landbruksbanken skal vere eit kompetansesenter innanfor arbeidet med bygdeutvikling. Dette skal skje ved å byggje opp godt fagleg kvalifisert personell og ved formidling av kompetanse gjennom erfaringsinnsamling og kopling til ulike fagmiljø sentralt og lokalt. Oppgåva til Landbruksbanken er å leggje til rette og styrkje føresetnadene for landbruksforvaltninga sitt arbeid med næringsutvikling. Landbruksbankens kompetanseutvikling og -formidling skal primært vere knytt til behov hos fylkesmannens landbruksavdeling, kommunane og andre aktørar innan bygdeutvikling og -mobilisering

Samhandling og etablering av nettverk

Forutan rolla overfor fylkesmannens landbruksavdeling, skal Landbruksbanken prioritere samarbeidet med dei andre aktørane innanfor området næringsutvikling, både sentralt og lokalt. Det skal leggjast vekt på kopling mellom forskning og næringsutvikling knytt til landbruket. Det er òg viktig å fremme samarbeidet mellom fylkeskommunane, fylkesmennene, SND og andre utviklingsaktørar når det gjeld arbeidet med næringsutvikling.

Auka effektivitet

Landbruksbanken si forvaltning av finansieringsordningar, inkludert låneforvaltninga, skal vere effektiv og korrekt. Det skal leggjast til rette for kontroll, rapportering og evaluering.

Landbruksbanken sitt arbeid med iverksetjing av det nye økonomireglementet i staten er omtala under programkategori 15.00.

RESULTATRAPPORT 1997

Landbruksbanken har 107 tilsette som svarar til 103,5 årsverk. 69 årsverk ved hovudkontoret i Oslo, medan det til saman er 38 årsverk ved avdelingskontora i Bergen, Trondheim og Tromsø. Dei største verksemdomsråda er økonomi og låneforvaltning som utgjer 36 årsverk og nærings- og bygdeutvikling som utgjer 25 årsverk. Ressursbruken knytt til sekretariatsfunksjonen for Statens naturskadefond vil variere ein del. Statens naturskadefond er nærare omtalt under kap 1148.

Landbrukets utviklingsfond

Landbruksbanken har som ei viktig oppgåve å forvalte låne- og tilskotsordningar under Landbrukets utviklingsfond (LUF) til ulike investeringsføremål i landbruket. LUF-midla går til ei rad ordningar innan tradisjonelt landbruk og ny næringsutvikling, ma BU-ordninga, miljøtiltak og skogbrukstiltak.

Av ordningane under LUF er BU-ordninga den største. Hovuddelen av BU-midlane blir innvilga på fylkesnivået. Landbruksbanken har ansvaret for den sentrale oppfølginga når det gjeld bruken av BU-midlane i fylka, ma praktisering av forskrifta, utvikling og drift av administrative styringssystem og resultatrapportering.

LUF og Landbruksbanken har òg felles styre som ma har ansvaret for forvaltning av dei sentrale BU-midlane.

Under kap 1150 er det gitt ein samla oversikt over bruken av middel over LUF. I St prp nr 67 (1997-98) er dei einskilde ordningane nærare omtalte saman med resultatrapport for bruken av midla i 1997.

I tillegg til dei sentrale bygdeutviklingsmidla har styret hatt ansvaret for forvaltning av 5 mill kr avsette over kap 1140 post 78 Konkurransestrategiar for norsk mat. Midla er i hovudsak nytta til strategiske utviklingsprosjekt innan matområdet, der det er lagt særleg vekt på samfinansiering og fellesprosjekt med andre institusjonar innan forskning og utvikling, jf kap 1150 post 77.15.

Utlånsverksemda

Til investeringstiltak kan det, forutan tilskott og investeringslån (BU-midler), òg løyvast renteberande lån slik at det er tilbod om ei samla finansieringspakke for prosjekta. I tillegg kjem krav til eigenkapital/eigeninnsats. Renteberande lån blir løyvde av landbruks-avdelingane medan Landbruksbanken står for utbetaling og bankteknisk oppfølging. Til eigedomsoverdraging, reindriftstiltak, andre landbruksføremål og bustadføremål er det Landbruksbanken som står for både innvilging av lån og bankteknisk oppfølging.

Landbruksbanken sine utlån til dei ulike formåla i 1996 og 1997 går fram av tabellen nedanfor.

Formål	1996		1997	
	Talet på lån	Sum i mill kr	Talet på lån	Sum i mill kr
Driftsbygningar	98	32,7	228	81,0
Tilleggsnæringar	52	18,2	84	70,4
Kjøp av tilleggsareal og eigedomsoverdragingar	72	20,9	157	62,8
Miljøtiltak	53	4,9	72	7,5
Reindrift	4	0,7	2	0,2
Div. landbruksføremål	27	6,8	45	11,5
Sum landbruksføremål	306	84,2	588	233,4
Nye bustader	112	57,8	142	82,4
Utbetring av bustader	79	19,4	115	34,2
Sum bustadføremål	191	77,2	257	116,6
Sum totalt	497	161,4	845	350,0

Tala viser at det har vore ein auke på over 90 pst i talet på lån til landbruksformål medan det har vore ein auke på over 40 pst i løyving pr prosjekt. Det har også vore auke i finansieringa av bustadhus. Talet for finansierte prosjekt er stege med 35 pst medan løyving pr prosjekt har auka med 12 pst. Ved utgangen av 1997 utgjorde samla utlån i Landbruksbanken 4 416,9 mill kr. Utbetalte lån i 1997 utgjorde 303 mill kr, ordinære avdrag 182 mill kr, ekstraordinære nedbetalningar 284 mill kr og tap 5 mill kr. Dette gav ein nedgang i utlånskapitalen på 163 mill. kr.

Talet på lån er i 1997 gått ned med 6 030 til 47 630 løpende lån.

Landbruksbanen si ramme for løyving av nye lån var i 1997 på 350 mill kr. Etterspørselen etter finansiering av nye prosjekt har langt overstige den tildelte utlånsramma. Ein viktig årsak til den store auken i utlåna i 1997 er at overgangen til eit marknadsbasert system for rentefastsetjing har gjort Landbruksbanken konkurransedyktig i lånemarknaden. Samstundes har det vore eit stort behov for bygningsinvesteringar, særleg innan tradisjonelt landbruk. Sjølv om det i 1997 var ein sterk auke i låneetterspørselen, har det likevel vore ein nedgang i Landbruksbanken sin samla utlånskapital.

I forhold til utlånsmassen er tapstala særst låge, og dei har over ei årrekke vist stor stabilitet. Landbruksbanken hadde i 1997 eit samla tap på utlån på 7,0 mill kr. Av dette utgjorde 5,0 mill kr tap på hovudstol og 2,0 mill kroner rentetap. Rekna i prosent av låneporteføljen utgjorde Landbruksbanken sine tap i 1997 0,16 prosent.

Utviklings- og tilretteleggingsprosjekt

Verksemda i Landbruksbanken har elles omfatta ei rad aktivitetar og oppgåver som har som formål å heve kompetansen og gjennom ulike former for utviklingsarbeid leggje til rette for arbeidet med næringsutvikling lokalt i fylke og kommunar. Landbruksbanken sine faglege satsingsområde har ma omfatta gjennomføring av handlingsplan for bygdeturisme, Norsk Gårdsmat som er eit utviklingsprosjekt for å fremme småskala produksjon og omsetning av mat, utvikling av skogbruks- og utmarksnæringar, bioenergi, kulturlandskapstiltak og prosjektet Oppfølging i Nord. Vidare har banken prioritert innsats innan strategiske område som arbeid med lokal mobilisering gjennom prosjektet UTSYN, målretta planlegging av bygdeutvikling, kvinneretta arbeid og Forum for grøn verdiskaping. Landbruksbanken har inngått ein formalisert samarbeidsavtale med Noregs Forskringsråd når det gjeld arbeidet med FoU på næringsutviklingsområdet, jf kap 1137. Hovudføremåla er å styrke den brukarretta FoU-innsatsen og å få til ei betre informasjon om FoU-resultat til næringslivet og til det offentlege verkemiddelapparatet.

Naturskade

Landbruksbanken har det administrative ansvaret og budsjettansvaret for statens naturskadeordning. Landbruksbanken har i 1997 behandla 2474 saker som gjeld erstatning og klager. Ressursbruken knytt til sekretariatsfunksjonen for Statens naturskadefond vil variere ein del avhengig av skadeomfang. I året som gjekk, var den totale ressursinnsatsen knytte til arbeidet i Naturskadefondet på 5,1 årsverk. Statens naturskadefond er nærare omtala under kapitel 1148.

Andre oppgåver

Landbruksbanken har ansvaret for klagehandsaming av visse delingssaker etter jordlova. Det blei i 1997 behandla 77 slike saker.

Landbruksbanken har sekretariatsfunksjonen for «Fondet for etterutdanning og driftsøkonomiske tiltak i jordbruket» (EDL).

Landbruksbanken har også ansvaret for forvaltninga av middel til konfliktforebyggjande tiltak i reindriftsområda.

BUDSJETTFRAMLEGG 1999

Utlånsverksemda

Landbruksbanken hadde ved utgangen av 1997 eit samla utlån på vel 4,4 mrd kr til totalt 47 600 låntakarar.

Landbruksbanken må leggje vekt på ei effektiv og kunderetta låneforvaltning, noko det er lagt til rette for ma gjennom omlegginga av lånesystema som blei gjort fullt ut gjeldande frå 1997.

For Landbruksbanken gjer Regjeringa framlegg om ei samla innvilgingsramme på 400 mill kr. Dette er ein auke på 150 mill kr i forhold til 1998. Framlegg til auka utlånsramme må sjåast på bakgrunn av eit stort investeringsbehov, både innan tradisjonelt landbruk og for tilleggsnæringar. Ei samla ramme til landbruks- og bustadsformål gjer det mogleg å sjå dei to formåla i samanheng og å prioritere lån til investeringstiltak som fremmer utvikling og omstilling av landbruket.

Satsingsområde*Tilrettelegging for næringsutvikling*

Statens Landbruksbank skal vere med å leggje til rette for og styrkje føresetnadene for arbeidet i landbruksforvaltninga i fylka og i kommunane med etablering og utvikling av ny verksemd.

Likestilling- og rekruttering

Statens Landbruksbank må leggje auka vekt på tiltak som styrkjer rekruttering og likestilling i landbruksnæringa og i alternativ landbruksbasert verksemd. Statens Landbruksbank sin handlingsplan for ungdoms- og kvinneretta arbeid gir en oversikt over valde strategiar for arbeidet og tiltak som skal gjennomførast. Auka ansvar for tiltak retta mot kvinner og ungdom, ma odelsjenter, må gjenspeglast i banken sin prioritering av ressursar. Det er viktig at arbeidet skjer i samspel med fylkesmannens landbruksavdeling og andre relevante institusjonar.

Kulturlandskaps- og miljøtiltak

Landbruksbanken må vidareutvikle innsatsen på kulturlandskapsområdet, ma ved å vektleggje utviklingsorienterte tiltak. Ein del av dei sentrale bygdeutviklingsmidla skal nyttast til demonstrasjonsprosjekt, dvs særskilt utvalde kulturlandskapsprosjekt i ulike område som skal tene som eksempel for rådgivingstenesta, den lokale landbruksforvaltninga og gardbrukarane. Ei viktig oppgåve for banken vil vere å følgje opp landbruksavdelingane sitt arbeid med informasjon, rettleiing og kursverksemd og medverke i arbeidet med miljøretta tiltaksplanar.

Småskala matproduksjon

Eit element i satsinga på ny næringsutvikling er utvikling av verksemd innan småskala vidareforedling av mat for å utnytte nye marknadsmoglegheiter som kan styrkje økonomien på gardsbruk. Landbruksbanken har eit særleg ansvar for prosjektrretta utviklingsarbeid innan matområdet. Banken har såleis ansvaret for forvaltning av ein del av midla på budsjettet til Konkurransestrategiar for norsk mat, jf omtale under kap 1150 post 77. Ein tek sikte på å laga ein handlingsplan for profilering av matkultur som satsingsområde innan både næringsutvikling og kulturpolitikk. Landbruksbanken vil ha ansvaret for gjennomføring av denne handlingsplanen.

Bygdeturisme

Landbruksbanken har i samarbeid med departementet og SND utarbeidd ein handlingsplan for reiseliv der det er skissert strategiar og gjort framlegg om tiltak for ei vidare utvikling av bygdeturismen som ei kjelde til verdiskaping og sysselsetting. Landbruksbanken vil ha hovudansvaret for å følgje opp dei tiltaka som står i handlingsplanen, ma når det gjeld produktutvikling, marknadsføring, sal og kompetanseoppbygging.

Skogbruk og utmarksnæringar

Landbruksbanken skal vidareføre arbeidet med å leggje til rette for utvikling av skogbruk, skogindustri, bioenergi og utmarksnæringar. Miljøfordelen som skognæringane har, saman med det store potensialet for auka verdiskaping i desse næringane, gjer at innsatsen bør aukast. Landbruksbanken skal arbeide for dette gjennom strategisk planlegging, finansiering av prosjekt og samspel med Fylkesmannen sin landbruksavdeling og andre institusjonar som forvaltar verkemiddel innanfor sektoren.

Samhandling og samarbeid mellom kunnskapsmiljø og verkemiddelinstitusjonar

Landbruksbanken må leggje vekt på å fremme samhandling og samarbeid mellom ulike kunnskapsmiljø innanfor området næringsutvikling, andre offentlege verksemdar og næringslivet. Gjennom samarbeidsavtalen mellom Statens Landbruksbank og Noregs forskingsråd ligg det til rette for ei sterkare og meir effektiv satsing på samhandling og kobling mellom forskning og næringsutvikling.

Merknader til dei enkelte postane**Post 01 Driftsbudsjett**

Utgifter knytte til administrasjon av naturskadeordninga og eigedommen Nedre Vollgate 11 er innarbeidd i budsjettet.

Post 71 Rentestøtte

Ein gjer framlegg om ei løyving på 0,5 mill kr som skal dekke underrente på lån til bustadføremål på særskilde vilkår.

Post 72 Erstatningar

Ein gjer framlegg om ei løyving på 100 000 kr til dekning av erstatningar ved ekspropriasjon av rett til reinbeite i Trollheimen.

Posten er oppretta som følgje av frådømming av rett til samisk tamreindrift i Trollheimen, og som etterpå resulterte i den såkalla Trollheimlova av 21.12.84.

Post 73 Tilskott til Landbruksbankens tapsfond

Ein gjer framlegg om ei løyving på 9 mill kr til dekning av Landbruksbanken sine venta tap på utlån i 1998.

Post 90 Lån

Landbruksbanken finansierer sine utlån ved lån frå staten. Ein gjer framlegg om ei løyving under denne posten på 280 mill kr. Framlegget til løyving er basert på prognosar for utbetaling av tidlegare innvilga lånesøknader og nye lån som kjem til utbetaling i 1998.

KAP 5311 STATENS LANDBRUKSBANK

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
01	Gebyr	9 177	9 630	10 170
02	Driftsinntekter	5 283	8 489	8 699
03	Husleigeinntekter	2 981		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	87		
90	Avdrag	425 494	322 500	284 500
	Sum kap 5311	443 022	340 619	303 369

Post 01 gjeld inntekter for gebyr på utlån. Det viktigaste gebyret, termingebyret, blir fastsett av Stortinget. Ein gjer framlegg om at termingebyret blir auka med 6 kroner til 134 kroner pr år. Inntektene frå dette gebyret er proporsjonalt med talet på lån.

Post 02 gjeld ma vederlag frå LUF for behandling av fondssaker. I framlegget under posten er det òg rekna med refusjon for utgiftene knytte til sekretariatet for LUF og inntekter frå husleige.

Post 90 gjeld avdrag på Landbruksbanken sitt lån frå staten. Landbruksbanken innbetaler til staten dei avdraga banken mottok frå sine låntakarar. Framlegget under denne posten er basert på prognosar for ordinær og ekstraordinær innbetaling av avdrag samt tap på utlån.

KAP 2472 STATENS KORNFORRETNING

(i 1000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
24	Driftsresultat:			
	Driftsinntekter	-2 536 752	-2 312 505	- 2 013 422
	Driftskostnader	3 387 502	3 107 505	2 812 595
	Tilskott norsk korn	850 750	-795 000	-799 173
	Handels- og tilskottsforvaltning	17 149	22 090	21 869
	Sum kap 2472	17 149	22 090	21 869

MÅL OG STRATEGIAR

Statens Kornforretning er etter omorganiseringa i 1994/95 styresmakta sitt sentrale organ i forvaltninga av fleire viktige landbrukspolitiske verkemiddel. Verksemda er under vidareutvikling, og er omfatta av utgreinga om samordning av den sentrale verkemiddelforvaltninga i landbruket, jf kategori 15.00 Landbruksadministrasjon.

Statens Kornforretning forvaltar den statlege kjøpeplikta for norsk korn og dei andre verkemidla knytta til markedsordningen for korn, fører tilsyn med marknaden for vidare omsetning av korn og kornprodukt og forvalter Lager- og tørkefondet. Styret for Statens Kornforretning er òg styre for lager- og tørkefondet. Statens Kornforretning sørgjer for særleg førehandslagring av nødvendige mengder av såkorn, førkorn, matkorn, mjøl, kraftfôr, sukker og berlinerblått.

Statens Kornforretning forvaltar vidare det tollbaserte grensevernet for jordbruksprodukt i forhold til nasjonale retningslinjer og i samsvar med WTO-avtalen. Forvaltninga omfattar ordningar for aktiv foredling, eksport-restitusjon, catering, omarbeidde jordbruksprodukt (RÅK), konserverindustrien og administrasjon av tollkvotar. Etaten overvakar utviklinga i import- og marknadssituasjonen for ei rekkje landbruksvarer.

Statens Kornforretning forvaltar produksjonstilskott husdyr, areal- og kulturlandskapstilskott, velferdsordningar, utbetaling av tilskott til endra jordarbeiding samt utbetaling knytt til katastrofeordninga for planteproduksjon i jord- og hagebruket.

Innanfor ramma av tilskottsforvaltninga har etaten ansvaret for fellesrutinar i fagsystema hos fylkesmannens landbruksavdeling og Statens Landbruksbank. Etaten skal òg halde Landbruksregisteret ved like. Departementet legg stor vekt på å vidareutvikle fagsystema med sikte på eit fullintegrert opplegg frå det tidspunkt ei eventuell samordna landbruksforvaltning er på plass. IT-kompetanse vil stå sentralt i den vidare utviklinga av etaten.

RAPPORT 1997

Krava til beredskapslagring av mjøl og proteinfôr pr 1. juli 1997 vart oppfylt direkte gjennom marknaden. Beredskapsordninga for rullering av mjøl gjennom dei 17 beredskapslagra i Nord-Noreg har i 1997 blitt utøvd etter føresetnadene. 27 000 t matkorn blei beredskapslagra på ulike anlegg i modt- og Nord-Noreg i 1997, derav 12 500 t matkorn i Nord-Noreg

Det var i 1997 ikkje grunnlag for marknadsregulering til tross for den høge norske avlinga. I 1997 tok i overkant av 130 anlegg i mot norsk korn. Den høge norske avlinga i både 1996 og 1997 førte med seg redusert import av korn og andre råvarer. I 1997 blei det ført inn om lag 672 000 t korn og andre fôrstoffar til mjøl- og kraftfôrindustrien. Det importerte matkornet kom som tidlegare i hovudsak frå oversjøiske land.

I 1997 blei det òg innvilga om lag 6.500 søknader om individuelle tollreduksjonar. I tillegg blei det gjort generelle administrative tollreduksjonar i samsvar med målprissystemet. Dei fleste av desse generelle reduksjonane i tollen skjedde innanfor grøntsektoren. Gjennomføringa av tilskottsforvaltninga har i 1997 framleis vore under omstilling til eit meir IT-basert opplegg med innleigde IT-konsulentar. Oppfølging av økonmireglementet er omtalt under programkategori 15.00 Landbruksadministrasjon.

Rekneskap 1997

Løyvinga til marknadsordninga for korn og driftsbudsjettet til Statens Kornforretning er kopla saman. Løyvinga til marknadsordninga blir ført til inntekt i Statens Kornforretning sitt driftsrekneskap. Bruttoverdien av innkjøpte og selde råvarer var i 1997 på i underkant av 2,5 mrd kr. Statens Kornforretning eig det norske kornet ved innveiginga. Driftskostnadene utgjorde om lag 3 mrd. kr. Differansen mellom driftskostnader og driftsinntekter utgjør uttaket over kornordninga, som var på 850 mill kr. Rekneskap for dei einskilde ordningane som Statens Kornforretning forvaltar er ført på kap 1150/4150.

Finansieringa av avrekninga og vidaresal av den norske kornavlinga skjer ved trekk på statskassa og gjennom fordringa på Lager- og tørkefondet. Kapitalbalansen til Statens Kornforretning pr. 31. des. 1996 og 31. des. 1997 var (1 000 kr):

Aktiva:	31.12.96	31.12.97
Betalingsmidlar	113 342	77 947
Kundefordringar m.m.	6 279	989
Omløpsmiddel	119 620	79 470
Langsiktige fordringar	4 365	4 504
Utlån Lager- og tørkefondet	164 584	145 221
Anleggsmiddel	168 949	149 725
Eigendelar	288 569	229 195
Skuldig statskassa	262 837	163 229
Skuldig skatt/pensjon/mva. m.m.	2 784	3 155
Anna kortsiktig gjeld	22 948	52 194
Sum gjeld	288 569	229 195

Utlåna til Statens Kornforretning er redusert frå over 440 mill kr i 1995 til ei fordring på Lager- og tørkefondet ved utgangen av 1997 på vel 145 mill kr. Ei 10-års avtale, frå 1995, regulerer dei økonomiske forholda mellom partane.

Frå 1995 er det ikkje løyva nye utlån i Lager- og tørkefondet. Kredittfinansieringa i kornmarknaden skal no skje gjennom den ordinære bankmarknaden. Dei noverande utlåna skal avviklast i tråd med gjenverande løpetid på låna. I 1997 har det ikkje vore misleghald av utlån i fondet. Samla utlån utgjorde ved inngangen til 1998 vel 138 mill kr. Eigenkapitalen og dei frie betalingsmidla utgjorde 41 mill kr og 45 mill kr ved inngangen til 1998.

BUDSJETTFRAMLEGG 1999

Framlegget baserer seg på kornordninga av 1995 med tilhørande forskrifter. Dei avtalefesta prisane for korn og oljefrø for inneverande avtaleperiode er lagt til grunn for løyvingane i 1999. I framlegget er det rekna inn ei normalårsavling for korn i forhold til Budsjettmemda sine tal. Prishevinga på korn gjennom året i forhold til terminprissystemet kjem til syne i noko høgare omsetningstal enn dei avtalefesta grunnprisane til produsent tilseier.

Budsjettframlegget for 1999 er ut frå dette spesifisert i følgjande driftsbudsjett for verksemda (i 1000 kr):

Statens Kornforretning 1999	
Netto varesal	1 871 000
Prisutjamning proteinråvarer (kap 4150 p 80)	109 800
Andre inntekter	32 622
Driftsinntekter	2 013 422
Varekostnader	2 265 000
Forvaltningskostnader	469 600
Administrasjon kornordninga m.m.	47 132
Andre kostnader	30 863
Driftskostnader	2 812 595
Tilskott norsk korn (kap 1150 p 76.01)	799 173
Tilskott administrasjon handel- og tilskottsforvaltning	21 869
Resultat	-21 869

Statens Kornforretning skal ikkje ta opp lån i den private lånemarknaden. Finansieringa av verksemda skjer gjennom trekk på statskassa og ved fordringa på Lager- og tørkefondet. Utbetaling av oppgjør til produsent og krav frå mottakar av norsk korn skjer gjennom bankmarknaden. Finanskostnadene er basert på gjeldande trekkrente i statskassa. Finanspostane er antatt å utgjere eit positivt resultat på 1,7 mill kr.

Kostnader til administrasjon blir til dels dekte gjennom ei særleg ordning for belastning av dei ulike tilskottsløyvingane på kap 1150. Dei siste åra har kostnadene til administrasjon auka vesentleg som følge av at fleire oppgåver er lagt til etaten. Under kap 2472 post 24 foreslår departementet for 1999, som tidlegare år, å gi eit generelt administrasjonstilskott til handels- og tilskottsforvaltninga. Administrasjonskostnadene knytt til kornordninga mm er som tidlegare foreslått dekt under kap 1150 post 76.11.

For 1999 legg ein stor vekt på å vidareutvikle etatstyringa gjennom tildelingsbrev og styringsmøter. Dagens budsjett- og rekneskapssystem er ikkje eit permanent system. Departementet legg til grunn at ei vidareutvikling av systemet blir sett i samanheng med ei eventuell samordning av den sentrale verkemiddelforvaltninga i landbruket. Når den framtidige organiseringa er klar vil det òg bli enklare å følgje opp økonomireglementet på ein meir systematisk måte.

Departementet gjer med dette framlegg om løyving under kap 2472 post 24 på knapt 21,9 mill kr. Tilskott til og inntekter frå marknadsordninga for korn blir løyvd under kap 1150 post 76.11 og kap 4150 post 80. Tollinntektene frå kornimport mm blir løyvd over Finans- og tolldepartementet sitt budsjett, jf kap 5511.

KAP 5545 MILJØAVGIFTER I LANDBRUKET

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
70	Miljøavgift, kunstgjødsel	170 571	165 175	165 175
71	Miljøavgift, plantevernmiddel	20 954	22 000	45 000
	Sum kap 5545	191 525	187 175	210 175

Miljøavgiftene på kunstgjødsel og plantevernmiddel blei innført på slutten av 1980-talet. Avgiftene er eit av fleire verkemiddel som landbruksstyresmaktene forvaltar for å nå nasjonale og internasjonale miljømål. Avgiftene har ein haldningsskapande effekt og har vore med å finansiere ulike miljøtiltak. Målsettinga er å redusere miljøskadane i landbruket og å medverke til høg miljøkvalitet i produksjonsprosessen.

Landbrukstilsynet krev inn miljøavgiftene saman med dei ordinære kontrollgebyra. Ein legg til grunn at miljøavgiftene for kunstgjødsel for 1999 blir ført vidare på same nivå som i 1998, dvs. kr 1,21 pr. kg nitrogen og kr 2,30 pr kg fosfor.

For plantevernmiddel tek ein sikte på å leggje om avgiftssystemet ved å gå over frå avgift basert på omsetningsverdi til avgift basert på normerte arealdosar og differensiert etter midla sin risiko for helse- og miljøskadar. Arbeidsgruppa har foreslått ein gradvis auke i avgifta til eit nivå 7-8 gonger høgare enn i 1998 for at avgifta skal få tilstrekkeleg effekt. Departementet vil vurdere ei vidare opptapping i samband med dei årlege budsjettframlegga. Avgifta for 1998 vil omrekna etter det nye systemet tilsvare eit nivå på omlag 1,30 kr/daa/behandling. For 1999 gjer ein framlegg om å auke avgifta frå 22 til 45 mill kr. Jordbruksavtalepartane legg til grunn at det blir kompensert for heile avgifta ved tilbakeføring og tydeleggjering innanfor ramma for jordbruksavtala fom 1999, jf St prp nr 67 (1997-98). Ein vil komme attende til korleis opptapping av avgifta og kompensasjon for auka kostnader i næringa skal gjennomførast. For nærare omtale av handlingsplanen knytt til plantevern viser ein til programkategori 15.10.

KAP 5571 TOTALISATORAVGIFT

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
70	Avgift	62 459	62 000	67 000
	Sum kap 5571	62 459	62 000	67 000

I 1997 blei den samla omsetninga i totalisatorspel på 1.797 mill kr. Dette var ein reduksjon i omsetninga på 61 mill kr frå året før. Hovudårsaken til reduksjonen var V-75 spelet.

For 1998 er det budsjettert med ei samla omsetning på om lag 1770 mill kr, og omsetninga så langt i 1998 tyder på at talet vil bli høgare.

For 1999 gjer ein framlegg om ei løyving under posten på 67 mill kr frå totalisatoravgift. Det er i framlegget lagt til grunn uendra sats for avgifta, dvs 3,5 pst av omsetninga, og ei omsetning i 1998 på 1920 mill kr.

Som omtalt i Ot prp nr 10 (1995-96) er hestesporten framleis i ein vanskeleg økonomisk situasjon med ei samla gjeld på omkring 250 mill kr. Norsk Rikstoto har investert mykje i ny teknologi og det er utsett vedlikehald av bygg og anlegg ved banane.

*Programkategori 15.40 Forretningsdrift***Utgifter**

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999	Pst endr 98/99
1162	Drevsjø Trelast AS	4 000			-0,0
	Sum kategori 15.40	4 000			-0,0

Inntekter

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999	Pst endr 98/99
4160	Sal av skoggrunn	681			-0,0
4161	Statskog SF	24 167			-0,0
4162	Drevsjø Trelast AS	2 000			-0,0
4170	Statkorn Holding AS	64 000			-0,0
5609	Renter av lån i selskap under Landbruksdepartementet	10 346	207 800		-100,0
5614	Renter av lån i Statens Landbruksbank	223 224	180 500	288 000	59,5
5651	Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet	285 354	49 200	43 200	-12,1
5652	Innskottskapital i Statskog SF	6 500	8 500	8 500	
	Sum kategori 15.40	616 272	446 000	339 700	-23,8

Framlegget under kategorien gjeld statsforetaket Statskog SF, i tillegg til aksjeselskapa Statkorn Holding AS, Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS, Statens skogplanteskolar AS og Drevsjø Trelast AS som staten eig heilt eller delvis.

Landbruksdepartementet legg vekt på at forretningsverksemda skal drivast etter bedriftsøkonomiske prinsipp og i tråd med dei retningslinene som er trekte opp for statleg eigarskap, jf St meld nr 40 (1997-98).

KAP 4160 SAL AV SKOGGRUNN

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
40	Sal av eigedom	681		
	Sum kap 4160	681		

Under posten blir det rekneskapsført sal av skoggrunn som blir seld i samsvar med Stortinget sitt vedtak ved behandlinga av St meld nr 35 (1988-89), jf Innst S nr 205 (1988-89). Fylkesmannens landbruksavdeling har ansvaret for gjennomføring av sala.

KAP 4161 STATSKOG SF

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
91	Avdrag	24 167		
	Sum kap 4161	24 167		

Ved etablering av Statskog SF tok selskapet opp eit serielån i statskassen på 70 mill kr. Restlånet på knapt 24,2 mill kr blei innbetalt i 1997.

KAP 1162 DREVSJØ TRELAST AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
90	Aksjekapital	2 000		
91	Lån	2 000		
	Sum kap 1162	4 000		

For å sikre framtidig drift ved Drevsjø Trelast AS blei aksjekapitalen utvida med 2 mill kr i 1997, jf St prp nr 70 (1996-97). På grunn av den vanskelege likviditetssituasjon blei det i samband med kapitalutvidinga ytt eit kortsiktig lån som blei innfridd seinare same år, jf kap 4162 post 90 og St prp nr 17 (1997-98).

KAP 4162 DREVSJØ TRELAST AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
90	Avdrag	2 000		
	Sum kap 4162	2 000		

På grunn av den vanskelege likviditetssituasjonen for Drevsjø Trelast AS i 1997 blei det ytt eit kortsiktig lån på 2 mill kr som selskapet betalte tilbake same året, jf kap 1162 post 91 og St prp nr 17 (1997-98).

KAP 4170 STATKORN HOLDING AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
90	Avdrag	64 000		
	Sum kap 4170	64 000		

I 1994/95 ble det løyyd eit ansvarleg konvertibelt statslån til Statkorn Holding AS på 240 mill kr for ei løpetid på inntil 10 år. Selskapet innbetalte 50 mill kr i ekstraordinært avdrag i 1996 og 64 mill kr i 1997, jf St prp nr 70 (9916-97). Det gjennstående lånet på 136 mill kr er sagt opp til innløyising i desember 1998.

**KAP 5609 RENTER AV LÅN I SELSKAP UNDER
LANDBRUKSDEPARTEMENTET**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
80	Statskog SF	56		
81	Statkorn Holding AS	10 263	7 800	
82	Drevsjø Trelast AS	27		
90	Statkorn Holding AS		200 000	
	Sum kap 5609	10 346	207 800	

Post 80 Statskog SF

Restlånet på 24,1 mill kr av eit opphavleg lån på 70 mill kr, blei innbetalt i januar 1997, jf kap 4161. Det er derfor ikkje budsjetttert med renter frå Statskog SF i 1999.

Post 81 Statkorn Holding AS

Statkorn Holding AS har sagt opp det ansvarlege statslånet på 136 mill kr pr 15. desember 1998. Det er derfor ikkje budsjetttert med renter frå Statkorn Holding AS på posten i 1999.

Post 82 Drevsjø Trelast AS

66 pst av staten sine eigarinteresser i Drevsjø Trelast AS er selt, jf St prp nr 65 (97-98). Selskapet har ikkje lenger lån i statskassa, jf St prp nr 8 (1996-97). Renter for 1999 er derfor ikkje budsjetttert.

Post 90 Statkorn Holding AS

Budsjettvedtaket for 1998 gjeld sal av aksjar i Statkorn Holding AS, jf Budsjett-innst S nr 9 (1997-98). Ein viser elles til omtale under kap 5651 post 80.

KAP 5614 RENTER AV LÅN I STATENS LANDBRUKSBANK

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
80	Renter	223 224	180 500	288 000
	Sum kap 5614	223 224	180 500	288 000

Post 80 Renter

Posten gjeld renter på Landbruksbanken sine innlån frå staten. Framlegget på 288 mill kr er basert på føresetnader om Landbruksbanken sine totale innlån i 1999, der det er lagt til grunn prognosar for utbetaling av nye lån, avdragsinngang og tap på utlån.

KAP 5651 AKSJAR I SELSKAP UNDER LANDBRUKSDEPARTEMENTET

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
80	Utbytte	285 354	49 200	43 200
	Sum kap 5651	285 354	49 200	43 200

Post 80 Utbytte

Ein gjer framlegg om ei løyving under posten på 43,2 mill kr knytt til utbytte frå aksjeselskap under Landbruksdepartementet, jf omtale nedanfor.

Statkorn Holding AS

Statkorn-gruppen hadde i 1997 samla driftsinntekter på om lag 3 404 mill kr, og eit resultat etter skatt på vel 50 mill kr. Resultatet av den ordinære drifta var 18 mill kr lågare enn i 1996. Totalkapitalen var pr 31.12.97 vel 2 258 mill kr og eigenkapitalen knapt 958 mill kr.

Rekneskapen for morselskapet for 1997 viste eit resultat på 28,1 mill kr. Etter konsern-bidrag frå dotterselskapa på 9,6 mill kr ga dette grunnlag for eit utbytte på 37,7 mill kr.

Stortinget vedtok i samband med Revidert nasjonalbudsjett 1998 sal av 25 pst av aksjane i Statkorn Holding AS, jf Innst S nr 252 (1997-98). Regjeringa vurderer børssnotering av aksjane i selskapet i kjølvatnet av delprivatiseringa. Landbruksdepartementet reknar med at ein vil greie tidsplanen som er lagt til grunn for aksjesalet. Det er beramma ei ekstraordinær generalforsamling i selskapet, der vedtektene vil bli endra som følgje av delprivatiseringa. Selskapet vil ved delprivatisering bli omdanna til eit allment aksjeselskap.

Basert på noverande utbyttepolitikk budsjetterer departementet med eit utbytte på 41 mill kr. Framlegget er basert på at staten vil eige 75 pst av aksjane når generalforsamlinga fastset endeleg utbytte.

Delprivatiseringa av selskapet understrekar kor viktig det er at statens eigarengasjement i selskapet følgjer vanlege forretningsmessige prinsipp. Regjeringa legg til grunn at Statkorn Holding AS skal kunne drive verksemda si etter dei same retningslinjene som dei private bedriftene selskapet konkurrerer med. Den framtidige utbyttepolitikken for selskapet må såleis vere langsiktig og utformast slik at han støttar opp under resultatmålsetjinga for verksemda.

Statens skogplanteskoler AS

Statens skogplanteskoler AS eig 56 pst av aksjane i Lyngdal og Reiersøl Planteskole AS og 100 pst i Sønsterud Planteskole AS. Driftsinntektene i konsernet var i 1997 17,9 mill kr og årsresultatet etter skatt 1,5 mill kr. Eigenkapitalen i konsernet var på 42,1 mill kr og eigenkapitalprosenten er 75 pst. Utbyttet blei fastsett til 0,9 mill kr.

For 1998 blir utbyttet budsjettert til 0,7 mill kr. Endeleg vedtak om utbytte i samsvar med resultat og utbyttepolitikk, jf St prp nr 1 (1996-97), blir gjort av generalforsamlinga våren 1999.

Statens skogplanteskoler AS blei stifta i 1989, jf St prp nr 1(1988-89) der det er føresett at staten skal ha minst 51 pst av aksjane. Selskapet er i dag 100 pst statseigd. Departementet ser det som naturleg at skognæringa og tilgrensande verksemd aukar sine eigarinteresser i skogplanteskolane. Planteskolesektoren har i dag stor overkapasitet. Departementet vil medverke til at det blir sett i gang eit arbeid med sikte på å oppnå ein tenleg struktur i sektoren. Det er ein føresetnad at eit eventuelt sal av statlege eigarinteresser skal medverke til betring av strukturen.

Drevsjø Trelast AS

Rekneskapen for Drevsjø Trelast AS i 1997 viser eit underskott på 5,0 mill kr. Ved behandlinga av St prp nr 1 (1996-97) gav Stortinget fullmakt til sal av inntil 66 pst av eigarinteressene til staten. Salet blei gjennomført 1.1.98. Landbruksdepartementet meiner at resten av statens eigarinteresser òg bør seljast når ein finn drifta rimeleg godt sikra under dei nye eigarane, jf St prp nr 65 (1997-98). Ein viser til forslag til vedtak der ein ber om fullmakt til å gjennomføre sal.

Departementet budsjetterer ikkje med utbytte frå selskapet i 1999.

Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS (VESO)

VESO hadde i 1997 ei omsetning på 139,4 mill kr og eit underskott etter skatt på 6,5 mill kr. Årsaka til underskottet var ei ekstraordinær nedskriving av forskingsanlegget Vikan AkvaVet med 8 mill kr. Resultatet gav ikkje grunnlag for å ta ut utbytte frå selskapet, jf òg St prp nr 1 (1997-98).

Landbruksdepartementet har lagt til grunn at utbytte frå selskapet skal utgjere om lag 50 pst av resultat etter skatt. Departementet reknar med eit resultat etter skatt på vel 3 mill kr for 1998 og budsjetterer derfor med eit utbytte på 1,5 mill kr. Endeleg utbytte i samsvar med det oppnådde resultatet og utbyttepolitikken vil bli fastsett av generalforsamlinga.

KAP 5652 INNSKOTTSKAPITAL I STATSKOG SF

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Framlegg 1999
80	Utbytte	6 500	8 500	8 500
	Sum kap 5652	6 500	8 500	8 500

Post 80 Utbytte

Statskog SF skal forvalte, drive og utvikle statlege skog- og fjelleigedomar med tilhøyrande ressursar, det som står i samband med dette og anna naturleg tilgrensande verksemd. Innanfor ramma av målsettinga kan Statskog SF òg drive andre eigedomar og yte andre former for tenester. Statskog SF skal legge vekt på å oppnå eit tilfredsstillande økonomisk resultat, drive aktivt naturvern og ta omsyn til friluftsiinteresser. Ressursane skal utnyttast balansert. Den økonomiske styringa skal skje etter vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp.

Føretaket er inne i ein omstillingsprosess med satsing på ny næringsverksemd i tillegg til den tradisjonelle.

Statskog SF eig Statskog Natureventyr AS, Statskog Naturstein AS, Miljø og Anlegg AS, Terra Eiendomsutvikling AS og Pasvik Tømmer AS. I tillegg har føretaket majoritetsinteresser i Laftebygg AS (80 pst).

Konsernet hadde i 1997 driftsinntekter på 251,4 mill kr og eit driftsresultatet på 10,5 mill kr. Årsresultatet etter finanspostar og skattar viser eit overskott på 11,9 mill kr. Totalkapitalen i konsernet pr 31.12.97 var 302 mill kr og eigenkapitalen utanom skogavgiftsfondet 159 mill kr. På konsernbasis er resultatet betra med 3,3 mill kr i forhold til 1996. Avkastninga på eigenkapitalen har i åra 1995-97 vore høvesvis 10,6, 5,9 og 7,3 pst. I samsvar med den vedtekne utbyttepolitikken, jf St prp nr 1 (1996-97), er utbytte for 1997 fastsett til 7,5 mill kr, som er 1 mill kr lågare enn budsjettert.

Utbytte for 1998 er budsjettert med 8,5 mill kr. Endeleg vedtak om utbytte blir gjort på ordinært føretaksmøte våren 1999.

Utbyttepolitikken skal vurderast på nytt i 1999. Som ledd i dette arbeidet vil departementet få gjennomføre ei verdivurdering av føretaket innan utgangen av 1998.

Det er no gått fem år sidan Statskog SF blei omorganisert til statsføretak, og departementet har vedtatt at det skal gjennomførast ei evaluering av omorganiseringa med bakgrunn i dei føresetnadene som låg til grunn for omorganiseringa. Siktemålet er å finne ut om det framover er grunn til å gjera endringar i rammene og oppgåvefordelinga. Evalueringa vil starte hausten 1998 og er føresettt avslutta i månadsskiftet mai/juni 1999.

Landbruksdepartementet

tilrår:

1. I proposisjonen om statsbudsjettet for 1999 blir dei summane førte opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

a. sum utgifter under kap 1100-1161, 2411 og 2472	 kr	14 685 728 000
b. sum inntekter under kap 4100-4150, 5311, 5545, 5571, 5614, 5651 og 5652	 kr	1 296 546 000

2. Stortinget blir bedt om å gjere vedtak som er nemnt i II til VII i forslaget.

FORSLAG

til vedtak om løyving for budsjetterminen 1999,
kapitla 1100-1161, 2411, 2472, 4100-4150, 5311, 5545, 5571, 5614, 5651 og 5652

I

Utgifter:

Kap	Post	Kr	Kr	Kr	Kr
Landbruksadministrasjon					
1100	Landbruksdepartementet (jf kap 4100)				
	01 Driftsutgifter	102 160 000			
	45 Store utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	11 375 000			
	70 Tilskott til drifta av Staur gard	250 000	113 785 000		
1102	Fylkesmannens landbruksavdeling (jf kap 4102)				
	01 Driftsutgifter	258 075 000			
	21 Spesielle driftsutgifter	29 583 000	287 658 000	401 443 000	
Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse					
1107	Statens dyrehelsetilsyn (jf kap 4107)				
	01 Driftsutgifter	170 291 000			
	73 Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar, <i>overslagsløyving</i>	3 215 000	173 506 000		
1110	Statens landbrukstilsyn (jf kap 4110)				
	01 Driftsutgifter	77 958 000			
	73 Tilskott til stamsædavl	1 740 000	79 698 000		
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling mm				
	50 Forvaltningsstøtte, og utviklingsoppgåver, VI	86 786 000			
	51 Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling, Planteforsk	39 828 000			
	52 Støtte til fagsentra	12 614 000	139 228 000		
1114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf kap 4114)				
	01 Driftsutgifter	102 761 000			
	50 Tilskott til Fondet for kjøttkontroll	20 027 000			
	51 Tilskott til Fondet for statleg næringsmiddeltilsyn i kommunane	40 432 000	163 220 000	555 652 000	
Forsking og utvikling					
1137	Forsking og utvikling				
	50 Forskingsprogram,	110 657 000			
	51 Basisløyvingar til forskingsinstitutt	138 894 000	249 551 000	249 551 000	
Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning					
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket				
	50 Driftsøkonomiske analyser mm	18 149 000			
	77 Miljøretta prosjektarbeid mm, <i>kan overførast</i>	27 524 000	45 673 000		

Kap	Post	Kr	Kr	Kr	Kr
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket				
	50 Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket	12 370 000			
	51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 155 000			
	71 Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	123 880 000			
	76 Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	22 633 000	162 038 000		
1145	Jordskifteverket (jf kap 4145)				
	01 Driftsutgifter	128 549 000	128 549 000		
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf kap 4146)				
	01 Driftsutgifter	58 840 000	58 840 000		
1147	Reindriftsforvaltninga (jf kap 4147)				
	01 Driftsutgifter	21 138 000			
	45 Store utstyrsjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 990 000			
	70 Tilskott til fjellstover	610 000			
	71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	12 000 000	36 738 000		
1148	Naturskade - erstatningar og sikring				
	70 Tilskott til sikringstiltak mm, <i>kan overførast</i>	4 700 000			
	71 Naturskade, erstatningar, <i>kan overførast</i>	38 000 000	42 700 000		
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen mm (jf kap 4150)				
	50 Fondsavsetningar	648 060 000			
	70 Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	225 100 000			
	73 Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	1 762 070 000			
	74 Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	6 852 679 000			
	76 Marknadsordningar, <i>overslagsløyving</i>	805 173 000			
	77 Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	393 000 000			
	78 Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 859 410 000	12 545 492 000		
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen:				
	51 Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	31 900 000			
	72 Tilskott til organisasjonsarbeid	4 000 000			
	75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	37 300 000			
	79 Velferdsordningar	1 800 000	75 000 000		
1161	Statskog SF - forvaltningsdrift				
	70 Tilskott	17 229 000			
	73 Avviklingskostnader	500 000			
	75 Oppsyn i statsalmenningar	5 512 000	23 241 000		
2411	Statens Landbruksbank (jf kap 5311 og 5614)				
	01 Driftsutgifter	49 342 000			
	71 Rentestøtte	500 000			
	72 Erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	100 000			
	73 Tilskott til Landbruksbankens tapsfond	9 000 000			
	90 Lån, <i>overslagsløyving</i>	280 000 000	338 942 000		

Kap		Kr	Kr	Kr	Kr
2472	Statens Kornforretning				
	Driftsresultat:				
	1 Driftsinntekter	-2 013 422 000			
	2 Driftsutgifter	2 812 595 000			
	3 Tilskott til norsk korn	-799 173 000			
	4 Handels- og tilskottsforvaltning	21 869 000	21 869 000	13 479 082 000	
Sum utgifter under departementet:				14 685 728 000	

Inntekter:

Kap	Post		Kr	Kr	Kr	Kr
4100		Landbruksdepartementet (jf kap 1100)				
	01	Refusjon og gebyr	333 000	333 000		
4102		Fylkesmannens landbruksavdeling (jf kap 1102)				
	04	Oppdragsinntekter og refusjonar	29 583 000	29 583 000		
4107		Statens dyrehelsetilsyn (jf kap 1107)				
	03	Gebyr og analyseinntekter mm	8 799 000	8 799 000		
4110		Statens landbrukstilsyn (jf kap 1110)				
	01	Gebyr og analyseinntekter mm	58 748 000	58 748 000		
4114		Statens næringsmiddeltilsyn (jf kap 1114)				
	01	Gebyr og analyseinntekter	134 372 000			
	05	Driftsinntekter	3 366 000	137 738 000		
4145		Jordskifteverket (jf kap 1145)				
	01	Saks- og gebyrinntekter	13 407 000			
	05	Refusjon, utgifter til målehjelp	1 014 000	14 421 000		
4146		Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf kap 1146)				
	02	Driftsinntekter	15 380 000	15 380 000		
4147		Reindriftsadministrasjonen (jf kap 1147)				
	01	Driftsinntekter	1 500 000	1 500 000		
4150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen mm (jf kap 1150)				
	80	Marknadsordninga for korn	109 800 000	109 800 000		
5311		Statens Landbruksbank (jf kap 2411)				
	01	Gebyr	10 170 000			
	02	Driftsinntekter	8 699 000			
	90	Avdrag	284 500 000	303 369 000		
5545		Miljøavgifter i landbruket				
	70	Miljøavgift, kunstgjødse	165 175 000			
	71	Miljøavgift, plantevernmiddel	45 000 000	210 175 000		
5571		Totalisatoravgift				
	70	Avgift	67 000 000	67 000 000		
5614		Renter av lån i Statens Landbruksbank (jf kap 2411)				
	80	Renter	288 000 000	288 000 000		
5651		Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet				
	80	Utbytte	43 200 000	43 200 000		
5652		Innskottskapital i Statskog SF				
	80	Utbytte	8 500 000	8 500 000	1 296 546 000	
Sum inntekter under departementet:					1 296 546 000	

II

Fullmakter til å nytte inntekt frå sal

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 1999 kan:

1. overskride kap 1100 post 45 Store utstyrsjøp og vedlikehald med eit beløp som svarer til meirinntektene frå sal av eigedom.
2. rekne med unytta meirinntekter frå sal av eigedom ved utrekning av overførbart beløp under kap 1100 post 45 Store utstyrsjøp og vedlikehald.

III

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 1999 kan overskride løyvingar mot tilsvarende meirinntekter under følgjande kapittel og postar:

Fullmakt til å overskride løyvingar under	mot tilsvarende meirinntekter under
Kap 1100 post 01	Kap 4100 post 01
Kap 1102 post 21	Kap 4102 post 04
Kap 1107 post 01	Kap 4107 post 03
Kap 1110 post 01	Kap 4110 post 01
Kap 1114 post 01	Kap 4114 post 05
Kap 1145 post 01	Kap 4145 postane 01 og 05
Kap 1146 post 01	Kap 4146 post 02
Kap 1147 post 01	Kap 4147 post 01
Kap 2411 post 01	Kap 5311 post 02

IV

Fullmakter til å overskride

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 1999 kan:

1. overskride løyvinga under kap 1107 post 73 Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar dersom det skulle finne stad utbrot av alvorleg smittsam dyresjukdom.
2. overskride løyvinga under kap 1147 post 01 med inntil kr 500 000 i samanheng med forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein.

V

Fullmakt som gjeld fast eigedom

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 1999 kan selje innkjøpt og opphavleg statseigedom for inntil kr 5 000 000.

VI

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 1999 kan:

1. gi tilsegn om tilskott til sikringsarbeid for inntil kr 2 000 000 ut over løyvinga under kap 1148 post 70.
2. gi tilsegn om tilskott til naturskadeerstatningar for inntil kr 10 000 000 ut over løyvinga under kap 1148 post 71.

VII

Sal av aksjer

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet kan selje staten sine aksjar i Drevsjø Trelast AS.

Vedlegg

JORDBRUKSOPPGJØRET 1998 - FASE II

Sluttprotokoll fra møte 23. juni 1998 mellom Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Staten.

Til stede:

Fra Norges Bondelag: Værdal, Huseby, Milli, Forsell, Agerup

Fra Norsk Bonde- og Småbrukarlag: Strøm, Svandal, Hetland, Strand

Fra Staten: Grue, Sagelvmo, Thorsen, Holm, Tønnesen, Gjølberg, Helgen, Nordlund, Haugen

Ved jordbruksoppgjøret i 1993 ble partene enige om framgangsmåten ved jordbruksoppgjøret, jfr. St.prp. nr. 82 (1992-93) kapittel 2.4.

Fase I skal omfatte rammespørsmål, priser bevilgninger, viktige fordelingsprinsipper, fordeling av de viktigste inntektsgivende tiltak og bruk av LUF-midler. Fordelingen av inntektsgivende tiltak skal i fase I føres så langt at de økonomiske utslag for ulike produksjoner, distrikter og bruksgrupper kan beregnes. Videre skal prinsipielle endringer i virkemiddelbruken behandles i fase I. Det gjelder spørsmål som er behandlet i arbeidsgrupper mellom partene og forslag til sammenslåing og større endringer i virkemidler som partene hver for seg fremmer.

Fase II skal omfatte videre detaljfordeling av bevilgningene, samt regelverk som Landbruksdepartementet fastsetter etter samråd med organisasjonene og andre spørsmål som ikke er avklart i fase I.

Statens forhandlingsutvalg fremmer på denne bakgrunn og med utgangspunkt i fase I av forhandlingene, jfr. St.prp. nr. 67 (1997-98), følgende saker i fase II:

LANDBRUKETS UTVIKLINGSFOND**Fordeling av avsetningen til miljø- og ressursvern**

Rammen for ordningen er i St prp 67 (1997-98) videreført med 4 mill kr i 1999. Det foreslås følgende fordeling:

FORMÅL	BUDSJETT 1998	FORSLAG 1999
Norsk Landbruksmuseum ¹⁾	1,0	1,1
Genbevaring, husdyr	0,8	0,8
Diverse ²⁾	2,2	2,1
SUM	4,0	4,0

1) Utvikling av dokumentasjonssenter

2) Inkl. midler til tiltak og prosjekter knyttet til bevaring av villaks, herunder utprøving av nye forvaltningsmodeller.

Norsk Landbruksmuseum og genbevaring husdyr

Det bevilges 1,1 mill kroner til Utvikling av dokumentasjonssenteret. For prosjektet Bevaring av gamle husdyrraser opprettholdes bevilgningen fra 1998 med kr 800 000,-.

Avsetning av de sentrale BU-midlene

Det foreslås at det av sentrale BU-midler settes av midler til følgende prosjekter (mill.kr.):

PROSJEKT	FORSLAG 1999
Bioenergiprosjekter	8,0
Markedsførings samarbeidet landbruket-NORTRA	6,5
Kompetansesenter for hjort	2,0
Forvaltning av utmarksressurser (vilt og fisk)	2,0
Sum	18,5

Bioenergiprosjekter

Det øremerkes 8,0 mill. kroner til bioenergiprosjekter i 1999. Dette er samme beløp som i 1998. Det er en forutsetning at midlene målrettes direkte mot produksjonen av energi. Det vektlegges både å skape stabile og kostnadseffektive leveranser av råstoff og å skape varige avsetningsforhold for dette. Midlene skal anvendes innenfor den samordnede

ramme og de mål Olje- og energidepartementet, Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet i fellesskap har trukket opp.

Markedsføringssamarbeidet landbruket-NORTRA

Det øremerkes 6,5 mill. kroner til markedsføringssamarbeidet landbruket-NORTRA. Avsetningen baseres på en forutsetning om delfinansiering fra NORTRA på 2,1 mill. kroner i samsvar med den fordelingsnøkkelen som er fastsatt i avtalen av 4.9.97 mellom landbruket og NORTRA.

Kompetansesenter for hjort

Det avsettes 2 mill kroner årlig til et treårig prosjekt som avsluttes år 2000 for utvikling av kompetansesenter for hjort på Svanøy i Sogn og Fjordane. Det forutsettes samfinansiering med miljøvernmyndighetene.

Likestilling og rekruttering

Landbruksbanken har etablert en egen arbeidsgruppe for utvikling av strategier når det gjelder arbeid og virkemiddelbruk rettet mot likestilling og rekruttering. Arbeidsgruppen skal utforme strategier og konkrete retningslinjer for bruk av sentrale BU-midler til dette formålet. Det forutsettes at styret i Statens Landbruksbank følger opp strategien. Det foretas derfor ingen konkret øremerking til likestilling og rekruttering på nåværende tidspunkt.

Forvaltning av utmarksressurser (vilt og fisk)

Det foreslås avsatt 2 mill. kroner til videreføring av driftsplanprosjekt for forvaltning av utmarksressursene. Prosjektet ble igangsatt i 1998 og har som formål å få til næringsmessig utvikling med basis i vilt- og fiskeressurser. Det legges vekt på å prioritere aktiviteten lokalt og samordning med prosjektet "Kompetansesenter for hjort".

Kulturlandskapsprosjekter

Det forutsettes ingen øremerking av sentrale BU-midler til kulturlandskapsprosjekter. Innenfor de sentrale BU-midlene kan imidlertid styret for Statens Landbruksbank/LUF innvilge støtte til større kulturlandskapsprosjekter av fylkesovergripende eller nasjonal betydning. Det vil også kunne gis støtte til rene miljø-/kulturlandskapsprosjekter som ikke nødvendigvis har et direkte økonomisk formål, for eksempel utviklingsrettede demonstrasjonsprosjekter eller andre prosjekter av spesiell overføringsverdi.

Bærekraftig avfallshåndtering

Landbruket har gode forutsetninger for å ta på seg og gjennomføre lokal gjenvinning av kildesortert, organisk materiale fra samfunn og annet næringsliv. Dette kan skape nye inntekts- og sysselsettingsgevinster i landbruket. Det legges til grunn at sentrale BU-midler kan stilles til disposisjon for prosjekter innen bærekraftig avfallshåndtering av betydning for landbruket.

FORSØKSRINGER OG FORSKNING

Fastsettelse av tidsplan og prinsipper for gjennomgangen av regelverket for forsøksringene.

Det er to hovedgrunner til at en gjennomgang av regelverket for forsøksringene er påkrevet:

1. Implementering av økonomireglementet
2. Tilskuddssystemet fungerer ikke tilfredsstillende. Dette gjelder både med hensyn på fordeling av tilskuddet mellom ringer grunnet krav stilt i forskriften og utvalgets praktisering (stadige endringer / forsøk på rettinger).

Forskrift om tilskudd til forsøksringene skal gjennomgås og ny forskrift bør være fastsatt innen 31.12.99. Det forutsettes at sentrale prinsippspørsmål legges fram for partene til jordbruksforhandlingene i 1999. Det nedsettes en arbeidsgruppe ledet av departementet. Arbeidsgruppen skal foreslå endringer i forskrift om tilskott til forsøksringer, både når det gjelder tildeling av tilskudd mellom ringene og forvaltningen av tilskuddsordningen som følge av implementering av økonomireglementet. Det skal også vurderes om tilskuddsforvaltningen skal legges til organ underlag departementet.

Det foreslås følgende sammensetning av arbeidsgruppen:

- departementet, leder og medlem
- næringsorganisasjonene

- en representant fra Landbrukets forsøksringer
 - en representant fra Utvalget for forsøksringene
- Landbruksdepartementet har sekretariatsansvar. Sekretariatet står for innsamlingen og sammenstilling av innspill.

Prioritering av forskningsområder

Følgende forskningsområder bør prioriteres:

- økologisk landbruk med spesiell vekt på fôr, frø og formeringsmateriale og kornproduksjon
- redusert bruk av plantevernmidler inkl. tverrvitenskaplig forskning
- miljøvennlige driftsformer inkl. biologisk mangfold og bruk av fangvekster i kornproduksjon og energiregnskap
- forskning på mat og forbrukerpreferanser inkl. økologisk landbruk
- kulturlandskap inkl. skjøtsel av kantsoner
- avfallshåndtering
- kombinasjonsbruk som overlevelsestrategi.

For øvrig prioriterer styret fordelingen.

GRØNTSEKTOREN

Representantvarer og målpriser for frukt, bær, grønnsaker og poteter

Prisnoteringen på potet bør skje så nær produsenten som mulig. Nytt noteringsgrunnlag knyttes til sams bulkvare over 40 millimeter levert fra produsent til pakkeri. I tilknytning til jordbruksoppgjøret 1999 drøftes eventuell overgang til 42 mm som minstestørrelse for noteringsgrunnlaget og en evt. teknisk justering av prisen som følge av dette. Prisgrunnlaget noteres for den markedsdominerende potetsort. For de øvrige sorter settes prisene i et etter markedsforholdene rimelig forhold til prisene på noteringsvaren. Gjennomsnittlig målpris for avtaleåret 1998/99 settes til 172 øre pr. kg.

Ved jordbruksforhandlingenes fase 1 ble det avtalt en prisøkning for frukt og grønnsaker på 5% av samlet salgsverdi. Dette tilsvarer en prisøkning på 47 mill. kr. Målprisproduktene andel av dette tilsvarer en ramme på 26 mill. kr.

Målpriskurver og øvre prisgrenser for poteter, grønnsaker og frukt for sesongen 1998/99 er vist i vedlegg 1.

Distrikts- og kvalitetstilskudd på frukt, bær og grønnsaker

Eplebladgallmygg er begrenset til Ullensvang. Utryddingsprogrammet omfatter registrering utført av spesialtrent personell og kjemisk behandling med spesialmiddelet Kilval på de bruk/eiendommer som er smittet. Skadegjøreren er registrert i et noe større område enn tidligere antatt, noe som gjør det nødvendig å forlenge varigheten av programmet med ett år til ut 1999.

Aksjon pærebrann

Det startes opp registreringsarbeid i Østfold, Akershus, Oslo og Hordaland. Hensikten med dette er dels å klarlegge om det kan ha skjedd smitte fra Sverige, dels å se på området med den sterkeste konsentrasjon av vertsplanter i Norge (Hordaland).

Det vurderes som viktig både å vedlikeholde tidligere smittet område i Rogaland og å undersøke om andre områder i landet kan være smittet. Utbredelse av pærebrann i Norge vil kunne få store konsekvenser både for fruktdyrking og planteskolenæring.

På dette grunnlaget avsettes følgende til tiltakene (mill. kr):

Formål	Budsjett 1998	Forslag 1999
Utryddingsprogram for eplebladgallmygg	0,39	0,39
Aksjon pærebrann	0,24	0,24
Sum	0,63	0,63

Bevilgningen på 0,63 mill. kroner overføres til statsbudsjettets kap. 1112 post 51 Kjøp av forvaltningsstøtte, Planteforsk, fra og med 1999. Jordbruksavtalens ramme konsekvensjusteres i tråd med dette.

GRUNNTILSKUDD SLAKT

Forhåndsfastsettingen av tilskuddssatsene skal primært gjøres én gang pr. år. Det er imidlertid også hjemmel for at avtalepartene om nødvendig, før hvert årsskifte kan fastsette

satser for 2. avtalehalvår (01.01-30.06). Forhåndsfastsettingen dekker hele avtaleåret 1998/99. "Tilskuddsløypa" gir en akkumulert tilskuddssats lik fastsatt gjennomsnittlig tilskuddssats for avtaleåret. "Tilskuddsløypene" for de ulike produktene er vist i vedlegg 2. Partene er enige om at tilskuddsløypene bør forenkles for senere år.

ØKOLOGISK LANDBRUK - TILSKUDD TIL ORGANISASJONENE

For 1999 er det i fase 1 avsatt 9,4 mill kr i tilskudd til organisasjonene. Av dette er 7,9 mill. kroner knyttet til kontroll av økologisk jordbruk forutsatt flyttet til statsbudsjettets kap. 1110.

For 1999 er det således avsatt 1,5 mill i tilskudd til økologiske organisasjoner. Det er i jordbruksoppgjøret foreslått en dreining fra driftsstøtte til mer prosjektorientert støtte. Støtte fastsettes etter drøftinger med de økologiske organisasjonen basert på en fornuftig arbeids- og ansvarsfordeling. Støtte kan også gis til Norsk Økologisk Urtelag.

VELFERDSORDNINGENE

Regler for saksbehandling, dokumentasjon og kontroll tilpasses de endringer som er vedtatt i fase I, og som er effektive og hensiktsmessige for brukerne og forvaltningen. Dette gjøres i de ordinære forskriftsendringene høsten 1998 og gjelder for alle ordninger hvor det er foretatt endringer. Forskriftene sendes på høring på vanlig måte.

Beregning av administrasjonstilskudd til avløserlag gjøres på grunnlag av en fast sats pr medlem. Satsen pr medlem som kun er planteproduzent eller honningproduzent settes til det halve av satsen pr medlem som er husdyrproduzent. Satsen beregnes av Statens Kornforretning utfra bevilgningen på 34 mill kroner for 1999.

MELK

Regelverk for kjøp og salg av melkekvoter

Inndragning av kvote

I St. prp. nr 67 (1997-98) er det slått fast at halvparten av innkjøpt mengde ikke skal selges ut igjen. Det er i proposisjonen også slått fast hvordan den tilbakeholdte kvoten skal fordeles: den samlede tilbakeholdte kvotemengden fordeles mellom kommunene slik at det utgjør en lik prosent av den totale kvotemenden i alle kommunene hvor det selges kvote.

Rest kvote fra runden i 1997

Det er 0,5 mill liter som ikke ble solgt ut ved omfordelingsrunden i 1997. Ut fra markedssituasjonen selges ikke denne mengden ut i 1998.

Konkrete endringer i forskriften

Med bakgrunn i St. prp. nr 67 (1997-98) gjøres følgende endringer i forskriften. Tilføyelser i regelverket er gjort med kursiv. Tekst som foreslås tatt ut er ~~gjennomstrøket~~.

V. Omfordeling av kvoter

§ 19. Omfordelingssystemet

Omfordeling av kvoter gjennomføres av Styringsgruppen én gang hvert år.

Omfordeling av kumelkkvoter skal foregå innenfor hver kommune. Ved tilbudsoverskudd i enkelte kommuner fordeles kvotene videre innenfor følgende 9 regioner, i henhold til §23:

1. Sone 1 i areal og kulturlandskapstillegget og sone 3 med unntak av de kommunene i Rogaland som hører til denne sonen. (Fylkene Østfold, Vestfold og Akershus og flatbygdene i Oppland, Hedmark, Buskerud og Telemark)
2. Resten av Oppland, Hedmark og Buskerud (de områdene som er i sone 5) og kommunene Oppdal, Rennebu, Midtre Gauldal, Røros, Holtålen, Selbu og Tydal i Sør-Trøndelag og Meråker i Nord-Trøndelag.
3. Resten av Telemark sammen med Agderfylkene og kommunene Eigersund, Lund og Sokndal i Rogaland.
4. Kommunene Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola, Randaberg, Strand Bjerkreim og Gjesdal i Rogaland.
5. De delene av Rogaland som er i sone 5, med unntak av kommunen Eigersund, Lund og Sokndal og fylkene Hordaland, Sogn og Fjordane (sone 5) og alle kommunene i Møre og Romsdal sør for kommunene Aukra, Midsund, Vestnes og Rauma.

6. Kommunene Aukra, Midsund, Vestnes og Rauma og alle kommunene nord for disse i Møre og Romsdal samt kommunene Agdenes, Snillfjord, Hitra, Frøya og Hemne fra Sør-Trøndelag.

7. Sone 4 (Flatbygdene i Trøndelag) og Nord-Trøndelag med unntak av Meråker.

8. Nordland og Troms unntatt kommunene Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen.

9. Kommunene Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen i Troms og hele Finnmark.

Kjøp av geitemelkkvoter skal bare foregå innenfor geografiske områder som har naturlig tilknytning til meierianlegg med geitemelksanvendelse, herunder anlegg for lokal foredling. Styringsgruppen kan fastsette nærmere avgrensning av disse geografiske områdene.

Geitemelkkvoter solgt i og sør for Nord-Trøndelag kan bare kjøpes innenfor dette området. Geitemelkkvoter solgt i og nord for Nordland kan bare kjøpes innenfor dette området.

Innkjøpt kvote kan selges til kjøpere som oppfyller vilkårene i § 22.¹

1. For å tilpasse produksjonen til det produksjonsnivået som er fastsatt i jordbruksoppjøret, kan det bli aktuelt å selge ut mindre kvotemengder enn det som kjøpes inn

§ 22. Vilkår for kvotekjøp

Eiere av bruk med kvote i henhold til denne forskriften, herunder bruk som oppfyller vilkårene i § 10 første ledd, kan kjøpe kvoter. Styringsgruppen kan stille vilkår om at kjøperen skal oppfylle gjeldende regelverk for husdyrproduksjon.

Ved innmelding av kvotekjøp, skal det angis størrelsen på kvote som ønskes kjøpt. Det kan likevel ikke innmeldes og kjøpes større kvote enn brukets kvotegrunnlag eller det spredearealkravet tilsier¹.

Det kan ikke innmeldes og kjøpes større kvote enn tilsvarende 20% av kvoten på kjøperens bruk i kjøpsåret. Kjøpere under 35 år kan likevel innmelde og kjøpe en kvotemengde tilsvarende 30% av kvoten på kjøperens bruk i kjøpsåret.

Det kan ikke innmeldes eller kjøpes kvote som fører til at brukets kvote etter kjøp utgjør mer enn 130 000 liter kumelkkvote eller 65 000 liter geitemelkkvote. For bruk med historisk eller tildelt basiskvote for kumelk over 130 000 liter eller 65 000 liter geitemelk, kan det likevel maksimalt innmeldes og kjøpes kvote slik at brukets kvote etter kjøp tilsvarer historisk eller tildelt basiskvote.

Minste kvotestørrelse som kan innmeldes for kjøp er 1000 liter kumelkkvote og 500 liter geitemelkkvote.

Innmelding av kvotekjøp skal sendes Styringsgruppen på egne søknadsskjemaer innen 1. september. Før innmeldingen kan ansees som gyldig, skal det betales et gebyr på kroner 3200. *Produsenter som har betalt gebyret men som ikke får kjøpt kvote p.g.a. tilbudsunderskudd kan få gebyret tilbakebetalt.*

1. Jfr Retningslinjer for lagring og spredning av husdyrgjødsel kapittel V, punkt 5 og 6

§ 23. Fordeling av kvote mellom kjøpere

Innkjøpt kvote fordeles mellom kjøperne som oppfyller kravene i § 22, i henhold til innmeldt kvotemengde etter § 22 annet ledd.

Ved etterspørselsoverskudd av kumelkkvoter innen en ~~region~~ *kommune*, skal alle kjøpere som oppfyller kravene i § 22 få kjøpe lik kvotestørrelse begrenset oppad til 1000 liter kumelkkvote ~~eller 500 liter geitemelkkvote~~. Er det lagt ut større kvotemengder for kjøp enn 1000 liter kumelkkvote ~~eller 500 liter geitemelkkvote~~ pr. kjøper, men likevel ikke så mye at alle kjøperne kan få kjøpe ønsket mengde, avsettes først 1000 liter kumelkkvote ~~eller 500 liter geitemelkkvote~~ til alle kjøperne. Deretter avkortes de individuelle innmeldingene, fratrasket 1000 liter kumelkkvote ~~eller 500 liter geitemelkkvote~~, med en lik prosentsats.

Ved tilbudsoverskudd av kumelkkvoter legges overskytende mengde ut for salg i kommuner i samme region hvor det ikke er solgt kvote eller hvor all solgt kvote trekkes inn. Fordelingen foretas etter andre ledd.

Ved etterspørselsoverskudd av geitemelkkvoter innen en region, skal alle kjøpere som oppfyller kravene i § 22 få kjøpe lik kvotestørrelse begrenset oppad til 500 liter geitemelkkvote. Er det lagt ut større kvotemengder for kjøp enn 500 liter geitemelkkvote pr. kjøper, men likevel ikke så mye at alle kjøperne kan få kjøpe ønsket mengde, avsettes først 500 liter geitemelkkvote til alle kjøperne. Deretter avkortes de individuelle innmeldingene, fratrasket 500 liter geitemelkkvote, med en lik prosentsats.

Ved tilbudsoverskudd av ku- eller geitemelkkvoter innen regionen, legges overskytende mengde ut for salg i samme region ved neste runde med kjøp og salg.

Lokal foredling av kumelk og melkekvote

Enkelte melkeprodusenter med kvote har drevet og driver lokal foredling av kumelk utover brukets kvote. Partene vil komme tilbake hvordan produsenter med etablert lokal

foredling ut over tildelt kvote bør behandles i kvote- og tilskuddssammenheng, senest i forbindelse med regelverksdrøftingene høsten 1998.

Vilkår for tildeling av økologiske kvoter

Intensjonen med regelverket har vært, og er, at kvoter skal tildeles i områder hvor melken kan foredles og selges som økologiske produkter. Det er et problem at for lite av den økologisk produserte melken kommer ut i markedet. Det vises til at det er partene og markedsregulators oppgave å følge opp vedtak fattet i jordbruksavtalen og med det sørge for at den økologisk produserte melken kommer ut på markedet som økologiske produkter. Det vises videre til at det i fase 1 av forhandlingene ble avsatt 5 mill. kroner til en felles markedsstrategi for økologiske produkter.

Det kan imidlertid være urimelig at produsenter som er tildelt kvote til økologisk produksjon mister kvoten dersom meieriet beslutter å foredle melken som et konvensjonelt produkt, noe den enkelte produsent i liten grad kan påvirke. Partene vil komme tilbake til eventuelle regelverksendringer som følge av dette senest i forbindelse med drøftingene av regelverket høsten 1998.

FORDELING AV TILSKUDD TIL RÅVAREPRISUTJEVNINGSORDNINGEN M.V

Partene er enige om at fordelingen av tilskudd til råvareprisutjevningsordningen (post 70.02) skal drøftes i fase 2 av forhandlingene fra og med 1999.

Oslo 23. juni 1998

Per Harald Grue

Kirsten Indgjerd Værdal

Torgeir Strøm

UKE NR	POTETER		TOMATER		SLANGE-AGURK STK		SALAT STK	
	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP
27-1998	373	418	1400	1568	478	535	580	650
28	296	331	1400	1568	478	535	580	650
29	233	261	1400	1568	478	535	580	650
30	206	230	1330	1490	478	535	580	650
31	185	207	1330	1490	478	535	580	650
32	168	188	1330	1490	478	535	580	650
33	157	176	1330	1490	478	535	580	650
34	146	163	1400	1568	478	535	580	650
35	146	163	1400	1568	478	535	580	650
36	136	152	1400	1568	520	582	580	650
37	130	145	1400	1568	520	582	610	683
38	119	133	1430	1602	540	605	640	717
39	119	133	1430	1602	553	619	670	750
40	123	138	1430	1602	553	619	700	784
41	126	141	1430	1602	553	619	720	806
42	129	143	1430	1602	553	619	740	829
43	135	151			553	619	740	829
44	140	157			553	619	560	627
45	146	163					560	627
46	152	170					560	627
47	159	178					560	627
48	163	182					560	627
49	169	189						
50	170	190						
51	170	190						
52	170	190						
1-1999	170	190						
2	170	190						
3	170	190						
4	172	192						
5	172	192						
6	175	196						
7	175	196						
8	176	197						
9	177	198					550	616
10	178	199			545	610	550	616
11	179	200			545	610	550	616
12	181	202			545	610	550	616
13	182	204			530	594	550	616
14	187	209			520	582	550	616
15	190	213			510	571	550	616
16	198	222			510	571	550	616
17	198	222			510	571	560	627
18	204	228			510	571	560	627
19	204	228	1480	1658	510	571	560	627
20	211	236	1480	1658	510	571	560	627
21	211	236	1480	1658	510	571	560	627
22	211	236	1480	1658	510	571	560	627
23	211	236	1480	1658	485	543	950	1064
24	211	236	1455	1630	485	543	850	952
25	211	236	1455	1630	485	543	760	851
26	479	536	1455	1630	485	543	670	750

UKE	HODEKÅL		BLOMKÅL STK.		ROSENKÅL 0,5 KG		GULROT		KEPALØK	
NR	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP
27-1998	400	448	690	773			525*	588*	408	457
28	345	386	580	650			500*	560*	408	457
29	295	330	490	549			460*	515*	408	457
30	295	330	440	493			460*	515*	510	571
31	295	330	400	448			460*	515*	485	543
32			400	448			325	364	437	489
33			400	448			325	364	412	461
34			400	448			296	332	378	423
35			400	448			296	332	350	392
36			430	482			296	332	315	353
37			430	482			296	332	300	336
38			465	521			296	332	300	336
39			465	521	670	750	296	332	300	336
40	165	185	465	521	670	750	296	332	300	336
41	165	185	465	521	670	750	296	332	300	336
42	165	185	465	521	670	750	296	332	300	336
43	165	185			670	750	296	332	300	336
44	165	185			670	750	296	332	300	336
45	165	185			670	750	317	355	300	336
46	175	196			670	750	317	355	300	336
47	175	196			670	750	317	355	300	336
48	175	196			730	818	317	355	300	336
49	185	207			730	818	327	366	300	336
50	185	207			800	896	327	366	300	336
51	185	207			800	896	327	366	300	336
52	185	207			800	896	327	366	300	336
1-1999	206	231			800	896	353	395	305	342
2	206	231			800	896	353	395	305	342
3	206	231			730	818	353	395	305	342
4	206	231			730	818	353	395	305	342
5	206	231			730	818	353	395	305	342
6	206	231			730	818	385	431	305	342
7	206	231			730	818	385	431	305	342
8	206	231			730	818	415	465	305	342
9	206	231			730	818	435	487	332	372
10	226	253			730	818	435	487	332	372
11	226	253			730	818	455	510	332	372
12	226	253					455	510	332	372
13	235	263					478	535	383	429
14	250	280					478	535	383	429
15	265	297					478	535	383	429
16	288	323					478	535	383	429
17	288	323					478	535	408	457
18	309	346					478	535	408	457
19	309	346					478	535	408	457
20	330	370					478	535	408	457
21	330	370					478	535	408	457
22	330	370	980	1098			478	535	408	457
23	800	896	980	1098			478	535	408	457
24	700	784	880	986			478	535	408	457
25	580	650	780	874			570*	638*	408	457
26	540	605	735	823			525*	588*	408	457

* bunt

UKE	PURRE		KNOLLSELLERI		REDDIK BUNT		KRUSPERSILLE STORBUNT	
NR	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP
27-1998	1300*	1456*	1470*	1646*	357	400	1150	1288
28	1300*	1456*	1470*	1646*	357	400	1150	1288
29	1300*	1456*	1470*	1646*	357	400	1150	1288
30	1300*	1456*	1470*	1646*	357	400	1150	1288
31	1300*	1456*	1470*	1646*	357	400	1150	1288
32	1300*	1456*	1470*	1646*	357	400	1150	1288
33	1300*	1456*	1470*	1646*	357	400	1150	1288
34	950	1064	1470*	1646*	357	400	1150	1288
35	850	952	1470*	1646*	357	400	1150	1288
36	850	952	1470*	1646*	367	411	1150	1288
37	850	952	1470*	1646*	367	411	1150	1288
38	850	952	1470*	1646*	367	411	1150	1288
39	850	952	1470*	1646*	367	411	1150	1288
40	850	952	1470*	1646*	367	411	1150	1288
41	850	952	800	896	367	411	1150	1288
42	850	952	800	896	367	411	1150	1288
43	925	1036	800	896	367	411	1150	1288
44	1000	1120	800	896	367	411	1380	1546
45	1100	1232	800	896			1380	1546
46	1200	1344	800	896			1380	1546
47	1250	1400	800	896			1380	1546
48	1300	1456	800	896			1380	1546
49	1300	1456	800	896			1430	1602
50	1300	1456	800	896			1430	1602
51	1360	1523	800	896			1430	1602
52	1360	1523	800	896			1430	1602
1-1999	1360	1523	800	896			1480	1658
2	1360	1523	800	896			1480	1658
3	1360	1523	870	974			1480	1658
4	1360	1523	870	974			1480	1658
5	1360	1523	870	974			1480	1658
6	1360	1523	870	974			1480	1658
7	1360	1523	870	974			1480	1658
8	1360	1523	870	974			1480	1658
9			870	974			1480	1658
10			920	1030			1480	1658
11			970	1086			1480	1658
12			970	1086	580	650	2100	2352
13			970	1086	580	650	2100	2352
14			970	1086	580	650	2100	2352
15			970	1086	580	650	2000	2240
16			970	1086	580	650	2000	2240
17	1600	1792	970	1086	580	650	1900	2128
18	1600	1792	970	1086	560	627	1800	2016
19	1600	1792	970	1086	545	610	1750	1960
20	1600	1792	970	1086	545	610	1700	1904
21	1600	1792	970	1086	545	610	1650	1848
22	1600	1792	970	1086	545	610	1600	1792
23	1600	1792	1470*	1646*	357	400	1550	1736
24	1600	1792	1470*	1646*	357	400	1500	1680
25	1300*	1456*	1470*	1646*	357	400	1450	1624
26	1300*	1456*	1470*	1646*	357	400	1325	1484

* bunt

UKE NR	EPLER		PÆRER		PLOMMER	
	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP
27-1998						
28						
29						
30						
31						
32						
33			625	700		
34	730	818	625	700	1120	1254
35	730	818	625	700	1120	1254
36	730	818	625	700	1120	1254
37	750	840	625	700	1150	1288
38	750	840	625	700	1150	1288
39	750	840	625	700	1150	1288
40	730	818	625	700	1150	1288
41	710	795	610	683	1150	1288
42	710	795	610	683		
43	700	784	610	683		
44	700	784	610	683		
45	680	762	600	672		
46	680	762	600	672		
47	680	762	600	672		
48	680	762	600	672		
49						
50						
51						
52						

Forhåndsfastsetting av tilskuddssatser for grunntilskudd storfe/kalv avtaleåret 1998/99.

I parentes er oppført satsendringen på den enkelte dato angitt i tabellen.

FORHÅNDSFASTSETTING AV GRUNNTILSKUDDSATSER AVTALEÅRET 1998/99, kr pr. kg: STORFE og KALV					
Dyrekategori	sats fra 29.06.98	sats fra 03.08.98	sats fra 19.10.98	sats fra 28.12.98	1.halvår 99
Ung okse, kastrat, kvige	3,15	2,90 (-0,25)	3,30 (+0,40)	2,90 (-0,40)	2,90
Ung ku, ku og okse	2,30	2,05 (-0,25)	2,45 (+0,40)	2,05 (-0,40)	2,05
Kalv (mellomkalv og spekalv)	4,55	4,30 (-0,25)	4,70 (+0,40)	4,30 (-0,40)	4,30

Gjennomsnittlig tilskuddssats for avtaleåret 1998/99 for storfe/kalv er 2,70 kr/kg.

Forhåndsfastsetting av grunntilskuddssatser avtaleåret 1998/99, kr pr. kg: geit

Fra 29.06.98: 5,15 kr/kg, som er fastsatt gjennomsnittlig tilskuddssats for geit. Det foreslås ingen endring i satsene i perioden.

Forhåndsfastsetting av tilskuddssatser for grunntilskudd sau/lam avtaleåret 1998/99.*I parentes er oppført satsendringen på den enkelte dato angitt i tabellen.*

FORHÅNDSFASTSETTING AV GRUNNTILSKUDDSATSER AVTALEÅRET 1998/99, kr pr. kg: SAU og LAM										
Kategori	fra 29.06.98	fra 17.08.98	fra 31.08.98	fra 07.09.98	fra 14.09.98	fra 21.09.98	fra 28.09.98	fra 19.10.98	fra 02.11.98	fra 22.03.99
Lam <13kg	4,40	3,90 (-0,50)	2,90 (-1,00)	2,40 (-0,50)	3,40 (+1,00)	2,40 (-1,00)	1,90 (-0,50)	2,40 (+0,50)	2,80 (+0,40)	3,30 (+0,50)
Lam 13,1- 17 kg	7,95	7,45 (-0,50)	6,45 (-1,00)	5,95 (-0,50)	5,50 (-0,45)	4,50 (-1,00)	4,00 (-0,50)	4,50 (+0,50)	4,90 (+0,40)	5,40 (+0,50)
Lam 17,1 – 23 kg	6,50	6,00 (-0,50)	5,00 (-1,00)	4,50 (-0,50)	5,50 (+1,00)	4,50 (-1,00)	4,00 (-0,50)	4,50 (+0,50)	4,90 (+0,40)	5,40 (+0,50)
Lam > 23kg	5,80	5,30 (-0,50)	4,30 (-1,00)	3,80 (-0,50)	4,50 (+0,70)	3,50 (-1,00)	3,00 (-0,50)	3,50 (+0,50)	3,90 (+0,40)	4,40 (+0,50)
Sau og ung sau/mellom lam	6,90	6,40 (-0,50)	5,40 (-1,00)	4,90 (-0,50)	4,90 (-)	4,90 (-)	4,40 (-0,50)	4,90 (+0,50)	5,30 (+0,40)	5,80 (+0,50)
Vær	7,40	6,90 (-0,50)	5,90 (-1,00)	5,40 (-0,50)	5,40 (-)	5,40 (-)	4,90 (-0,50)	5,40 (+0,50)	2,40 (-3,00)	5,90 (+3,50)

Gjennomsnittlig tilskuddssats for avtaleåret 1998/99 er 4,90 kr/kg.